HERØY KOMMUNE

# MØTEINNKALLING

**Utval:** Formannskapet
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus
**Dato:** 15.11.2016
**Tid:** 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

Fosnavåg, 08.11.16

Arnulf Goksøyr
ordførar

**OFFENTLEG SAKLISTE:**

| Saksnr | Innhold |
|---|---|
| PS 233/16 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 234/16 | Protokoll frå førre møte |
| PS 235/16 | Delegerte saker |
| PS 236/16 | Referatsaker |
| PS 237/16 | Avslutta sak - oppseiing av utbyggingsavtale for Mykebuståsen |
| PS 238/16 | Søknad om skjenkeløyve - Runde miljøsenter AS |
| PS 239/16 | Vegen vidare for Almenningskaia |
| PS 240/16 | Eigarskapskontroll rekneskapsåret 2015 |
| PS 241/16 | Slutthandsaming av planstrategi for Herøy kommune 2016 -2020 |
| PS 242/16 | Detaljreguleringsplan for Stokksund B33 - Klagehandsaming |
| PS 243/16 | Organisering av interkommunalt IKT-samarbeid. |
| PS 244/16 | Gebyrregulativ 2017 - Avlaupsgebyr. |
| PS 245/16 | Gebyrregulativ for Slamtøming 2017. |
| PS 246/16 | Avgiftssatsar for brøyting av private vegar 2017 |
| PS 247/16 | Budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 |

**Referatsaker**

| | |
|---|---|
| RS 76/16 | Kystsamarbeid på nordvestlandet |
| RS 77/16 | Konferanse om turistdestinasjonen Stad skipstunnel 7.-8. november |
| RS 78/16 | Melding om vedtak - Kommunereform - retningsval for Vanylven kommune, ny handsaming |
| RS 79/16 | Konferanse om turistdestinasjonen Stad skipstunnel 7.-8. november |
| RS 80/16 | Referat frå medverknadsmøte - status i deponisaka. |
| RS 81/16 | Fosnavåg hamn - eit viktig nærings- og utviklingsprosjekt. |
| RS 82/16 | Møtereferat frå politimeisterens utvida styringsgruppe |
| RS 83/16 | Sunnmøre Regionråd etterspør prosjekteringsmidlar til nytt Soningssenter på Sunnmøre i statsbudsjettet 2017. |

**Delegerte saker frå avdelingane**

| | |
|---|---|
| DS 17/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 18/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 19/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 20/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 21/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 22/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 23/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 24/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 25/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 26/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 27/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 28/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 29/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 30/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 31/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 32/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 33/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 34/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 35/16 | Tilskto til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 36/16 | Tilsktot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 37/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 38/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 39/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 40/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 41/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 42/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 43/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 44/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 45/16 | Skjenkebevilling - søknad om ambulerande skjenkeløyve for eit bestemt arrangement 12.11.2016. (lukka arrangement) |
| DS 46/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 47/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 48/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 49/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 50/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 51/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |
| DS 52/16 | Tilskot til trus- og livssynsamfunn 2016 |

## PS 233/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

## PS 234/16 Protokoll frå førre møte

## PS 235/16 Delegerte saker

## PS 236/16 Referatsaker

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | LSH | Arkivsaknr: | 2012/214 |
| | | Arkiv: | Q14 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 237/16 | Formannskapet | 15.11.2016 |

## AVSLUTTA SAK - OPPSEIING AV UTBYGGINGSAVTALE FOR MYKEBUSTÅSEN

**Tilråding:**

Formannskapet tek saka til vitande.

Særutskrift:
Fosnavåg Utbygging as

**Vedlegg:**
1 Utbyggingsavtale Myklebuståsen
2 Oppseiing av utbyggingsavtale for Mykebuståsen 01092016

**Bakgrunn:**
I samband med avslutning av gamle saker har administrasjonen gått gjennom status for ymse utbyggingsavtalar og avslutta det som er mogleg. I dei fleste høva gjeld det saker som ikkje har ført til signerte avtaler, men denne saka gjeld utbyggingsavtale i Myklebuståsen som er formelt signert og administrasjonen finn det rett å informere Formannskapet.

**Saksopplysningar:**
Kommunen signerte i 2002 utbyggingsavtale med eit firma under stifting (Fosnavåg Utbygging as) om utbygging av tekniske anlegg i Myklebuståsen som kommunen skulle overta til drift og vedlikehald. Det var også gjort vedtak om tilskot til ma. avlaupsleidningar. Intensjonen den gongen var snarleg oppstart og ferdigstilling av første etappe i 2005.

Parallelt med prosessen med å seie opp avtalen har det kome søknad frå Myklebuståsen utbygging as om utbyggingsavtale for Myklebuståsen. Slik kommunen ser det vil det vere formålstenleg for alle partar å avslutte gammal avtale og dermed kunne starte sakshandsaming på ny søknad med blanke ark. Evnt. økonomisk støtte vert då å søkje om på ny av ny utbyggar.

<u>Kort oppsummering av saka</u>:

- Eigarane av Fosnavåg Utbygging as er utskifta sidan 2002 og dei noverande har ikkje interesser i Myklebuståsen.
- Utbygging i Myklebuståsen er ikkje blitt realisert.
- 23.02.2012 vart det vedteken ny reguleringsplan på delar av området som ma. gir endra tilkomst til arealet.
- Den nye reguleringsplanen endrar føresetnadane for utbyggingsavtalen og anlegg som kommunen skal ta over er vesentleg endra.
- I 2011 starta arbeidet med utbyggingsavtale med nytt firma, Myklebuståsen utbygging as, for heile Myklebuståsen (også nyregulert del), men dette arbeidet stoppa opp og kommunen har avslutta saka.
- Kommunen sendte brev om oppseiing av avtalen til Fosnavåg Utbygging as 03.03.2016.
- Det vart haldt to møter; 20.04.2016 og 23.05.2016 der ein gjekk gjennom saka. Kommunen tolka det slik at utbyggar ikkje har noko interesse i Myklebuståsen, men er nølande til å seie opp avtalen pga. forhold til tidlegare eigar. Utbyggar ville konferere med advokat og kome med ei attendemelding. I etterkant av møta har ikkje utbyggar tatt kontakt.
- I brev datert 01.09.2016 sa kommunen formelt opp avtalen med Fosnavåg Utbygging as og viser til misleghald på fleire punkt, samt ba om skriftelig attendemelding frå utbyggar.
- Etter gjentatte forsøk på å få attendemelding, varsla kommunen at ein anser det slik at utbyggar ikkje vil kome med svar.

<u>Konklusjon: Avtalen er sagt opp og ikkje lenger gjeldande.</u>

Denne saka er fremja for å informere Formannskapet. Rådmannen tilrår at Formannskapet tek saka til vitande.

Fosnavåg, 31.10.2016

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad<br>Rådmann | Jarl Martin Møller<br>Avd.leiar |

Sakshandsamar: Lene Søvik Huldal

# UTBYGGINGSAVTALE FOR BUSTADFELT

**MELLOM**

**HERØY KOMMUNE**

**OG**

**FOSNAVÅG UTBYGGING (AS)**
(selskap under stifting beståande av m.a.: Prosjektbygg AS, Bygg & System AS, Frantzen Maskinstasjon AS)

**OM BUSTADFELTET**

**MYKLEBUSTÅSEN PÅ BERGSØY I HERØY KOMMUNE**

**VEDKOMANDE**

**PLANLEGGING, UTBYGGING OG OVERTAKING AV**

**TEKNISKE ANLEGG**

03.12.02

## 1. GENERELT

Mellom firma Fosnavåg Utbygging (AS) (selskap under stifting), nedanfor kalla firmaet, og Herøy kommune, nedanfor kalla kommunen, er det inngått avtale om opparbeiding av bustadfeltet Myklebuståsen på Bergsøy i Herøy kommune.

Reguleringssituasjonen for bustadfeltet er slik:

- **Reguleringsplanen er stadfesta / vedteken i kommunestyret i K-sak 52/01 den 28.05.01.**

**Avtalen skal fastlegge:**

- Omfang av kommunaltekniske anlegg og fellesareal
- Grunnrettar
- Planlegging og godkjenning
- Opparbeiding
- Refusjon frå private grunneigarar og kommunen
- Vassforsyning
- Overtaking
- Framdriftsplan for utbygging av tekniske anlegg
- Utbygging / sal av tomter
- Garanti
- Ymse
- Tvistar

## 2. OMFANG AV KOMMUNALTEKNISKE ANLEGG OG FELLESAREAL

Som vedlegg til denne avtalen fylgjer reguleringsplan for Myklebuståsen bustadfelt i Herøy kommune datert 15.06.00 og vedteken i kommunestyret den 28.05.01.

Firmaet skal prosjektere veg-, vatn- og avløpsanlegg m.v. Planane skal også omfatte straumforsyning og telefon i jordkabel og evt. kabel - TV anlegg. Vidare skal utbygginga omfatte ferdig utbygde veglysanlegg.

Følgjande tekniske anlegg og fellesareal, som er tenkt å være offentlege, skal i følgje plan- og bygningslova § 67 overtakast av kommunen til framtidig vedlikehald. Overdraginga skal skje vederlagsfritt for kommunen:

| | |
|---|---|
| A.) Veg / gangveg: | Offentleg veg / gangveg iflg. stadfesta reguleringsplan. |
| B.) Leidningsanlegg: | Plan for leidningsanlegg skal framleggast av firmaet og godkjennast av kommunen, Bergsøy Vasslag A/L, Tussa Nett AS og Telenor Nett AS. |
| C.) Fellesområde: | Offentleg friområde iflg. stadfesta reguleringsplan. |
| D.) Veglys: | Veglysplan skal framleggast av firmaet og godkjennast av kommunen. |

Ein detaljert oversikt over kva anlegg som skal opparbeidast av firmaet og overtakast til kommunalt vedlikehald skal framleggast ved godkjenning av detaljplanane.

Følgjande anlegg skal overtakast til privat vedlikehald:

| Anlegg | Eigedomsgruppe |
|---|---|
| A.) Leidningsanlegg: | |

| | |
|---|---|
| Stikkledningar til dei enkelte eigedomane | Huseigarane |
| B.) Fellesareal: | |
| Felles leikeplass | Huseigarane |

## 3. GRUNNRETTAR

Firmaet skal før kommunal overtaking legge fram tinglyst heimelsdokument som gir kommunen:

* eigedomsrett til dei regulerte trafikkareala og offentlege friområde som skal overtakast i takt med kommunen si overtaking av dei ulike utbyggingsetappane

* rett til å legge, vedlikehalde og eventuelt legge om kloakkleidningar, kablar og stolpefeste som vert lagt utanom veggrunn og som skal overtakast i samsvar med denne avtalen. Ein føreset ei varig klausuleringsbreidde på 1 m til kvar side av ytterste rør i grøftene. Denne breidda skal ikkje bebyggast eller beplantast med tre høgare enn 2 m.

## 4. PLANLEGGING OG GODKJENNING

Firmaet utarbeider detaljerte planar for alle tekniske anlegg og fellesareal som i reguleringsplanen er forutsett opparbeidde og som skal overtakast i samsvar med denne avtalen, kfr. pkt. 2.

Før anleggsarbeida vert sett i gong skal alle tekniske planar vere endeleg godkjende. I den utstrekning det etter gjeldande lover og reglar er nødvendig, skal det ligge føre nødvendig godkjenning frå andre offentlege etatar.

Av endeleg godkjende planar skal det leverast 1 komplett sett transparentar eller teikning på digitalt format til teknisk etat. Av beskrivelse, anbudspapir o.l. skal det leverast 2 komplette sett til teknisk etat.

## 5. OPPARBEIDING

**Alle tekniske anlegg skal utførast etter reglane i NS 3420.**

Alle tekniske planar skal vere godkjende av kommunen og evt. vasslag, e-verk, teleselskap og evt. kabel – TV selskap før oppstart av anleggsarbeida.

Firmaet skal opparbeide dei tekniske anlegga og fellesareala i samsvar med godkjende planar.

Alle kommunaltekniske anlegg skal kontrollerast av teknisk etat ved avdeling for teknisk drift og anlegg. Kommunen si avdeling for teknisk drift og anlegg skal ha varsel minimum **1 virkedag** før tildekking / singling slik at kontroll kan gjennomførast. Dersom kommunen ikkje vert varsla til rett tid kan dette medføre at leidningane må avdekkast for kontroll. Legging / monteringa av vatn- og avlaupsleidningar **skal** utførast av personell med ADK-kurs eller tilsvarande dokumentert kompetanse.

Firmaet skal seinast ved kommunal overtaking levere liste over koordinatar og høgder på kumlokk / knekkpunkt og evt. trasepunkt på lange strekk. Vidare skal det leverast kumskisser orientert mot nord med nedmål til botn rør på avlaupsleidningar og topp rør for vassleidningar. Dvs. "som bygd" dokumentasjon. Likeeins skal firmaet før kommunal overtaking levere koordinatliste m/høgder på vegkant / gangvegkant.

Kommunen har elles rett til å føre kontroll med arbeida på dei tekniske anlegga i den grad ein finn det naudsynt / formålstenleg.

## 6. REFUSJON FRÅ PRIVATE GRUNNEIGARAR OG KOMMUNEN

Tomter som vert gjort byggjeklare vert ikkje gjevne byggeløyve frå kommunen før eigaren kan legge fram avtale med firmaet om tilknytning til veg-, vatn- og avløpsanlegg.

Firmaet har rett til å krevje bidrag for tekniske anlegg frå private grunneigarar i 3 - **tre år** - etter at feltet er ferdig opparbeidd og overteke av kommunen.

Firmaet kan ikkje krevje refusjon / godtgjering frå kommunen for friområde og fellesområde m.v. som kommunen overtek eigedomsretten til.

## 7. VASSFORSYNING

Firmaet opprettar avtale med Bergsøy vasslag AL om framføring av vatn før anleggsstart. Dvs. både spredenett i feltet og hovudleidningar som går / skal gå gjennom feltet. Avtalen skal leggast fram for kommunen for godkjenning før anleggsstart.

## 8. OVERTAKING

Tekniske anlegg skal overtakast av kommunen til offentleg eigedom, drift og vedlikehald i eit omfang som spesifisert i **punkt 2.** Før slik overtaking finn stad må anlegget vere godkjent av avdeling for teknisk drift og anlegg.

Tekniske anlegg vert overtekne etter kvart som dei enkelte byggestega vert ferdigstilte.

Overtakinga skjer ved ei overtakingsforretning der representantar for begge partar er til stades. Ved denne overtakingsforretninga skal det spesifiserast i ein protokoll kva anlegg som vert overtekne.

Som bilag til protokollen skal det fylgje eit kart der anlegget er innteikna. Det må her klart framgå kva leidningar som er offentlege og kva som er private. Vidare vert det som bilag til protokollen kravd video av TV-kontroll med tilhøyrande rapport av alle avløpsleidningane, og rapport av utført trykkprøving av alle vassleidningar.

For kommunen sitt vedkomande skal protokollen frå overtakingsforretninga leggast fram for Formannskapet for godkjenning før den er gyldig.

## 9. FRAMDRIFTSPLAN FOR UTBYGGING AV TEKNISKE ANLEGG

Det er så langt berre sett opp planlagt framdrift for 1 etappe:

Etappe 1:
Oppstart: Desember 2002.
Sluttføring: Innan 01.01.2005

## 10. UTBYGGING / SAL AV TOMTER

Alle tomter innafor det regulerte området skal seljast / byggast ut av grunneigar / firmaet.

Firmaet skal innan utgangen av kvart år i utbyggingsperioden sende rapport til Herøy kommune om talet på igangsette bustadar i inneverande år og planlagde igangsette bustadar i det komande året. Dette for at det skal vere mogleg for kommunen å vurdere / planleggje skulekapasitet og andre behov for området.

## 11. GARANTI

Firmaet stiller garanti til Herøy kommune iht. NS 3435 formularet for arbeida med dei tekniske anlegga. Dette for å sikre fullføring av prosjektet og å dekke inn eventuelle reklamasjonsarbeid i garantiperioden. Garantien skal fylgje standarden sitt garantiforløp ved overtaking av Herøy kommune. Firmaet leverer oppsett som viser kalkulert utbyggingskostnad for dei ulike etappane.

Garantien vert stilt etappevis og skal ligge føre ved oppstart av anleggsarbeida på dei ulike etappane. Garantien kan nedtrappast etter kvart som kommunen overtek dei ulike etappane.

## 12. YMSE

a) Utbygginga skal skje iflg. stadfesta reguleringsplan med tilhøyrande vedtekter. Det som er fastsett i samband med handsaminga av stadfesta reguleringsplan kan ikkje overstyrast gjennom denne utbyggingsavtalen.
b) Firmaet er ansvarleg for at utbygginga vert utført i følgje reglane i mellom anna plan- og bygningslova, arbeidsmiljølova, forureiningslova og lov om helse, miljø og sikkerheit (HMS) m.v.
c) Alle leidningar skal ha ei minimum overdekning på 0,8 m.
d) Avstanden mellom kummar på avlaupsleidningane skal vere maksimum 50 m. Anna kvar kum kan vere minikum dersom djupna på kummane ikkje er over 2 m. Kummane skal vere utforma slik at ein ikkje kjem i konflikt med reglane om helse, miljø og sikkerheit (HMS) ved framtidig drifting av anlegga.
e) Utbyggingsselskapet må vere formelt registrert som firma før anleggsarbeidet startar dvs. juridisk ansvarleg.
f) Anleggsarbeida må meldast og vere godkjende etter reglane i plan- og bygningslova m.v. før oppstart.
g) Partane er samde om at tekniske anlegg skal ha ein normal standard både materiell- og utføringsmessig og ikkje dårlegare enn dei sist bygde anlegga i Herøy kommune.
h) Partane er samde om at endeleg trase for Gangveg 1(som ligg vanskeleg til i terrenget) skal vurderast nærmare før bygging.

## 13. TVISTAR

Tvistar om tolkinga av denne avtalen eller andre forhold vert avgjort etter forhandlingar mellom partane eller gjennom rettssystemet.

Avtalen vert underteikna i 2 eksemplar - eitt eksemplar til kvar av partane.

Fosnavåg, den 03.12.02

for Gustav Franzen
Firma

Jon Rune Våge
For Herøy kommune

HERØY KOMMUNE
TEKNISK SJEF
6090 FOSNAVÅG

Vedlegg:
- Etappekart




# MYKLEBUSTÅSEN BUSTADFELT

ETAPPEKART

Fosnavåg, 28.11.02

HERØY KOMMUNE
**Utviklingsavdelinga**

Fosnavåg Utbygging as

| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 2012/214 | Q14 | | ANLD / LSH | 01.09.2016 |

**OPPSEIING AV UTBYGGINGSAVTALE FOR MYKLEBUSTÅSEN**

Viser til tidlegare brev datert 03.03.2016 der kommunen gjer greie for at kommunen ønskjer å seie opp utbyggingsavtalen for Myklebuståsen som var inngått mellom kommunen og Fosnavåg Utbygging as 03.12.2002. I etterkant av ovannemnte brev har det vore to møter mellom Herøy kommune og Fosnavåg Utbygging as (FU) vedrørande saka utan at ein har kome noko vidare.

Dette brevet er å ansjå som ei oppseiing av avtalen frå kommunen si side.

Kommunen har gått gjennom saka og kjem til at avtalen er misleghaldt. Ein viser til opplista punkt i avtalen nedanfor med merknadar (avtalen ligg vedlagt):

Punkt 1
Selskapet som var under stifting i 2002 vart ikkje formelt stifta før 2007.

Punkt 3
Punktet i si heilheit.

Punkt 4
Det var utført arbeid med tekniske planar, men dette stoppa opp. Kommunen har ikkje fått tekniske planar til endeleg godkjenning frå Fosnavåg Utbygging as slik det er vist i pkt 4.

Punkt 5
Punktet i si heilheit då feltet ikkje er opparbeidd. Kommunen kjenner til at det er lagt ned avlaupsleidningar på delar av traseen, men dette har ikkje vore gjort i tråd med utbyggingsavtalen. Ein kan heller ikkje sjå at dette er gjort av Fosnavåg Utbygging as.

ei båtlengd føre
Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Punkt 8
Det er ikkje utført noko etappe kommunen kan ta over.

Punkt 9
Etappe 1 var tenkt oppstarta i 2002 og avslutta i 2005. Dette er ikkje gjort. Delar av etappe 1 er no også omregulert (tidlegare tilkomst til området er fjerna) slik at tidlegare etappeinndeling ikkje er aktuell lenger.

Punkt 11
Garanti er ikkje stilt.

Punkt 12a
Reguleringsplanen er delvis endra.

Punkt 12c, d og g
Kommunen er kjent med at leidningar er lagt, men at det er på privat initiativ og desse punkta er ikkje følgde.

Punkt 12f
Det er gitt byggeløyve til legging av leidningar, men det er ikkje gitt nokon aksept på at det er i tråd med utbyggingsavtale. Det er ikkje Fosnavåg Utbygging as som har fått løyve eller som er byggherre. Kommunen kan ikkje nekte andre byggeløyve dersom det er i tråd med plan og bygningslova. Slik vi ser det har utførande gjennomført arbeidet for eiga rekning.

**Oppsummering**

Kommunen meiner at særskilt punkt 9 er sentralt då det ved handsaming av utbyggingsavtalen i 2002 var ei klar føring at utbyggar var klar omgåande til å starte utbygginga. Det synte seg etter kvart at arbeida ikkje starta og to av partane bak selskapet trekte seg ut.

Det er 14 år sidan utbyggingsavtalen vart inngått og sidan den gong har området blitt omregulert og firmaet (FU) har endra eigarstruktur. Slik kommunen oppfattar situasjonen har ikkje FU nokon intensjon om å bygge ut Myklebuståsen.

Kommunen meiner at ovanståande argumentasjon er tilstrekkelig for å seie opp utbyggingsavtalen.

Kommunen ber Fosnavåg Utbygging as om skriftelig tilbakemelding på at oppseiinga er motteken og at Fosnavåg Utbygging as samtykkar i oppseiinga.

Frist for tilbakemelding er satt til 22. september 2016.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Jarl Martin Møller<br>Avdelingsleiar | Lene Søvik Huldal<br>Sakshandsamar |

Vedlegg: Utbyggingsavtale for Myklebuståsen.

HERØY KOMMUNE

Servicetorget

# SAKSFRAMLEGG

| Sakshandsamar: | WM | Arkivsaknr: | 2016/1013 |
|---|---|---|---|
| | | Arkiv: | U63 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 238/16 | Formannskapet | 15.11.2016 |

## SØKNAD OM SKJENKELØYVE - RUNDE MILJØSENTER AS

**Tilråding:**

Runde Miljøsenter AS, org.nr. 987410752, får skjenkeløyve som omsøkt slik:

1. Skjenkearealet er 1. og 2. etg. ved senteret og for uteområde, terrasse i 2. etg.

2. Skjenketidene er:
- **varegruppe 1 og 2** skal vere avgrensa til mellom kl 10.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 10.00 og kl 02.30 fredag og laurdag.
- **varegruppe 3** skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 01.00 alle dagar.
- Det er generell utvid**a** skjenketid til kl 02.30 for romjula (2. Juledag – 1. Nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter Palmesøndag til 2. Påskedag).
- Skjenketida for uteareal er avgrensa til kl 01.00 alle dagar.
- utskjenka alkoholhaldig drikke må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut, dette gjeld ikkje uteareal der alkohol må takast med inn i skjenkelokalet

3. Styrar for løyvet er Nils Roar Hareide med Lars Gustavsen som stedfortredar

4. Vilkåret for løyvet er :

    - Internkontrollrutiner for skjenking skal leverast kommunen innan 1 mnd etter vedtaksdato
    - Styrar og stedfortredar skal delta på kurs i ansvarleg vertskap når dette vert arrangert
    - Vandelskravet i alkohollova skal til ein kvar tid vere oppfylt

Vedtaket er gjort med heimel i alkohollova § 4 og alkoholpolitisk plan for perioden 2016-2020.

Dette vedtaket kan påklagast. Klagefristen er 2 veker. Skrifteleg grunngjeven klage sendast Herøy kommune, p.b.274, 6099 Fosnavåg eller i eige elektronisk skjema på kommunen si heimeside.

Særutskrift: Runde Miljøsenter
Securitas
Lensmannen i Herøy og Sande

**Vedlegg:**

1 Serverings- og/eller skjenkebevilling - søknad
2 702428_IGNQHY_Skjenkeløyve 280812-300616
3 Uttale frå NAV
4 Vedlegg til søknad 06.07.2016
5 Uttale i samband om skjenkeløyve
6 Kunnskapsprøven i alkoholloven - skjenkebevilling
7 Kunnskapsprøve om alkoholloven Nils Roar Hareide

**Saksopplysningar:**
Runde Miljøsenter AS, org.nr. 987410752, søkjer om skjenkeløyve ved Runde miljøsenter.
Søknaden vart levert 06.07.2016. Med bakgrunn i manglande dokumentasjon til søknaden har saka ikkje vore lagt fram tidlegare.

Søknaden gjeld varegruppe 1,2 og 3 innanfor kommunen sine maksimaltider.

I søknaden heiter det at driftskonseptet er sesongbasert kafè med heilårsdrift for overnatting. I tillegg er det kurs og konferansar heile året med matservering. Servering av alkohol vil i hovudsak skje i samband med lukka lag og kurs/konferansar. Skjenkinga skjer i hovudsak på etermiddag/kveld ved arrangement. Søknaden gjeld for 1. og 2 etg.
Det vert i tillegg søkt om skjenking for uteområde, terrasse i 2. etg.

Styrar for løyvet er Nils Roar Hareide med Lars Gustavsen som stedfortredar. Begge har kunnskapsprøva om alkohollova.

Runde Miljøsenter AS har hatt løyve tidlegare, men dette gikk ut 30.06.2016, K-sak 163/12. Dette løyvet var gjeldande for arrangement ved senteret og vart ikkje gjeldande når det var open kafèdrift.
I tida med løyve var der ikkje merknader i samband med kontrollar.

Ein har bede politiet og Nav om uttale i saka og det ligg ikkje føre merknadar.

I Alkoholpolitisk handlingsplan 2016- 2020 heiter det:

*«Konsept*
*Det vert ikkje gitt alminneleg løyve:*

- *Frisørsalongar/hudpleiesalongar/butikkar og liknanda konsept*
- *Arrangement som er retta imot barn og unge*
- *Undervisningsbygg*
- *Mosjon- og Idrettsarenaer*
- *Konditori*
- *Galleri og utstillingar*
- *Kulturbygg- og grendehus*
- *Campingplasser*
- *Soner som elles vert rekna som rusfrie*
- *Bensinstasjonar*

- *Kioskar*
- *Arenaer som elles vert rekna som rusfrie*

*Det skal førast ein restriktiv line til nye konsept.*

*Normal skjenketid:*

5. ***varegruppe 1 og 2** skal vere avgrensa til mellom kl 10.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 10.00 og kl 02.30 fredag og laurdag.*
6. ***varegruppe 3** skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 01.00 alle dagar.*
7. *driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00.*
8. *Det er generell utvid**a** skjenketid til kl 02.30 for romjula (2. Juledag – 1. Nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter Palmesøndag til 2. Påskedag).*
9. *Skjenketida for uteareal er avgrensa til kl 01.00 alle dagar. Skjenketida kan i einskilde høve utvidast etter søknad.*
10. *For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida setjast lik skjenketida innandørs.*
11. *Det kan gjevast skjenkeløyve for varegruppe 3 på uteareal.*
12. *Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikke må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut, dette gjeld ikkje uteareal der alkohol må takast med inn i skjenkelokalet»*

## Vurdering og konklusjon:

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u> Vurdering gjort i samband med handsaming av alkoholpolitisk plan.

Kafè er ikkje nemnt i alkoholpolitisk plan som plassar som ikkje kan få løyve. I tillegg.
Skjenkestaden fyller krava i alkohollova til vandel og kunnskap om alkohollova.
Det vert med bakgrunn i dette innstilt på at søkjar får løyve som omsøkt.

Fosnavåg, 07.11.2016

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad | Wenche Moltu |
| Rådmann | Avd.leiar |

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN

| Reg.nr. | Saksbeh. |
|---|---|
| 27 JULI 2016 | |
| Ark.kode P | |
| Ark.kode S | |
| J.nr. | Dok.nr. |
| Kassasjon | |

Herøy kommune
Pb.274

6099 Fosnavåg

Deres ref: 2016/2013 U63 Vår ref: JST Dato: 18.07.2016

## Uttale i samband med skjenkesak – Runde Miljøsenter

NAV Herøy viser til brev frå Herøy kommune v/Wenche Moltu datert 13.07.2016.

Kommunen ber om uttale i samband med skjenkeløyve fra Runde Miljøsenter, i samband med lukka arrangement.

NAV Herøy har ingen merknader til søknaden innvilges. Vi legg til grunn at alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020 blir fulgt i den videre sakshandsaminga.

Med helsing

Jarle Stordal
Leiar NAV Herøy

**Fra:** Lars Gustavsen [mailto:lars.gustavsen@rundecentre.no]
**Sendt:** 24. august 2016 09:50
**Til:** postmottak
**Emne:** Vedlegg til søknad IGNQHY

Saksnr: 2016/1013
Arkiv: U63
Dykkar ref: IGNQHY
Avd/ sakshandsamar: ST/WM
Dato: 14.07.16

Hei
Oversender vedlegg om kart for uteområde med avmerka skjenkeareal.
I notat fra dere ble det også bedt om stadfesting av kunnskapsprøve om alkohollova for stedfortreder.

Jeg er satt opp som stedfortreder, men har ikke avlagt Kunnskapsprøve om Alkoholloven, skjenkebevilling.
Har meldt meg opp til prøven, og prøver å få tatt den førstkommende fredag.
Bekreftelse på bestått prøve blir ettersendt så raskt dette foreligger.

Mvh/ Best regards

**Lars Gustavsen**
**Assisterende dagleg leiar/ Assistant Managing Director**
Tel: +47 99590978 | E-post: lars.gustavsen@rundecentre.no

Runde Miljøsenter AS
Rundavegen 237
6096 Runde
www.rundecentre.no

**Hareid kommune**

# *Kunnskapsprøven i alkoholloven — skjenkebevilling*

*Lars Gustavsen, 04.02.1975*

*har den 04.11.2016 bestått kunnskapsprøve i alkoholloven (lov av 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk mv.), og oppfyller således krav til dokumentert kunnskap om alkoholloven jf. alkoholloven § 1-7c og kap. 5 i forskrift av 8. juni 2005 nr. 538 om omsetning av alkoholholdig drikk mv.*

*Hareid kommune, 4.11.2016*

For Hareid kommune

For Hareid kommune

RESSURSSENTERET I HAREID
Rådhusplassen 5
6060 HAREID
Tlf. 70095000 / 90188350

# KUNNSKAPSPRØVE OM ALKOHOLLOVA

*Nils Roar Hareide*

*f. 20.07.56*

**har den 07. januar 2011**
**bestått offentleg kunnskapsprøve for**
***skjenkeløyve*,**
**med heimel i lov av 2. juni 1989 nr. 27c om omsetting av alkoholhaldig drikk mv., § 1-7c, og føreskrift av 8. juni 2005 om omsetting av alkoholhaldig drikk mm.**

**Hareid den 07. januar 2011**

**Arrangert av:**

**RESSURSSENTERET I HAREID**
**Kompetansesenter for vaksne**

| | |
|---|---|
| **Ingunn Rise** | **Arild Grimstad** |
| **Områdeleiar Sosial, Hareid kommune** | **Arrangør** |

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | LSH | Arkivsaknr: | 2016/874 |
| | | Arkiv: | M30 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 239/16 | Formannskapet | 15.11.2016 |

## PROSJEKT 51405 OPPARBEIDING AV ALMENNINGEN -VEGEN VIDARE

**Tilråding:**

1. Formannskapet vedtek løysing med overbygg på pumpestasjonen på ytre Almenningskai.

2. Formannskapet ber administrasjonen utarbeide løysing for nytt overbygg og gå i dialog med grunneigar av gnr/bnr 34/86 med sikte på avtale om midlertidig tilstelling av området.

Særutskrift: Utviklingsavdelinga, her

**Vedlegg:**

1 Rapport frå Norconsult

**Bakgrunn:**
16.august 2016 vart formannskapet orientert om status for Almenningskaia. Orienteringa gjekk i korte trekk ut på å informere om kva kommunen har bygd ut av avlaupsanlegg, kai og kva dette skal tene, samt kva rammer administrasjonen har hatt å forhaldt seg til. Etter orienteringa vart følgjande oppdrag sendt til administrasjonen: *Formannskapet vil ha ei avklaring. Kan pumpehuset fjernast? Kostnad?*

For å kome vidare med prosjektet er det i denne saka tatt med svar på formannskapet sine spørsmål, samt utgreiing av alternativ og moglegheiter for Almenningskaia og tilstøytande areal. Administrasjonen ønskjer signal frå formannskapet om kva ein skal legge vekt på i prosjektet. Saka gjeld soleis ikkje økonomisk løyving, dette må ein kome attende til dersom det vert naudsynt for dei løysingane ein vel å gå vidare med.

**Saksopplysningar:**
For å kunne gi svar har vi sett på moglegheitene med å fjerne overbygget kontra kostnadar og om heilskapen på kaia vil verte slik den var ved å fjerne det. Det er henta inn bistand frå Norconsult til gjere vurderingar kring pumpestasjonen, sjå vedlegg 1. Rapporten gir ikkje ei tilråding, men ei utgreiing av moglegheiter der å fjerne overbygget er ei av dei.

<u>Alternativa</u>
Rapporten tek føre seg 4 alternativ som er lista opp i konklusjonen s. 11. I saksutgreiinga vidare tek vi føre oss alternativa "Nedsenka ventilar i kum på utsida av eksisterande pumpesump", heretter kalla nedsenka løysing, og "ombygging av eksisterande pumpehus". Alternativet "nedsenka ventilar i pumpesump" vert ikkje tatt med vidare då det ikkje oppfyller krav til HMS og alternativet "inga endring" er ikkje tatt med vidare då det verkar som ei sams oppfatning at dagens overbygg er midlertidig.
Nedsenka løysing inneber at overbygget fjernast, øvste delen på sumpen må kuttast for å få ei slett overflate og ventilane må flyttast til ein ny kum under bakkenivå. Straum/styringsskap og radioantenne må flyttast til eit nærliggande bygg (mest truleg som skap på utsida), noko som avheng av avtale med grunneigar. Dette medfører som nemnt i rapporten ei umoderne løysing som forringar arbeidsmiljøet til driftsoperatørar. I rapporten er denne løysinga anslått til å koste 1.000.000kr eks. mva.

Å byggje om overbygget vil innebere at ein bygger nytt overbygg med eit meir estetisk ytre. Overbygg vil gi den mest stabile og optimale driftssituasjonen for anlegget og driftsoperatørane. I rapporten er denne løysinga anslått til å koste 100.000 – 400.000kr, avhengig av kva ein ønskjer å legge i det.

I tillegg til å velje løysing for avlaupsanlegget må det utførast tiltak på Almenningen generelt. Dette er kostnadar som kjem i tillegg til summane ovanfor, men dei vil vere like anten ein beheld overbygget eller ikkje. For begge løysingane kan det eksisterande overbygget nyttast på ein eldre stasjon som treng oppgradering, dette har vore tanken frå starten og bygget er av same storleik som dei eldre overbygga.

Drift
I rapporten kjem det klart fram at å fjerne bygget vil vere negativt for drifta av anlegget.

Dagens løysing med overbygg gir ei alt-i-eitt løysing for driftsoperatør som inneheld alt dei treng på ein stad. Ventilane står tørt på golvnivå og der er løftereiskapar for å få pumpene opp av sumpen. Styring/overvaking har panel på veggen og det er både spyle- og vaskemoglegheit i bygget. Dette medfører at ein t.d. ved havari enkelt kan undersøkje situasjonen, noko som er særs viktig når resipienten for naudoverløp er dårlig. I dette tilfelle er det hamnebassenget som er resipient for naudoverløp, noko som medfører at det er ekstra viktig med gode og stabile driftsforhold.

Kommunane har som praksis å nytte overbygg på pumpestasjonar og vi har det på alle permanente stasjonar.

Med ei nedsenka løysing kan det ved vinterdrift vere tidkrevjande å kome til stasjonen dersom noko akutt oppstår pga. snø og frost.

For å unngå inntrenging av sjøvatn er dagens golv på pumpestasjonen lagt på høgdekote +2,2m, for å jamne terrenget med nedsenka løysing må dette senkast til om lag kote +1,8m og ein kan risikere at både ventilar i eigen kum og pumpestasjon vert overfløymde. I ein slik situasjon vil det ikkje kunne utførast driftsoppgåve knytt til anlegget.

Det er påpeika i rapporten at ved å fjerne overbygget kan ein potensielt få eit luktproblem på kainivå.

Andre begrensingar – trasè for utrykkingskjøretøy
For å ha tilkomst for utrykkingskjøretøy i framkant av simulatorsenter/hotell/konsertsal må det vere ein open trasé til ei kvar tid. I denne traseen kan det ikkje setjast opp bygg, installasjonar, telt, parkerast bilar osv. Denne traseen deler Almenningkaia i to og vil ikkje verte flytta nærare hotellet sjølv om overbygget vert fjerna. Sjå illustrasjonsbilete nedanfor.



*Illustrasjonsbilete.*

- *Svart stipla firkant syner areal der ein kan få til tilleggsfunksjonar.*
- *Blå firkant markerar murvegg som kan forskjønnast.*
- *Grå kant langs fyllinga viser plassering av låg mur.*
- *Svarte piler syner kjøremønster til utrykkingskjøretøy. Lastebil er dimensjonerande og kjøretøyet må vere heilt oppretta før ny kai, dette er synt med gul pil.*

Generell opparbeiding

Uavhengig av val for overbygget, må det stellast til på Almenningen. Det som vert vurdert som minimum for å få arealet til å fungere er:

- Binde saman ledelinje på Almenningstorget med ledelinje frå hotellet
- Skilje bilveg frå kaiareal
- Markere trasé for utrykkingskjøretøy
- Stelle til rundt pumpestasjon

Arealet nærast hotell/simulatorsenter/konserthus er privat eigd og regulert til forretning/kontor/leilighet (kalla Strandteigen). Pr. i dag leiger kommunen arealet til parkeringsareal og det ligg ikkje føre noko signal om utbygging i den næraste tida. Dersom ein kan få til ein avtale med grunneigar er det mogleg med enkle grep å forskjønne området og stramme opp linjene. Døme på tiltak:

- Setje opp ein låg mur og lage finare skråning i det oppfylte arealet mot kaia (teikna inn med grå i foto ovanfor)
- Forskjønne den store muren i bakkant av området (merka med blå firkant på foto ovanfor)
- Rydde
- Setje ut blomsterkrukker og benkar til våren på det oppfylte arealet

Moglegheiter

Dersom ein vel å ha overbygg på pumpestasjonen kan ein også velje å legge til rette for fleire funksjonar i bygget/på arealet i utstrekning mot hotellet (areal innanfor stipla firkant på foto ovanfor).

Pr. i dag står det ein avfallscontainer som tenar hamneområdet og den er plassert slik den stengjer for nedsenka kant og ledelinje frå Almenningstorget. Denne må flyttast internt på kaiområdet og i det høve kan ein få til ei innebygd renovasjonsløysing ved sidan av pumpestasjonen.

Offentleg toalett i sentrum er pr. i dag lokalisert inst i garasjeanlegget ved Fosnavåg Brygge, og ligg soleis gøymt, er stengt kveldstid og ein må gå gjennom garasjeanlegget for å nå tak i det. Ved å legge til rette for toalett på Almenningen vil det ligge meir sentralt og vere lettare tilgjengelig.

Seinare år har det kome til større opparbeidde flater å vedlikehalde i sentrum (særskilt uteområdet ved hotellet og Almenningstorget) og kommunen har behov for å lagre ymse utstyr for å lette sentrumsvedlikehald i området.

Sidan området er sentralt er det ei god plassering for ein informasjonsskjerm.

Det er og mogleg å leggje til rette for sitjeplassar kring bygget, også med takoverbygg om ein ønskjer det. Området er ein del av ei lengre promenade langs sjø frå Vågsplassen til forbi konsertsalen og sitjeplassar er viktige element i ei slik promenade som også kan bidra til å skape møtestadar.

Oppsummert døme på funksjonar:

- Fasilitetar knytt mot hamn, inkl. renovasjon
- Offentleg wc
- Lager for utstyr til sentrumsvedlikehald
- Infoskjerm
- Sitje- og opphaldsområde

<u>Kostnadar</u>
Prosjekt 51405 har pr. i dag ei løyving på 1.300.000kr. Dette er midlar som er tenkt til den generelle opparbeidinga på kaia og ikkje til arbeid med avlaupsanlegg/pumpestasjon. Det er antatt at dette skal halde til tiltaka som er skissert som minimum ovanfor. Dersom ein vel å legge fleire funksjonar knytt til området/stasjonen, vil dette måtte kostnadsbereknast før ein tek stilling til om dagens løyving er tilstrekkelig. Her vil omfanget av funksjonar sjølvsagt spele ei rolle.

Arbeid knytt til pumpestasjonen vert å belaste ulike funksjonar, alt etter kva løysing som vert valgt. Vi har konferert med revisjonen og kome fram til at desse løysingane kan nyttast:

- Dersom ein byggjer nytt overbygg vert det ei investering som kan belastast avlaupsplanen og det vil vere midlar til det i budsjett for 2017 (dersom noverande budsjettal og vanlig praksis for løyving til avlaupstiltak vert vedteken).
- Dersom ein skal byggje om anlegget for å ha alt under bakken vil det ikkje kunne førast på avlaup då det ikkje tilfører avlaupsanlegget ekstra kvalitetar, men heller forringar det. Då kan det førast som investering på funksjon for "rekreasjon tettsted", noko som medfører at det må gjerast ei ny løyving til prosjektet på 1.000.000kr.

**Vurdering og konklusjon:**
Frå konklusjonen i rapporten kan vi lese at alternativet med å behalde overbygget og eventuelt bygge nytt, vil vere rimeligare og ha meir fordelar enn å fjerne det.

Slik vi tolkar motivasjonen for å fjerne overbygget er det å kunne nytte arealet til festivalar og liknande. Med bakgrunn i krav om trasé for utrykkingskjøretøy vil ein ikkje kunne nytte heile arealet sjølv om ein fjernar overbygget. I seinare år har festivalar i sentrum funne nye lokalitetar. Parkeringsplassen ved rådhuset har vore nytta og i parken har kommunen kosta å planere eit område som har vore nytta til scene ved mellom anna Fosnavåg Rock.

Det er heller ikkje slik at ein ved å behalde overbygget mister alt areal. Nyleg var kaia nytta til telt, og det er mogleg å ha sjønære aktivitetar frå kai og brygger.

Sjølv om det er teknisk mogleg å fjerne overbygget, meiner vi å ha vist i utgreiinga ovanfor at det vil koste mykje utan at ein får nytta arealet som tenkt (særskilt pga. trase for utrykkingskjøretøy), noko som gir dårlig kost-nytte. I tillegg vil det forringe driftsarbeidet og føre til unødig risiko for hamnebassenget. Vi har også peika på fleire moglegheiter ved å behalde overbygget og kunne tilføre attraktive sentrumsfasilitetar.

Med bakgrunn i ovanståande saksutgreiing er det rådmannens vurdering og konklusjon at det er mest formålstenleg å ha eit overbygg på pumpestasjonen og at dette vert oppgradert til ei meir estetisk løysing.

Om det er ønskjeleg å få fleire funksjonar knytt til kaiområdet, ber rådmannen formannskapet ta stilling til kva som er ønskjeleg slik at administrasjonen kan jobbe vidare og finne løysingar. Tilrådinga er difor open på dette punktet. Dette gjeld også for å kunne gå i dialog med grunneigar for Strandteigen med sikte på å ei midlertidig tilstelling der.

Konsekvensar for folkehelse:
Dei ulike alternativa og døme på funksjonar vil gi ulike konsekvensar folkehelse. Generelt vil det å få folk til å nytte promenadefunksjonen langs sjøkanten og opphald i sentrum vere positivt for folkehelse. Ei nedsenka løysing kan føre til luktproblem på kainivå.

Konsekvensar for beredskap:
Gjennom den generelle opparbeidinga vil trasé for utrykkingskjøretøy bli markert for å bidra til at den vert halden open.

Konsekvensar for drift:
Eit tilrettelagt anlegg med overbygg gir gode driftsforhold.
Det vil vere negativt for drift dersom overbygget ikkje skal vere der, både på generell basis og særskilt ved høg flod og snø/is.

Fosnavåg, 03.11.2016

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Lene Søvik Huldal

Herøy kommune

# Pumpestasjon Almenningskaia

Moglegheiter og utfordringar

**Oppdragsnr.:** 5165760 **Dokumentnr.:** 01 **Versjon:** J03
2016-10-25

Norconsult

| | |
|---|---|
| **Oppdragsgjevar:** | Herøy kommune |
| **Oppdragsgjevars kontaktperson:** | Lene Huldal |
| **Rådgjevar:** | Norconsult AS, Retirovegen 4, NO-6019 Ålesund |
| **Oppdragsleiar:** | Tormod Lausund Relling |
| **Fagansvarleg:** | Tormod Lausund Relling |
| **Andre nøkkelpersonar:** | Oddbjørn Ringset |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| J03 | 2016-10-25 | Oppdatert etter tilbakemedlingar | ToLRe | OdRin | ToLRe |
| J02 | 2016-09-29 | For bruk | ToLRe | OdRin | ToLRe |
| C01 | 2016-09-23 | For kontroll hos oppdragsgivar | ToLRe | OdRin | ToLRe |
| **Versjon** | **Dato** | **Omtale** | **Utarbeidet** | **Fagkontrollert** | **Godkjent** |

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

# Sammandrag

Norconsult AS er engasjert av Herøy kommune for å kome med tredjepartsvurdering av moglege tiltak rundt eksisterande pumpestasjon på Almenningskaia i Fosnavåg. Før pumpestasjonen vart sett opp vart Almenningskaia brukt til store arrangement og festivalar. Formannskapet har ytra ønskje om å ta tilbake denne bruken av kaia, og har bedt om ei utgreiing om det er mogleg å få til.

Reguleringsplanen legg føringar for plasseringa av ein pumpestasjon i området, og det er ikkje sett på som realistisk å flytte pumpestasjonen.

Det er sett på to løysingar for å flytte ventilar ned i bakken. Dette er løysingar som vil forringe arbeidsmiljøet til driftspersonell. Løysingane er utradisjonelle og umoderne og vil føre med seg store ombyggingar på pumpestasjonen. Pris for å få seinka ventilane under bakken er forventa å ligge ein stad mellom 800 000 ,- og 1 000 000 ,- ekskl. mva.

Ein kan òg sjå for seg å behalde pumpestasjonen med den tekniske løysinga som er i dag. Pumpestasjonen fungerer godt i dag, og pumpehuset kan skiftast ut med noko som kan berike kaia. Det er tenkt på ny utforming av pumpehuset og utvida bruk, som til dømes offentleg toalett eller lager for teknisk drift.

# Innhold

**1 Innleiing 5**

**2 Eksisterande situasjon 6**

**3 Nøkkeltal 7**

**4 Moglege tiltak 8**

4.1 Flytting av pumpestasjonen 8

4.2 Fjerning av pumpehuset 8

4.2.1 Ventilar på nytt mellomdekke i pumpesumpen 8

4.2.2 Ventilar i kum på utsida av pumpesumpen 8

4.3 Nytt/utvida pumpeoverbygg 9

4.4 Behalde eksisterande pumpeoverbygg 9

**5 Kostnadsoverslag 10**

**6 Konklusjon 11**

# 1 Innleiing

Norconsult AS er engasjert av Herøy kommune for å kome med tredjepartsvurdering av moglege tiltak rundt eksisterande pumpestasjon på Almenningskaia i Fosnavåg. Før pumpestasjonen vart sett opp vart Almenningskaia brukt til store arrangement og festivalar. Formannskapet har ytra ønskje om å ta tilbake denne bruken av kaia, og har bedt om ei utgreiing om det er mogleg å få til. Teknisk avdeling i kommunen har argumentert for å behalde pumpestasjonen, men kan tenkje seg å bygge eit meir estetisk overbygg som kan bli ein berikande del av hamnemiljøet.




*Figur 1 Almenningskaia slik ho framstår i dag*

# 2 Eksisterande situasjon

I høve bygging av nytt hotell og kulturhus vart det sett opp ein avløpspumpestasjon med overbygg levert av pumpeleverandøren. Pumpehuset står framleis slik det vart bygd, sjølv om det ikkje var tenkt som ei permanent løysing. Området framstår i dag som uferdig og lite estetisk, og pumpestasjonen pregar dette inntrykket. Plasseringa av pumpestasjonen kan verke ulogisk om ein ikkje ser det i samanheng med reguleringsplan, teknisk infrastruktur og tilkomst for utrykkingskøyrety.

Pumpestasjonen er plassert midt på Almenningskaia der avløp frå kringliggande område blir samla opp og pumpa opp til Holmsildgata, der det renn med sjølvfall til reinsing. Tidlegare gjekk avløpet rett til sjøen. Ein fekk altså fjerna eit utsleppspunkt til ein sårbar resipient ved å plassere ein pumpestasjon i området.

Reguleringsplanen legg føringar for plasseringa av ein pumpestasjon i området. Det skal vere fri sikt på kvar side av eksisterande næringsbygg, Vågsgata 1. Det er regulert veg i området mellom Vågsgata 1 og der pumpestasjonen står i dag. Denne blir tilkomst til næringsbygg i aust. På utsida av pumpestasjonen er det lagt opp til tilkomst for brannbil til nedsida av hotellet. Denne skal alltid haldast open, og fører til at det området som ligg til rette for pumpestasjon er avgrensa til eit område midt på kaia, sjå bilete under.




*Figur 2 Areal i raudt for plassering av pumpestasjon*

Pumpestasjonen er utforma med ein pumpesump og ein innløpskum i PE. Overløp går frå innløpskummen til ein slamavskiljar med utløp til sjøen. Systemet er tett utforma med tilbakeslagsventil på utløpet frå slamavskiljaren og tette lokk på innløpskummen og slamavskiljaren. Dette både for å hindre inntrenging av sjøvatn og redusere risiko for utslepp til hamnebassenget. Dekket på pumpesumpen er det lågaste punktet i pumpesystemet som ikkje er tett. Dette er lagt så høgt at sjøen ikkje skal stå inn i pumpestasjonen. Pumpestasjonen, slik han er utforma og blir drifta i dag, fungerer godt med lite problem.

# 3 Nøkkeltal

Kommunen har opplyst om enkelte høgder på terreng og leidningsnett som vil vere viktige i vurderinga av moglege tiltak rundt pumpestasjonen.

| | Kote |
|---|---|
| Botn pumpestasjon | -0,95 |
| Golv pumpestasjon | +2,25 |
| Start/stopp pumpe | -0,05/-0,55 |
| Kaikant | +1,6 |
| Opparbeidd areal i vest | +1,8 - +2,0 |
| Inngangsparti eksisterande bygg | +2,0 |




*Figur 3 Innmålte høgder på kaia*

# 4 Moglege tiltak

## 4.1 Flytting av pumpestasjonen

Flytting av pumpestasjonen blir ikkje sett på som eit realistisk tiltak, mellom anna på grunn av kostnadar og det faktum at det ikkje finst ei naturleg alternativ plassering av pumpestasjonen.

## 4.2 Fjerning av pumpehuset

Det er sett på fleire forskjellige alternativ for å få fjerna pumpehuset. Alle alternativa vil føre med seg forringa arbeidsmiljø for dei som skal drifte pumpestasjonen og omfattande ombygging av eksisterande løysing. Ved fjerning av pumpehuset vil det vere naudsynt å støype ein køyresterk konstruksjon over eksisterande pumpesump. Denne er anslått til å måtte ligge 20 cm over dekket på sumpen. For at pumpestasjonen ikkje skal ligge som ein topp midt på plassen, må høgda på pumpesumpen reduserast og tettast med tett lokk mot innlekkasje frå sjøen. Opningane i lokket må vere så store at ein kjem til pumpene på ein tilfredsstillande måte.

Det er ikkje sett detaljert på korleis ein får lufta ut ein tett pumpestasjon. Vanleg praksis er å ha eit lufterør opp frå sumpen eller opent dekke. Ved å fjerne pumpehuset vil ein potensielt få problem med utlufting av pumpesumpen, og ein veit ikkje korleis dette vil påverke luktforholda på kaia.

Alle pumpestasjonar må ha tilknyting til elektrisk skap for straumforsyning og styring av pumpene. For eksisterande pumpestasjon er dette plassert inne i pumpehuset saman med ventilar. Ved fjerning av pumpehuset må skapet flyttast. Skapet kan flyttast ned i ein tett kum i bakken eller til yttervegg på nærmaste hus. I dette tilfellet vil nærmaste hus ligge ca. 20 meter frå pumpestasjonen. Dette huset er ikkje kommunal eigedom, og avtale med grunneigar må utarbeidast. Mørenett har eit skap ståande på utsida av pumpestasjonen. Dette må òg flyttast om ein vel å fjerne pumpehuset. Det står òg ei radioantenne for driftskontroll på taket av pumpestasjonen som må flyttast samstundes som elektrisk anlegg.

Ein kum for nedseinka skap må vere stort nok til at ein får drifta anlegget på ein tilfredsstillande måte, og ei løysing med kum for elektrisk anlegg blir sett på som så dyr at det ikkje er tatt med i vidare utgreiing.

### 4.2.1 Ventilar på nytt mellomdekke i pumpesumpen

Det kan vere mogleg å seinke alle ventilar som i dag står oppe i pumpehuset ned i eksisterande pumpesump. Tilkomst til ventilane kan sikrast ved å støype eit dekke nede i sumpen der driftspersonell kan stå. Ventilane vil med ei slik løysing bli oversymde med avløpsvatn. Dette er ei løysing som ikkje oppfyller dagens krav til HMS for driftspersonell. Tidlegare vart det bygd pumpestasjonar med nedseinka ventilar, men ein har i seinare tid gått bort ifrå denne løysinga. Avstanden frå dekket til underkant kumlokk vil ikkje gi full ståhøgde, og det vil bli liten plass til handtering av ventilane.

### 4.2.2 Ventilar i kum på utsida av pumpesumpen

Det er sett på ei moglegheit der ein bendar leidningane ut av pumpesumpen i staden for å la dei gå opp over bakkenivå. På utsida av eksisterande pumpesump kan det plasserast ein eigen kum for handtering av ventilane. Med ei slik løysing kan ein få ventilane vekk frå den våte sumpen

samstundes som at ein får ventilane under bakken. Leidningane må då førast gjennom nye hol i pumpesumpen. Det er gått ut ifrå at ein klarer å tette dei nye utsparingane i sumpen.

## 4.3 Nytt/utvida pumpeoverbygg

Eksisterande overbygg framstår som ordinært og lite spennande, men kan bytast ut med noko som ser meir spennande ut, og som kan vere til glede for fleire. På figur 4 er det vist eit døme på ein pumpestasjon som har eit anna uttrykk enn det tradisjonelle pumpehuset har.




*Figur 4 Døme på utradisjonelt utforma pumpestasjon frå Trondheim. Kjelde: Google streetview*

Det er òg kome forslag om å utvide pumpestasjonen til lager for teknisk drift og offentleg toalett og sanitæranlegg i tilknyting til gjestehamna. Her er det mange moglegheiter, men med denne løysinga får ein ikkje fjerna det eksisterande pumpehuset.

## 4.4 Behalde eksisterande pumpeoverbygg

Den enklaste og billigaste løysinga, vil vere å behalde det eksisterande pumpehuset slik det står i dag. Ikkje noko treng då å bli gjort anna enn å opparbeide plassen slik at han framstår som meir ferdig enn i dag.

# 5 Kostnadsoverslag

Det er forsøkt å anslå kor mykje dei forskjellige løysingane vil koste. Prisane oppgitt ekskl. mva.

| Tiltak | Kostnadsoverslag | Merknad |
|---|---|---|
| Nedseinking av ventilar i pumpesumpen | 800 000 | |
| Flytting av ventilar til kum på utsida av pumpesumpen | 1 000 000 | |
| Nytt/utvida pumpehus | 100 000-400 000 | Prisen er sterkt avhengig av kva ein ynskjer å legge i det |
| Inga endring | 0 | Opparbeiding av plassen vil vere naturleg å gjere for alle løysingar |

# 6 Konklusjon

Det er drøfta tre alternativ for ombygging av pumpestasjonen. Desse er oppsummert i tabell med fordelar, ulemper og anslått pris. Uavhengig av kva løysing ein går for, vil ein måtte legge til rette for framkomst av utrykkingskøyrety, noko som legg avgrensingar på bruken av plassen.

| Tiltak | Fordelar | Ulemper | Anslått pris, NOK ekskl. mva. |
|---|---|---|---|
| Nedseinka ventilar i pumpesump | Området blir ein open plass<br>Den minste ombygginga ved fjerning av pumpehus | Driftsforhold som ikkje kan oppfylle dagens krav til HMS<br>Dårleg tilgang på ventilane, spesielt vinterstid<br>Vått og aggressivt miljø med fare for korrosjon på ventilane<br>Endring på ei fungerande løysing<br>Uvisse knytt til luktforhold i området<br>Pris | 800 000 |
| Nedseinka ventilar i kum på utsida av eksisterande pumpesump | Området blir ein open plass | Dårleg tilgang på ventilane, spesielt vinterstid<br>Endring på ei fungerande løysing<br>Uvisse knytt til luktforhold i området<br>Pris | 1 000 000 |
| Ombygging av eksisterande pumpehus | Ein beheld ei fungerande løysing<br>Gode og tørre driftsforhold<br>Moglegheiter for å gjere pumpehuset til eit positivt innslag på kaia | Området blir ikkje ein open plass | 100 000-400 000<br>Prisen er sterkt avhengig av kva ein ynskjer å legge i det |
| Inga endring | Pris<br>Ein beheld ei fungerande løysing<br>Gode og tørre driftsforhold | Området blir ikkje ein open plass<br>Estetikk | 0 |

HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | JD | Arkivsaknr: | 2016/643 |
| | | Arkiv: | 047 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 240/16 | Formannskapet | 15.11.2016 |
| | Kommunestyret | 24.11.2016 |

## EIGARSKAPSKONTROLL REKNESKAPSÅRET 2015

**Tilråding:**

Herøy kommunestyre tek Eigarskapskontroll rekneskapsåret 2015 til vitande.

Særutskrift:

Kontrollutvalet
Økonomiavdelinga

**Vedlegg:**

1 Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS
2 Hareid Fastlandssamband AS
3 Muritunet AS
4 Sunnmørsbadet Fosnavåg AS
5 Tussa Kraft AS
6 Furene AS
7 Runde Miljøbygg AS
8 Fosnavåg Konserthus AS
9 Kystvegen Måløy-Florø AS
10 Herøy Vasslag SA
11 Stemmedal Vasslag SA
12 Forklaring av sentrale begrep

**Bakgrunn**

Kommunestyret vedtok i K-sak 183/07 Selskapskontroll og oppfølging av økonomisk engasjement, rutinar for administrasjonen si oppfølging av kommunen sitt økonomiske engasjement og eigarskap i ulike selskap (selskapskontroll).

På bakgrunn av dei rutinane som vart vedteke i K-sak 183/07, vart selskapskontroll for rekneskapsåret 2008 handsama i K-sak 63/10. Det vart og utført selskapskontroll for rekneskapsåret 2009.

Rutinen for administrativ oppfølging av selskapa viste seg å være arbeidskrevjande. Ein var avhengig av å innhente dokumentasjon frå selskapa, og dette tok tid og skapte meirarbeid både for administrasjonen og selskapa. Dette saman med permisjon på tilsett som arbeidde med selskapskontrollen, førte til at det sist vart utført selskapskontroll i 2010 for rekneskapsåret 2009.

Rådmannsgruppa etablerte i 2015 ei arbeidsgruppe som skulle revidere rutinen. Den reviderte rutinen vart vedteke av kommunestyret i K-sak 76/16. Den nye rutinen inneber ein forenkla arbeidsprosess for den administrative oppfølginga, då den økonomiske vurderinga vert gjort på bakgrunn av rekneskapstal som ligg offentleg tilgjengeleg i Brønnøysundregisteret.

Den reviderte rutinen fokuserer i større grad på kommunen si utøving av eigarskap, og nyttar no omgrepet Eigarskapskontroll i staden for Selskapskontroll.

**Saksopplysningar:**

Ny rutine for lovpålagt eigarskapskontroll var vedteke i K-sak 76/16 den 25.05.2016. Denne saka er den årlege rapporten som følgje av denne rutinen.

Oppstillinga nedanfor syner selskap der Herøy kommune har eigarandelar eller eigarinteresser, sortert etter organisasjonsform. Opplysningane om bokført verdi er henta frå balansen i kommunen sitt rekneskap 2015 note 10. Oversikta inneheld og opplysningar om bokført verdi i balansen, eigardel og om det er utarbeidd ei analyse

av føretaket. Rutinen opnar for at kommunestyret kan bestille ein utvida rapport om enkeltføretak.

**Oversikt eigarskap i Herøy kommune**

| Selskap | Bokført verdi | Eigardel | Analyse |
|---|---|---|---|
| **Interkommunalt samarb. KL §27** | | | |
| | | | |
| | | | |
| **Interkommunalt samarb. KL §27. Eige rettssubj.** | | | |
| Vest kontroll | | 11,11 % | |
| | | | |
| **Vertskommunesamarbeid §28-1a, 28-1b og 28-1c** | | | |
| SSIKT - Søre Sunnmøre IKT. | | | |
| Søre Sunnmøre Landbrukskontor | | | |
| Interkommunalt legevaktsamarbeid, natt § 28b | | | |
| Interkommunal gjeldsrådgjevning | | | |
| Sunnmøre krisesenter | | | |
| Sunnmøre innkjøpssamarbeid | | | |
| Interkommunal arbeidsgjevarkontroll | | | |
| Interkommunal jordmorteneste | | | |
| | | | |
| **Interkommunale selskap** | | | |
| Sunnmøre regionråd IKS | | 5,88 % | |
| Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS | | 14,29 % | |
| Interkommunalt Arkiv IKS | | 2,51 % | |
| Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS | | 36,36 % | Vedlegg 1 |
| | | | |
| **AS/ASA deleigd av kommunal/kommunale aktørar** | | | |
| Nordøyvegen AS | 5 000 | 0,0 % | |
| Hareid fastlandssamband AS | 104 000 | 1,4 % | Vedlegg 2 |
| Sande Fastlandssamband AS | 30 000 | 1,5 % | |
| Muritunet AS | 130 000 | 0,9 % | Vedlegg 3 |
| Sunnmørsbadet AS | 4 570 000 | 54,4 % | Vedlegg 4 |
| Tussa Kraft (SE aksjar) | 55 192 000 | 16,9 % | Vedlegg 5 |
| Tussa Kraft AS | 1 000 264 | | |
| Furene AS | 187 981 | 8,1 % | Vedlegg 6 |
| Runde Miljøbygg | 1 501 000 | 6,8 % | Vedlegg 7 |
| Rovdefjordbrua AS | 20 000 | 1,1 % | |
| Fosnavåg konserthus AS | 8 005 000 | 52,8 % | Vedlegg 8 |
| Kystvegen Måløy-Florø AS | 150 000 | 1,1 % | Vedlegg 9 |
| Leikanger Grendahus | 50 000 | | |
| Moltustranda grendahus | 439 000 | | |
| | | | |
| **Samvirkeforetak** | | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kommunal Landspensjonskasse gjensidig forsikringsselskap | 14 107 268 | 0,00 % | |
| Herøy Vasslag SA | 353 350 | | Vedlegg 10 |
| Stemmedalen Vassverk SA | 268 200 | | Vedlegg 11 |
| Moltustranda Vassverk SA | 3 600 | | |
| Nerlandsøy Vasslag SA | | | |
| **Stiftingar** | | | |
| Stiftinga Maritime Nordvest | 1 000 | | |

Utval av selskap der det er gjort ei økonomisk analyse er gjort administrativt, og ein har laga analyser på alle aksjeselskap med verdi over 100.000 kr i note 10. I tillegg er det gjort analyse av SSK IKS og Herøy vasslag SA og Stemmedalen Vasslag SA.

Analysen inneheld opplysningar om selskapet sitt vedtektsregistrerte formål, Herøy kommune sin definerte strategi med eigarskapet, rekneskapstal for dei tre sist tilgjengelege åra, og ei kollonne med fargekode basert på utviklinga i rekneskapstala. Vidare inneheld analysen informasjon om kven som har representert kommunen som eigar i eigarskapsorganet, og namnet på styremedlemane i selskapet. For nokre selskap er det gitt tilleggsinformasjon i form av kommentarar. Til sist ligg ei detaljert forklaring til enkelte økonomiske begrep som er nytta i analysen.

Ein tek sikte på å legge fram ei årleg sak om Eigarskapskontroll i oktober/november. Administrasjonen tek gjerne i mot forslag til forbetringar til vår sak/analyse.

**Vurdering og konklusjon:**

Kommentar til enkelte av selskapa:

<u>Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS</u>
Selskapet har negativ eigenkapital grunna tidlegare udekka tap. Den negative eigenkapitalen er vesentleg redusert siste åra, og er 31.12.2015 kr 95.647.
Den negative eigenkapitalen vert dekt av overskot for næringsverksemda, ein del av drifta som hadde eit overskot på kr 963.420 i 2015.

Overskotet innan hushaldningsrekneskapet var 1.901.000 i 2015. Dette er overført til sjølvkostfondet som 31.12.2015 er kr 12.746.000.

<u>Sunnmørsbadet Fosnavåg AS</u>
Sunnmørsbadet Fosnavåg AS starta ordinær drift i 2015. Driftsresultat før skatt vart kr 795.602. Overskotet vart nytta til dekning av tidlegare udekka tap.

Har ei utfordring med høg gjeld kr 63,2 mill.kr. Styret si årsmelding inneheld merknad om at over 50 % av aksjekapitalen er tapt. Arbeidskapitalen syner ei positiv utvikling og er kr 21.7 mill.kr.

<u>Runde Miljøbygg AS</u>

Det var i 2013 ei omfattande refinansiering av selskapet.  Delar av gjelda vart sanert, tidlegare innbetalt aksjekapital vart nedskrive, og det vart gjennomført ein emisjon med teikning av ny aksjekapital.

Selskapet har ei negativ utvikling med store negative driftsresultat årleg. Driftsresultat 2015 var kr -1,4 mill.kr. Det er i 2015 tatt tap på leigeinntekter kr 850.000.

Fosnavåg Konserthus AS
Opna for ordinær drift i 2014. Selskapet hadde i 2014 driftsinntekter 8,0 mill.kr. Store delar av driftsinntektene i 2014 var gåver. I 2015 er driftsinntektene 3,5 mill.kr.

Rekneskapen for 2015 syner eit ordinært resultat før skatt kr 918.381.

Avvik i balanse/note
Stiftinga Maritime Nordvest er oppført med bokført verdi kr 1.000 i både note og balanse. Ei stifting er pr definisjon sjølveigande, og skal soleis ikkje bokførast med ein verdi i balansen. Stiftingar er ikkje omfatta av eigarskapskontroll.

Kystvegen Måløy-Florø AS er oppført i note med bokført verdi kr 150.000. Korrekt verdi er kr 15.000 og dette er oppført i balansen.

Vegen vidare:
Dette er den første eigarskapskontrollen som er utført etter revidert rutine. Ein reknar med at utføringa vert mindre arbeidskrevjande for komande år.

På analyseskjemaet for det enkelte selskap, er feltet «Strategi for eigarskap» berre utfylt i dei selskapa der eigen eigarskapsstrategi er vedteken av kommunestyret. Det bør arbeidast vidare med å få å plass definerte eigarskapsstrategiar for selskap som Herøy kommune eig. Dersom det kjem lovmessige krav til Eigarskapsmelding, vil utarbeiding av klart definerte strategiar være ein naturleg del av denne Eigarskapsmeldinga.

Fosnavåg, 31.10.2016

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad<br>Rådmann | Geir Egil Olsen<br>Avd.leiar |

Sakshandsamar: Jan Driveklepp

# Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

**Vedlegg 1**

**Organisasjonsnummer** 987 570 970

**Formål i vedtekter:**

Selskapet si kjerneverksemd er å vere kommunane sitt forvaltnings- og bestillarorgan, som leverer avfallstenester
til hushaldningar, fritidsbustader, skular og barnehagar. Selskapet sitt føremål er å dekke eigarkommunane sine behov, plikter og oppgåver med tankep på:
1.Å drive framtidsretta og miljøretta innsamling, transport og sortering av hushaldningsavfall - som kommunane
måtte bli pålagde å ta hand om eller sjølv i fellesskap ønskjer å etablere. Selskapet skal planlegge og sørge for
gjennomføring av andre miljøtiltak der kommunane i fellesskap ønksjer dette.

**Strategi for eigarskap:**

Selskapet skal vere eigarkommunane sitt forvaltings- og bestillarorgan som leverer avfallstenester til hushaldningar, fritidsboligar, skular, barnehagar og offentleg verksemd.
m.m.

Revidert eigarstrategi sist vedteke i K-sak 2016/146

**Kapital og utbytte**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|
| Selskapet sin aksjekapital | - | - | - |
| Selskapet sin eigenkapital | -2 233 | -890 | -95 |
| Totalt antal aksjer i selskapet: | - | - | - |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | - | - | - |
| Herøy kommune sin eigarandel (%) | - | - | - |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | - | - | - |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | - | - | - |
| Avsett til utbytte - kommunen sin del | - | - | - |

**Driftsanalyse**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 | Tendens |
|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | 45 682 | 44 385 | 45 298 | |
| - endring i prosent | | **-2,8** | **2,1** | |
| **Dekningsbidrag** | 19 037 | 18 263 | 17 387 | |
| Dekningsgrad (%) | 41,7 | 41,1 | 38,4 | |
| Endring i dekningsgrad i prosent | | **-1,3** | **-6,7** | |
| **Resultat før skattekostnad** | 4 672 | 5 716 | 2 786 | |
| Resultat i % av inntekt | **10,2** | **12,9** | **6,2** | |
| **Sjølvfinansieringsevne** | **6 834** | **8 128** | **5 612** | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Arbeidskapital** | **-2 045** | **-6 583** | **3 758** | |
| - endring i prosent | | **221,9** | **-157,1** | |
| | | | | |
| **Likviditetsgrad (%)** | **79,24** | **63,86** | **119,20** | |
| **Eigenkapitalprosent** | **-7,53** | **-2,54** | **-0,17** | |

**Forklaring til fargekodar:**

1 = Positiv tendens siste året.

2 = Negativ tendens siste året.

3 = Negativ tendens siste 2 år eller svært negativt siste året.

Herøy kommune var representert av Arnulf Goksøy og Solveig Båtsvik i representantskapsmøtet for 2015. Styret har i 2015 bestått av: Georg Fulford (styreleiar), Einar Warholm, Gro Anita Eng, Håkon Vestnes, Edel Kvalsund Goksøyr, Margareth Leinebø og Ole Andreas Sæther

| **Grunnlagsopplysningar. Tal i heile 1 000 kr** | **2013** | **2014** | **2015** |
|---|---|---|---|
| Inntekter | 45 682 | 44 385 | 45 298 |
| Varekostnadar | 12 299 | 11 342 | 11 414 |
| Løns- og personalkostnadar | 14 346 | 14 780 | 16 497 |
| Ordinære avskrivingar | 2 162 | 2 412 | 2 916 |
| Resultat før skattekostnad | 4 672 | 5 716 | 2 786 |
| Skattekostnad | - | - | 90 |
| Avsett til utbytte i selskapet | - | - | - |
| | | | |
| Varebeholdning | - | - | - |
| Sum omløpsmiddel | 7 806 | 11 631 | 23 335 |
| | | | |
| Selskapet sin aksjekapital | | | |
| Selskapet sin eigenkapital | -2 233 | -890 | -95 |
| | | | |
| Kortsiktig gjeld | 9 851 | 18 214 | 19 577 |
| Totalkapital/balansesum | 29 668 | 35 032 | 56 549 |
| | | | |
| Totalt antal aksjer i selskapet | | | |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | | | |
| | | | |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | | | |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | | | |

# Hareid fastlandssamband AS

**Vedlegg 2**

**Organisasjonsnummer** 939 743 863

**Formål i vedtekter:**

Selskapet sitt formål er å arbeide for realisering av Hafast-sambandet - et fergefritt vegsamband mellom Hareid og Ålesund, via Sula.

**Strategi for eigarskap:**

**Kapital og utbytte**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|
| Selskapet sin aksjekapital | 7 587 | 7 587 | 7 587 |
| Selskapet sin eigenkapital | 4 760 | 4 088 | 3 660 |
| Totalt antal aksjer i selskapet: | 7 587 | 7 587 | 7 587 |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | 104 | 104 | 104 |
| Herøy kommune sin eigarandel (%) | 1,37 | 1,37 | 1,37 |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | - | - | - |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | - | - | - |
| Avsett til utbytte - kommunen sin del | - | - | - |

**Driftsanalyse**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 | Tendens |
|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | - | 250 | 393 | |
| - endring i prosent | | **-** | **57,2** | |
| **Dekningsbidrag** | - | 250 | 353 | |
| Dekningsgrad (%) | - | 100,0 | 89,8 | |
| Endring i dekningsgrad i prosent | | **-** | **-10,2** | |
| **Resultat før skattekostnad** | -1 304 | -671 | -428 | |
| Resultat i % av inntekt | **-** | **-268,4** | **-108,9** | |
| **Sjølvfinansieringsevne** | **-1 304** | **-671** | **-428** | |
| **Arbeidskapital** | **4 760** | **4 838** | **4 021** | |
| - endring i prosent | | **1,6** | **-16,9** | |
| **Likviditetsgrad (%)** | **29 850,00** | **2 896,53** | **5 927,54** | |
| **Eigenkapitalprosent** | **99,66** | **81,58** | **86,55** | |

**Forklaring til fargekodar:**

1 = Positiv tendens siste året.

2 = Negativ tendens siste året.

3 = Negativ tendens siste 2 år eller svært negativt siste året.

Herøy kommune var ikkje representert på generalforsamlinga for 2015.
Styret har i 2015 bestått av: Gunvor Ulstein, Bjørn Tømmerdal, Jan Rune Hurlen, Stig Remøy, Sølvi Remøy, Anders Riise, Geir Ove Vegsund, Anette Bonnevie Wollebæk, Kjell Sandli

**Kommentarar:**

**2014: Regjeringsvedtak om at HAFAST er vald som trase for E39. Stortinget løyver planleggingsmidlar.**

| **Grunnlagsopplysningar. Tal i heile 1 000 kr** | **2013** | **2014** | **2015** |
|---|---|---|---|
| Inntekter | - | 250 | 393 |
| Varekostnadar | - | - | 32 |
| Løns- og personalkostnadar | - | - | 8 |
| Ordinære avskrivingar | - | - | - |
| Resultat før skattekostnad | -1 304 | -671 | -428 |
| Skattekostnad | - | - | - |
| Avsett til utbytte i selskapet | - | - | - |
| | | | |
| Varebeholdning | - | - | - |
| Sum omløpsmiddel | 4 776 | 5 011 | 4 090 |
| | | | |
| Selskapet sin aksjekapital | 7 587 | 7 587 | 7 587 |
| Selskapet sin eigenkapital | 4 760 | 4 088 | 3 660 |
| | | | |
| Kortsiktig gjeld | 16 | 173 | 69 |
| Totalkapital/balansesum | 4 776 | 5 011 | 4 229 |
| | | | |
| Totalt antal aksjer i selskapet | 7 587 | 7 587 | 7 587 |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | 104 | 104 | 104 |
| | | | |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | | | |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | | | |

# Muritunet AS

**Vedlegg 3**

**Organisasjonsnummer** 961 721 652

**Formål i vedtekter:**

Selskapet sitt føremål er å eige og drive instutisjonen Muritunet i Valldal. Institusjonen skal gje medisinsk behandling og levere former for helsefremjande og sjukdomsforbyggjande tenester som ein del av det totale helesetilbodet i landsdelen.Hovedvekta skal ligge på spesialisert rehabilitering, opptrening og opplysning samt anna verksemd som står i samanheng med dette.

**Strategi for eigarskap:**

**Kapital og utbytte**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|
| Selskapet sin aksjekapital | 14 343 | 14 343 | 14 343 |
| Selskapet sin eigenkapital | 35 782 | 41 306 | 42 062 |
| Totalt antal aksjer i selskapet: | 14 343 | 14 343 | 14 343 |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | 130 | 130 | 130 |
| Herøy kommune sin eigarandel (%) | 0,91 | 0,91 | 0,91 |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | - | - | - |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | - | - | - |
| Avsett til utbytte - kommunen sin del | - | - | - |

**Driftsanalyse**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 | Tendens |
|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | 49 841 | 54 243 | 57 766 | |
| - endring i prosent | | **8,8** | **6,5** | |
| **Dekningsbidrag** | 12 009 | 20 771 | 17 078 | |
| Dekningsgrad (%) | 24,1 | 38,3 | 29,6 | |
| Endring i dekningsgrad i prosent | | **58,9** | **-22,8** | |
| **Resultat før skattekostnad** | 473 | 5 087 | 762 | |
| Resultat i % av inntekt | **0,9** | **9,4** | **1,3** | |
| **Sjølvfinansieringsevne** | **4 135** | **10 312** | **6 121** | |
| **Arbeidskapital** | **5 536** | **4 127** | **5 327** | |
| - endring i prosent | | **-25,5** | **29,1** | |
| **Likviditetsgrad (%)** | **159,18** | **140,77** | **160,80** | |
| **Eigenkapitalprosent** | **26,57** | **30,03** | **31,46** | |

**Forklaring til fargekodar:**

1 = Positiv tendens siste året.

2 = Negativ tendens siste året.

3 = Negativ tendens siste 2 år eller svært negativt siste året.

Herøy kommune var ikkje representert på generalforsamlinga for 2015.
Styret har i 2015 bestått av: Asmund Kristoffersen, Cine Finstad Austnes, Ragnar Lodoen, Alvhild Kvamme Iversen, Ingunn Mariann Øye, Ester Reidun Vinje, Solfrid Fjeldstad og Viktor Valdal

| **Grunnlagsopplysningar. Tal i heile 1 000 kr** | **2013** | **2014** | **2015** |
|---|---|---|---|
| Inntekter | 49 841 | 54 243 | 57 766 |
| Varekostnadar | 3 487 | 3 554 | 3 734 |
| Løns- og personalkostnadar | 34 345 | 29 918 | 36 954 |
| Ordinære avskrivingar | 3 662 | 5 225 | 5 359 |
| Resultat før skattekostnad | 473 | 5 087 | 762 |
| Skattekostnad | - | - | - |
| Avsett til utbytte i selskapet | - | - | - |
| | | | |
| Varebeholdning | 274 | 294 | 276 |
| Sum omløpsmiddel | 14 427 | 13 528 | 13 635 |
| | | | |
| Selskapet sin aksjekapital | 14 343 | 14 343 | 14 343 |
| Selskapet sin eigenkapital | 35 782 | 41 306 | 42 062 |
| | | | |
| Kortsiktig gjeld | 8 891 | 9 401 | 8 308 |
| Totalkapital/balansesum | 134 674 | 137 550 | 133 703 |
| | | | |
| Totalt antal aksjer i selskapet | 14 343 | 14 343 | 14 343 |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | 130 | 130 | 130 |
| | | | |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | | | |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | | | |

# Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

**Vedlegg 4**

**Organisasjonsnummer** 977 165 091

**Formål i vedtekter:**

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS eig og driv badeanlegg med kafeteria, samt utleige av areal til treningssenter. Selskapet gir eit breitt opplevelsestilbod til alle aldersgrupper. Det vert og gitt tilbod om symjeopplæring for vaksne og barn, bedriftsbading, terapibading og skulesymjing.

**Strategi for eigarskap:**

**Kapital og utbytte**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|
| Selskapet sin aksjekapital | 1 400 | 8 400 | 8 400 |
| Selskapet sin eigenkapital | -5 672 | 740 | 1 532 |
| Totalt antal aksjer i selskapet: | 1 400 | 8 400 | 8 400 |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | 1 000 | 4 570 | 4 570 |
| Herøy kommune sin eigarandel (%) | 71,43 | 54,40 | 54,40 |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | 8 811 | 45 000 | 63 243 |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | 8 811 | 45 000 | 63 243 |
| Avsett til utbytte - kommunen sin del | - | - | - |

**Driftsanalyse**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 | Tendens |
|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | 2 587 | 1 650 | 10 633 | |
| - endring i prosent | | **-36,2** | **544,4** | |
| **Dekningsbidrag** | 1 316 | 654 | 5 560 | |
| Dekningsgrad (%) | 50,9 | 39,6 | 52,3 | |
| Endring i dekningsgrad i prosent | | **-22,1** | **31,9** | |
| **Resultat før skattekostnad** | - | -587 | 795 | |
| Resultat i % av inntekt | **-** | **-35,6** | **7,5** | |
| **Sjølvfinansieringsevne** | **571** | **-587** | **2 019** | |
| **Arbeidskapital** | **-47 741** | **-7 412** | **21 716** | |
| - endring i prosent | | **-84,5** | **-393,0** | |
| **Likviditetsgrad (%)** | **21,19** | **87,85** | **237,05** | |
| **Eigenkapitalprosent** | **-8,90** | **0,69** | **1,90** | |

**Forklaring til fargekodar:**

1 = Positiv tendense siste året.

2 = Negativ tendense siste året.

3 = Negativ tendense siste 2 år eller svært negativt siste året.

Herøy kommune var representert av Arnulf Goksøyr i generalforsamlinga for 2015.
Styret har i 2015 bestått av: Tor Sindre Steinsvik, Arve Moltubakk, Per Kyrre Kvien, Tanja Rafteseth, Kåre Jensholm, Karin Vike, Hilde Marie Brungodt og Karl Petter Sorthaug

**Kommentarar:**

**2013: Endra namn frå Herøy Varmtvassbasseng AS til Sunnmørsbadet Fosnavåg AS**

**2014: Tillført ny aksjekapital 7,0 mill.kr.**

**2015: Badeanlegget opna for ordinær drift.**

| **Grunnlagsopplysningar. Tal i heile 1 000 kr** | **2013** | **2014** | **2015** |
|---|---|---|---|
| Inntekter | 2 587 | 1 650 | 10 633 |
| Varekostnadar | 172 | 7 | 1 024 |
| Løns- og personalkostnadar | 1 099 | 989 | 4 049 |
| Ordinære avskrivingar | 571 | - | 1 228 |
| Resultat før skattekostnad | - | -587 | 795 |
| Skattekostnad | - | - | 4 |
| Avsett til utbytte i selskapet | - | - | - |
| | | | |
| Varebeholdning | - | | 171 |
| Sum omløpsmiddel | 12 837 | 53 587 | 37 437 |
| | | | |
| Selskapet sin aksjekapital | 1 400 | 8 400 | 8 400 |
| Selskapet sin eigenkapital | -5 672 | 740 | 1 532 |
| | | | |
| Kortsiktig gjeld | 60 578 | 60 999 | 15 721 |
| Totalkapital/balansesum | 63 717 | 106 740 | 80 501 |
| | | | |
| Totalt antal aksjer i selskapet | 1 400 | 8 400 | 8 400 |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | 1 000 | 4 570 | 4 570 |
| | | | |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | 8 811 | 45 000 | 63 243 |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | 8 811 | 45 000 | 63 243 |

# Tussa Kraft AS (konserntal)

Vedlegg 5

**Organisasjonsnummer** 916 929 641

**Formål i vedtekter:**

Syte for produksjon, overføring og omsetning av elektrisk energi og stå føre utbygging av naudsynlege anlegg i den samanheng. Tussa kan på forretningsbasis utvikle, produsere og selje produkt og tenester som styrkjer og utviklar konsernet.

**Strategi for eigarskap:**

**Kapital og utbytte**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|
| Selskapet sin aksjekapital | 531 500 | 541 100 | 561 350 |
| Selskapet sin eigenkapital | 801 300 | 765 100 | 771 232 |
| Totalt antal aksjer i selskapet: | 3 032 | 3 032 | 3 032 |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | 513 | 513 | 513 |
| Herøy kommune sin eigarandel (%) | 16,92 | 16,92 | 16,92 |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | - | - | - |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | - | - | - |
| Avsett til utbytte - kommunen sin del | 3 587 | 2 826 | 3 316 |

**Driftsanalyse**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 | Tendens |
|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | 834 300 | 787 700 | 762 170 | |
| - endring i prosent | | **-5,6** | **-3,2** | |
| **Dekningsbidrag** | 561 100 | 473 400 | 471 680 | |
| Dekningsgrad (%) | 67,3 | 60,1 | 61,9 | |
| Endring i dekningsgrad i prosent | | **-10,6** | **3,0** | |
| **Resultat før skattekostnad** | 111 000 | 34 300 | 56 598 | |
| Resultat i % av inntekt | **13,3** | **4,4** | **7,4** | |
| **Sjølvfinansieringsevne** | **172 500** | **135 600** | **151 977** | |
| **Arbeidskapital** | **-92 300** | **-7 100** | **-24 188** | |
| - endring i prosent | | **-92,3** | **240,7** | |
| **Likviditetsgrad (%)** | **63,73** | **90,62** | **83,09** | |
| **Eigenkapitalprosent** | **36,25** | **33,55** | **34,20** | |

**Forklaring til fargekodar:**

1 = Positiv tendens siste året.

2 = Negativ tendens siste året.

3 = Negativ tendens siste 2 år eller svært negativt siste året.

Herøy kommune var representert av Arnulf Goksøyr i generalforsamlinga for 2015.
Styret har i 2015 bestått av: Gunnar Gjørtz (styreleiar), Hilde Marie Brungot, Kjell Arne Aurstad, Daniel Fjørtoft, Knut Arne Grimstad, Lars Erling B. Hovlid, Håvard Marøy, Vivian Roppen, Sindre Rotevatn, Inger S. Sundnes, Lena N. Vedeld

**Kommentarar:**

**2013:**

**2014:**

**2015:**

| **Grunnlagsopplysningar. Tal i heile 1 000 kr** | **2013** | **2014** | **2015** |
|---|---|---|---|
| Inntekter | 834 300 | 787 700 | 762 170 |
| Varekostnadar | 77 400 | 92 700 | 82 684 |
| Løns- og personalkostnadar | 195 800 | 221 600 | 207 806 |
| Ordinære avskrivingar | 112 500 | 122 800 | 126 722 |
| Resultat før skattekostnad | 111 000 | 34 300 | 56 598 |
| Skattekostnad | 51 000 | 21 500 | 31 343 |
| Avsett til utbytte i selskapet | 21 200 | 16 700 | 19 600 |
| | | | |
| Varebeholdning | 22 000 | 17 300 | 15 069 |
| Sum omløpsmiddel | 222 800 | 252 900 | 207 971 |
| | | | |
| Selskapet sin aksjekapital | 531 500 | 541 100 | 561 350 |
| Selskapet sin eigenkapital | 801 300 | 765 100 | 771 232 |
| | | | |
| Kortsiktig gjeld | 315 100 | 260 000 | 232 159 |
| Totalkapital/balansesum | 2 210 700 | 2 280 300 | 2 255 088 |
| | | | |
| Totalt antal aksjer i selskapet | 3 032 | 3 032 | 3 032 |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | 513 | 513 | 513 |
| | | | |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | | | |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | | | |

# Furene AS

**Vedlegg 6**

**Organisasjonsnummer** 923 994 149

**Formål i vedtekter:**

Bedrifta sin intensjon er på forretningsmessig basis å legge til rette for personlig utvikling gjennom opplæring og kvalifisering.
Målsetteinga til bedrifta er tosidig:
-Skal levere og utvikle attraktive tenester som fremjar arbeid og inkludering
-Skal sikre lagnsiktig god lønsemd for bedrifta som heilskap.

**Strategi for eigarskap:**

FURENE AS skal sikre eit framtidsretta og berekraftig tenestetilbod, der det er lagt vekt på eigarane sine ambisjonar om tilrettelegging av arbeidsplassar, samt sørge for at dei som har ressursar i arbeid og aktivitet i størst muleg utstrekning får nyttegjort desse for seg sjølv og samfunnet.

FURENE AS skal sikre attraktive, kvalitativt gode tenester og kostnadseffektivt tenestetilbod.

Eigarane legg til grunn at informasjon står sentralt for å realisere selskapet sine målsettingar, både med omsyn til befolkninga i kommunen sin kunnskap om tilboda bedrifta har, kundetilfredsheit og brukartilfredsheit.
God kundetilfredsheit og brukartilfredsheit er ein føresetnad for å kunne lukkast med å nå dei strategiske måla.

Selskapet måler og rapporterer kvart år sine resultat og forbetringar i høve til indikatorar i bedrifta sitt kvalitetssikringssystem og eksterne system som tenesteleverandør av helseteneseter til Nav. Målingar av brukartilfredsheit og kundetilfredsheit er utarbeida av Arbeidsdirektoratet, ASVL og Attføringsbedriftene i NHO. Resultata til Furene vert målte mot resultat i nasjonal statistikk

**Kapital og utbytte**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|
| Selskapet sin aksjekapital | 283 | 283 | 283 |
| Selskapet sin eigenkapital | 63 111 | 66 835 | 72 314 |
| Totalt antal aksjer i selskapet: | 1 132 | 1 132 | 1 132 |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | 92 | 92 | 92 |
| Herøy kommune sin eigarandel (%) | 8,13 | 8,13 | 8,13 |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | - | - | - |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | - | - | - |
| Avsett til utbytte - kommunen sin del | - | - | - |

**Driftsanalyse**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 | Tendens |
|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | 56 305 | 54 138 | 55 937 | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| - endring i prosent | | **-3,8** | **3,3** | (grøn) |
| **Dekningsbidrag** | 16 035 | 13 680 | 14 777 | |
| Dekningsgrad (%) | 28,5 | 25,3 | 26,4 | |
| Endring i dekningsgrad i prosent | | **-11,3** | **4,5** | (grøn) |
| **Resultat før skattekostnad** | 5 805 | 3 790 | 5 542 | |
| Resultat i % av inntekt | **10,3** | **7,0** | **9,9** | (grøn) |
| **Sjølvfinansieringsevne** | **9 546** | **7 391** | **8 988** | (grøn) |
| **Arbeidskapital** | **32 160** | **34 496** | **39 536** | (grøn) |
| - endring i prosent | | **7,3** | **14,6** | |
| **Likviditetsgrad (%)** | **407,51** | **420,97** | **527,64** | (gul) |
| **Eigenkapitalprosent** | **69,29** | **72,96** | **76,52** | (gul) |

**Forklaring til fargekodar:**

1 = Positiv tendens siste året.

2 = Negativ tendens siste året.

3 = Negativ tendens siste 2 år eller svært negativt siste året.

Herøy kommune var representert av Arnulf Goksøyr i generalforsamlinga for 2015.
Styret har i 2015 bestått av: Inge Jonny Hide, Alvhild Kvamme Iversen, Hans Olav Øyehaug, Sølvi Lillebø Remøy, Oddbjørn Petter Nes og Børge Sætre

**Kommentarar:**

**2013: Kjøp av Dragsund ASVO.**

**2014:**

**2015: Delar at tenesteområdet konkurranseutsett. Vunne fram i anbodsprossessar.**

| **Grunnlagsopplysningar. Tal i heile 1 000 kr** | **2013** | **2014** | **2015** |
|---|---|---|---|
| Inntekter | 56 305 | 54 138 | 55 937 |
| Varekostnadar | 7 968 | 7 236 | 7 647 |
| Løns- og personalkostnadar | 32 302 | 33 222 | 33 513 |
| Ordinære avskrivingar | 3 756 | 3 667 | 3 508 |
| Resultat før skattekostnad | 5 805 | 3 790 | 5 542 |
| Skattekostnad | 15 | 66 | 62 |
| Avsett til utbytte i selskapet | - | - | - |
| | | | |
| Varebeholdning | 2 089 | 2 216 | 2 391 |
| Sum omløpsmiddel | 41 939 | 44 553 | 48 222 |
| | | | |
| Selskapet sin aksjekapital | 283 | 283 | 283 |
| Selskapet sin eigenkapital | 63 111 | 66 835 | 72 314 |

# Runde miljøbygg AS

**Vedlegg 7**

**Organisasjonsnummer** 989 736 027

**Formål i vedtekter:**

Runde miljøbygg sitt formål er prosjektering, bygging og utleie, evt delvis utseksjonering og salg, av eit bygg på Runde som skal førebuast for aktivitetar i tilknytning og profilering av naturmiljø og næringsliv som er karakteristisk for regionen.

**Strategi for eigarskap:**

**Kapital og utbytte**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|
| Selskapet sin aksjekapital | 5 500 | 5 500 | 5 500 |
| Selskapet sin eigenkapital | 12 107 | 11 377 | 9 956 |
| Totalt antal aksjer i selskapet: | 220 000 | 220 000 | 220 000 |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | 15 000 | 15 000 | 15 000 |
| Herøy kommune sin eigarandel (%) | 6,82 | 6,82 | 6,82 |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | - | - | - |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | - | - | - |
| Avsett til utbytte - kommunen sin del | - | - | - |

**Driftsanalyse**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 | Tendens |
|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | 1 320 | 1 320 | 1 320 | |
| - endring i prosent | | - | - | |
| **Dekningsbidrag** | 1 271 | 1 271 | 1 271 | |
| Dekningsgrad (%) | 96,3 | 96,3 | 96,3 | |
| Endring i dekningsgrad i prosent | | - | - | |
| **Resultat før skattekostnad** | -1 184 | -730 | -1 420 | |
| Resultat i % av inntekt | **-89,7** | **-55,3** | **-107,6** | |
| **Sjølvfinansieringsevne** | **-84** | **247** | **-530** | |
| **Arbeidskapital** | **649** | **897** | **1 204** | |
| - endring i prosent | | **38,2** | **34,2** | |
| **Likviditetsgrad (%)** | **550,69** | **1 264,94** | **2 041,94** | |
| **Eigenkapitalprosent** | **35,86** | **34,52** | **31,58** | |

**Forklaring til fargekodar:**

1 = Positiv tendens siste året.

2 = Negativ tendens siste året.

3 = Negativ tendens siste 2 år eller svært negativt siste året.

Herøy kommune var ikkje representert på generalforsamlinga for 2015.
Styret har i 2015 bestått av: Lars Golmen, Roy Henning Haddal, Stig Arne Sævik, Nils Roar Hareide

**Kommentarar:**

**2013: Omfattande refinansiering av selskapet. Delar av gjelda vart sanert, innbetalt aksjekapital vart nedskrive, og det vart gjennomført ein emisjon med teikning av ny aksjekapital.**

**2014:**

**2015:**

| **Grunnlagsopplysningar. Tal i heile 1 000 kr** | **2013** | **2014** | **2015** |
|---|---|---|---|
| Inntekter | 1 320 | 1 320 | 1 320 |
| Varekostnadar | - | - | - |
| Løns- og personalkostnadar | 49 | 49 | 49 |
| Ordinære avskrivingar | 1 100 | 977 | 890 |
| Resultat før skattekostnad | -1 184 | -730 | -1 420 |
| Skattekostnad | - | - | - |
| Avsett til utbytte i selskapet | - | - | - |
| | | | |
| Varebeholdning | - | - | - |
| Sum omløpsmiddel | 793 | 974 | 1 266 |
| | | | |
| Selskapet sin aksjekapital | 5 500 | 5 500 | 5 500 |
| Selskapet sin eigenkapital | 12 107 | 11 377 | 9 956 |
| | | | |
| Kortsiktig gjeld | 144 | 77 | 62 |
| Totalkapital/balansesum | 33 758 | 32 961 | 31 526 |
| | | | |
| Totalt antal aksjer i selskapet | 220 000 | 220 000 | 220 000 |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | 15 000 | 15 000 | 15 000 |
| | | | |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | | | |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | | | |

# Fosnavåg konserthus AS

**Vedlegg 8**

**Organisasjonsnummer** 998 638 453

**Formål i vedtekter:**

Virksomhetsområdet til Fosnavåg konserthus AS er invistering i og utleie av bygninger til kultur- og konferanser og det som naturlig hører til dette, samt drive kulturfremmede tiltak, med lokalisering i Holmefjordvegen 6.

**Strategi for eigarskap:**

**Kapital og utbytte**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|
| Selskapet sin aksjekapital | 1 515 | 1 515 | 1 515 |
| Selskapet sin eigenkapital | 20 235 | 27 461 | 28 379 |
| Totalt antal aksjer i selskapet: | 15 151 | 15 151 | 15 151 |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | 8 000 | 8 000 | 8 000 |
| Herøy kommune sin eigarandel (%) | 52,80 | 52,80 | 52,80 |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | - | - | - |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | - | - | - |
| Avsett til utbytte - kommunen sin del | - | - | - |

**Driftsanalyse**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 | Tendens |
|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | 1 600 | 8 050 | 3 492 | |
| - endring i prosent | | **403,1** | **-56,6** | |
| **Dekningsbidrag** | 1 268 | 7 896 | 3 503 | |
| Dekningsgrad (%) | 79,3 | 98,1 | 100,3 | |
| Endring i dekningsgrad i prosent | | **23,8** | **2,3** | |
| **Resultat før skattekostnad** | 1 784 | 7 225 | 918 | |
| Resultat i % av inntekt | **111,5** | **89,8** | **26,3** | |
| **Sjølvfinansieringsevne** | **1 784** | **7 575** | **2 337** | |
| **Arbeidskapital** | **14 541** | **1 519** | **359** | |
| - endring i prosent | | **-89,6** | **-76,4** | |
| **Likviditetsgrad (%)** | **278,20** | **207,96** | **414,91** | |
| **Eigenkapitalprosent** | **44,60** | **51,71** | **57,17** | |

**Forklaring til fargekodar:**

1 = Positiv tendense siste året.
2 = Negativ tendense siste året.
3 = Negativ tendense siste 2 år eller svært negativt siste året.

Herøy kommune var representert av Arnulf Goksøyr i generalforsamlinga for 2015.
Styret har i 2015 bestått av: Kirsti Hammerø, Arne Johan Dale, Henry Jøsokbakke, Fredrik Remøy

**Kommentarar:**

**2013:**

**2014: Konserthuset opna for ordinær drift.**

**2015:**

| **Grunnlagsopplysningar. Tal i heile 1 000 kr** | **2013** | **2014** | **2015** |
|---|---|---|---|
| Inntekter | 1 600 | 8 050 | 3 492 |
| Varekostnadar | - | - | - |
| Løns- og personalkostnadar | 332 | 154 | -11 |
| Ordinære avskrivingar | | 350 | 1 419 |
| Resultat før skattekostnad | 1 784 | 7 225 | 918 |
| Skattekostnad | - | - | - |
| Avsett til utbytte i selskapet | - | - | - |
| | | | |
| Varebeholdning | - | - | - |
| Sum omløpsmiddel | 22 701 | 2 926 | 473 |
| | | | |
| Selskapet sin aksjekapital | 1 515 | 1 515 | 1 515 |
| Selskapet sin eigenkapital | 20 235 | 27 461 | 28 379 |
| | | | |
| Kortsiktig gjeld | 8 160 | 1 407 | 114 |
| Totalkapital/balansesum | 45 370 | 53 102 | 49 638 |
| | | | |
| Totalt antal aksjer i selskapet | 15 151 | 15 151 | 15 151 |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | 8 000 | 8 000 | 8 000 |
| | | | |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | | | |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | | | |

# Kystvegen Måløy-Florø AS

**Vedlegg 9**

**Organisasjonsnummer** 997 302 818

**Formål i vedtekter:**

Selskapets virksomhet er å finansierer og gjennomføre utbetring og innkorting av vegen frå Florø via Svelgen til Måløy i samsvar med intensjonen i samarbeidsprosjektet "45 min regionen".

**Strategi for eigarskap:**

Støtte til utvikling av regional kystveg, med positiv effekt for heile kystvegen mellom Ålesund og Bergen.

Henta frå saksutgreiing K-sak 2013/31.

**Kapital og utbytte**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|
| Selskapet sin aksjekapital | 720 | 1 335 | 1 335 |
| Selskapet sin eigenkapital | 253 | 751 | 26 |
| Totalt antal aksjer i selskapet: | 720 | 1 335 | 1 335 |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | 15 | 15 | 15 |
| Herøy kommune sin eigarandel (%) | 2,08 | 1,12 | 1,12 |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | - | - | - |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | - | - | - |
| Avsett til utbytte - kommunen sin del | - | - | - |

**Driftsanalyse**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 | Tendens |
|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | 18 | 5 | - | |
| - endring i prosent | | **-72,2** | **-100,0** | |
| **Dekningsbidrag** | 18 | 5 | - | |
| Dekningsgrad (%) | 100,0 | 100,0 | - | |
| Endring i dekningsgrad i prosent | | **-** | **-100,0** | |
| **Resultat før skattekostnad** | -339 | -116 | -724 | |
| Resultat i % av inntekt | **-1 883,3** | **-2 320,0** | **-** | |
| **Sjølvfinansieringsevne** | **-339** | **-116** | **-724** | |
| **Arbeidskapital** | **253** | **751** | **26** | |
| - endring i prosent | | **196,8** | **-96,5** | |
| **Likviditetsgrad (%)** | **93,11** | **9 750,00** | **620,00** | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Eigenkapitalprosent** | 19,27 | 99,73 | 83,87 | |

**Forklaring til fargekodar:**

1 = Positiv tendens siste året.

2 = Negativ tendens siste året.

3 = Negativ tendens siste 2 år eller svært negativt siste året.

Herøy kommune var ikkje representert i generalforsamlinga for 2015.
Styret har i 2015 bestått av: Audun Åge Røys, Kristin Maurstad, Ola Teigen, Håkon Martin Myrvang, Olve Grotle, Hans Petter Selstad, Jorunn Petrine Frøyen

**Kommentarar:**

**2013: Aksjepost kr 15.000 erverva av Herøy kommune. K-sak 2013/31**

**2014:**

**2015:**

| **Grunnlagsopplysningar. Tal i heile 1 000 kr** | **2013** | **2014** | **2015** |
|---|---|---|---|
| Inntekter | 18 | 5 | - |
| Varekostnadar | - | - | - |
| Løns- og personalkostnadar | - | - | - |
| Ordinære avskrivingar | - | - | - |
| Resultat før skattekostnad | -339 | -116 | -724 |
| Skattekostnad | - | - | - |
| Avsett til utbytte i selskapet | - | - | - |
| | | | |
| Varebeholdning | 326 | 558 | - |
| Sum omløpsmiddel | 1 313 | 753 | 31 |
| | | | |
| Selskapet sin aksjekapital | 720 | 1 335 | 1 335 |
| Selskapet sin eigenkapital | 253 | 751 | 26 |
| | | | |
| Kortsiktig gjeld | 1 060 | 2 | 5 |
| Totalkapital/balansesum | 1 313 | 753 | 31 |
| | | | |
| Totalt antal aksjer i selskapet | 720 | 1 335 | 1 335 |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | 15 | 15 | 15 |
| | | | |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | | | |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | | | |

# Herøy vasslag SA

Vedlegg 10

**Organisasjonsnummer** 956 668 824

**Formål i vedtekter:**

Herøy vasslag skal syte for tilfredsstillande vassforsyning til husbruk og næringsføremål i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, samt legge til rette for å bygge ut brannvatn i.h.t. ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter i laget sitt forsyningsområde.

**Strategi for eigarskap:**

Ingen klart definert eigarstrategi. Eigarskapet følgjer av abbonnementstilknyting til vassnettet.

**Kapital og utbytte**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|
| Selskapet sin aksjekapital | 12 130 | 12 717 | 13 297 |
| Selskapet sin eigenkapital | 27 257 | 27 641 | 28 469 |
| Totalt antal aksjer i selskapet: | - | - | - |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | - | - | - |
| Herøy kommune sin eigarandel (%) | - | - | - |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | - | - | 30 000 |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | - | - | 30 000 |
| Avsett til utbytte - kommunen sin del | - | - | - |

**Driftsanalyse**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 | Tendens |
|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | 8 731 | 9 780 | 11 062 | |
| - endring i prosent | | **12,0** | **13,1** | |
| **Dekningsbidrag** | 6 976 | 7 929 | 9 262 | |
| Dekningsgrad (%) | 79,9 | 81,1 | 83,7 | |
| Endring i dekningsgrad i prosent | | **1,5** | **3,3** | |
| **Resultat før skattekostnad** | -2 671 | -202 | 248 | |
| Resultat i % av inntekt | **-30,6** | **-2,1** | **2,2** | |
| **Sjølvfinansieringsevne** | **740** | **2 906** | **3 756** | |
| **Arbeidskapital** | **956** | **720** | **11 990** | |
| - endring i prosent | | **-24,7** | **1 565,3** | |
| **Likviditetsgrad (%)** | **202,80** | **153,93** | **837,39** | |
| **Eigenkapitalprosent** | **64,96** | **66,17** | **47,37** | |

**Forklaring til fargekodar:**

1 = Positiv tendens siste året.

2 = Negativ tendens siste året.

3 = Negativ tendens siste 2 år eller svært negativt siste året.

Herøy kommune var representert av Jarl Martin Møller i årsmøtet for 2015.

Styret har i 2015 bestått av: Per Arne Gjerdsbakk, Johan Sundnes, Jan Driveklepp, Arne Sævik og Olaug Andreassen

**Kommentarar:**

**2013:**

**2014:**

**2015: Kommunal lånegaranti 30,0 mill.kr. Lån i Kommunalbanken.**

| **Grunnlagsopplysningar. Tal i heile 1 000 kr** | **2013** | **2014** | **2015** |
|---|---|---|---|
| Inntekter | 8 731 | 9 780 | 11 062 |
| Varekostnadar | | | |
| Løns- og personalkostnadar | 1 755 | 1 851 | 1 800 |
| Ordinære avskrivingar | 3 411 | 3 108 | 3 508 |
| Resultat før skattekostnad | -2 671 | -202 | 248 |
| Skattekostnad | - | - | - |
| Avsett til utbytte i selskapet | - | - | - |
| | | | |
| Varebeholdning | - | - | - |
| Sum omløpsmiddel | 1 886 | 2 055 | 13 616 |
| | | | |
| Selskapet sin aksjekapital | 12 130 | 12 717 | 13 297 |
| Selskapet sin eigenkapital | 27 257 | 27 641 | 28 469 |
| | | | |
| Kortsiktig gjeld | 930 | 1 335 | 1 626 |
| Totalkapital/balansesum | 41 962 | 41 773 | 60 096 |
| | | | |
| Totalt antal aksjer i selskapet | | | |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | | | |
| | | | |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | | | 30 000 |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | | | 30 000 |

# Stemmedal vasslag SA

**Vedlegg 11**

**Organisasjonsnummer** 970 186 085

**Formål i vedtekter:**

Stemmedal Vasslag SA  er et vassverk beliggande i Tjørvåg. Laget leverer vatn til Tjørvåg og Leikong krets.

**Strategi for eigarskap:**

Ingen klart definert eigarstrategi. Eigarskapet følgjer av abbonnementstilknyting til vassnettet.

**Kapital og utbytte**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|
| Selskapet sin aksjekapital | 4 761 | 4 861 | 5 091 |
| Selskapet sin eigenkapital | 4 848 | 5 733 | 6 333 |
| Totalt antal aksjer i selskapet: | - | - | - |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | - | - | - |
| Herøy kommune sin eigarandel (%) | - | - | - |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | - | 27 502 | 27 502 |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | - | 26 310 | 27 502 |
| Avsett til utbytte - kommunen sin del | - | - | - |

**Driftsanalyse**

| Tal i heile 1 000 kroner | 2013 | 2014 | 2015 | Tendens |
|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | 3 215 | 3 611 | 4 132 | |
| - endring i prosent | | **12,3** | **14,4** | |
| **Dekningsbidrag** | 2 438 | 2 563 | 2 786 | |
| Dekningsgrad (%) | 75,8 | 71,0 | 67,4 | |
| Endring i dekningsgrad i prosent | | **-6,4** | **-5,0** | |
| **Resultat før skattekostnad** | 178 | 785 | 370 | |
| Resultat i % av inntekt | **5,5** | **21,7** | **9,0** | |
| **Sjølvfinansieringsevne** | **516** | **1 240** | **1 106** | |
| **Arbeidskapital** | **-2 633** | **14 596** | **2 019** | |
| - endring i prosent | | **-654,3** | **-86,2** | |
| **Likviditetsgrad (%)** | **18,43** | **730,22** | **137,51** | |
| **Eigenkapitalprosent** | **43,02** | **16,77** | **16,15** | |

**Forklaring til fargekodar:**

1 = Positiv tendens siste året.

2 = Negativ tendens siste året.

3 = Negativ tendens siste 2 år eller svært negativt siste året.

Herøy kommune var ikkje representert på årsmøtet for 2015.
Styret har i 2015 bestått av: Arild Moldskred, Tor Rødset, Alf-Gunnar Skogen, Hans-Jørgen Løvøy og Frank H. Abrahamsen

**Kommentarar:**

**2013: Kommunal lånegaranti 31 mill.kr. K-sak 131/13.**

**2014:**

**2015:**

| **Grunnlagsopplysningar. Tal i heile 1 000 kr** | **2013** | **2014** | **2015** |
|---|---|---|---|
| Inntekter | 3 215 | 3 611 | 4 132 |
| Varekostnadar | 42 | 134 | 333 |
| Løns- og personalkostnadar | 735 | 914 | 1 013 |
| Ordinære avskrivingar | 338 | 455 | 736 |
| Resultat før skattekostnad | 178 | 785 | 370 |
| Skattekostnad | - | - | - |
| Avsett til utbytte i selskapet | - | - | - |
| | | | |
| Varebeholdning | - | - | - |
| Sum omløpsmiddel | 595 | 16 912 | 7 402 |
| | | | |
| Selskapet sin aksjekapital | 4 761 | 4 861 | 5 091 |
| Selskapet sin eigenkapital | 4 848 | 5 733 | 6 333 |
| | | | |
| Kortsiktig gjeld | 3 228 | 2 316 | 5 383 |
| Totalkapital/balansesum | 11 268 | 34 180 | 39 218 |
| | | | |
| Totalt antal aksjer i selskapet | | | |
| Antal aksjar eigde av Herøy kommune | | | |
| | | | |
| Størrelsen på ansvarlege lån frå kommunen | - | 27 502 | 27 502 |
| Størrelsen på garantiar frå kommunen | - | 26 310 | 27 502 |

## Forklaring av sentrale begrep

| | |
|---|---|
| **Dekningsbidrag** | Det bedrifta sit igjen med etter inndekning av lønskostnader og varekostnader i kroner = dekningsbidrag |
| **Dekningsgrad** | Dekningsbidrag målt i % av driftsinntekter =dekningsgrad |
| **Resultat før skatt** | Resultat etter finans men før skatt |
| **Sjølvfinansieringsevne** | Resultat før skatt + ordinære avskrivninger - skatt |
| **Arbeidskapital** | Omløpsmidler - kortsiktig gjeld |
| **Likviditetsgrad** | (Omløpsmidler - varebeholdninger) i % av kortsiktig gjeld |
| **Eigenkapitalprosent** | Eigenkapital i % av totalkapital |

Mal for presentasjon av selskap er den same som Møre og Romsdal Fylkeskommune nyttar.

**Møtebehandling:**

Saka vert utsett til november månad.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | OMR | Arkivsaknr: | 2016/673 |
| | | Arkiv: | 130 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 226/16 | Formannskapet | 18.10.2016 |
| 241/16 | Formannskapet | 15.11.2016 |
| | Kommunestyret | 24.11.2016 |

## SLUTTHANDSAMING AV PLANSTRATEGI FOR HERØY KOMMUNE 2016 -2020

**Tilråding:**

Kommunestyret i Herøy vedtek i medhald av § 10-1 i plan- og bygningslova *planstrategi for Herøy 2016-2020* datert 17.10.2016.

Kommunestyret i Herøy vedtek å vidareføre kommuneplanen, herunder samfunnsdel og arealdel, for den komande planstrategiperioden. Det kan likevel gjerast mindre endringar/korrigeringar i arealdelen for å gjere den meir eintydig. Det skal i så fall fremjast eiga sak om dette til formannskap og kommunestyre.

Særutskrift:

| | | |
|---|---|---|
| Møre og Romsdal fylkeskommune | Fylkeshuset, pb. 2500 | 6404 MOLDE |
| Fylkesmannen i Møre og Romsdal | Fylkeshuset, pb. 2520 | 6404 MOLDE |
| Statens vegvesen, region midt | Postboks 2525 | 6404 MOLDE |
| Noregs vassdrags- og energidirektorat | Naustdalsvn. 1b, pb. 53 | 6081 FØRDE |
| Kystverket, midt-Norge | Postboks 1502 | 6025 ÅLESUND |
| Fiskeridirektoratet | Postboks 1323 sentrum 5004 | BERGEN |
| Søre Sunnmøre Landbrukskontor | Dragsundvegen 6 | 6080 GURSKØY |
| Barnerepresentanten | | |
| Ungdomsrådet | | |
| Eldrerådet | | |

Maritim og teknisk komite
Komite for næring, kultur og idrett
Komite for oppvekst
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Sande kommune
Vanylven kommune
Ulstein kommune
Hareid kommune

Vedlegg

1 Planstrategi for Herøy kommune 2016 -2020 datert 17.10.2016
2 Godkjende reguleringsplanar per mai 2016
3 Godkjende samfunnsplanar per oktober 2016
4 Kommunestatistikk 2015
5 Folkehelseprofil 2016
6 Kommunal planstrategi 2016-2020 - offentleggjering/høyring - merknader

**Saksopplysningar:**
Plan- og bygningslova § 10-1 seier at kommunestyret skal minst ein gong kvar valperiode, og seinast eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Denne skal omfatte ei drøfting av kommunens strategiske val knytt til samfunnsutvikling, som omfattar langsiktig arealbruk, utfordringar innan miljø og sektoren si verksemd, saman med ei vurdering av kommunens planbehov i gjeldande valperiode.

Oversikt over alle kommunen sine samfunnsplanar finn du på Herøy kommune si heimeside ved å søkje etter «lokale planar» eller følgje denne lenkja:
https://www.heroy.kommune.no/nyhende/lokale-planar-for-heroy-kommune.15286.aspx

***Planstatus, planar med behov for revidering eller rullering***

**Under revidering – oppstart 2016**
**Kulturminneplan**
Herøy kommune ynskjer å starte opp arbeid med å registrere kulturminner og samle desse i ein kulturminneplan. Planarbeidet vert starta opp i 2016.

**Strategisk næringsplan 2016 – 2020**
Planarbeidet er varsla oppstart og under utarbeiding. Kommunen tek sikte på ferdigstilling i løpet av 2016.

**Interkommunal marin næringsplan**
Kommunen har avtale om interkommunalt plansamarbeid med Hareid, Ulstein, Sande og Vanylven på å etablere felles kystsoneplan for Søre Sunnmøre. Arbeidet vert starta opp i 2016. Dette arbeidet skal danne kunnskapsgrunnlaget for ein interkommunal kystsoneplan for dei nemnde kommunane.

**2017**
**Samordning av kommuneplanen sin samfunnsdel og økonomiplan**
Det er kome innspel på at kommunen bør søkje å samordne Samfunnsdelen sin handlingsdel med økonomiplanen denne planperioden. Dette bør gjerast for å få unngå å ha to styringsdokument som prioriterer i ulik retning.

**Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2011 – 2014**
Det bør gjennomførast revidering av handlingsprogrammet årleg. Full rullering av KDP for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv bør gjennomførast i 2017.

**Klimaplan for Herøy 2009 – 2013**
Kommunedelplan er vedteken 28.01.2010 og det er derfor behov for ei rullering av heile planen. På grunn av manglande kapasitet har ikkje dette arbeidet blitt prioritert

og kommunen har også avventa den varsla fylkesplan for klima og energi. *Regional delplan for klima og energi* vart vedteken 15.06.2015 og kommunen bør no følgje opp denne med eigen klima og energiplan i 2017.

**Kommunedelplan for fiskerihamner 2000**
Planen vart sist revidert 03.10.2000 og er utdatert. Planen bør rullerast i 2017.

**Rusmiddelpolitisk handlingsplan**
Alkoholdelen av denne planen er trekt ut og er godkjent i Kommunestyret som eigen plan, *Alkoholpolitisk plan 2016-2020*. Arbeidet ligg til Barn-, familie- og helseavdelinga . Rusmiddelpolitisk handlingsplan bør reviderast i 2017.

**Reguleringsendring ved handelsområde på Eggesbønes**
Kommunen bør sjå på forholda for mjuke trafikkantar frå Toftestøvegen 37/326 (Spar) til Eggesbøvegen 37/222 (Kiwi). Område må sjåast i heilskap og dei ulike trafikkale forholda må vurderast i ei eiga sak om reguleringsendring.

**2018**
**Kommunedelplan for trafikktrygging 2015 - 2018**
Formannskapet gjorde 10.05.2016 i F-sak 89/16 vedtak om å starte opp arbeid med revidering av kommunedelplan for trafikktrygging(handlingsdelen). Arbeidet ligg til utviklingsavdelinga og er tenkt gjennomført hausten 2016 og vår 2017.
Rullering av heile planen bør gjennomførast i 2018.

**Frivilligplan 2012 – 2015**
Planen bør reviderast snarleg, men på grunn av andre planoppgåver som har høgare prioritet vert denne foreslått revidert i 2018.

**Pandemiplan med delplanar**
Planen er sist revidert 04.08.2009 og det vil vere behov for ei rullering av planen. Tidspunkt for rullering er foreslått i 2018.

**2019**
**Kommunedelplan for Herøy – bustadpolitikk 2015 – 2019**
Kommunedelplanen må rullerast i 2019.

**2020**
**Kommunedelplan for Herøy – helse og omsorg 2013 – 2020**
Rullering av planen er planlagt i 2020.

**Alkoholpolitisk plan 2016 – 2020**
Rullering av planen er planlagt i 2020.

**Planarbeid utan tidfesting**
**Revidering av Herøy kommune sitt plansystem**
Plansystemet er prega av mange kommunedelplanar som burde vore samla i færre og meir heilskaplege planar som går på tvers av fleire fagområder. Resultatet kan vere ei fragmentert satsing på fleire område og ikkje ei spissa satsing slik visjonen til Herøy kommune legg opp til. Det vil vere naturleg at dette vert teke opp i rådmannen si leiargruppe etter ein har gjennomført omorganiseringsprosessen og tilsett kommunalsjefar for dei fire nye avdelingane; stab, samfunnsutvikling, helse- og omsorg og oppvekst.

**Oppheving av eldre ikkje utbygde reguleringsplanar**
Kommunen bør vurdere å oppheve eldre reguleringsplanar som er godkjente, men ikkje utbygde. Dette på grunn av at alle godkjente planar vert teke med i kommunen, fylkeskommunen og fylkesmannen sine arealrekneskap ved vurdering av nye utbyggingsområde. Dette bør gjerast ved neste rullering av kommuneplanen sin arealdel.

**Kommuneplanen sin arealdel**
Arealdelen er relativt ny og det vil ikkje vere grunnlag for å endre den i denne planperioden. Det bør likevel vurderast om kommunen skal revidere delar av føresegna til planen for å gjere den meir eintydig.

**Vurdering:**

**Merknad frå Fiskeridirektoratet datert 07.10.2016**

1. *Fiskeri- og havbruksnæringen har betydelige interesser i sjøarealet til Herøy kommune. Disse næringene er arealkrevende og konkurrerer i økende grad med andre interesser. Det er derfor viktig at planstrategien beskriver behovene for eventuelle planmessige avklaringer i forhold til konkurranse og eventuelle konflikter både mellom disse næringene og med andre næringer, og i forhold til andre interessenter i kystsonen. Vi ber om at kommunen har spesiell fokus på dette, og gjøren vurdering av hva som er viktige utfordringer både i sjøområdene og i strandsonen. En god klargjøring av kommunens strategiske valg knyttet til utvikling og arealbruk i kystsonen vil kunne være både avklarende og konfliktdempende. Likeså vil det kunne bidra til å få frem hvilke utfordringer kommunen mener den står overfor i møte med statlige, regionale og lokale forventninger.*

**Kommentar:**
Kommunen har i sin samfunnsdel kommentert kor verdifull kommunen si kystsone er for kommunen si utvikling. Kommunen ynskjer ei sterk satsing på næringsverksemd i kystsona(tilknyting til strandsona) og i havrommet. Kommunen legg både til rette for maritim og turismeretta verksemd i strandsona. Kommunen ynskjer ikkje å blande desse interessene då der er eit konfliktforhold, men heller sette av større areal i ulike delar av kommunen der desse ikkje påverkar kvarandre nevneverdig. Dette er ein utfordrande øvelse då turismenæringa legg til rette for at den enkelte kan utforske kommunen si kystsone på eiga hand og dei vil ikkje sjå desse avdelingane slik ein gjer i kommuneplanen sin arealdel.

Arbeidet med interkommunal marin næringsplan må ta opp denne problemstilinga og synleggjere utfordringane. Dette arbeidet vil danne kunnskapsgrunnlag for å utvikle betre arealplanar for kystsona på Søre Sunnmøre.

**Merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune datert 10.10.2016**

1. *Regional og lokal kulturminneplan må innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel.*
2. *I planstrategien er samordna areal- og transportplanlegging omtalt i det felles og regionale utfordringsbildet. Herøy kommune har følgd opp dette med eit eige avsnitt under kapittelet lokale utviklingstrekk og utfordringar. Det kan synest som om kommunen her isolert talar om vegane mellom øyane. Dette vert i tilfelle noko misvisande i forhold til «samordna areal- og transportplanlegging» som er etablert som eit omgrep, der fokus skal vere på ein meir fornuftig arealbruk slik at behovet for transport minskar.*

3. *Under Folkehelse og levekår (kap. 4) vert det vist til nokre folkehelseutfordringar frå Folkehelseprofilen for 2016 frå Folkehelseinstituttet. Her saknar vi at det vert vist til dei utfordringane som er skissert i kommunen sin eigen oversikt.*
4. *Ettersom gjeldande arealdel er relativt ny, saknar vi at kommunen i planstrategien i større grad synleggjer koplinga mellom ein ny næringsplan for sjøareala og eksisterande arealdel. Dersom ein berre skal revidere berre delar av planføresegna, slik det er nemnt uprioritert i kapitlet om vurdering av planbehovet, kan dette oppfattast om at arealbruksforslaget i gjeldande plan er godt nok også for sjøareala.*
5. *Ei utfordring vi ønsker å påpeike er samanhengen mellom ulike planer, der innhaldet i ein plan skulle ha vore teke omsyn til i ein annan.*

**Kommentar:**

1. Alle kulturminner som fylkeskommunen har kome med innspel om i arbeid med arealdelen har kome med i kommuneplanen sin arealdel.
2. Det er lagt til fylgjande til avsnittet: *Herøy kommune har mest busetting i aksen frå Frøystad til Kvalsund med Leine, altså omlandet til Bergsøya. På denne strekning bør det prioriterast gode kommunikasjonar og enkel tilgang til kollektivtransport. Gjennomfartsåra er Fv.654 og kommune er såleis avhengig av å ha med både fylkeskommune og statens vegvesen når det skal gjerast infrastrukturtiltak på strekninga.*
3. Det er lagt til fylgjande til avsnittet: *Herøy kommune utarbeidde i 2015 Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Herøy. I denne rapporten kjem det fram mellom anna:*
   - *Spesielt unge jenter slit med den psykiske helsa.*
   - *Andelen elevar i 8.kl som driv fysisk aktivitet, er sterkt minkande fram mot vidaregåande skule.*
   - *Gode oppvekstkår, trygge lokalsamfunn og gode levevanar, er viktig satsing for folkehelsa.*
   - *Enkeltfaktorar som lite fysisk aktive, røyking, snus, psykiske plagar og overvekt har relativt stor påverknad på folkehelsa.*

   *For å styrke førebygging og minske behandling på lengre sikt, bør kommunen ha tidleg innsats mot barn og unge som innsatsområde, og med fylgjande satsing:*
   - *Tverrfagleg samarbeid, tidleg innsats og låg terskel for å førebygge mobbing, psykisk helse og rus.*
   - *Tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats for å førebygge overvekt og inaktivitet.*
   - *Samarbeide meir tverrfagleg, og med lag og organisasjonar om "Sunne kantiner" i skular mv, og "Sunne salsarenaer " i fritidsarenaene for barn og unge.*
   - *Samarbeide med lag og organisasjonar for bygging av aktuelle arenaer som fremmar folkehelsa.*
4. Kommunen skal i første omgang utarbeide eit kunnskapsgrunnlag for marin næringsplan og ikkje ein kommunedel-, område- eller detaljplan for kystsona. Dersom kommunen vedtek å starte opp arbeid med ein kommunedel- eller områdeplan for kystsona (interkommunal eller for Herøy aleine) må ein sjå meir på koplinga mellom arealdelen og den nye planen.
5. Utfordringa som fylkeskommunen peikar på er høgst aktuell og det bør gjerast eit arbeid knytt til revidering av heile plansystemet for å synleggjere korleis ulike planar heng saman.

**Merknad frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor datert 14.10.2016**
*Vi foreslår å ta «Landbruksplan» inn som nytt tema/fagplan i strategien. Hensikta med planen er å sette fokus på ulike problemstillingar, utfordringar og moglegheiter for landbruksnæringa i Herøy.*

**Kommentar:**
Forslaget om å ta inn Landbruksplan er teke inn i planstrategien for 2017.

**Konklusjon:**
<u>Konsekvensar for drift:</u>
Planarbeid er tid- og ressurskrevjande og vil kunne påverke drifta for dei avdelingane som skal gjennom ein planprosess. Rådmannen rår til at arbeidet med å utvikle gode, heilskaplege samfunnsplanar vert prioritert for dei avdelingane som skal gjere dette i komande planstrategiperiode.

Rådmannen meiner det kan vere forbetringspotensiale i kommunen sitt noverande plansystem. Plansystemet er prega av mange kommunedelplanar som burde vore samla i færre meir heilskaplege planar som går på tvers av fleire fagområder. Resultatet kan vere ei fragmentert satsing på fleire område og ikkje ei spissa satsing slik visjonen til Herøy kommune legg opp til. Det vil vere naturleg at dette vert teke opp i rådmannen si leiargruppe etter ein har gjennomført omorganiseringsprosessen og tilsett kommunalsjefar for dei fire nye avdelingane; stab, samfunnsutvikling, helse- og omsorg og oppvekst.

Rådmannen har lagt fram forslag til korleis plansystemet bør reviderast, rullerast og supplerast med fleire plandokument. Gjennom aktiv bruk av planverket vil kommunen (politisk og administrativt) kunne utvikle organisasjonen og lokalsamfunnet på ein heilskapleg og føreseieleg måte. For at plansystemet skal fungere som styringsverktøy må det følgjast opp i både det administrative og politiske arbeidet som gjerast. Planverket som politikarane rår over er eitt av styringsdokumenta til administrasjonen som igjen gir sine tilrådingar ut frå det vedtekne planverket.

Fosnavåg, 17.10.2016

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

# PLANSTRATEGI
# FOR

# HERØY KOMMUNE
# 2016-2020

| | |
|---|---|
| **Sist revidert 17.10.2016** | |
| **Vedtak om oppstart** | **31.05.2016, F-sak** |
| **Vedtak om utlegging til offentleg ettersyn,** | **06.09.2016, F-sak 167/16** |
| **Offentleg ettersyn 16.09. – 14.10.2016** | |
| **Vedtak  om godkjenning i Kommunestyret** | **27.10.2016, K-sak xx/xx** |

# INNHALDSLISTE

1. INNLEIING ... 3

2. RAMMER OG FØRINGAR FOR ARBEIDET ... 4
Folkehelse ... 4
Nasjonalt forventingsbrev ... 4
Regionale føringar ... 5
Kommunen sine eigne føringar ... 6
Interkommunale føringar ... 6

3. EVALUERING AV GJELDANDE PLANAR ... 7
Plansystemet i kommunen ... 7
Kommuneplan ... 8
Kommunedelplanar ... 8
Temaplanar-/ sektor- og fagplanar ... 9
Interkommunale planar ... 10

4. UTVIKLINGSTREKK OG VIKTIGE UTFORDRINGAR ... 10
Regionale utviklingstrekk og viktig utfordringar ... 10
Den regionale utviklinga ... 10
Demografisk utvikling ... 11
Næringsliv og kompetanse ... 12
Klima-, energi- og miljøutfordringar - grønt skifte ... 13
Samordna areal- og transportplanlegging ... 14
Felles planlegging i sjøareala ... 15
Barn og unge ... 15
Lokale utviklingstrekk og viktige utfordringar ... 16
Herøy i regionen; samfunns- og arealutvikling ... 16
Kommunikasjonar ... 17
Demografisk utvikling ... 17
Næringsliv og kompetanse ... 19
Utdanningsnivå i kommunen ... 21
Natur- og kulturmiljø, klima og samfunnstryggleik ... 22
Samordna areal- og transportplanlegging ... 23
Folkehelse og levekår ... 23
Barn og unge ... 24
Kommuneøkonomi ... 24

5. VURDERING AV PLANBEHOV I PERIODEN ... 24
Planstatus, planar med behov for revidering eller rullering ... 24

VIKTIGE DEFINISJONAR OG OMGREP ... 27

# 1. INNLEIING

Kommunal planstrategi er heimla i plan- og bygningslova § 10-1, og skal utarbeidast og vedtakast seinast eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre.

Planstrategien har som hovudmål å synleggjere kva planoppgåver kommunen skal prioritere gjennom valperioden. I dette inngår mellom anna ei evaluering av gjeldande planverk og styringsdokument

Det er viktig at mest mogleg oppdaterte analyser om samfunn og utviklingstrekk ligg til grunn for korleis ein prioriterer bruken av planressursar. Planstrategien i seg sjølv skal ikkje fastsette konkrete samfunnsmål, men må sjølvsagt sjå tilbake på tidlegare prosessar og vedtak i kommunen. Planstrategien er ikkje rettsleg bindande, men legg grunnlaget for betre ressursutnytting og betre oversyn over styringssystemet.

Samarbeid innan byregionane er nødvendig for å styrke dei urbane kvalitetane i fylket. Sterke byar med gode urbane kvalitetar medverkar til at regionane samla vert meir attraktive, og det styrkar slik sett også føresetnadene for kommunane som soknar til byen. Mål om dette er nedfelt i fylkeskommunale planar, med siktemål å ivareta og styrke Møre og Romsdal sin attraktivitet i konkurranse med dei største demografiske magnetane utanfor fylket. I det demografiske bildet set også innvandrarar sitt preg, og ein må ta omsyn til dette, anten dei kjem for å få arbeid eller er på flukt frå krig og terror.

Planstrategien bør elles også drøfte kva oppgåver kommunen best er tent med å planlegge saman med tilgrensande kommunar eller innanfor regionen samla. Ikkje minst er dette å sjå som eit krav i samband med at Ålesundsregionen deltek i det såkalla "Byregionprogrammet". Programmet er initiert av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, som også har gitt tilskot økonomisk.

Ut frå dette har Herøy kommune samarbeidd med Møre og Romsdal fylkeskommune og 10 andre kommunar om prosess og framdrift, om regionalt kunnskapsgrunnlag og om felles planutfordringar.

Arbeidet med planstrategien er gjennomført vår og haust 2016 etter dette oppsettet:
- Vedtak om oppstart med planstrategi 31.05.2016 i Formannskapet.
- Høyringssaker i komitear og råd i veke 24 og 25(juni)
- Vedtak om offentleggjering av kommunal planstrategi 06.09.2016
- Kunngjeringsdato av planstrategi 30 dagar før vedtak 16.09.2016.
- Innstilling i Formannskapet 18.10.2016.
- Vedtak i Kommunestyret 27.10.2016.

Kravet til medverknad i arbeidet med kommunale planstrategiar er at planstrategien skal gjerast offentleg kjent 30 dagar før slutthandsaming i kommunestyret. Det er ikkje høve til å fremje motsegn til den kommunale planstrategien.

# 2. RAMMER OG FØRINGAR FOR ARBEIDET

## *Folkehelse*

Folkehelselova slår fast at folkehelse skal vurderast i alle typar saker. Kommunen har plikt til å ha oversyn over folkehelseutfordringane i kommunen, og dette oversynet må leggast til grunn i det samla utfordringsbildet. Kommunen har derfor utarbeidd *Statusrapport: oversikt helsetilstand og påverknadsfaktorar i Herøy 2015*

## *Nasjonalt forventingsbrev*

Staten har gjennom Kongeleg resolusjon 12 juni 2015 nedfelt "Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging". Dette dokumentet inngår i det rullerande plansystemet, er heimla i plan- og bygningslova § 6-1, og markerer på mange måtar starten på arbeidet med kommunale planstrategiar. Regjeringa har tre hovudsatsingar dei peikar på som nødvendig for kommunar og regionar å følge opp:

**Gode og effektive planprosessar**
Regjeringa har gjennom ymse endringar i lov og forskrift vore tydeleg på at tidsbruken i prosessar skal ned, men samstundes at viktige samfunnsinteresser må sikrast. Det kommunale sjølvstyret skal utvidast, men dette legg også eit større ansvar på kommunen for nettopp å sikre viktige nasjonale og regionale interesser. Det betyr større fokus på tidleg medverknad og tidlege avklaringar, mellom anna gjennom overordna planverk og i regionalt planforum. Regjeringa føreset at det vert sett av tilstrekkeleg ressursar til planbehandling, til føreseielege prosessar i kommunen og til å oppdatere det overordna planverket.

Det er vidare ei forventing om at arbeidet med dei kommunale planstrategiane vert sett i samanheng med kommunereforma. Uavhengig av kva resultat reforma gir, vil samarbeidet med nabokommunane om planstrategiprosessen og kommunereform vere integrert.

**Berekraftig areal- og samfunnsutvikling**
Forventingsområdet har nær samanheng med internasjonale klimamål og det "grøne skiftet". Transportsektoren står bak ein vesentleg del av klimagassutslepp, og det er teke til orde for å nytte sterkare verkemiddel enn før for å effektivisere transport, mellom anna gjennom meir målretta lokalisering av buområde, arbeidsplassar og transportårer. Også verknadene av klimaendringar må takast større omsyn til og førebyggast. Analyser av risiko og sårbarheit må ligge til grunn.

I dette bildet må det leggast til rette areal for utvikling av ny og eksisterande næringsverksemd både på land og på sjø, inkludert landbruk og havbruk. Meir samordna arealplanlegging skal også medverke til å sikre natur-, kultur-, landskaps- og landbruksverdiar, samt areal til rekreasjon og friluftsliv.

**Attraktive og klimavenlege by- og tettstadområde**
I dei største byane medverkar sterk vekst til press på areal og infrastruktur. Samstundes legg veksten også godt til rette for at nye, klimavenlege løysingar kan utviklast og implementerast nettopp i pressområda. Dermed må også dette forventingsområdet i stor grad sjåast i samanheng med internasjonale klimamål. Byar og tettstader på alle nivå har potensiale for betre klima- og miljøløysingar, og oftast vil dette også medverke positivt til betre folkehelse, større trivsel og betre levekår.

Betre tilrettelegging for kollektivtrafikk, gange og sykling er eitt av momenta, og tett utnytting av areal kring kollektivaksar og knutepunkt eit anna. Fortetting og transformasjon av område som allereie er utbygd må prioriterast framfor å legge beslag på nye areal.

Regjeringa vektlegg godt samarbeid mellom offentlege og private aktørar om sentrumsutviklinga og vil sjølve følgje opp dei største byane med forpliktande utviklingsavtalar eller bymiljøavtaler. Ålesundsregionen er ikkje nemnt spesifikt, men det er mogleg tenke seg at godt arbeid kan føre til at ein kjem i posisjon i framtida.

## *Regionale føringar*

**Regional planstrategi og fylkesplanen**

Regional planstrategi er i stor grad utarbeidd parallelt med dei lokale planstrategiane, og vart vedteke i fylkestinget 11. april 2016.

Det er berre lagt opp til mindre endringar i sjølve fylkesplanen. Kompetanse og verdiskaping er foreslått samla til eitt satsingsområde, medan kultur og samferdsel vert ståande som eigne satsingsområde. Det vert også foreslått å redusere talet på gjennomgåande perspektiv frå seks til tre-fire. Innrettinga i ny plan vil elles i stor grad vere som gjeldande plan.

Det er elles teke til orde for ein ny regional delplan for museum. Arbeidet med denne er allereie i gang. Vidare skal det utarbeidast nye regionale, samordna bustad-, areal- og transportplanar. Ålesundsregionen er prioritert, jamfør punkt 4.1.5.

**Gjeldande regionale delplanar**

Regional delplan for attraktive byar og tettstader vart vedteken i fylkestinget juni 2015 og erstattar fylkesdelplan for senterstruktur frå 2004. Planen er primært innretta mot regulering av detaljhandel, jamfør Rikspolitiske bestemmingar om kjøpesenter. Her er likevel underliggande mål om attraktive tettstader, jamfør også nasjonale forventingar. Dette inneber fokus på kommunesentra og utviklinga av desse, men ikkje minst også på korleis ulike tettstader fungerer saman i ein meir regional kontekst.

Funksjonsdeling mellom ulike tettstader bør vere ein del av denne diskusjonen, uavhengig av kommunegrenser. Dette gjeld både innan kommunen og mellom kommunane. Delplanen opnar også for at fylkeskommunen skal ta nærare initiativ med sikte på samordna areal- og transportplanlegging i nært samarbeid med byregionane.

Regional delplan for kulturminne vart også vedteken i juni 2015. Denne fastslår kriterium for kva kulturminne som har regional og nasjonal verdi, og listar opp ei rekkje slike kulturminne i alle kommunane. Desse kulturminna/-miljøa må sikrast i det kommunale planverket. Mange kommunar har motteke tilskot frå Riksantikvaren til eigne kulturminneplanar.

Den tredje regionale planen som vart vedteken i juni 2015, Klima og energiplan. Denne bygger på tidlegare klimaplan og vidarefører målet om 10 % reduksjon av utslepp i fylket i 2020. Referansepunktet er likevel endra frå 2007 til 2009, noko som i

realiteten inneber ein større ambisjon, i og med at utsleppa var noko mindre i 2009 enn i 2007. Planen har elles meir konkrete mål knytt til ei rekkje ulike sektorar. Felles for alle er at kommunane må medverke for å nå måla. Samanheng med kommunale klima- og energiplanar er derfor viktig.

## Kommunen sine eigne føringar

**Kommuneplanen sin samfunnsdel**
Kommuneplan for Herøy 2013 – 2025 Samfunnsdel er det øvste leiande dokumentet for kommunen som samfunn og som organisasjon.

Planen skal ta føre seg dei langsiktige målsettingane for kommunen og samfunnet. Kommunen pliktar, jf. plan- og bygningslova § 11, å ha ein samla kommuneplan som skal ta vare på både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver.

Kommuneplanen har peika ut fem satsingsområde: *Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling*, *infrastruktur*, *kompetanse og næringsutvikling, rekruttering, busetting og inkludering* og *barn, unge og identitetsbygging*.

**Budsjett og økonomiplan**
Budsjett og økonomiplan skal vere eit styringsverktøy for både administrasjon og politikarar. Kommunen har i mange år hatt høgare skatteinntekter enn landsgjennomsnittet, men siste åra har inntektene flata ut. Kommunen har investert store summar siste åra som gjer at kommunen må effektivisere ytterlegare i tida som kjem for å kunne ha eit samsvar mellom inntekter og utgifter. Budsjett og økonomiplanen vil danne rammevilkåra for kva som vil vere mogleg å gjennomføre av planarbeid i planperioden.

**Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse**
Som grunnlag for kommunen si beredskapsplikt skal det ligge føre ei såkalla ROS-analyse (Risiko og sårbarheit). ROS-analyse kan gjerast grunnleggande for planlegging generelt, i den forstand at avgrensingar og moglegheiter vert synleggjort samla. Resultatet av ROS-analysen påverkar såleis prioriteringar både av samfunnsmessig og arealmessig karakter. Det er elles eit spesifikt krav om ROS-analyse til alle arealplanar. I Herøy kommune er ROS-analyse vedteken i Kommunestyret 28.5.2015 K-sak 65/15.

**Folkehelsetilstand og påverknadsfaktorar**
Folkehelselova slår fast at folkehelse skal vurderast i alle typar saker. Kommunen har plikt til oversyn over folkehelseutfordringane i kommunen, og dette oversynet må leggast til grunn i det samla utfordringsbiletet. Herøy si folkehelseoversikt vart sist vedteken i 2015 og skal rullerast kvart fjerde år.

## Interkommunale føringar

Herøy kommune har ingen interkommunale føringar i plansamanheng. Dei interkommunale samarbeida vert ikkje rekna som «interkommunale føringar».

# 3. EVALUERING AV GJELDANDE PLANAR

## *Plansystemet i kommunen*

Herøy har til liks med andre kommunar ein overordna kommuneplan som er det øvste leiande dokumentet for kommunen når det kjem til bruk av areal og samfunnsutvikling. Kommuneplanen består av tre dokument: ein samfunnsdel, eit handlingsprogram til samfunnsdelen og ein arealdel.

Herøy kommune har kommunedelplanar for tema (td. Kommunedelplan for trafikktrygging) og verksemdsområde (td. Kommunedelplan for helse og omsorg). Kommunen har per 2016 ingen kommunedelplanar for fysisk arealplanlegging.

I Herøy er det Utviklingsavdelinga som er ansvarleg for handsaming av kommuneplan, kommunedelplanar og detalj- og områdeplanar.

Utviklingsavdelinga har pr. 01.09.2016 tre stillingar knytt til planlegging.

Kommuneplanen sin samfunnsdel med handlingsdel, budsjett og økonomiplan skal vere tett knytt saman der tiltak i samfunnsdelen får si prioritering gjennom økonomiplan og budsjett.

Oversikt over alle samfunnsplanane til Herøy kommune finn du her.




**Figur 1: Planstrategien sin plassering i det kommunale plansystemet (md: veileder for kommunal planstrategi 2011, s. 7).**

## Kommuneplan

Kommuneplan for Herøy 2013 – 2025 Samfunnsdel med handlingsdel vart vedteken i Kommunestyret 24.10.2013.
Kommunen sitt øvste leiande dokument for kommunen. Planen er eit strategisk styringsdokument som har fem satsingsområde (heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling, infrastruktur, kompetanse og næringsutvikling, rekruttering, busetting og inkludering og barn, unge og identitetsbygging). Planen peikar også på seks gjennomgåande perspektiv som skal gjennomsyre organisasjonen(universell utforming, folkehelse, barn og unge, likestilling, verdiskaping og miljø og klima).

Kommuneplan for Herøy 2013 – 2025 Arealdel vart eigengodkjent i Kommunestyret 30.10.2014, stadfesta av kommunal- og moderniseringsdepartementet 02.07.2015. Kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Kommuneplanen sin arealdel skal angi hovudtrekka i arealdisponeringa og sette rammer og føringar for nye tiltak og ny arealbruk.

Føremålet med planen er at den skal vere eit styringsverktøy for både politikarar og administrasjon i den daglege drifta og forvaltninga av kommunen.

## Kommunedelplanar

Kommunedelplan for Herøy – avlaupsplan 2016 – 2022 er vedteken 25.08.2016 og handlingsplanen skal reviderast i 2018 og 2020.
Avlaupshandtering er ei av kommunen sine primæroppgåver og kommunedelplanen vil legge grunnlaget for overordna infrastruktur som gjeld avlaup. Kommunedelplanen skal såleis leggast til grunn for overordna og langsiktig styring av avlaupshandtering i Herøy kommune. Planen bygger på lovverk og tilstand på resipientar for å avklare kva reinsegrad som skal krevjast i dei ulike områda.

Kommunedelplan for Herøy – helse og omsorg 2013 – 2020 er vedteken 27.02.2013 og det skal vurderast om det er behov for endring av planen årleg for å fange opp endringar i samband med samhandlingsreforma.
Kommunedelplan for helse og omsorg skal bida til heilskapleg og målretta utvikling av tenestene. Planen skal bidra til ei systematisk utvikling med jamn framdrift mot måla som er vedteke i kommuneplanen sin samfunnsdel og budsjett- og økonomiplan.

Kommunedelplan for Herøy – bustadpolitikk 2015 – 2019 er vedteken 17.03.2016.
Den viktigaste oppgåva for kommunen i bustadpolitikken er å legge til rette for bustadbygging. Kommunen kan tilrettelegge for bustadbygging både gjennom offentleg myndigheitsutøving og privatrettslege avtalar.
Planen gjeld bustadpolitiske spørsmål generelt og bustadsosiale spørsmål spesielt og fastset fylgjande hovudmålsetjing for bustadpolitikken: *Alle skal ha ein god og trygg stad å bu.*
Herøy kommune sin bustadpolitikk skal vere heilskapleg og nyskapande og gjennomførast i samarbeid med næringslivet. Det bustadsosiale arbeidet skal vere ein integrert del av bustadpolitikken.

Kommunedelplan trafikktrygging 2015 – 2018 er vedteken 17.12.2014. Revideringa av handlingsprogrammet kan vere naudsynt før rullering i 2018.

Ingen har råd til å miste nokon i trafikken. Det er difor viktig at Herøy kommune har 0-visjonen som forankring for arbeidet med trafikktrygging.
Herøy kommune har to hovudmål i trafikktryggingsplanen:

- *ingen skal bli drepne eller kome alvorleg til skade i trafikken i Herøy kommune.*
- *Alle trafikantar skal føle seg trygge i Herøy kommune*

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2011 – 2014 er vedteken 16.12.2010. Det er gjennomført revidering av handlingsprogrammet i 2016 og dette må gjerast årleg for at handlingsprogrammet skal vere oppdatert til ei kvar tid. Kommunedelplanen skal vere eit samordnande styringsverktøy for kommunen i ansvarsområde idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Planen skal vere støttande for statleg og fylkeskommunale planar for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Den fungerer som vilkår for tildeling av spelemidlar til utbygging av anlegg og tilskot til aktivitetsfremjande tiltak.

Klimaplan for Herøy 2009 – 2013, kommunedelplan er vedteken 28.01.2010.
Ein klimaplan er viktig for å kartlegge utfordringar og potensial for forbetringar i kommuneorganisasjonen. Planen skal gi politikarar og administrasjonen eit kunnskapsgrunnlag og eit verktøy å arbeide med, og skal også vere eit verktøy for å involvere både privat og frivillig sektor i kommunen som samfunn. Planen har hovudfokus på status, utfordringar og tiltak retta mot utslepp av klimagassar i kommunen.

Kommunedelplan for fiskerihamner 2000 sist revidert 03.10.2000.
Målsetjinga med hamneplanen er å sikre ei framtidsretta utvikling av hamnefunksjonane i kommunen og å legge forholda til rette for ei samordna utbygging av hamner og hamneanlegg. Framlegg til arealbruk og handlingsprogrammet vil vere retningsgivande ved rullering av kommuneplanen for Herøy. Tiltak og konklusjonar elles i planen vil også danne basis for dei årlege behandlingane i økonomiplan og budsjett.

## *Temaplanar-/ sektor- og fagplanar*

Hovudplan vassforsyning for Herøy kommune. Kommunestyret vedtok 25.06.2015 at *Hovudplan for vassforsyning* skal leggast til grunn for den vidare utviklinga av vassforsyninga i kommunen. Dette er ikkje lenger ein kommunedelplan då vassforsyninga per 2016 er sikra gjennom private vassverk. Dersom vassverka skulle slå seg saman og overteke av kommunen bør planen rullerast. Det er førebels ikkje behov for rullering av denne i planperioden.

Strategisk næringsplan 2002 – 2005 er under revidering og endra frå temaplan til kommunedelplan. Planen skal legge grunnlag for auka vekst og verdiskaping i Herøy kommune.

Frivilligplan for Herøy 2012 – 2015 er vedteken 26.04.2012.
Det er ei utfordring for det offentlege og legge til rette for gode rammevilkår for det som er sjølve føresetnaden for fylket og kommunane sitt kulturliv og lokalsamfunn. Det må utviklast ein offensiv og medviten frivilligpolitikk, der samspelet mellom kommunen og dei frivillige organisasjonane står sentralt. Planen
skal stette frivilligarbeidet som vert gjort lokalt og vere informasjonskjelde til det frivillige om kva det offentlege kan bidra med inn i det frivillige arbeidet. Det

offentlege skal legge til rette for at verdiskapinga i den frivillige sektor kan utviklast og nå sitt potensiale.

Alkoholpolitisk plan 2016 – 2020 er vedteken 22.06.2016.
Kommunen skal regulere omsetting av alkohol, slik at ein i størst mogleg grad avgrensar samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan medføre, derimellom avgrense forbruk av alkoholhaldige drikkevarer i lokalsamfunnet. Løyvepolitikken er derfor viktig med omsyn til folkehelsa.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2008 – 2012 er vedteken 29.05.2008.
Det er viktig at kommunane fører ein rusmiddelpolitikk der ein ser bevillingsordningar og anna førebyggjande verksemd i samanheng med behov for innsats på rehabiliterings- området

Pandemiplan med delplanar er sist revidering 04.08.2009.
Målsettinga med pandemiplan for kommunen er:
- Forebygge smittespreiing, redusere sjukelegheit og dødelegheit.
- Behandle og pleie sjuke heime og i kommunale helseinstitusjonar
- Bidrage til å oppretthalde nødvendige samfunnsfunksjonar i alle sektorar i kommunen trass stort sjukefråver
- Bidrage til fortløpande kunnskapsbasert og samordna informasjon til kommunehelsetenesta, andre sektorar, innbyggjarane, regionale og sentrale myndigheiter og massemedia innanfor rammene av kriseleiinga sin informasjonsstrategi.

Kommunen si leiing inkl. kriseleiing og alle avdelingane har ved si planlegging og gjennomføring ansvar for å sikre at dei fire måla vert nådd.

Plan for kriseleiing Herøy kommune er sist ajourført 26.02.2014.
Katastrofar, alvorlege ulykker og svikt i samfunnsviktige funksjonar avslører ofte at samfunnet ikkje er godt nok førebudd på å handtere vanskelege situasjonar tilfredsstillande. Sjølv mindre hendingar resulterer ofte i vesentlege tap for menneske eller verksemder og skade på miljøet. Med enkle midlar vil ein kunne unngå mange slike situasjonar.
Herøy kommune skal vere ei trygg kommune å opphalde seg i. Kommunen skal til ei kvar tid ha utarbeidd planverk som sikrar kommunen sine innbyggjarar og dei som til ei kvar tid oppheld seg her på best mogleg vis

### *Interkommunale planar*

Herøy kommune har ingen interkommunale planar per 2016.

# 4. UTVIKLINGSTREKK OG VIKTIGE UTFORDRINGAR

## *Regionale utviklingstrekk og viktig utfordringar*

### *Den regionale utviklinga*

I vedlegg 3 er statistikk av ulik type lagt til rette av fylkeskommunen. Denne statistikken viser regionale utviklingstrekk på Sunnmøre samla (inkl Sandøy). Hovudtrekka her er at folketalsutviklinga i regionen har vore drive fram av ein eventyrleg vekst i næringslivet. Det har vore høg vekst i talet på arbeidsplassar, og

dette har ført med seg arbeidsinnvandring i større skala enn nokon gang.  Det er likevel betydelege forskjelar mellom kommunane og dei ferskaste tala stadfestar eit trendskifte. Dette kjem mellom anna som ein konsekvens av den negative utviklinga i oljerelaterte næringar.

## *Demografisk utvikling*

Den demografiske utviklinga på Sunnmøre kjem i ulike fasettar. Ålesund og dei næraste omlandskommunane har den sterkaste veksten. Dette er også den sterkaste vekstregionen i heile Møre og Romsdal. Motoren i regionen er Ålesund. Tettstaden Ålesund brer seg inn i enkelte av omlandskommunane, og dei korte avstandane gjer at byen og desse kommunane er godt integrerte i kvarandre.

Unge vaksne flyttar ut av Ålesund by og til omlandskommunane, men det har vore folketalsvekst både frå fødselsoverskot, innanlands tilflytting og innvandring. Den demografiske sårbarheita er relativt lita. Ålesunds har høg arbeidsplassdekking og stor variasjon i arbeidsmarknaden. Det er også godt utval innan handel og sørvis og urbane kvalitetar i byen for dei som ønsker å busette seg i regionen eller flytte heim etter å ha budd i større byar tidligare. Veksten kan likevel skape ugunstig trykk på offentlege tenester som skule, barnehage, eldreomsorg. Kor langt konjunkturane vil påverke situasjonen er framleis uklart.

Kommunane på Søre Sunnmøre har også hatt sterk folketalsauke, men med større variasjon kommunar imellom. Størst har veksten vore i Ulstein, men denne veksten er endå meir drive fram av arbeidsinnvandring enn rundt Ålesund. Eit par av kommunene opplever også nedgang eller stillstand i folketalet. Det er i mindre grad fødselsoverskot og innanlands tilflytting, og regionen samla er derfor noko meir sårbar demografisk.

I indre delar av Sunnmøre, tilliks med resten av det indre fylket, har slite med en svakare demografisk vekst enn resten av Sunnmøre. Dette er kommunar som ikkje har vesentleg næringsliv innanfor vekstnæringane, og dei har derfor kome dårlegare ut. Endringane skjer ikkje i dramatiske sprang, men er over tid problematiske.

Flyttemønsteret generelt er som elles i landet (og verda) prega av ein del unge vaksne flyttar inn mot storbyregionane. Både Sunnmøre og fylket samla har eit ganske stort innanlands flyttetap i aldersgruppa 20-30 år. I tal har dette blitt motvirka av innvandring. Med dårligare konjunkturar i næringslivet er det risiko for at veksten stagnerer til eit nivå før 2007, der fødselsoverskot utgjorde omtrent heile den samla folketalsveksten.  Gitt at fødselstala også går ned, er dette eit utfordrande bilde.

Den såkalla eldrebølga vil også ha konsekvensar for kommunane på Sunnmøre. Mange kommunar har allereie i dag en relativt høg del eldre, medan andre står framfor ein stor vekst i denne gruppa. Det er noko usikkert kva konsekvensar dette har for kommunal tenesteproduksjon. Vi står truleg føre eit teknologisk skifte i tenesteproduksjonen. Velferdsteknologi vil føre til meir effektiv bruk av ressursar. I tillegg endrar den generelle helsesituasjonen for eldre seg. Det som derimot er nokså sikkert, er talet på eldre i kvar kommune og forholdstalet mellom eldre og yngre. Dette har konsekvensar langt utover omsorgssektoren, til dømes i bustadmarknaden, for skulestrukturen og for etterspurnaden etter kulturtenester, transport og handelsvarer.

## *Næringsliv og kompetanse*

Næringsstrukturen er nokså lik i mange av Sunnmørskommunane. I ein konkurransesituasjon kan dette kanskje vere ei ulempe, men samstundes borgar det også for felles tilnærming til å løyse utfordringar.

Næringslivet i regionen er mykje basert på ressursane i havrommet, og derfor er regionen i verdsklasse innan maritim industri, fiskeri og havbruk. Men også møbel, ferdigvareindustri og landbruksbasert næringsmiddelindustri har nasjonalt tyngdepunkt på Sunnmøre.

Den maritime klynga består av reiarlag, verft, utstyrsleverandørar og designbedrifter. Klynga har utspring i fiskeri, men har særleg det siste tiåret hatt sterk vekst basert på investeringane i olje- og gassindustrien. Fallet i oljepris har no ført til krevjande tider for den maritime industrien, og har tvinga fram kostnadskutt og omstilling. Næringsklyngeprosjektet GCE Blue Maritime arbeider med berekraftig kommersialisering av avanserte teknologiar og operasjonar i havrommet.

Møre og Romsdal står for 23% av den norske fiskeeksporten, og ein stor del av dette har utspring på Sunnmøre. Det er stort potensiale innan foredling av biomarine ressursar, og klyngeprosjektet Legasea arbeider med utvikling av verdikjeda knytt til dette.

Møbel og anna ferdigvareindustri utviklar seg frå reine produksjonsbedrifter til å ha som mål å bygge sterke globale merkevarer. Klyngesatsinga Norwegian Rooms og designverkstaden Møbelkraft er viktige verkty i denne prosessen. Merkevarearbeidet i møbel/ferdigvare vil kunne ha overføringsverdiar til resten av næringslivet på Sunnmøre.

Tal for sysselsette i kommunane og regionen kan visast etter arbeidsstad eller bustad. Høg arbeidsplassdekking er definert som fleire arbeidsplassar enn sysselsette. På Sunnmøre er det to kommunar som ut frå SSB's registerdata har eit stort overskot av arbeidsplassar. Det er Ålesund (120%) og Ulstein (125%). Dette er grunnlaget for interaksjon mellom kommunar, og typisk vert nokre kommunar klassifisert som bukommuner og andre arbeidsplasskommunar. Den siste tida har mange verksemder fått svekka lønnsemd og tap. Det har innan oljebasert industri og tenesteproduksjon vore ei rekke oppseiingar og permitteringar. Dette gjeld gjerne dei same verksemdene som gjennom ei årrekke har hatt eventyrleg vekst og som har tilført kommunane vekstkraft. Betydeleg arbeidsinnvandring har vore nødvendig for å hanskast med denne veksten. Grunnlaget for arbeidsinnvandring vert no svekka. Lav kronekurs har styrka anna, eksportretta næringsliv, og dette kan utviklast for å avdempe konjunkturfallet.

Ei felles utfordring for næringslivet på Sunnmøre, uavhengig av bransje, er å rekruttere høgkompetent arbeidskraft. Vi konkurrerer på verdsmarknaden, og då er ikkje spennande jobbar alltid nok. Næringslivet på Sunnmøre er avhengig av ein attraktiv region med ein mangfaldig arbeidsmarknad, eit breitt tilbod av tenester, kultur og fritidstilbod, og bumiljø med innslag av urbanitet. Vi kan ikkje konkurrere med storbyane, men regionen må i sum by på eit mangfald som er unikt og attraktivt.

Mange arbeidsinnvandrarar har lågare terskel for å flytte ut igjen dersom føresetnadene for tilflyttinga ikkje lenger er til stades. Terskelen kan påvirkast av god integrering i lokalsamfunnet, men utviklinga er noko usikker også her. Ein annan viktig faktor er sjølvsagt korleis konjunktursituasjonen påverkar bustadvalet til arbeidsledige, unge menneske sine val av utdanning og kvar ein ønsker å investere. Korleis unngår ein at framtidig kompetanse forlet regionen og korleis sikrar ein at det framleis vert investert i regionen?  Kravet til kompetanse aukar i alle bransjar, men Sunnmøre treng fleire bein å stå på. Det kan til dømes ligge eit potensiale i knoppskyting og kommersialisering ut frå kompetansemiljø ved Høgskulen i Volda. Ei tettare integrering mellom høgskule, næringsliv og offentleg sektor på Sunnmøre bør vere eit mål og det bør utviklast fleire "kompetansearbeidsplassar".

I 2016 er det utvikla ein ny Forskings- og Innovasjonsstrategi for næringslivet i Møre og Romsdal. Denne tek utgangspunkt i regionen sine komparative fortrinn, og identifiserer kompetanse- og forskingsbehov. Strategien identifiserer berekraft, mogleggjerande teknologi, også kalla den fjerde industrielle revolusjonen, og kommersialisering/nye forretningsmodellar som viktige drivarar for utviklinga framover. Næringslivet på Sunnmøre må ta innover seg dette, og finne ut kva det betyr for den einskilde bedrifta. FoI-strategien har sett auka innovasjonsevne i næringslivet som mål, og den vil bli følgt opp med tiltak retta mot både meir forskingsbasert innovasjon i næringslivet, institusjonsbygging og betre samspel i innovasjonssystemet.

Herøy kommune har vurdert behovet for interkommunalt næringsplan ved oppstart av rullering av sin eigen Strategisk næringsplan og ser det som hensiktsmessig med felles plan. Arbeidet må minimum omfatte dei fire kommunane på ytre Søre Sunnmøre, men det har ikkje vore drøfta mellom dei aktuelle kommunane. Arbeidet må forankrast politisk i eiga sak før ein kan gå vidare.

## *Klima-, energi- og miljøutfordringar - grønt skifte*

Klimaendringane er ei av dei største utfordringane verda står ovanfor i dag. Forskarar og politikarar frå heile verda er samde om at det er nødvendig med kraftige og vedvarande kutt i klimagassutsleppa. På klimatoppmøtet i Paris i 2015 vart verdas toppleiarar derfor også samde om ein klimaavtale som forpliktar nasjonane til å gjere alt dei kan for at temperaturen ikkje skal stige meir enn to grader. Dette er i følgje FN grensa for kva naturen kan tåle. Stig temperaturen meir enn dette vil vidare endringar i klima og miljø kome ut av kontroll. Noreg har forplikta seg til å kutte utslepp av klimagassar med 40 % innan 2030, samanlikna med 1990. Dersom vi skal oppfylle målet krev det ei omfattande omlegging av samfunnet, noko som sjølvsagt også får følger i Møre og Romsdal.

I regional delplan har fylkestinget i som mål at utsleppa av klimagassar i Møre og Romsdal innan 2020 skal reduserast med meir enn 10 %  frå 2009. Dei fire største sektorane for utslepp i fylket er samferdsel, industri, landbruk og stasjonær forbrenning og det er sett delmål for utsleppskutt, som til saman tilsvarar hovudmålet i planen.

Kommunane har ei sentral rolle i klimaarbeidet. Det er påvist at kommunane kan påverke omlag tjue prosent av klimagassutsleppa i Noreg. Dei fleste kommunane har

lokale klimaplanar, mellom anna hadde Hareid, Herøy, Hornindal, Sande, Sula, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta eit felles prosjekt der også Enøk-senteret, Høgskulen i Volda, Møreforsking, Tussa Kraft og Volda og Ørsta Reinhaldsverk deltok. Stasjonær energibruk, avfall, forbruk og transport var tema. Det vart laga felles mål for kommunane, med nokre skilnader i delmål og strategiar. Handlingsdel må følgast opp i kvar enkelt kommune. Det er generelt behov for å oppdatere dei kommunale klimaplanane med sikte på dei nye, nasjonale måla og Paris-avtalen. Utfordringane knytt til klimaendringane er store og komplekse, og aktuelle tiltak omfattar innsats på ulike samfunnsområde- og nivå. Nokre av tiltaka krev politisk vilje og økonomiske prioriteringar, andre er eit spørsmål om å bryte vanar og endre tankegang. Felles utfordringar er å ha tilstrekkeleg kunnskap og ressursar innan klimaarbeidet, praktisk oppfølging og gjennomføring av ulike tiltak, og å forankre klimaarbeidet best mogleg i kommuneorganisasjonen. Dette er eit område det er naturleg for fleire kommunar å samarbeid om.

## *Samordna areal- og transportplanlegging*

Samordning av areal- og transportplanlegginga er ei utfordring ut frå ei rekkje forhold. Først må visast til det nasjonale forventingsbrevet der både berekraftig arealforvalting og miljøvenlege tettstader er synleggjort som nasjonal politikk. Med dette må ein også kunne forvente at ressursar vert sett inn nasjonalt.

For det andre er det nødvendig å ta innover seg at dei mest attraktive regionane synest å vere knytt til dei største byane, og regionutvikling må bygge på den vekstkrafta som ligg i det urbane. For å skape urbanitet må arealressursar og transportressursar samordnast med sikte nettopp på dette. Dette er også nedfelt som mål i det regionale planverket.

For det tredje gjer omsynet til klima og forureining at det er nødvendig å fange mest mogleg av dagens og komande transportbehov i reisemiddel som er mindre forureinande og bedre organisert. Avstand mellom og romleg organisering av ulike funksjonar er nøkkelfaktor, noko som berre kan løysast gjennom god arealplanlegging.

For det fjerde er det også av økonomiske årsaker nødvendig å bygge under dagens system for alternativ transport (les kollektiv) på ein slik måte at det er forsvarleg å oppretthalde tilboda. Dette kan berre gjerast gjennom å lokalisere meir aktivitet inn mot knutepunkt og traséar.

For det fjerde vil omsynet til naturmangfald, rekreasjon og naturens bereevne gjere det nødvendig å nytte allereie nedbygd areal på ein meir effektiv måte. Kvar enkelt sitt fotavtrykk i naturen må reduserast.

I Møre og Romsdal er Ålesundregionen den største av byregionane. Dette inneber at det sannsynlegvis er her det er mest å hente miljømessig og transportmessig på samordna planlegging. Byregionar andre stader i landet har gjennomført liknande prosessar tidlegare, medan det ikkje har vore prioritert i vårt fylke. Tida er no komen, også her. Arbeidet bør organiserast som ein regional delplan, også med sikte på regional planbestemming og implementering i kommande kommuneplanar.

Herøy har tidlegare spelt inn til fylkeskommunen at det også bør utarbeidast ein regional delplan for samordna areal- og trafikkplanlegging for søre Sunnmøre eller ytre Søre Sunnmøre.

## *Felles planlegging i sjøareala*

- Andelen ungdomsskuleelevar som oppgir at dei er fysisk inaktive (andpusten eller sveitt sjeldnare enn éin gong i veka), er høgare enn landsnivået. Tala er henta frå Ungdata-undersøkinga.
- Andelen med overvekt inkludert fedme, ser ut til å vere høgare enn landsnivået, vurdert etter resultata frå nettbasert sesjon 1 for gutar og jenter (17 år).

### Helse og sjukdom

- Forskjellen i forventa levealder mellom dei som har grunnskule som høgaste utdanning og dei som har vidaregåande eller høgare utdanning, skil seg ikkje eintydig frå landsnivået. Forskjellen i forventa levealder er ein indikator på sosiale helseforskjellar i kommunen. Les meir om sosial ulikskap på midtsidene.




**Folkehelseprofilen er eit bidrag til kommunen sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar denne, jamfør lov om folkehelsearbeid. Statistikken er frå siste tilgjengelege periode per oktober 2015.**

**Nye indikatorar i 2016:**
- **Valdeltakinga ved valet i 2015**
- **Indikatorar frå Ungdata-undersøkinga**
- **Overvekt inkl. fedme frå nettbasert sesjon**
- **Fråfall vist etter utdanningsnivå hos foreldre (figur på midtsidene)**


Utgitt av
Folkehelseinstituttet
Avdeling for helsestatistikk
Postboks 4404 Nydalen
0403 Oslo
E-post: kommunehelsa@fhi.no

Redaksjon:
Camilla Stoltenberg (ansvarleg redaktør)
Else-Karin Grøholt (fagredaktør)
I redaksjonen: Fagredaksjon for folkehelseprofilar
Idékjelde: National Health Observatories, Storbritannia
Foto: Scanpix og Colourbox
Midtsidene: I samarbeid med Helsedirektoratet
Nynorsk
Batch 0602161525.0602161705.0602161525.0602161555.12/02/2016 19:32

Elektronisk distribusjon:
www.fhi.no/folkehelseprofiler

folkehelseinstituttet

# Utjamning av sosiale helseskilnader: ikkje berre kva vi gjer, men også korleis

**Alle faktorar som verkar på helsa, og som er sosialt skeivt fordelt i befolkninga, bidrar til å opprethalde sosiale ulikskapar i helse. Ulikskapane varierer i tid og mellom geografiske område, og det seier oss at det er mogleg å redusere dei.**

Sosiale ulikskapar i helse er helseskilnader som systematisk følgjer inntekt og utdanningslengd. Skilnadene er uavhengige av kjønn og alder og gjeld blant anna levealder, fleire sjukdommar og levevanar som røyking og kosthald. Skilnadene finst i dei fleste fylke og kommunar, men sidan dei ikkje er like store alle stader, viser det oss at det bør vere mogleg å redusere dei.

Helseskilnadene dannar som regel ein jamn gradient gjennom befolkninga. Ein gradient vil seie at litt betre sosioøkonomisk status gir (statistisk sett) litt betre helse. Ikkje berre har dei nest fattigaste betre helse enn dei aller fattigaste. Vi ser også at dei aller rikaste i gjennomsnitt har litt betre helse enn dei nest rikaste. Det same gjeld når vi ser på samanhengen mellom helse og utdanning; dess høgare utdanning, dess betre helse.

Dersom vi skal jamne ut helseskilnadene, må vi ha heile befolkninga i tankane. Eit godt gjennomført tiltak eller tilbod som når fram til mange, kan samla sett gi ein stor folkehelsegevinst.

For at eit tiltak skal nå fram til alle og gi mest nytte til dei som har størst behov, må ein følgje med på korleis tiltaket blir gjennomført. I verste fall kan tiltak forsterke i staden for å jamne ut helseskilnader.

Vi kan sjå på helsa som endepunktet i ei årsakskjede der grunnleggjande sosiale forhold som utdanning og økonomi påverkar helsa saman med miljøforhold, levevanar og til slutt helsetenester. Tiltak kan settast inn på alle ledd i årsakskjeda. Nøkkelen til reduserte helseskilnader ligg ikkje i nokre få enkelttiltak, men i ein samansett innsats.

## Innsatsområde for utjamning

Figur 1 illustrerer eksempel på område der ein kan gjere ein innsats for å redusere sosiale helseskilnader. Første del av figuren omfattar område der ein innsats kan redusere skilnader i grunnleggjande sosiale forhold. Vidare kan ein rette innsatsen mot levevanar, sosial støtte og andre fysiske og sosiale miljøfaktorar som meir direkte påverkar helsa. Siste del av figuren peikar på at helsetenester kan demme opp for ulikskap som er skapt tidlegare i årsakskjeda, og at innsats også på dette området er aktuelt for å oppnå likeverdig helse.

Tiltak på det første leddet gir truleg ein stor gevinst fordi dei kan verke positivt på heile årsakskjeda – dei rettar seg mot årsakene til årsakene.

Figur 2 viser forventa levealder i tre utdanningsgrupper. Tala blir vist både for kommune, fylke og landet under eitt. Utdanningsskilnadene i dødelegheit, og dermed forventa levealder, kan reknast som sluttsummen av mange små og store faktorar gjennom heile livslaupet.

## Verkar dagens tiltak?

For å jamne ut sosiale helseskilnader treng vi ikkje nødvendigvis nye tiltak, men vi treng å sjå på fordelingseffektane av det som allereie blir gjort. Nokre spørsmål som det kan vere nyttig å reflektere over, er:

- Kan innsatsen eller tiltaket slå ut ulikt for ulike grupper?

- Er det økonomiske, sosiale eller fysiske barrierar som gjer at ikkje alle kan nyttiggjere seg tiltaket eller tenesta?

- Krev bruk av tiltaket eller tenesta særskilde kunnskapar eller ressursar som er ulikt fordelte i befolkninga?

Når ein skal svare på desse spørsmåla, er kunnskap om målgruppa og forhold i lokalmiljøet avgjerande. Døma på neste side illustrerer korleis eit tiltak kan bli ulikt sosialt fordelt dersom det er opp til kvar einskild å skaffe seg eit gode.

Nokre døme er baserte på forskingsfunn og evalueringar, mens andre er lokale tiltak som ikkje har vore evaluerte.

Figur 1: Innsatsområde for utjamning av sosial ulikskap i helse



## Eksempel: faktureringsrutinar, skulefrukt og leksehjelp

Låginntektshushald har større problem med uventa rekningar enn andre. Ein del kommunale avgifter og gebyr blir ofte fakturerte på årleg eller halvårleg basis og kan dermed komme som ei stor og kanskje uventa utgift for ein del hushald. Einskilde kommunar har endra faktureringsrutinane slik at ein kan fakturere månadleg.

Tilskot til kontingentar, utlån av utstyr og liknande tiltak kan gjere det lettare for alle barn å delta på fotballtrening, kulturskule eller andre aktivitetar uavhengig av ressursane i familien. Figur 3 viser kor mange dette kan vere viktig for i din kommune. Figuren viser andelen barn (0-17 år) som bur i hushald med låg inntekt. Tala blir òg vist for fylket og landet sett under eitt.

Ei skulefruktordning som er gratis for alle, har vist seg å redusere sosial ulikskap både når det gjeld forbruk av frukt og usunt snacks. Skulefrukt som må betalast av føresette, fører derimot til større sosiale skilnader i fruktinntak.

Gratis leksehjelp er ei ordning som blei innført for å redusere sosiale skilnader i læring. Ei evaluering frå 2013 viste at ordninga ikkje medverka til dette. Kvifor? Måten ordninga var innført på, varierte mellom kommunar og skular. Evalueringa indikerer at kapasitetsmangel førte til at dei flinkaste elevane var dei som best greidde å nytte tilbodet.

Til samanlikning viser forsøk med gratis kjernetid i barnehagar at eit systematisk og målretta rekrutteringsarbeid var avgjerande for at også dei barna som i utgangspunktet ikkje gjekk i barnehage, fekk nyte godt av dette tilbodet.

## Ulikskapar i frafall

Figur 4 viser fråfall i vidaregåande skule fordelt etter foreldra sitt utdanningsnivå. I figuren ser vi at det for landet under eitt er samanheng mellom utdanningsnivået hos foreldra og fråfallet i vidaregåande skule. Tala er også vist for fylke og kommune. I vurderinga av desse tala er det viktig å vere merksam på at det også er større fråfall blant yrkesfagelevane enn blant elevar på studieførebuande fag.

Gode faglege ferdigheiter i grunnskulen aukar sjansen for at eleven greier å gjennomføre vidaregåande skule. Arbeidet med å redusere fråfall i vidaregåande skule bør difor starte i grunnskulen.

I tillegg til tidlege tiltak kan kommunen bidra til at fleire kjem seg gjennom vidaregåande skule ved å tilby fleire lokale lærlingplassar, anten direkte som arbeidsgivar, eller indirekte, til dømes ved å stille vilkår til bedrifter i anbodskonkurransar.

Finn ein utvida artikkel med referansar på www.fhi.no/folkehelseprofiler

Finn fleire døme i Helsedirektoratet sine vegvisarar for lokalt folkehelsearbeid

Figur 2: Forventa levealder ved 30 år etter utdanningsnivå (1999-2013).




Figur 3: Andelen barn (0-17 år) som bur i hushald med låg inntekt.




Figur 4: Andelen som har slutta på/ikkje bestått vidareg. skule, status fem år etter at dei har begynt, etter utdanningsnivå hos foreldre (2012-2014).



## Folkehelsebarometer for din kommune

I oversikta nedanfor blir nokre nøkkeltal i kommunen og fylket samanlikna med landstal. I figuren og i talkolonnane blir det teke omsyn til at kommunar og fylke kan ha ulik alders- og kjønnssamansetnad samanlikna med landet. For å sjå på utviklinga over tid, sjå Kommunehelsa statistikkbank, http://khs.fhi.no. Her finst også statistikk utan alders- og kjønnsstandardisering. Forskjellen mellom kommunen og landsnivået er testa for statistisk signifikans, sjå www.fhi.no/folkehelseprofiler

- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- Verdien for landet
- Variasjonen mellom kommunane i fylket
- Dei ti beste kommunane i landet

Ein "grøn" verdi betyr at kommunen ligg betre an enn landsnivået, likevel kan det innebere ei viktig helseutfordring for kommunen då landsnivået ikkje alltid representerer eit ønska nivå. Verdiområdet for dei ti beste kommunane i landet kan vere eit nivå å strekke seg etter. For å få ei meir heilskapleg oversikt over utviklinga i kommunen kan du lage diagram i Kommunehelsa statistikkbank. Les meir på www.fhi.no/folkehelseprofiler og sjå Kommunehelsa statistikkbank, http://khs.fhi.no.

| Tema | | Indikator | Kommune | Fylke | Noreg | Eining (*) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Befolk-ning | 1 | Befolkningsvekst | 0,98 | 0,84 | 1,1 | prosent |
| | 2 | Personar som bur åleine, 45 år + | 19,4 | 23,7 | 25,6 | prosent |
| | 3 | Valdeltaking 2015 | 59 | 58 | 60 | prosent |
| Levekår | 4 | Vgs eller høgare utdanning, 30-39 år | 81 | 83 | 83 | prosent |
| | 5 | Låginntekt (hushaldningar), 0-17 år | 5,8 | 8,7 | 11 | prosent |
| | 6 | Ulikskap i inntekt, P90/P10 | 2,5 | 2,5 | 2,7 | - |
| | 7 | Barn av einslege forsørgjarar | 11 | 14 | 15 | prosent |
| | 8 | Arbeidsledige, 15-29 år (ny def.) | 2,4 | 2,3 | 2,7 | prosent |
| | 9 | Uføretrygda, 18-44 år | 2,4 | 2,3 | 2,6 | prosent (a,k*) |
| Miljø | 10 | God drikkevassforsyning | 99 | 84 | 92 | prosent |
| | 11 | Forsyningsgrad, drikkevatn | 86 | 92 | 89 | prosent |
| | 12 | Skadar, behandla i sjukehus | 12,5 | 13,3 | 12,8 | per 1000 (a,k*) |
| | 13 | Einsemd, Ungdata | 15 | 17 | 18 | prosent (a,k*) |
| | 14 | Nøgd med lokalmiljøet, Ungdata | 71 | 71 | 70 | prosent (a,k*) |
| | 15 | Medlem i fritidsorganisasjon, Ungdata | 58 | 62 | 63 | prosent (a,k*) |
| Skule | 16 | Trivst på skulen, 10. klasse | 83 | 86 | 85 | prosent (k*) |
| | 17 | Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. kl. | 29 | 27 | 25 | prosent (k*) |
| | 18 | Lågaste meistringsnivå i rekning, 5. kl. | 24 | 26 | 26 | prosent (k*) |
| | 19 | Fråfall i vidaregåande skule | 21 | 21 | 24 | prosent (k*) |
| Levevanar | 20 | Fysisk inaktive, Ungdata | 18 | 13 | 13 | prosent (a,k*) |
| | 21 | Overvekt inkl. fedme, 17 år | 29 | 23 | 21 | prosent (k*) |
| | 22 | Alkohol, har vore berusa, Ungdata | 3,6 | 12 | 14 | prosent (a,k*) |
| | 23 | Røyking, kvinner | 13 | 11 | 10 | prosent (a*) |
| Helse og sjukdom | 24 | Forventa levealder, menn | 79,0 | 79,1 | 78,2 | år |
| | 25 | Forventa levealder, kvinner | 84,4 | 83,8 | 82,8 | år |
| | 26 | Utdanningsforskjell i forventa levealder | 2,6 | 3,7 | 4,8 | år |
| | 27 | Psykiske sympt./lid., primærh., 15-29 år | 111 | 133 | 142 | per 1000 (a,k*) |
| | 28 | Psykiske lidingar, legemiddelbrukarar | 120 | 121 | 130 | per 1000 (a,k*) |
| | 29 | Muskel og skjelett, primærhelsetenesta | 274 | 281 | 262 | per 1000 (a,k*) |
| | 30 | Hjarte- og karsjukdom, beh. i sjukehus | 18,6 | 16,0 | 17,3 | per 1000 (a,k*) |
| | 31 | Type 2-diabetes, legemiddelbrukarar | 31 | 31 | 35 | per 1000 (a,k*) |
| | 32 | Lungekreft, nye tilfelle | 54 | 52 | 55 | per 100 000 (a,k*) |
| | 33 | Antibiotika, legemiddelbrukarar | 238 | 226 | 229 | per 1000 (a,k*) |
| | 34 | Vaksinasjonsdekning, meslinger, 9 år | 92,7 | 95,3 | 94,7 | prosent |

### Folkehelsebarometer for Herøy (Møre og Romsdal)



**Forklaring (tal viser til linjenummer i tabellen ovanfor):**
* = standardiserte verdiar, a = aldersstandardisert og k = kjønnsstandardisert
1. 2014. 2. 2014, i prosent av befolkninga. 3. Andelen som stemte i prosent av dei med stemmerett. 4. 2014, høgaste fullførte utdanning (av alle med oppgjeve utd.). 5. 2013, barn som bur i hushald med inntekt lågare enn 60 % av nasjonal median. 6. 2013, forholdet mellom inntekta til den personen som ligg på 90-prosentilen og den som ligg på 10-prosentilen. 7. 2012-2014, 0-17 år, av alle born det vert betalt barnetrygd for. 8. 2014, ledige per januar mnd. (ny def.) i prosent av befolkninga. Def. er forskjellig frå SSB. 9. 2012-2014, mottakarar av varig uførepensjon. 10. 2014, definert som tilfredsstillande resultat for E. coli (der minst 12 prøver er analyserte) og stabil levering av drikkevatn. Omfattar rapportpliktige vassverk. 11. 2014, andel av totalbefolkninga som er knytt til rapportpliktige vassverk. 12. 2012-2014. 13. 2012-2014, u.skole, ganske mykje eller veldig mykje plaga. 14. 2012-2014, u.skole, svært eller litt nøgd. 15. 2012-2014, u.skole, medlem då undersøkinga blei gjennomført. 16. Skuleåret 2009/10-2014/15. 17/18. Skuleåret 2012/13-2014/15. 19. 2012-2014, omfattar elevar busett i kommunen. 20. 2012-2014, u.skole, fysisk aktiv (sveitt og andpusten) mindre enn éin gong i veka. 21. 2011-2014, KMI som svarar til over 25 kg/m2, basert på sjølvrapportert høgde og vekt frå nettbasert sesjon 1. 22. 2012-2014, u.skole, drukke så mykje at dei har følt seg tydeleg berusa éin eller fleire gonger dei siste 12 mnd. 23. 2010-2014, fødande som har opplyst at dei røykte i byrjinga av svangerskapet i prosent av alle fødande med røykeopplysningar. 24/25. 2000-2014, utrekninga er basert på aldersspesifikk dødelegheit. 26. 1999-2013, vurdert etter forskjellen i forventa levealder ved 30 år, mellom dei som har grunnskule som høgaste utd., og dei som har vidaregåande eller høgere utd. 27. 2012-2014, brukarar av fastlege og legevakt. 28. 2012-2014, 0-74 år, legemiddel mot psykiske lidingar, inkl. sovemiddel. 29. 2012-2014, 0-74 år, muskel- og skjelettplager og -sjukdommar (utanom brot og skader), brukarar av fastlege og legevakt. 30. 2012-2014. 31. 2012-2014, 30-74 år, brukarar av blodglukosesenkande middel, utanom insulin. 32. 2004-2013. 33. 2012-2014, 0-74 år. 34. 2010-2014.
Datakjelder: Statistisk sentralbyrå, NAV, Utdanningsdirektoratet, Norsk pasientregister, Medisinsk fødselsregister, Primærhelsetenesta fastlege og legevakt (KUHR-databasen som Helsedirektoratet eig), Kreftregisteret, Nasjonalt vaksinasjonsregister (SYSVAK), Vassverksregisteret, Vernepliktsverket, Reseptregisteret og Ungdata-undersøkinga frå Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved HiOA. For meir informasjon, sjå khs.fhi.no

FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
11.10.2016
Dykkar dato
12.09.2016

Vår ref.
2016/5412/KABJ/421.3
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2016/673 Saksbeh.
18 OKT. 2016
Ark.kode P
Ark.kode S
J.nr.
Kassasjon

**Herøy kommune**
**Kommunal planstrategi 2016-2020**
**Offentleggjering / høyring**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Generelt**
Kommunal planstrategi er heimla i plan- og bygningslova §10-1 og skal utarbeidast og vedtakast seinast eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre. Hovudmålet med planstrategien er å synleggjere kva planoppgåver kommunen skal prioritere i plan/val-perioden 2016 – 2019. Dette omfattar også evaluering av gjeldande planar og planoppgåver.

Viktige politiske styringssignal frå regjeringa på planområdet er samla og systematisert i dei nye nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging vedtatt ved kongeleg resolusjon 12.06.2015; sjå
https://www.regjeringen.no/contentassets/2f826bdf1ef342d5a917699e8432ca11/2015_nasjonale_forventningar.pd

Formålet med dei nasjonale forventningane er retta mot:
- mål, oppgåver og interesser som regjeringa meiner det er viktig at fylkeskommunen og kommunane legg vekt på i si planlegging etter pbl i den komande 4-årsperioden

Det blir vidare peika på at forventningane
- skal leggast til grunn for dei nye fylkestinga og kommunestyra sitt arbeid med regionale og kommunale planstrategiar og for statleg medverknad i planlegginga
- skal medverke til ei styrking av samanhengen mellom plannivåa
- ikkje er uttømande, men må sjåast i samanheng med gjeldande regelverk og rettleiing

Forventningane er knytt til tre hovudtema:
- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavennlege by- og tettstadområde

Dei nasjonale forventningane gir såleis viktige rammer og føringar for ei ny runde med regionale og kommunale planstrategiar. Dette arbeidet vil elles naturleg inngå som eit viktig verktøy knytt til det pågåande kommunereformarbeidet og til det utgreiingsarbeidet som kommunane er pålagt å utføre i samband med dette. Nye kommunar som resultat av kommunereforma skal først tre i kraft 01.01.2020 og vil såleis ikkje ha nokon direkte verknad på planlegginga i denne planstrategiperioden. Det kan likevel vere aktuelt å vurdere eventuelle endringar i planbehov ved ulike utfall av reforma.

Gjennom vedtaket av den kommunale planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast heilt eller delvis. Planstrategien vil vidare vere eit viktig verktøy for å vurdere kommunens plansystem, planressursar og samla planbehov i kommunestyreperioden knytt til ulike typar kommunedelplanar (temaplanar, sektorplanar og områdeplanar). I samband med dette vil det vere nyttig å ta utgangspunkt i eit samla utfordringsbilde basert på ei oversikt over viktige utviklingstrekk og utfordringar for kommunen som samfunn og organisasjon.

For ein nærare presentasjon og gjennomgang av arbeidet med kommunale planstrategiar, viser vi til departementet sin rettleiar https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kommunal-planstrategi/id652436/

Herøy kommune har utarbeidd utkast til kommunal planstrategi som i hovudsak er tilpassa rammer og opplegg som skissert ovanfor. Status og behov knytt til lokalt plan- og utviklingsarbeid er vurdert i lys av nasjonale og regionale føringar og rammevilkår. Planstrategidokumentet har ein logisk og oversiktleg struktur.

**Natur- og miljøvern**

Med utgangspunkt i Paris-avtalen er arbeidet med å redusere klimagassutslepp trappa opp både internasjonalt og nasjonalt. Fylkesmannen forventar difor at alle kommunane i Møre og Romsdal bidreg inn i dette arbeidet. Vi viser også til Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane. Vi ser at Herøy kommune er bevisst desse utfordringane ved å lage eigen klima og energiplan i 2017. Ifølgje prioriteringslista skal klimaplanen reviderast i 2017. Fylkesmannen i Møre og Romsdal kjem til å ha eit auka fokus på kommunane sitt klimaarbeid, og i denne samanheng viser vi også til dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som skal leggast til grunn for arealplanlegging og utbyggingsmønster.

**Landbruk**

Med særleg omsyn til evna til å oppretthalde kulturlandskapet i Herøy, men også med omsyn til matproduksjon, sysselsetjing m.v. har landbruksnæringa ei viktig rolle å spele. Når det gjeld regionale føringar, minner vi om jordvernstrategien for Møre og Romsdal, som framleis er gjeldande. Av nasjonale føringar minner vi om den nasjonale jordvernstrategien, behandla i Stortinget 8. desember 2015. Denne fastset eit mål om at årleg omdisponering av dyrka jord skal vere under 4000 dekar. Stortinget har bede regjeringa om at målet blir nådd gradvis innan 2020. Ansvaret for å nå dette målet kviler på alle kommunane i Noreg, og jordvern skal difor vere eit viktig omsyn i all arealforvaltning.

**Samfunnstryggleik**
I plan- og bygningslova er det forventa at all planlegging skal fremje samfunnstryggleik, jf. § 3-1. Det betyr at samfunnstryggleik skal vere ein integrert del av dei ulike planleggingsdelane og -prosessane. Kravet til eit heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap kjem òg fram av forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3. Vidare skal omgrepet samfunnstryggleik tolkast vidt, og kan få følgjer for mange tema som takast opp i planstrategien. Til dømes redusering av risiko og sårbarheit i tekniske system innan vatn og avlaup, drift av sjukeheim/skular, trygg arealbruk osb.

*Sivilbeskyttelseslova* seier at kommunen sin heilskaplege ROS-analyse skal oppdaterast i takt med revisjon av kommunedelplanar, og elles ved endring i risiko- og sårbarheitsbiletet, jf. § 14. Vi gjer vidare merksam på at den kommunale beredskapsplanen skal vere oppdatert og reviderast minimum èin gong i året, jf. sivilbeskyttelseslova § 15.

**Barn og unge**
Herøy kommune har valt barn, unge og identitetsbygging som eit gjennomgåande perspektiv i sitt kommunale planarbeid. I kapittelet om *Regionale utviklingstrekk og viktige utfordringar* vert det vist til rikspolitisk retningslinje for barn og unges interesser og forankringa den har i FNs barnekonvensjon. Vidare viser Herøy kommune til den same retningslinja når det gjeld lokale utfordringstrekk. Slik Fylkesmannen ser det er det viktig at kommunen tar med seg barn/ungeperspektivet i alle saker som angår dei jf. art. 3 i Barnekonvensjonen. Barn/unge som satsingsområde må strekke seg ut over kommunen sitt planarbeid. I lista over eksisterande planer ser vi at kommunen har ein eldre plan for førebyggande arbeid. Den står ikkje på lista over planar som skal reviderast. Når kommunen har barn og unge som eit gjennomgåande perspektiv meiner vi ein slik plan bør prioriterast.

I lys av det gjennomgåande perspektivet meiner Fylkesmannen det er viktig å sjå på oppvekstvilkåra i kommunen i samanheng. Kommunen var hausten 2015 med på ei undersøking knytt til barn og unge sine oppvekstvilkår i kommunen i Møre og Romsdal, initiert av Fylkesmannen og fylkeskommunen. Rapporten frå kartlegginga, BarneBbyks, ligg no føre. Vi trur denne saman med kommunen sine eigne svar på undersøkinga er eit godt grunnlag for å kunne tenke heilskapleg om barn og unge sine oppvekstvilkår i Herøy kommune.

**Helse og omsorg**
Vi ser at Herøy kommune har ein aktiv bustadsosial plan. Det er bra. Med stor arbeidsinnvandring og familiar som lett kan bli marginalisert for eksempel på grunn av språk, andre skikkar og meir utfordringar knytt til å finne bustad, er det eit viktig tiltak for å hindre utanforskap både hos barn og unge og hindre utvikling av sosiale skilnader.

Kommunen har revidert sin alkoholpolitisk plan, men ikkje den ruspolitiske. Desse planane heng nøye saman. Det vert vist til det både i det rusførebyggande perspektivet i den alkoholpolitisk planen og det behandlande perspektivet i omtalen av ruspolitisk handlingsplan. Vi vil oppmode kommunen til å revidere den ruspolitiske planen og sjå den i nær samanheng med helse og omsorgsplan og bustadsosial handlingsplan.

Kommunedelplanen for helse- og omsorg 2013- 2020 tek opp tema i samfunnsdelen og er retningsgivande for arbeidet som vert gjort i helse- og omsorgssektoren i Herøy. Det står i planen at det skal vurderast om det er behov for årleg revidering av innhald i planen, for å fange opp endringar. Det er vist til fleire viktige stortingsmeldingar. *Omsorg 2020* er regjeringas plan for omsorgsfeltet 2015-2020. For å sikre betre kvalitet i tenestene løfter regjeringa frem nye og forsterka tiltak i Omsorg 2020 og i *Meld. St. 26 (2014-2015) Fremtidens primærhelsetjeneste- nærhet og helhet.* Demensplan 2020 har som mål å skape eit meir demensvenleg samfunn, som tek vare på og integrera personar med demens i fellesskapet.

Vi vil også vise til *Meld.St.45 Frihet og likeverd - Om mennesker med utviklingshemming.* Overordna mål for regjeringa sin politikk for personer med utviklingshemming er likestilling og likeverd, sjølvråderett, deltaking og integrering. *Diskriminerings-og tilgjengelighetsloven* og FN konvensjonen om rettigheitene til menneske med nedsett funksjonsevne, samt ny verjemålslov legg rammene rundt ikkje-diskriminering og likebehandling. Viser også til *NOU 2016:17 På lik linje- åtte løft for å realisere grunnleggende rettigheter for personer med utviklingshemming*.

I *Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator* står det mellom anna at tenestene skal tilbydast og ytast samordna, tverrfagleg og planmessig. Kommunen skal ha ei generell oversikt over behov for habilitering og rehabilitering i kommunen.

Fylkesmannen ser det som viktig at desse føringane blir teke med i planstrategien og i revideringa av helse- og omsorgsplan.

**Folkehelse**

Ny lov om folkehelsearbeid kom i 2012. Føremålet med lova er å bidra til ei utvikling som fremmer folkehelse, og mellom anna utjamnar sosiale helseskilnader. Folkehelsearbeidet skal fremje helse og trivsel i befolkninga, gi gode sosiale og miljømessige forhold og medverke til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding.

Lova legg til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid, med blant anna krav om oversikt over helsetilstand og dei positive og negative faktorar som påverkar dette. Herøy kommune har utarbeidd oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i kommunen (*«Statusrapport Oversikt helsetilstand og påverknadsfaktorar i Herøy kommune 2015»).*

Oversikta over helsetilstanden skal ligge til grunn i all planlegging. Når kommunen gjer vurderingar for helsekonsekvensar på kort og lang sikt, må desse vurderingane følje dei ulike planer med mål og strategiar, jfr folkehelseloven §§ 5og 6.
*https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29?q=folkehelse*

Herøy kommune har i si kommuneplan peika på seks gjennomgåande perspektiv, deriblant folkehelse. I «Statusrapport oversikt helsetilstand og påverknadsfaktorar i Herøy kommune 2015» har kommunen definert hovudutfordringar og kva kommunen bør ha fokus på framover. Kommunen er såleis på god veg i arbeidet med folkehelse.

Kommunen har innan fokusområde definert tidleg innsats mot barn og unge som innsatsområde med satsing på meir tverrfagleg samarbeid. Fylkesmannen ser at dei mest typiske utfordringane som mange kommunar slit med, er nettopp samhandling mellom dei ulike tenestene for å sikre ei god utvikling og innovasjon i arbeidet. Korleis kommunen legg opp til samhandling mellom tenestene og i samfunnet generelt, vil ha mykje å seie for korleis folkehelse blir integrert i arbeidet med å utvikle lokalsamfunn.

**Universell utforming**

Universell utforming er ein nasjonal strategi for å gjere samfunnet tilgjengelig for alle. *Handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009-2013* blir no følgd vidare opp av ein *ny handlingsplan for universell utforming 2015-2019*. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet koordinerer politikken på området.

Universell utforming er nedfelt i formålsparagrafen i plan- og bygningslova. I lova sin § 1-1 heiter det at prinsippet om universell utforming skal ligge til grunn for planlegging og krava til det enkelte byggetiltak. Dette betyr at likeverdige muligheiter til samfunnsdeltaking skal fremmast gjennom plan- og bygningslova med tilhørande retningslinjer og føresegner. Dette gir regionale og lokale myndigheiter høve til å omsette overordna visjonar for samfunnsutvikling og demokrati i konkrete mål for utforming av rammer rundt samfunns- og kvardagsliv. Dette vil kunne omfatte forhold knytt til bustad og buforhold, utdanning, arbeid, fritid, transport m.v.

I tillegg til at universell utforming er forankra i formålsparagrafen til Plan- og bygningslova er det i lova sin § 3-1 peika på at planlegginga spesielt skal

- *legge til rette for god forming av bygde omgivelser, gode bomiljø og gode oppvekst- og levekår i alle deler av landet*
- *fremme befolkningens helse og motvirke sosiale helseforskjeller, samt bidra til å forebygge kriminalitet*

Universell utforming er eit sektorovergripande tema som vedkjem ei rekke samfunnsområde. Etter diskriminerings- og tilgjengelighetslova skal offentlege verksemder *"arbeide aktivt og målretta for å fremme universell utforming innanfor virksomheten"*. Tilsvarende gjeld for private verksemder retta mot allmennheita. For bygningar, anlegg og uteområde retta mot ålmenta gjeld krav til universell utforming i eller i medhald av plan- og bygningslova. Byggteknisk forskrift TEK 10 som er gitt med heimel i Byggesaksdelen av Plan- og bygningslova, vil konkretisere prinsippet om universell utforming i denne del av lovverket. Forskrifta viser til ein minstestandard for universell utforming i tråd med diskriminerings- og tilgjengelighetslova si rettslege forståing av omgrepet. Forskrifta omfattar både nye bygg og anlegg og ombyggingar.

Universell utforming stiller vidare føresetnader om inkluderande planlegging. Medverknad, jf. § 5-1 og § 5-2, er utvida til også å omhandle vilkår for at folk skal kunne delta. Møtelokale skal vere tilgjengelege og informasjon skal formidlast slik at den kan oppfattast av blinde og svaksynte. Erfaringskompetansen til personar med nedsett funksjonsevne blir i eit slikt perspektiv ein viktig ressurs for regional- og kommunal planlegging.

Arbeid med den kommunale planstrategien er eit godt tidspunkt for å drøfte universell utforming av strategiske val som ledd i samfunnsutviklinga i kommunen, sektorane si verksemd på dette feltet og behovet for særskilte grep når det gjeld vidare planlegging. Det kan gjelde lokaliseringsspørsmål og utbyggingsmønster i forhold til næringsutvikling, bustad, samferdsel, utdanning, arbeid, fritid, tettstadutvikling m.v. Dette er også tidspunktet for å invitere kommunale råd og lokale brukarorganisasjonar til medverknad. Det kan i denne prosessen avklarast om det er behov for ein eigen kommunedelplan for universell utforming.

Vi viser elles til meir utfyllande informasjon om universell utforming og planlegging etter pbl på https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/temaveileder-universell-utforming-og-pla/id557913/

**Konklusjon**
Fylkesmannen viser til merknadene ovanfor og rår til at dei blir vurdert i det vidare arbeidet med planstrategien. Vi har ut over dette ingen vesentlege kommentarar til dei prioriterte planoppgåvene kommunen har sett opp i planutkastet.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

**Fagsaksbehandlar**
Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf. 71258489
Folkehelse: Marie Eide, tlf. 71 25 85 55
Helse og omsorg: Greta Irene Hanset, tlf. 71 25 85 47
Barn og unge: Anne Mette Nerbøberg, tlf. 71 25 85 28

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Kopi:**
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde
Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen
Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund
NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde
Mattilsynet, Postboks 383, 2381 Brumunddal
Søre Sunnmøre landbrukskontor, Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy

HERØY KOMMUNE

# NOTAT

Til: Rådmannen

Frå: Utviklingsavdelinga

| Saksnr | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|
| 2016/673 | 130 | 31.10.2016 |

## VURDERING AV MERKNAD FRÅ FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL DATERT 11.10.2016

Herøy kommune har utarbeidd forslag til kommunal planstrategi for perioden 2016-2020. Forslaget vart offentleggjort 16.09.2016 med frist for merknadar 14.10.2016.

Merknad frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal vart motteke etter fristen var gått ut og er såleis ikkje med i saksframlegget til slutthandsaming av planstrategien.

Merknaden er kommentert i dette notatet til rådmannen og ber om at kommunestyret får notatet til handsaminga:

1. *Vi gjer vidare merksam på at den kommunale beredskapsplanen skal vere oppdatert og reviderast minimum èin gong i året, jf. sivilbeskyttelseslova §15.*

Kommentar: *Plan for kriseleiing* er rullert i 2016 og vert oppdatert minimum èin gong i året gjennom heile planperioden.

2. *I lista over eksisterande planar ser vi at kommunen har ein eldre plan for førebyggande arbeid. Den står ikkje på lista over planar som skal reviderast. Når kommunen har barn og unge som eit gjennomgåande perspektiv meiner vi ein slik plan bør prioriterast.*

Kommentar: Vi foreslår å ta planen inn  planstrategien, men under «ikkje tidsfesta revidering».

3. *Vi vil oppmode kommunen til å revidere den ruspolitiske planen og sjå den i nær samanheng med helse- og omsorgsplan og bustadsosial handlingsplan.*

Kommentar: Førebuing av arbeid med revidering av ruspolitiske planen er oppstarta i 2016, men kommunen har ikkje meldt formelt oppstart av planarbeidet.


Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

# PLANSTRATEGI
# FOR

# HERØY KOMMUNE
# 2016-2020

| | |
|---|---|
| **Sist revidert 01.11.2016** | |
| **Vedtak om oppstart** | **31.05.2016, F-sak** |
| **Vedtak om utlegging til offentleg ettersyn,** | **06.09.2016, F-sak 167/16** |
| **Offentleg ettersyn 16.09. – 14.10.2016** | |
| **Vedtak  om godkjenning i Kommunestyret** | **27.10.2016, K-sak xx/xx** |

# INNHALDSLISTE

1. INNLEIING ...... 3

2. RAMMER OG FØRINGAR FOR ARBEIDET ...... 4
Folkehelse ...... 4
Nasjonalt forventingsbrev ...... 4
Regionale føringar ...... 5
Kommunen sine eigne føringar ...... 6
Interkommunale føringar ...... 6

3. EVALUERING AV GJELDANDE PLANAR ...... 7
Plansystemet i kommunen ...... 7
Kommuneplan ...... 8
Kommunedelplanar ...... 8
Temaplanar-/ sektor- og fagplanar ...... 9
Interkommunale planar ...... 10

4. UTVIKLINGSTREKK OG VIKTIGE UTFORDRINGAR ...... 10
Regionale utviklingstrekk og viktig utfordringar ...... 10
Den regionale utviklinga ...... 10
Demografisk utvikling ...... 11
Næringsliv og kompetanse ...... 12
Klima-, energi- og miljøutfordringar - grønt skifte ...... 13
Samordna areal- og transportplanlegging ...... 14
Felles planlegging i sjøareala ...... 15
Barn og unge ...... 15
Lokale utviklingstrekk og viktige utfordringar ...... 16
Herøy i regionen; samfunns- og arealutvikling ...... 16
Kommunikasjonar ...... 17
Demografisk utvikling ...... 17
Næringsliv og kompetanse ...... 19
Utdanningsnivå i kommunen ...... 21
Natur- og kulturmiljø, klima og samfunnstryggleik ...... 22
Samordna areal- og transportplanlegging ...... 23
Folkehelse og levekår ...... 23
Barn og unge ...... 24
Kommuneøkonomi ...... 24

5. VURDERING AV PLANBEHOV I PERIODEN ...... 24
Planstatus, planar med behov for revidering eller rullering ...... 24

VIKTIGE DEFINISJONAR OG OMGREP ...... 27

# 1. INNLEIING

Kommunal planstrategi er heimla i plan- og bygningslova § 10-1, og skal utarbeidast og vedtakast seinast eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre.

Planstrategien har som hovudmål å synleggjere kva planoppgåver kommunen skal prioritere gjennom valperioden. I dette inngår mellom anna ei evaluering av gjeldande planverk og styringsdokument

Det er viktig at mest mogleg oppdaterte analyser om samfunn og utviklingstrekk ligg til grunn for korleis ein prioriterer bruken av planressursar. Planstrategien i seg sjølv skal ikkje fastsette konkrete samfunnsmål, men må sjølvsagt sjå tilbake på tidlegare prosessar og vedtak i kommunen. Planstrategien er ikkje rettsleg bindande, men legg grunnlaget for betre ressursutnytting og betre oversyn over styringssystemet.

Samarbeid innan byregionane er nødvendig for å styrke dei urbane kvalitetane i fylket. Sterke byar med gode urbane kvalitetar medverkar til at regionane samla vert meir attraktive, og det styrkar slik sett også føresetnadene for kommunane som soknar til byen. Mål om dette er nedfelt i fylkeskommunale planar, med siktemål å ivareta og styrke Møre og Romsdal sin attraktivitet i konkurranse med dei største demografiske magnetane utanfor fylket. I det demografiske bildet set også innvandrarar sitt preg, og ein må ta omsyn til dette, anten dei kjem for å få arbeid eller er på flukt frå krig og terror.

Planstrategien bør elles også drøfte kva oppgåver kommunen best er tent med å planlegge saman med tilgrensande kommunar eller innanfor regionen samla. Ikkje minst er dette å sjå som eit krav i samband med at Ålesundsregionen deltek i det såkalla "Byregionprogrammet". Programmet er initiert av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, som også har gitt tilskot økonomisk.

Ut frå dette har Herøy kommune samarbeidd med Møre og Romsdal fylkeskommune og 10 andre kommunar om prosess og framdrift, om regionalt kunnskapsgrunnlag og om felles planutfordringar.

Arbeidet med planstrategien er gjennomført vår og haust 2016 etter dette oppsettet:

- Vedtak om oppstart med planstrategi 31.05.2016 i Formannskapet.
- Høyringssaker i komitear og råd i veke 24 og 25(juni)
- Vedtak om offentleggjering av kommunal planstrategi 06.09.2016
- Kunngjeringsdato av planstrategi 30 dagar før vedtak 16.09.2016.
- Innstilling i Formannskapet 18.10.2016.
- Vedtak i Kommunestyret 27.10.2016.

Kravet til medverknad i arbeidet med kommunale planstrategiar er at planstrategien skal gjerast offentleg kjent 30 dagar før slutthandsaming i kommunestyret. Det er ikkje høve til å fremje motsegn til den kommunale planstrategien.

# 2. RAMMER OG FØRINGAR FOR ARBEIDET

## Folkehelse

Folkehelselova slår fast at folkehelse skal vurderast i alle typar saker. Kommunen har plikt til å ha oversyn over folkehelseutfordringane i kommunen, og dette oversynet må leggast til grunn i det samla utfordringsbildet. Kommunen har derfor utarbeidd *Statusrapport: oversikt helsetilstand og påverknadsfaktorar i Herøy 2015*

## Nasjonalt forventingsbrev

Staten har gjennom Kongeleg resolusjon 12 juni 2015 nedfelt "Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging". Dette dokumentet inngår i det rullerande plansystemet, er heimla i plan- og bygningslova § 6-1, og markerer på mange måtar starten på arbeidet med kommunale planstrategiar. Regjeringa har tre hovudsatsingar dei peikar på som nødvendig for kommunar og regionar å følge opp:

**Gode og effektive planprosessar**
Regjeringa har gjennom ymse endringar i lov og forskrift vore tydeleg på at tidsbruken i prosessar skal ned, men samstundes at viktige samfunnsinteresser må sikrast. Det kommunale sjølvstyret skal utvidast, men dette legg også eit større ansvar på kommunen for nettopp å sikre viktige nasjonale og regionale interesser. Det betyr større fokus på tidleg medverknad og tidlege avklaringar, mellom anna gjennom overordna planverk og i regionalt planforum. Regjeringa føreset at det vert sett av tilstrekkeleg ressursar til planbehandling, til føreseielege prosessar i kommunen og til å oppdatere det overordna planverket.

Det er vidare ei forventing om at arbeidet med dei kommunale planstrategiane vert sett i samanheng med kommunereforma. Uavhengig av kva resultat reforma gir, vil samarbeidet med nabokommunane om planstrategiprosessen og kommunereform vere integrert.

**Berekraftig areal- og samfunnsutvikling**
Forventingsområdet har nær samanheng med internasjonale klimamål og det "grøne skiftet". Transportsektoren står bak ein vesentleg del av klimagassutslepp, og det er teke til orde for å nytte sterkare verkemiddel enn før for å effektivisere transport, mellom anna gjennom meir målretta lokalisering av buområde, arbeidsplassar og transportårer. Også verknadene av klimaendringar må takast større omsyn til og førebyggast. Analyser av risiko og sårbarheit må ligge til grunn.

I dette bildet må det leggast til rette areal for utvikling av ny og eksisterande næringsverksemd både på land og på sjø, inkludert landbruk og havbruk. Meir samordna arealplanlegging skal også medverke til å sikre natur-, kultur-, landskaps- og landbruksverdiar, samt areal til rekreasjon og friluftsliv.

**Attraktive og klimavenlege by- og tettstadområde**
I dei største byane medverkar sterk vekst til press på areal og infrastruktur. Samstundes legg veksten også godt til rette for at nye, klimavenlege løysingar kan utviklast og implementerast nettopp i pressområda. Dermed må også dette forventingsområdet i stor grad sjåast i samanheng med internasjonale klimamål. Byar og tettstader på alle nivå har potensiale for betre klima- og miljøløysingar, og oftast vil dette også medverke positivt til betre folkehelse, større trivsel og betre levekår.

Betre tilrettelegging for kollektivtrafikk, gange og sykling er eitt av momenta, og tett utnytting av areal kring kollektivaksar og knutepunkt eit anna. Fortetting og transformasjon av område som allereie er utbygd må prioriterast framfor å legge beslag på nye areal.

Regjeringa vektlegg godt samarbeid mellom offentlege og private aktørar om sentrumsutviklinga og vil sjølve følgje opp dei største byane med forpliktande utviklingsavtalar eller bymiljøavtaler. Ålesundsregionen er ikkje nemnt spesifikt, men det er mogleg tenke seg at godt arbeid kan føre til at ein kjem i posisjon i framtida.

## *Regionale føringar*

**Regional planstrategi og fylkesplanen**

Regional planstrategi er i stor grad utarbeidd parallelt med dei lokale planstrategiane, og vart vedteke i fylkestinget 11. april 2016.

Det er berre lagt opp til mindre endringar i sjølve fylkesplanen. Kompetanse og verdiskaping er foreslått samla til eitt satsingsområde, medan kultur og samferdsel vert ståande som eigne satsingsområde. Det vert også foreslått å redusere talet på gjennomgåande perspektiv frå seks til tre-fire. Innrettinga i ny plan vil elles i stor grad vere som gjeldande plan.

Det er elles teke til orde for ein ny regional delplan for museum. Arbeidet med denne er allereie i gang. Vidare skal det utarbeidast nye regionale, samordna bustad-, areal- og transportplanar. Ålesundsregionen er prioritert, jamfør punkt 4.1.5.

**Gjeldande regionale delplanar**

Regional delplan for attraktive byar og tettstader vart vedteken i fylkestinget juni 2015 og erstattar fylkesdelplan for senterstruktur frå 2004. Planen er primært innretta mot regulering av detaljhandel, jamfør Rikspolitiske bestemmingar om kjøpesenter. Her er likevel underliggande mål om attraktive tettstader, jamfør også nasjonale forventingar. Dette inneber fokus på kommunesentra og utviklinga av desse, men ikkje minst også på korleis ulike tettstader fungerer saman i ein meir regional kontekst.

Funksjonsdeling mellom ulike tettstader bør vere ein del av denne diskusjonen, uavhengig av kommunegrenser. Dette gjeld både innan kommunen og mellom kommunane. Delplanen opnar også for at fylkeskommunen skal ta nærare initiativ med sikte på samordna areal- og transportplanlegging i nært samarbeid med byregionane.

Regional delplan for kulturminne vart også vedteken i juni 2015. Denne fastslår kriterium for kva kulturminne som har regional og nasjonal verdi, og listar opp ei rekkje slike kulturminne i alle kommunane. Desse kulturminna/-miljøa må sikrast i det kommunale planverket. Mange kommunar har motteke tilskot frå Riksantikvaren til eigne kulturminneplanar.

Den tredje regionale planen som vart vedteken i juni 2015, Klima og energiplan. Denne bygger på tidlegare klimaplan og vidarefører målet om 10 % reduksjon av utslepp i fylket i 2020. Referansepunktet er likevel endra frå 2007 til 2009, noko som i

realiteten inneber ein større ambisjon, i og med at utsleppa var noko mindre i 2009 enn i 2007. Planen har elles meir konkrete mål knytt til ei rekkje ulike sektorar. Felles for alle er at kommunane må medverke for å nå måla. Samanheng med kommunale klima- og energiplanar er derfor viktig.

## Kommunen sine eigne føringar

### Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplan for Herøy 2013 – 2025 Samfunnsdel er det øvste leiande dokumentet for kommunen som samfunn og som organisasjon.

Planen skal ta føre seg dei langsiktige målsettingane for kommunen og samfunnet. Kommunen pliktar, jf. plan- og bygningslova § 11, å ha ein samla kommuneplan som skal ta vare på både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver.

Kommuneplanen har peika ut fem satsingsområde: *Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling*, *infrastruktur*, *kompetanse og næringsutvikling, rekruttering, busetting og inkludering* og *barn, unge og identitetsbygging*.

### Budsjett og økonomiplan

Budsjett og økonomiplan skal vere eit styringsverktøy for både administrasjon og politikarar. Kommunen har i mange år hatt høgare skatteinntekter enn landsgjennomsnittet, men siste åra har inntektene flata ut. Kommunen har investert store summar siste åra som gjer at kommunen må effektivisere ytterlegare i tida som kjem for å kunne ha eit samsvar mellom inntekter og utgifter. Budsjett og økonomiplanen vil danne rammevilkåra for kva som vil vere mogleg å gjennomføre av planarbeid i planperioden.

### Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse

Som grunnlag for kommunen si beredskapsplikt skal det ligge føre ei såkalla ROS-analyse (Risiko og sårbarheit). ROS-analyse kan gjerast grunnleggande for planlegging generelt, i den forstand at avgrensingar og moglegheiter vert synleggjort samla. Resultatet av ROS-analysen påverkar såleis  prioriteringar både av samfunnsmessig og arealmessig karakter. Det er elles eit spesifikt krav om ROS-analyse til alle arealplanar. I Herøy kommune er ROS-analyse vedteken i Kommunestyret 28.5.2015 K-sak 65/15.

### Folkehelsetilstand og påverknadsfaktorar

Folkehelselova slår fast at folkehelse skal vurderast i alle typar saker. Kommunen har plikt til oversyn over folkehelseutfordringane i kommunen, og dette oversynet må leggast til grunn i det samla utfordringsbiletet. Herøy si folkehelseoversikt vart sist vedteken i 2015 og skal rullerast kvart fjerde år.

## Interkommunale føringar

Herøy kommune har ingen interkommunale føringar i plansamanheng. Dei interkommunale samarbeida vert ikkje rekna som «interkommunale føringar».

# 3. EVALUERING AV GJELDANDE PLANAR

## *Plansystemet i kommunen*

Herøy har til liks med andre kommunar ein overordna kommuneplan som er det øvste leiande dokumentet for kommunen når det kjem til bruk av areal og samfunnsutvikling. Kommuneplanen består av tre dokument: ein samfunnsdel, eit handlingsprogram til samfunnsdelen og ein arealdel.

Herøy kommune har kommunedelplanar for tema (td. Kommunedelplan for trafikktrygging) og verksemdsområde (td. Kommunedelplan for helse og omsorg). Kommunen har per 2016 ingen kommunedelplanar for fysisk arealplanlegging.

I Herøy er det Utviklingsavdelinga som er ansvarleg for handsaming av kommuneplan, kommunedelplanar og detalj- og områdeplanar.

Utviklingsavdelinga har pr. 01.09.2016 tre stillingar knytt til planlegging.

Kommuneplanen sin samfunnsdel med handlingsdel, budsjett og økonomiplan skal vere tett knytt saman der tiltak i samfunnsdelen får si prioritering gjennom økonomiplan og budsjett.

Oversikt over alle samfunnsplanane til Herøy kommune finn du her.




**Figur 1: Planstrategien sin plassering i det kommunale plansystemet (md: veileder for kommunal planstrategi 2011, s. 7).**

## Kommuneplan

Kommuneplan for Herøy 2013 – 2025 Samfunnsdel med handlingsdel vart vedteken i Kommunestyret 24.10.2013.
Kommunen sitt øvste leiande dokument for kommunen. Planen er eit strategisk styringsdokument som har fem satsingsområde (heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling, infrastruktur, kompetanse og næringsutvikling, rekruttering, busetting og inkludering og barn, unge og identitetsbygging). Planen peikar også på seks gjennomgåande perspektiv som skal gjennomsyre organisasjonen(universell utforming, folkehelse, barn og unge, likestilling, verdiskaping og miljø og klima).

Kommuneplan for Herøy 2013 – 2025 Arealdel vart eigengodkjent i Kommunestyret 30.10.2014, stadfesta av kommunal- og moderniseringsdepartementet 02.07.2015.
Kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Kommuneplanen sin arealdel skal angi hovudtrekka i arealdisponeringa og sette rammer og føringar for nye tiltak og ny arealbruk.

Føremålet med planen er at den skal vere eit styringsverktøy for både politikarar og administrasjon i den daglege drifta og forvaltninga av kommunen.

## Kommunedelplanar

Kommunedelplan for Herøy – avlaupsplan 2016 – 2022 er vedteken 25.08.2016 og handlingsplanen skal deviderast i 2018 og 2020.
Avlaupshandtering er ei av kommunen sine primæroppgåver og kommunedelplanen vil legge grunnlaget for overordna infrastruktur som gjeld avlaup. Kommunedelplanen skal såleis leggast til grunn for overordna og langsiktig styring av avlaupshandtering i Herøy kommune. Planen bygger på lovverk og tilstand på resipientar for å avklare kva reinsegrad som skal krevjast i dei ulike områda.

Kommunedelplan for Herøy – helse og omsorg 2013 – 2020 er vedteken 27.02.2013 og det skal vurderast om det er behov for endring av planen årleg for å fange opp endringar i samband med samhandlingsreforma.
Kommunedelplan for helse og omsorg skal bida til heilskapleg og målretta utvikling av tenestene. Planen skal bidra til ei systematisk utvikling med jamn framdrift mot måla som er vedteke i kommuneplanen sin samfunnsdel og budsjett- og økonomiplan.

Kommunedelplan for Herøy – bustadpolitikk 2015 – 2019 er vedteken 17.03.2016.
Den viktigaste oppgåva for kommunen i bustadpolitikken er å legge til rette for bustadbygging. Kommunen kan tilrettelegge for bustadbygging både gjennom offentleg myndigheitsutøving og privatrettslege avtalar.
Planen gjeld bustadpolitiske spørsmål generelt og bustadsosiale spørsmål spesielt og fastset fylgjande hovudmålsetjing for bustadpolitikken: *Alle skal ha ein god og trygg stad å bu.*
Herøy kommune sin bustadpolitikk skal vere heilskapleg og nyskapande og gjennomførast i samarbeid med næringslivet. Det bustadsosiale arbeidet skal vere ein integrert del av bustadpolitikken.

Kommunedelplan trafikktrygging 2015 – 2018 er vedteken 17.12.2014. Revideringa av handlingsprogrammet kan vere naudsynt før rullering i 2018.

Ingen har råd til å miste nokon i trafikken. Det er difor viktig at Herøy kommune har 0-visjonen som forankring for arbeidet med trafikktrygging.
Herøy kommune har to hovudmål i trafikktryggingsplanen:

- *ingen skal bli drepne eller kome alvorleg til skade i trafikken i Herøy kommune.*
- *Alle trafikantar skal føle seg trygge i Herøy kommune*

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2011 – 2014 er vedteken 16.12.2010. Det er gjennomført revidering av handlingsprogrammet i 2016 og dette må gjerast årleg for at handlingsprogrammet skal vere oppdatert til ei kvar tid. Kommunedelplanen skal vere eit samordnande styringsverktøy for kommunen i ansvarsområde idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Planen skal vere støttande for statleg og fylkeskommunale planar for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Den fungerer som vilkår for tildeling av spelemidlar til utbygging av anlegg og tilskot til aktivitetsfremjande tiltak.

Klimaplan for Herøy 2009 – 2013, kommunedelplan er vedteken 28.01.2010.
Ein klimaplan er viktig for å kartlegge utfordringar og potensial for forbetringar i kommuneorganisasjonen. Planen skal gi politikarar og administrasjonen eit kunnskapsgrunnlag og eit verktøy å arbeide med, og skal også vere eit verktøy for å involvere både privat og frivillig sektor i kommunen som samfunn. Planen har hovudfokus på status, utfordringar og tiltak retta mot utslepp av klimagassar i kommunen.

Kommunedelplan for fiskerihamner 2000 sist revidert 03.10.2000.
Målsetjinga med hamneplanen er å sikre ei framtidsretta utvikling av hamnefunksjonane i kommunen og å legge forholda til rette for ei samordna utbygging av hamner og hamneanlegg. Framlegg til arealbruk og handlingsprogrammet vil vere retningsgivande ved rullering av kommuneplanen for Herøy. Tiltak og konklusjonar elles i planen vil også danne basis for dei årlege behandlingane i økonomiplan og budsjett.

## *Temaplanar-/ sektor- og fagplanar*

Hovudplan vassforsyning for Herøy kommune. Kommunestyret vedtok 25.06.2015 at *Hovudplan for vassforsyning* skal leggast til grunn for den vidare utviklinga av vassforsyninga i kommunen. Dette er ikkje lenger ein kommunedelplan då vassforsyninga per 2016 er sikra gjennom private vassverk. Dersom vassverka skulle slå seg saman og overteke av kommunen bør planen rullerast. Det er førebels ikkje behov for rullering av denne i planperioden.

Strategisk næringsplan 2002 – 2005 er under revidering og endra frå temaplan til kommunedelplan. Planen skal legge grunnlag for auka vekst og verdiskaping i Herøy kommune.

Frivilligplan for Herøy 2012 – 2015 er vedteken 26.04.2012.
Det er ei utfordring for det offentlege og legge til rette for gode rammevilkår for det som er sjølve føresetnaden for fylket og kommunane sitt kulturliv og lokalsamfunn. Det må utviklast ein offensiv og medviten frivilligpolitikk, der samspelet mellom kommunen og dei frivillige organisasjonane står sentralt. Planen
skal stette frivilligarbeidet som vert gjort lokalt og vere informasjonskjelde til det frivillige om kva det offentlege kan bidra med inn i det frivillige arbeidet. Det

offentlege skal legge til rette for at verdiskapinga i den frivillige sektor kan utviklast og nå sitt potensiale.

Alkoholpolitisk plan 2016 – 2020 er vedteken 22.06.2016.
Kommunen skal regulere omsetting av alkohol, slik at ein i størst mogleg grad avgrensar samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan medføre, derimellom avgrense forbruk av alkoholhaldige drikkevarer i lokalsamfunnet. Løyvepolitikken er derfor viktig med omsyn til folkehelsa.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2008 – 2012 er vedteken 29.05.2008.
Det er viktig at kommunane fører ein rusmiddelpolitikk der ein ser bevillingsordningar og anna førebyggjande verksemd i samanheng med behov for innsats på rehabiliterings- området

Pandemiplan med delplanar er sist revidering 04.08.2009.
Målsettinga med pandemiplan for kommunen er:

- Forebygge smittespreiing, redusere sjukelegheit og dødelegheit.
- Behandle og pleie sjuke heime og i kommunale helseinstitusjonar
- Bidrage til å oppretthalde nødvendige samfunnsfunksjonar i alle sektorar i kommunen trass stort sjukefråver
- Bidrage til fortløpande kunnskapsbasert og samordna informasjon til kommunehelsetenesta, andre sektorar, innbyggjarane, regionale og sentrale myndigheiter og massemedia innanfor rammene av kriseleiinga sin informasjonsstrategi.

Kommunen si leiing inkl. kriseleiing og alle avdelingane har ved si planlegging og gjennomføring ansvar for å sikre at dei fire måla vert nådd.

Plan for kriseleiing Herøy kommune er sist rullert i 2016.
Katastrofar, alvorlege ulykker og svikt i samfunnsviktige funksjonar avslører ofte at samfunnet ikkje er godt nok førebudd på å handtere vanskelege situasjonar tilfredsstillande. Sjølv mindre hendingar resulterer ofte i vesentlege tap for menneske eller verksemder og skade på miljøet. Med enkle midlar vil ein kunne unngå mange slike situasjonar.
Herøy kommune skal vere ei trygg kommune å opphalde seg i. Kommunen skal til ei kvar tid ha utarbeidd planverk som sikrar kommunen sine innbyggjarar og dei som til ei kvar tid oppheld seg her på best mogleg vis.

Plan for førebyggande tiltak for barn og unge 2009 – 2012 er vedteken 14.05.2009
Ein tverrsektoriell plan med fokus på førebyggande tiltak for barn og unge.

## *Interkommunale planar*

Herøy kommune har ingen interkommunale planar per 2016.

# 4. UTVIKLINGSTREKK OG VIKTIGE UTFORDRINGAR

## Regionale utviklingstrekk og viktig utfordringar

### Den regionale utviklinga

I vedlegg 3 er statistikk av ulik type lagt til rette av fylkeskommunen. Denne statistikken viser regionale utviklingstrekk på Sunnmøre samla (inkl Sandøy). Hovudtrekka her er at folketalsutviklinga i regionen har vore drive fram av ein eventyrleg vekst i næringslivet. Det har vore høg vekst i talet på arbeidsplassar, og dette har ført med seg arbeidsinnvandring i større skala enn nokon gang. Det er likevel betydelege forskjelar mellom kommunane og dei ferskaste tala stadfestar eit trendskifte. Dette kjem mellom anna som ein konsekvens av den negative utviklinga i oljerelaterte næringar.

### Demografisk utvikling

Den demografiske utviklinga på Sunnmøre kjem i ulike fasettar. Ålesund og dei næraste omlandskommunane har den sterkaste veksten. Dette er også den sterkaste vekstregionen i heile Møre og Romsdal. Motoren i regionen er Ålesund. Tettstaden Ålesund brer seg inn i enkelte av omlandskommunane, og dei korte avstandane gjer at byen og desse kommunane er godt integrerte i kvarandre.

Unge vaksne flyttar ut av Ålesund by og til omlandskommunane, men det har vore folketalsvekst både frå fødselsoverskot, innanlands tilflytting og innvandring. Den demografiske sårbarheita er relativt lita. Ålesunds har høg arbeidsplassdekking og stor variasjon i arbeidsmarknaden. Det er også godt utval innan handel og sørvis og urbane kvalitetar i byen for dei som ønsker å busette seg i regionen eller flytte heim etter å ha budd i større byar tidligare. Veksten kan likevel skape ugunstig trykk på offentlege tenester som skule, barnehage, eldreomsorg. Kor langt konjunkturane vil påverke situasjonen er framleis uklart.

Kommunane på Søre Sunnmøre har også hatt sterk folketalsauke, men med større variasjon kommunar imellom. Størst har veksten vore i Ulstein, men denne veksten er endå meir drive fram av arbeidsinnvandring enn rundt Ålesund. Eit par av kommunene opplever også nedgang eller stillstand i folketalet. Det er i mindre grad fødselsoverskot og innanlands tilflytting, og regionen samla er derfor noko meir sårbar demografisk.

I indre delar av Sunnmøre, tilliks med resten av det indre fylket, har slite med en svakare demografisk vekst enn resten av Sunnmøre. Dette er kommunar som ikkje har vesentleg næringsliv innanfor vekstnæringane, og dei har derfor kome dårlegare ut. Endringane skjer ikkje i dramatiske sprang, men er over tid problematiske.

Flyttemønsteret generelt er som elles i landet (og verda) prega av ein del unge vaksne flyttar inn mot storbyregionane. Både Sunnmøre og fylket samla har eit ganske stort innanlands flyttetap i aldersgruppa 20-30 år. I tal har dette blitt motvirka av innvandring. Med dårligare konjunkturar i næringslivet er det risiko for at veksten stagnerer til eit nivå før 2007, der fødselsoverskot utgjorde omtrent heile den samla folketalsveksten. Gitt at fødselstala også går ned, er dette eit utfordrande bilde.

Den såkalla eldrebølga vil også ha konsekvensar for kommunane på Sunnmøre. Mange kommunar har allereie i dag en relativt høg del eldre, medan andre står framfor ein stor vekst i denne gruppa. Det er noko usikkert kva konsekvensar dette har for kommunal tenesteproduksjon. Vi står truleg føre eit teknologisk skifte i tenesteproduksjonen. Velferdsteknologi vil føre til meir effektiv bruk av ressursar. I tillegg endrar den generelle helsesituasjonen for eldre seg. Det som derimot er nokså sikkert, er talet på eldre i kvar kommune og forholdstalet mellom eldre og yngre. Dette har konsekvensar langt utover omsorgssektoren, til dømes i bustadmarknaden, for skulestrukturen og for etterspurnaden etter kulturtenester, transport og handelsvarer.

## *Næringsliv og kompetanse*

Næringsstrukturen er nokså lik i mange av Sunnmørskommunane. I ein konkurransesituasjon kan dette kanskje vere ei ulempe, men samstundes borgar det også for felles tilnærming til å løyse utfordringar.

Næringslivet i regionen er mykje basert på ressursane i havrommet, og derfor er regionen i verdsklasse innan maritim industri, fiskeri og havbruk. Men også møbel, ferdigvareindustri og landbruksbasert næringsmiddelindustri har nasjonalt tyngdepunkt på Sunnmøre.

Den maritime klynga består av reiarlag, verft, utstyrsleverandørar og designbedrifter. Klynga har utspring i fiskeri, men har særleg det siste tiåret hatt sterk vekst basert på investeringane i olje- og gassindustrien. Fallet i oljepris har no ført til krevjande tider for den maritime industrien, og har tvinga fram kostnadskutt og omstilling. Næringsklyngeprosjektet GCE Blue Maritime arbeider med berekraftig kommersialisering av avanserte teknologiar og operasjonar i havrommet.

Møre og Romsdal står for 23% av den norske fiskeeksporten, og ein stor del av dette har utspring på Sunnmøre. Det er stort potensiale innan foredling av biomarine ressursar, og klyngeprosjektet Legasea arbeider med utvikling av verdikjeda knytt til dette.

Møbel og anna ferdigvareindustri utviklar seg frå reine produksjonsbedrifter til å ha som mål å bygge sterke globale merkevarer. Klyngesatsinga Norwegian Rooms og designverkstaden Møbelkraft er viktige verkty i denne prosessen. Merkevarearbeidet i møbel/ferdigvare vil kunne ha overføringsverdiar til resten av næringslivet på Sunnmøre.

Tal for sysselsette i kommunane og regionen kan visast etter arbeidsstad eller bustad. Høg arbeidsplassdekking er definert som fleire arbeidsplassar enn sysselsette. På Sunnmøre er det to kommunar som ut frå SSB's registerdata har eit stort overskot av arbeidsplassar. Det er Ålesund (120%) og Ulstein (125%). Dette er grunnlaget for interaksjon mellom kommunar, og typisk vert nokre kommunar klassifisert som bukommuner og andre arbeidsplasskommunar. Den siste tida har mange verksemder fått svekka lønnsemd og tap. Det har innan oljebasert industri og tenesteproduksjon vore ei rekke oppseiingar og permitteringar. Dette gjeld gjerne dei same verksemdene som gjennom ei årrekke har hatt eventyrleg vekst og som har tilført kommunane vekstkraft. Betydeleg arbeidsinnvandring har vore nødvendig for å hanskast med denne veksten. Grunnlaget for arbeidsinnvandring vert no svekka. Lav

kronekurs har styrka anna, eksportretta næringsliv, og dette kan utviklast for å avdempe konjunkturfallet.

Ei felles utfordring for næringslivet på Sunnmøre, uavhengig av bransje, er å rekruttere høgkompetent arbeidskraft. Vi konkurrerer på verdsmarknaden, og då er ikkje spennande jobbar alltid nok. Næringslivet på Sunnmøre er avhengig av ein attraktiv region med ein mangfaldig arbeidsmarknad, eit breitt tilbod av tenester, kultur og fritidstilbod, og bumiljø med innslag av urbanitet. Vi kan ikkje konkurrere med storbyane, men regionen må i sum by på eit mangfald som er unikt og attraktivt.

Mange arbeidsinnvandrarar har lågare terskel for å flytte ut igjen dersom føresetnadene for tilflyttinga ikkje lenger er til stades. Terskelen kan påvirkast av god integrering i lokalsamfunnet, men utviklinga er noko usikker også her. Ein annan viktig faktor er sjølvsagt korleis konjunktursituasjonen påverkar bustadvalet til arbeidsledige, unge menneske sine val av utdanning og kvar ein ønsker å investere. Korleis unngår ein at framtidig kompetanse forlet regionen og korleis sikrar ein at det framleis vert investert i regionen? Kravet til kompetanse aukar i alle bransjar, men Sunnmøre treng fleire bein å stå på. Det kan til dømes ligge eit potensiale i knoppskyting og kommersialisering ut frå kompetansemiljø ved Høgskulen i Volda. Ei tettare integrering mellom høgskule, næringsliv og offentleg sektor på Sunnmøre bør vere eit mål og det bør utviklast fleire "kompetansearbeidsplassar".

I 2016 er det utvikla ein ny Forskings- og Innovasjonsstrategi for næringslivet i Møre og Romsdal. Denne tek utgangspunkt i regionen sine komparative fortrinn, og identifiserer kompetanse- og forskingsbehov. Strategien identifiserer berekraft, mogleggjerande teknologi, også kalla den fjerde industrielle revolusjonen, og kommersialisering/nye forretningsmodellar som viktige drivarar for utviklinga framover. Næringslivet på Sunnmøre må ta innover seg dette, og finne ut kva det betyr for den einskilde bedrifta. FoI-strategien har sett auka innovasjonsevne i næringslivet som mål, og den vil bli følgt opp med tiltak retta mot både meir forskingsbasert innovasjon i næringslivet, institusjonsbygging og betre samspel i innovasjonssystemet.

Herøy kommune har vurdert behovet for interkommunalt næringsplan ved oppstart av rullering av sin eigen Strategisk næringsplan og ser det som hensiktsmessig med felles plan. Arbeidet må minimum omfatte dei fire kommunane på ytre Søre Sunnmøre, men det har ikkje vore drøfta mellom dei aktuelle kommunane. Arbeidet må forankrast politisk i eiga sak før ein kan gå vidare.

## *Klima-, energi- og miljøutfordringar - grønt skifte*

Klimaendringane er ei av dei største utfordringane verda står ovanfor i dag. Forskarar og politikarar frå heile verda er samde om at det er nødvendig med kraftige og vedvarande kutt i klimagassutsleppa. På klimatoppmøtet i Paris i 2015 vart verdas toppleiarar derfor også samde om ein klimaavtale som forpliktar nasjonane til å gjere alt dei kan for at temperaturen ikkje skal stige meir enn to grader. Dette er i følgje FN grensa for kva naturen kan tåle. Stig temperaturen meir enn dette vil vidare endringar i klima og miljø kome ut av kontroll. Noreg har forplikta seg til å kutte utslepp av klimagassar med 40 % innan 2030, samanlikna med 1990. Dersom vi skal oppfylle

målet krev det ei omfattande omlegging av samfunnet, noko som sjølvsagt også får følger i Møre og Romsdal.

I regional delplan har fylkestinget i som mål at utsleppa av klimagassar i Møre og Romsdal innan 2020 skal reduserast med meir enn 10 % frå 2009. Dei fire største sektorane for utslepp i fylket er samferdsel, industri, landbruk og stasjonær forbrenning og det er sett delmål for utsleppskutt, som til saman tilsvarar hovudmålet i planen.

Kommunane har ei sentral rolle i klimaarbeidet. Det er påvist at kommunane kan påverke omlag tjue prosent av klimagassutsleppa i Noreg. Dei fleste kommunane har lokale klimaplanar, mellom anna hadde Hareid, Herøy, Hornindal, Sande, Sula, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta eit felles prosjekt der også Enøk-senteret, Høgskulen i Volda, Møreforsking, Tussa Kraft og Volda og Ørsta Reinhaldsverk deltok. Stasjonær energibruk, avfall, forbruk og transport var tema. Det vart laga felles mål for kommunane, med nokre skilnader i delmål og strategiar. Handlingsdel må følgast opp i kvar enkelt kommune. Det er generelt behov for å oppdatere dei kommunale klimaplanane med sikte på dei nye, nasjonale måla og Paris-avtalen. Utfordringane knytt til klimaendringane er store og komplekse, og aktuelle tiltak omfattar innsats på ulike samfunnsområde- og nivå. Nokre av tiltaka krev politisk vilje og økonomiske prioriteringar, andre er eit spørsmål om å bryte vanar og endre tankegang. Felles utfordringar er å ha tilstrekkeleg kunnskap og ressursar innan klimaarbeidet, praktisk oppfølging og gjennomføring av ulike tiltak, og å forankre klimaarbeidet best mogleg i kommuneorganisasjonen. Dette er eit område det er naturleg for fleire kommunar å samarbeid om.

### *Samordna areal- og transportplanlegging*

Samordning av areal- og transportplanlegginga er ei utfordring ut frå ei rekkje forhold. Først må visast til det nasjonale forventingsbrevet der både berekraftig arealforvalting og miljøvenlege tettstader er synleggjort som nasjonal politikk. Med dette må ein også kunne forvente at ressursar vert sett inn nasjonalt.

For det andre er det nødvendig å ta innover seg at dei mest attraktive regionane synest å vere knytt til dei største byane, og regionutvikling må bygge på den vekstkrafta som ligg i det urbane. For å skape urbanitet må arealressursar og transportressursar samordnast med sikte nettopp på dette. Dette er også nedfelt som mål i det regionale planverket.

For det tredje gjer omsynet til klima og forureining at det er nødvendig å fange mest mogleg av dagens og komande transportbehov i reisemiddel som er mindre forureinande og bedre organisert. Avstand mellom og romleg organisering av ulike funksjonar er nøkkelfaktor, noko som berre kan løysast gjennom god arealplanlegging.

For det fjerde er det også av økonomiske årsaker nødvendig å bygge under dagens system for alternativ transport (les kollektiv) på ein slik måte at det er forsvarleg å oppretthalde tilboda. Dette kan berre gjerast gjennom å lokalisere meir aktivitet inn mot knutepunkt og traséar.

For det fjerde vil omsynet til naturmangfald, rekreasjon og naturens bereevne gjere det nødvendig å nytte allereie nedbygd areal på ein meir effektiv måte. Kvar enkelt sitt fotavtrykk i naturen må reduserast.

I Møre og Romsdal er Ålesundregionen den største av byregionane. Dette inneber at det sannsynlegvis er her det er mest å hente miljømessig og transportmessig på samordna planlegging. Byregionar andre stader i landet har gjennomført liknande prosessar tidlegare, medan det ikkje har vore prioritert i vårt fylke. Tida er no komen, også her. Arbeidet bør organiserast som ein regional delplan, også med sikte på regional planbestemming og implementering i kommande kommuneplanar.

Herøy har tidlegare spelt inn til fylkeskommunen at det også bør utarbeidast ein regional delplan for samordna areal- og trafikkplanlegging for søre Sunnmøre eller ytre Søre Sunnmøre.

## *Felles planlegging i sjøareala*

Omstrukturering av havbruksnæringa har gjort kommunegrenser mindre og mindre relevante i forhold til korleis næringa nyttar areal. Også for arealbruk generelt i sjø er kommunegrenser nokså uinteressante; fiske, friluftsliv, ferdsel, mv. Behovet for felles planlegging er ut frå dette generelt større enn på land. Med utgangspunkt i havbruksnæringa opplever mange at presset på sjøareala vert større, og at samordna planlegging er nødvendig av den grunn. Plan- og bygningslova sin heimel for arealplanlegging strekker seg til ei nautisk mil utanfor grunnlina.

Kommunen har i sin samfunnsdel kommentert kor verdifull kommunen si kystsone er for kommunen si utvikling. Kommunen ynskjer ei sterk satsing på næringsverksemd i kystsona(tilknyting til strandsona) og i havrommet. Kommunen legg både til rette for maritim og turismeretta verksemd i strandsona. Kommunen ynskjer ikkje å blande desse interessene då der er eit konfliktforhold, men heller sette av større areal i ulike delar av kommunen der desse ikkje påverkar kvarandre nevneverdig.

På Nordmøre er det sett igang felles kommunal planlegging i sjøareala. Prosjektet gjeld begge dei store fjordsystema, men også øvrige sjøareal ut til grunnlina. Initiativet kom frå Nordmøre regionråd og er finansiert av kommunane og av tilskot frå Marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond (administrert av fylkeskommunen). http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Regional-og-naeringsutvikling/OEkonomisk-stoette/Marint-miljoesikrings-og-verdiskapingsfond

Det same gjeld fem kommunar i Romsdalsfjorden (Molde, Nesset, Rauma, Vestnes og Midsund). Det er tilsett prosjektleiarar i begge prosjekta, og det er venta offentleg ettersyn av planforslag i løpet av 2016.

På Sunnmøre er slike prosessar ikkje igangsett, men på ytre Søre Sunnmøre har det vore gjennomført prosjekt Marine grunnkart som gir dei mest detaljertekarta over havbotn i Noreg. Dette skal no arbeidast vidare med i ein felles marin næringsplan for ytre Søre Sunnmøre.

### *Barn og unge*

Gjennom Rikspolitiske retningslinjer om barn og unge i planlegginga er det definert to viktige nasjonale mål. Desse måla kjem også fram av at Noreg har ratifisert FN's barnekonvensjon:

*- Sikre eit oppvekstmiljø som gir barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknadar, og som har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ei kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap om barn og unges behov.*

*- Ivareta det offentlege ansvaret for å sikre barn og unge dei tilbod og moglegheiter som samla kan gi den enkelte utfordringar og ein meiningsfylt oppvekst uansett bustad, sosial og kulturell bakgrunn.*

For å best mogleg ta i vare desse viktige måla, er det viktig at kvar kommune tek omsyn til barn og unges interesser i alt planarbeid, ikkje berre som ein enkelt plan. Rikspolitiske retningsliner må vere førande i planarbeidet, men ein må også evne å sjå konsekvensar av at barn og unge sine interesser ikkje blir prioritert.

Høgt fokus på løysingar som tek i vare barn og unge, vil  medverke positivt til attraktivitet i kvar enkelt kommune. At barn og unge kjenner seg i varetekne, lytta til og trygge, gjer det lettare å bli verande, eventuelt kome tilbake etter endt studietid.

Den nasjonale rapporten frå UNGdata-undersøkingar i 2014, viser at graden av psykiske helseplager påverkar i kor stor grad ungdom er fornøgde med lokalmiljøet sitt. Ei slik undersøking er med på å stadfeste at det psykososiale miljøet, til dømes i skulen, er svært viktig. Fysisk utforming av skulen kan vere ein del av dette, men uansett understrekar det viktigheita av gjennomgåande fokus på barn og unges interesser i all planlegging.

Rapporten «Ung i Møre og Romsdal» frå 2015 viser at elevar i vidaregåande skule som ser føre seg å gå vidare til universitet og høgskular, ser det som *lite sannsynleg* at dei bur i fylket om 10 – 15 år. Dei som ikkje har planar om universitet og høgskule ser på det som *svært sannsynleg* at dei bur i fylket om 10 – 15 år. Ein vesentleg faktor her er kjennskapen til kva jobb ein kan finne i fylket. Dei som kjenner godt til jobbmoglegheitene svarar i større grad at dei vil bli buande.

Ikkje minst er det også viktig at det er mogleg med høgare utdanning innan fylket, jamfør utfordringane i næringslivet. Eit godt utdanningstilbod styrkar attraktiviteten både for unge som bur her og for unge andre stader som skal velje utdanning.

Desse signala frå born og unge i fylket må og bør kvar enkelt kommune ta på alvor enten aleine eller i samspel med andre aktørar for å betre legge til rette for at det blir attraktivt å både bu og ville flytte tilbake til heimstaden sin, eller for nye å flytte til. Dei demografiske trendane viser at dette er svært viktig å ha merksemd på.

## *Lokale utviklingstrekk og viktige utfordringar*

### *Herøy i regionen; samfunns- og arealutvikling*

Herøy er ei av dei største kommunane i arbeids-, bu- og sørvisregionen Søre Sunnmøre målt etter antal busette med sine 8.958 innbyggjarar per 1.1.2015.

Kommunen består av seks øyer som alle er knytt saman med bruer. Kommunen består av Gurskøy, Leinøy, Bergsøy, Nerlandsøy, Remøy og Runde der kommunesenteret Fosnavåg ligg på Bergsøya.

Fosnavåg er bygd opp rundt den naturlege hamna og skal vere eit attraktivt sentrum for alle innbyggjarane i Herøy. Kommunen ynskjer at detaljhandel primært skal etablerast i Fosnavåg, men på grunn av mangel på tilgjengeleg areal og funksjonelle bygg ser ein ei stor utfordring når dagens butikkar stadig vert meir arealkrevjande. Dei geografiske omgjevnadane til Fosnavåg gjer at det er ei knappheit på areal i sentrum og ein må ha ei høg utnytting i sentrum og ha fokus på transformasjon av bygg for å sikre tilstrekkeleg areal til sentrumsføremål. Kommunen ser likevel behov for å halde på handelsområde på Myklebust/Eggesbønes som i stor grad består av daglegvarehandel som eit supplement til Fosnavåg. Handelsområde i Myrvåg skal dekkje behovet for detaljhandel i indre del av kommunen.

## *Kommunikasjonar*

Møreforskning gjennomført i 2015 ei undersøking om mobilitet og endringa av mobilitet som fylgje av Eiksundsambandet og Kvivstunellen. Undersøking stadfestar at dei fleste(ca. 60%) er villig til å pendle 45min når dei skal på arbeid. For Herøy vil dette bety at eit potensielt marknad for arbeidskraft er kommunane på Søre Sunnmøre (Volda, Ørsta, Hareid, Ulstein, Sande og Vanylven).




**Figur 2 Kommunikasjonar Søre Sunnmøre (www.sunnmorskart.no )**

Herøy kommune ligg ytterst i havgapet og det har vore ressursane i det fiskerike havet som har vore grunnlaget for vekst og utvikling i kommunen. På mange måtar

går Herøy «mot straumen» med befolkningsauke og auke i verdiskaping til tross for at ein ikkje ligg ideelt plassert i regionen i høve kommunikasjonar og arbeidskraft. Kommunen har likevel to flyplassar tilgjengeleg innanfor ei pendlingstid på 90min. Ørsta/Volda lufthamn ligg 40min frå Fosnavåg og Ålesund lufthavn, Vigra er om lag 90min frå kommunesenteret. Ålesund som er største byen i Møre og Romsdal ligg 60min frå Fosnavåg.

## *Demografisk utvikling*

Som ein kan sjå ut frå folketalsutviklinga siste 10 åra i figur 3 har folketalet i Herøy gått jamt opp med om lag 600 personar. Dette er ei god utvikling og næringslivet har utvikla seg positivt i denne perioden, noko som har medført auka behov for arbeidskraft. Dette vert også synleg i figur 4 som viser folketalsutviklinga inkl. innvandrarar og befolkningsframskriving fram til 2035. Den gule og raude delen av grafen i figur 4 viser innvandrarar i kommunen og det har vore ei større auke i antal innvandrarar enn fødselsoverskotet i kommunen. Ut frå dette kan vi seie at *utan innvandring til kommunen ville Herøy hatt ei negativ utvikling i folketalet i perioden 2000-2015*. Dette er ikkje ulikt andre kommunar på vestlandet som også har opplevd folketalsauke på grunn av arbeidsinnvandring.




**Figur 3 Kvartalsvis folketalsutvikling 2006-2015 (statistikk frå www.mrfylke.no)**




**Figur 4 Folketal 2005-2035 inkl. innvandrarar (statistikk frå www.mrfylke.no)**

I figur 5 (befolkningspyramiden) ser vi at Herøy har ei utfordring når det kjem til å halde på innbyggjarane i alderen 20-39. Dette har vore, og er ein trend for dei kommunane som ikkje kan tilby høgare utdanning i si eiga kommune. Unge Herøyværingar som skal gå eller er ferdig på vidaregåande skular søkjer seg i stor grad vekk frå kommunen, enten for å utdanne seg vidare eller søkje seg jobb andre stadar.




**Figur 5 Folkemengd fordelt på aldersgruppe og kjønn (statistikk frå www.ssb.no )**

## *Næringsliv og kompetanse*

Næringslivet i Herøy er rekna som «et sterkt, solid og internasjonalt orientert næringsliv, med fleire vitale og vekstkraftige forretningsmiljøer knyttet til fiskeriene, offshorevirksomheten, den maritime industrien og shipping» (Berrefjord & Thomassen).

Slik næringslivet utviklar seg vil det vere behov for fleire landbaserte jobbar i dei ulike bedriftene både innanfor dei tradisjonelle STEM-faga (science, technology, engineering and mathematics) og innanfor administrasjon og leiing.

Herøy kommune er saman med elleve andre kommunar på Sunnmøre ein del av ei samanhengande kjede av maritim verksemd som vert kalla Maritimt Møre. Kommunane som er ein del av Maritimt Møre er Vestnes, Haram, Sula, Giske, Ålesund, Volda, Ørsta, Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven og det er her den maritime klynga har sitt tyngdepunkt. Den maritime klynga på Sunnmøre har eit breitt samansett næringsliv med ulike typar kundar og næringsorientering som nyt godt av samspeleffektar, utnytting av stordriftsfordelar, ein god ressursbase i ein godt utvikla arbeidsmarknad. Dette er med å gjere den maritime klynga til ei sterk og robust klynge med gunstige kommunikasjonar og evne til å rekruttere kompetent arbeidskraft (Kommuneplan for Herøy 2013-2025).

I figur 6 er område som er rekna som nasjonale tyngdepunkt merka med firkant og regionale tyngdepunkt er merka med sirkel. Herøy kommune er eit nasjonalt tyngdepunkt innanfor maritime næringar og eit tyngdepunkt i fylket innanfor fiskeri og havbruk.




**Figur 6 Næringsstruktur og tyngdepunkt (statistikk frå [www.mrfylke.no](www.mrfylke.no))**

Figur 7 viser sysselsatte i prosent innan primær, sekunder og tertiærnæringar (tertiærnæringane er oppdelt i sørvis, off. adm., undervisning, helse- og sosialtenester og personlege tenesteyting).

Herøy har prosentvis fleire sysselsatte innan primærnæringa enn fylket sett under eitt og det er truleg næringa *fiske* som dreg opp snittet for Herøy sin del.




**Figur 7 Næringsstruktur i Herøy i prosent (statistikk frå www.mrfylke.no)**

## *Utdanningsnivå i kommunen*

For dei som ynskjer å gå rett ut i arbeidslivet etter vidaregåande har Herøy kommune eit godt tilbod med Herøy vidaregåande skule som tilbyr yrkesfag innan *bygg- og anleggsteknikk*, *helse- og oppvekstfag*, *restaurant- og matfag*, *naturbruk* og *teknikk og industriell produksjon*. Herøy kommune har historisk hatt mange, særleg gutar, som søkjer seg inn på naturbruk og satsar på ei yrkesretning innan fiske og fangst.




**Figur 8 Utdanningsnivå blant innbyggjarane (statistikk frå www.mrfylke.no )**

Herøy er ei kommune med sterke tradisjonar innan fiske og samfunnet er bygd opp på fiskarbonden frå gamalt av. Det er derfor framleis mange unge som vel å halde tradisjonar i hevd og vel yrkesretta utdanning og eit yrkesliv innan fiske og fangst. Dette viser igjen i statistikken over utdanningsnivået i kommunen. Herøy har ein større prosentdel av innbyggjarane med grunnskule- og vidaregåandeskulenivå og ein lågare andel med universitet- og høgskuleutdanning. Vi registrerer også at utviklinga i samfunnet går i den retning at offentleg og privat næringsliv stadig krev meir formalkompetanse i sine stillingar. Dette er eit utfordring for kommunen på sikt om trenden fortset i same retning.

Vi registrer likevel at prosentdelen med berre grunnskule har gått ned frå 1994 til 2014 og delen med vidaregåande skule og høgskule og universitetsutdanning(lang og kort) har gått opp. Største auken ser vi på utdanningsvalet til kvinner innan kort høgskule og universitetsutdanning som har gått frå 9-10% til over 20%.

Sentraliseringsprosessane som føregår i Noreg (og resten av verda) der storbyane trekk til seg ein relativt stor del av unge, høgt utdanna er eit trugsmål mot Herøy si utvikling då ein ynskjer fleire kompetansearbeidsplassar i Fosnavåg der Fosnavåg er ein utkant i Norge og ein utkant på Sunnmøre.

## *Natur- og kulturmiljø, klima og samfunnstryggleik*

Rapporten *Havnivåstigning, Estimater av framtidig havnivåstigning i norske kystkommuner* (2009) estimerer at havnivået i 2100 kan stige med 70cm langs Sørlands- og Vestlandskysten. På grunn av usikkerheit kring desse estimatane anslår dei at havnivået i 2100 vil ligge mellom +50cm og +105cm høgare enn dagens normalnivå (kote 0).

Det vert stilt stadig strengare krav til bevaring og naturmiljø og kulturmiljø. Kommunen har ikkje noko plan for registrerte kulturminner, men bør vurdere dette i denne prosessen.

Som følgje av nasjonale mål om reduksjon i veksten av CO2-utslepp ventar ein meir energiøkonomisk drift i alle delar av samfunnet. Herøy har *Klimaplan for Herøy kommune 2009-2013* som skisserer fleire klimatiltak i kommunen og konkrete prosjekt som skal gjennomførast.

## *Samordna areal- og transportplanlegging*

Herøy kommune består av seks større øyar, Gurskøya, Leinøya, Bergsøya, Nerlandsøya, Remøya og Runde og øyene er kopla saman med bruer. Nokre av bruene i kommunen er av eldre standard og kan by på utfordringar med dagens trafikksituasjon. Bruene som er av dårlegast stand er Nerlandsøybrua og Remøybrua.

Herøy kommune har generelt ei utfordring med vedlikehald av kommunale vegar og behovet må vegast opp mot bygging av nye vegar i private reguleringsplanar. Kommunen har eit ansvar for å bygge gode og trygge vegar, særleg for barn og unge som skal til og frå skule.

Herøy kommune har mest busetting i aksen frå Frøystad til Kvalsund med Leine, altså omlandet til Bergsøya. På denne strekning bør det prioriterast gode kommunikasjonar og enkel tilgang til kollektivtransport. Gjennomfartsåra er Fv.654 og kommune er såleis avhengig av å ha med både fylkeskommune og statens vegvesen når det skal gjerast infrastrukturtiltak på strekninga.

## *Folkehelse og levekår*

Kommunen er ansvarleg for å planlegge, utforme og organisere tenester til alle innbyggjarar med behov for helse- og omsorgstenester. Tenestetilbodet skal vere fagleg forsvarleg og mest mogleg likeverdig.

Basert på tala frå *Folkehelseprofil 2016* (sjå vedlegg 4) er andelen barn (0-17 år) som bur i husstandar med låg inntekt lågare enn landsnivået.

Andelen som får vatn frå vassverk som både har tilfredstillande resultat for E. coli og stabil drikkevassforsyning, ser ut til å vere høgare enn landsnivået.

Andelen ungdomsskuleelevar som oppgir at dei er fysisk inaktive(andpusten eller sveitt sjeldnare enn ein gong i veka), er høgare enn landsnivået.

Andelen med overvekt inkludert fedme, ser ut til å vere høgare enn landsnivået.

Herøy kommune utarbeidde i 2015 *Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Herøy*. I denne rapporten kjem det fram mellom anna:

- Spesielt unge jenter slit med den psykiske helsa.
- Andelen elevar i 8.kl som driv fysisk aktivitet, er sterkt minkande fram mot vidaregåande skule.
- Gode oppvekstkår, trygge lokalsamfunn og gode levevanar, er viktig satsing for folkehelsa.

- Enkeltfaktorar som lite fysisk aktive, røyking, snus, psykiske plagar og overvekt har relativt stor påverknad på folkehelsa.

For å styrke førebygging og minske behandling på lengre sikt, bør kommunen ha tidleg innsats mot barn og unge som innsatsområde, og med fylgjande satsing:

- Tverrfagleg samarbeid, tidleg innsats og låg terskel for å førebygge mobbing, psykisk helse og rus.
- Tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats for å førebygge overvekt og inaktivitet.
- Samarbeide meir tverrfagleg, og med lag og organisasjonar om ”Sunne kantiner” i skular mv, og ”Sunne salsarenaer ” i fritidsarenaene for barn og unge.
- Samarbeide med lag og organisasjonar for bygging av aktuelle arenaer som fremmar folkehelsa.

### *Barn og unge*

Plan- og bygningslova krev at barn og unge skal vere tema i all planlegging. Formålsparagrafen til plan- og bygningslova seier slik: *prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår… .*

Det er utarbeidd rikspolitiske retningslinjer for barn og unges interesser i planlegging som er førande for kommunen sitt arbeid med arealplanar. Både nasjonale og regionale mynde prioriterer vilkåra for barn og unge høgt.

### *Kommuneøkonomi*

Kommunen opplever i dag at stadig fleire statlege oppgåver vert overført til kommunen utan auka overføringa frå staten til å dekke dei nye utgiftene. Innbyggjarane stiller stadig høgare krav til tenester innan helse- og omsorg, skule etc. og investeringane i omsorgsbustadar, sjukeheimsplassar, rehabilitering av skulebygg og kultur- og opplevingsanlegg vert store investeringar som vil auke lånebelastninga på kommunen.

Herøy kommune hadde pr. 31.08.2015 ei lånegjeld på 791,3 mill kroner eller om lag 88.400,- per innbyggar. I desse tala ligg alt av lån kommunen har per dato – også vidareutlån gjennom Husbanken, lån til VAR-område og lån som staten betaler rentekompensasjon for.

# 5. VURDERING AV PLANBEHOV I PERIODEN

Sjå vedlegg 1 for oversikt over vedtekne arealplanar.
Sjå vedlegg 2 for oversikt over vedtekne samfunnsplanar.

## *Planstatus, planar med behov for revidering eller rullering*

**Under revidering – oppstart 2016**

**Kulturminneplan**

Herøy kommune ynskjer å starte opp arbeid med å registrere kulturminner og samle desse i ein kulturminneplan. Planarbeidet vert starta opp i 2016.

**Strategisk næringsplan 2016 – 2020**

Planarbeidet er varsla oppstart og under utarbeiding. Kommunen tek sikte på ferdigstilling i løpet av 2016.

**Interkommunal marin næringsplan**
Kommunen har avtale om interkommunalt plansamarbeid med Hareid, Ulstein, Sande og Vanylven på å etablere felles kystsoneplan for Søre Sunnmøre. Arbeidet vert starta opp i 2016. Dette arbeidet skal danne kunnskapsgrunnlaget for ein interkommunal kystsoneplan for dei nemnde kommunane.

**2017**

**Samordning av kommuneplanen sin samfunnsdel og økonomiplan**
Det er kome innspel på at kommunen bør søkje å samordne Samfunnsdelen sin handlingsdel med økonomiplanen denne planperioden. Dette bør gjerast for å få unngå å ha to styringsdokument som prioriterer i ulik retning.

**Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2011 – 2014**
Det bør gjennomførast revidering av handlingsprogrammet årleg. Full rullering av KDP for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv bør gjennomførast i 2017.

**Klimaplan for Herøy 2009 – 2013**
Kommunedelplan er vedteken 28.01.2010 og det er derfor behov for ei rullering av heile planen. På grunn av manglande kapasitet har ikkje dette arbeidet blitt prioritert og kommunen har også avventa den varsla fylkesplan for klima og energi. *Regional delplan for klima og energi* vart vedteken 15.06.2015 og kommunen bør no følgje opp denne med eigen klima og energiplan i 2017.

**Kommunedelplan for fiskerihamner 2000**
Planen vart sist revidert 03.10.2000 og er utdatert. Planen bør rullerast i 2017.

**Rusmiddelpolitisk handlingsplan**
Alkoholdelen av denne planen er trekt ut og er godkjent i Kommunestyret som eigen plan, *Alkoholpolitisk plan 2016-2020*. Arbeidet ligg til Barn-, familie- og helseavdelinga . Rusmiddelpolitisk handlingsplan bør reviderast i 2017.

**Landbruksplan for Herøy**
Det vert foreslått å utarbeid eigen landbruksplan for Herøy kommune for å gå i djupna på utfordringar og moglegheiter for næringa i Herøy. Planen verte in temaplan under Strategisk næringsplan.

**Reguleringsendring ved handelsområde på Eggesbønes**
Kommunen bør sjå på forholda for mjuke trafikkantar frå Toftestøvegen 37/326 (Spar) til Eggesbøvegen 37/222 (Kiwi). Område må sjåast i heilskap og dei ulike trafikkale forholda må vurderast i ei eiga sak om reguleringsendring.

**2018**

**Kommunedelplan for trafikktrygging 2015 - 2018**
Formannskapet gjorde 10.05.2016 i F-sak 89/16 vedtak om å starte opp arbeid med revidering av kommunedelplan for trafikktrygging(handlingsdelen). Arbeidet ligg til utviklingsavdelinga og er tenkt gjennomført hausten 2016 og vår 2017. Rullering av heile planen bør gjennomførast i 2018.

**Frivilligplan 2012 – 2015**
Planen bør viderast snarleg, men på grunn av andre planoppgåver som har høgare prioritet vert denne foreslått revidert i 2018.

**Pandemiplan med delplanar**
Planen er sist revidert 04.08.2009 og det vil vere behov for ei rullering av planen. Tidspunkt for rullering er foreslått i 2018.

**2019**

**Kommunedelplan for Herøy – bustadpolitikk 2015 – 2019**
Kommunedelplanen må rullerast i 2019.

**2020**

**Kommunedelplan for Herøy – helse og omsorg 2013 – 2020**
Rullering av planen er planlagt i 2020.

**Alkoholpolitisk plan 2016 – 2020**
Rullering av planen er planlagt i 2020.

**Planarbeid utan tidfesting**

**Revidering av Herøy kommune sitt plansystem**
Plansystemet er prega av mange kommunedelplanar som burde vore samla i færre og meir heilskaplege planar som går på tvers av fleire fagområder. Resultatet kan vere ei fragmentert satsing på fleire område og ikkje ei spissa satsing slik visjonen til Herøy kommune legg opp til. Det vil vere naturleg at dette vert teke opp i rådmannen si leiargruppe etter ein har gjennomført omorganiseringsprosessen og tilsett kommunalsjefar for dei fire nye avdelingane; stab, samfunnsutvikling, helse- og omsorg og oppvekst.

**Oppheving av eldre ikkje utbygde reguleringsplanar**
Kommunen bør vurdere å oppheve eldre reguleringsplanar som er godkjente, men ikkje utbygde. Dette på grunn av at alle godkjente planar vert teke med i kommunen, fylkeskommunen og fylkesmannen sine arealrekneskap ved vurdering av nye utbyggingsområde. Dette bør gjerast ved neste rullering av kommuneplanen sin arealdel.

**Kommuneplanen sin arealdel**
Arealdelen er relativt ny og det vil ikkje vere grunnlag for å endre den i denne planperioden. Det bør likevel vurderast om kommunen skal revidere delar av føresegna til planen for å gjere den meir eintydig.

**Plan for kriseleiing Herøy kommune**
*Sivilbeskyttelseslova* seier at kommunen sin beredskapsplan skal vere oppdatert og reviderast minimum ein gong i året. Planen er rullert i 2016 og skal oppdaterast minimum èin gong i året i heile planperioden.

**Plan for førebyggande tiltak for barn og unge**
Kommunen må rullere plan for førebyggande tiltak for barn og unge i løpet av planperioden.

# VIKTIGE DEFINISJONAR OG OMGREP

I dette dokumentet vil det bli brukt ord og formuleringar som ikkje er sjølvforklarande. Under vil du finne ei kort forklaring på nokre av desse uttrykka.

**Planstrategi**
Planstrategien skal ta føre seg planbehovet og føreståande planarbeid i kommunen i den komande kommunestyreperioden. Planar etter plan- og bygningslova, beredskapsplanar og planar som er politisk handsama er omfatta av planstrategien. Hovudføremålet med planstrategien er at politikarane skal ta stilling til om kommuneplanen eller delar av kommuneplanen skal reviderast eller vidareførast slik den er. Utviklingstrekk og utfordringar i kommunen dannar grunnlaget for vurderingane i planstrategien. (pbl. § 10-1).
Perspektiv 4år.

**Kommuneplan**
Eit samleomgrep som omfattar kommuneplanen sin samfunnsdel med handlingsprogram og kommuneplanen sin arealdel. *Kommuneplan skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen.* (pbl. § 11-1).
Perspektiv 12år.

**Kommuneplanen sin samfunnsdel**
Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon (pbl. § 11-2).
Perspektiv 12år.

**Kommuneplanen sin handlingsdel/ handlingsprogram**
Handlingsprogram for samfunnsdelen som skal vere den fireårige oppfølginga av kommuneplanen. Økonomiplanen kan inngå i handlingsdelen til kommuneplanen. Kommuneplanen sitt handlingsprogram bør reviderast kvart år og vere grunnlag for budsjett og økonomiplandebatten. (pbl. § 11-3).
Perspektiv 4år.

**Kommuneplanen sin arealdel**
Kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Kommuneplanen sin arealdel skal angi hovudtrekka i arealdisponeringa og sette rammer og føringar for nye tiltak og ny arealbruk som kan startast opp. (pbl § 11-5).
Perspektiv 12år.

**Kommunedelplan**
Planer for bestemte område (areal), tema eller verksemdsområde. Til dømes kommunedelplan for Bergsøya (areal), kommunedelplan for trafikktrygging (tema) eller kommunedelplan for helse og omsorg (verksemdsområde). (pbl. § 11-4).
Perspektiv 4 – 12år.

**Kommunedelplanar sine handlingsprogram**

Handlingsprogrammet skal angi korleis planen skal realiserast gjennom konkrete målsettingar og tiltak. Desse gir grunnlag for kommunen si prioritering av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver. Desse bør vere ein del av grunnlaget for budsjett og økonomiplandebatten.
Perspektiv 1 – 4år.

**Temaplan/ sektorplan/ fagplan**
Planar for tema eller sektorar som ikkje er eller skal handsamast etter plan- og bygningslova og har ein enklare prosess enn kommunedelplanar og fyl ikkje krav i pbl. til prosess og medverknad. Planane kan vere utarbeidd for å stette krav frå nye reformer eller for å implementere endringar i organisasjonen.
Perspektiv 1år eller meir (ingen øvre grense).

**Områdeplan**
Områdeplan er ein arealplan og skal i utgangspunktet vere ei planform for kommunen. Det kan i områdeplanen stillast krav om at det skal utarbeidast detaljplan for området eller den kan vere så detaljert at den kan brukast som direkte grunnlag for tiltak. Det er ikkje krav til rullering, og endring i slike planar er behovsstyrt. (pbl. § 12-2). Kommunen si moglegheit til å foreta oreigning fråfaller dersom kommunestyrevedtak ikkje er gjort 10 år innan planen er godkjend og kunngjort. Områdeplanen er gyldig inntil den vert oppheva ved vedtak eller erstatta av andre planar.

**Detaljplan**
Detaljplan kan fremjast av einkvar som ynskjer å setje i gang eit byggetiltak og skal vere i samsvar med gjeldande arealdel til kommuneplanen eller områdeplan.
For privat utarbeidde planar er det frist på fem år for å påbegynne bygge- og anleggstiltak. Det er mogleg å få forlenga fristen med to år om gangen.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | OMR | Arkivsaknr: | 2015/448 |
| | | Arkiv: | L12 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 242/16 | Formannskapet | 15.11.2016 |
| | Kommunestyret | 24.11.2016 |

## DETALJREGULERINGSPLAN FOR STOKKSUND B33 - KLAGE PÅ KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK

**Tilråding:**
Herøy kommune kan ikkje sjå at innkomne klager inneheld nye moment i høve til det som låg føre då detaljreguleringsplan for Stokksund B33 vart vedteken i møte 22.06.2016, K-sak 109/06.

Klagen vert difor ikkje tekne til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 109/16. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Særutskrift:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Curt Åge og Åse Karin S. Hauge Prestemyrane 3, 6070 TJØRVÅG
Preben og Janne Hestad Prestemyrane 1, 6070 TJØRVÅG
Johan Ole og Hege Abeltun Grøndalsvegen 6, 6070 TJØRVÅG
Kristoffer og Guro Aksnes Prestemyrane 4, 6070 TJØRVÅG
Rolf Arne Nilsen og Hallgjerd Nilsen Bondestokksund 5, 6070 TJØRVÅG
Odd Helge Nilsen og Jorunn Nilsen m/Fam, Bondestokksund 1, 6070 TJØRVÅG
Hallgeir og Sigrund Hauge Bondestokksund 19, 6070 TJØRVÅG
Oddvin og Sissel Leikanger Grøndalsvegen 8, 6070 TJØRVÅG

| | |
|---|---|
| Andre og Kristin M. Gjerde | Grøndalsvegen 24, 6070 TJØRVÅG |
| Kåre M. Mikalsen | Grøndalsvegen 12, 6070 TJØRVÅG |
| Erling og Marit Storøy | Bondestokksund 17, 6070 TJØRVÅG |
| David Andersen og Evy P. Flusund | Bondestokksund 11, 6070 TJØRVÅG |
| Jarl-Åge og Elise M. Vågsholm | Grøndalsvegen 28, 6070 TJØRVÅG |

**Vedlegg:**

1 Klage på Godkjent detaljreguleringsplan for Stokksund B33 i møte 22.6.2016, K-sak 109/16
2 Saksprotokoll K-sak 109 16
3 Detaljreguleringsplan for Stokksund B33, datert 12.4.2016
4 Føresegner til Stokksund B33, datert 9.5.2016
5 Planomtale for Stokksund B33
6 F-sak 10/16 Detaljreguleringsplan for Stokksund B33 - Utlegging til offentleg ettersyn
7 Sjekkliste Naturmangfald
8 Sjekkliste ROS, datert 19.11.2015
9 Vurdering av merknadar, datert 19.10.2015
10 Merknadar ved varsel om oppstart
11 Merknad frå Statens vegvesen til kommuneplanen sin arealdel datert 08.01.2014
12 Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal datert 28.11.2013

**Bakgrunn for saka:**

Kommunestyret vedtok i møte 22.06.2016, K-sak 109/16, Detaljreguleringsplan for Stokksund B33 med tilhøyrande reguleringsføresegner. Melding om vedtak vart sendt til offentlege høyringsinstansar, grunneigarar og naboar.

Innan klagefristen vart det sett fram ei klage datert 22.07.2016 frå Curt Åge og Åse Karin S. Hauge, Preben og Janne Hestad, Johan Ole og Hege Abeltun, Kristoffer og Guro Aksnes, Rolf Arne Nilsen og Hallgjerd Nilsen, Odd Helge Nilsen og Jorunn Nilsen m/Fam, Hallgeir og Sigrund Hauge, Oddvin og Sissel Leikanger, Andre og Kristin M. Gjerde, Kåre M. Mikalsen, Erling og Marit Storøy, David Andersen og Evy P. Flusund og Jarl-Åge og Elise M. Vågsholm.

Klaga skal handsamast på vanleg måte av formannskap og kommunestyre før eventuell oversending til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

**Saksopplysningar:**

Planprosessen

Det er gjennomført oppstartsmøte med kommunen 06.03.2015 og Formannskapet vedtok i møte 17.03.2015, F-sak 55/15, oppstart av planarbeid. Oppstart av reguleringsarbeid vart varsla i avis og på nett 24.03.2015 med frist for merknadar 05.05.2015.

Med bakgrunn i merknad frå Per-Magne Lillenes ved varsel om oppstart vart det gjennomført ekstra medverknadsmøte på Stokksund skule 01.10.2015 der idrettslag, naboar, skule v/rektor og indre Herøy sokn var inviterte. Hovudprinsippa i planarbeidet vart presentert på møtet.

Plankonsulent har også gjennomført medverknadsmøte 28.10.2015 der fokus var på særskilde grupper der barnerepresentanten, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, norges handikapforbund, ungdomsrådet grendalag, foreldreutvalet ved skulen og rektor på skulen var inviterte.

Formannskapet gjorde vedtak 19.01.2016, F-sak 10/16, om å leggje planen ut til offentleg ettersyn. Planforslaget vart sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn

i perioden 29.01.2016- 11.03.2016. Frist for merknadar var sett til 14.03.2016. I høyringsperioden kom det inn 5 merknadar.

Kommunestyret gjorde vedtak 22.06.2016, K-sak 109/16 om eigengodkjenning av detaljreguleringsplan. Merknadane som kom inn ved offentleg ettersyn vart kommentert i saka.

Oppsummering av planprosessen:

| Saksnr. | Dato | Tema |
|---|---|---|
| | 06.03.2015 | Oppstartsmøte med grunneigar og konsulent |
| F-sak 55/15 | 17.03.2015 | Vedtak om oppstart i Formannskapet |
| | 01.10.2015 | Medverknadsmøte med grunneigarar, naboar mfl. der hovudprinsipp for plan var tema, samt trafikkavvikling |
| | 28.10.2015 | Medverknadsmøte med særskilde grupper(sjå over) |
| F-sak 10/16 | 19.01.2016 | Formannskap gjer vedtak om offentleg ettersyn |
| K-sak 109/16 | 22.06.2016 | Kommunestyret godkjenner detaljreguleringsplan for Stokksund B33 |
| | 01.07.2016 | Godkjent detaljreguleringsplan var kunngjort i avis, på nett og ved brev til grunneigarar, naboar og andre interesserte. |

**Oppsummering av innlevert klage datert 22.07.2016:**
*Klagen går i hovudsak på planlagt vegtrase som vist på bilde under*(sjå vedlagt klage).

*Å belaste Grøndalsvegen med ytterligere 80-100 biler vil være særs uheldig og lite formålstjenlig for området. Å tvinge/presse/true det antall biler som reguleringsplanen legger opp til gjennom vegnettet rundt skolen og på Grøndalsvegne ser ut til å gi en kraftig økning i risiko for ulykker. Løsning foreslått virker hastig og lite gjennomtenkt…*

*Kan av plan-dokumentasjonen for reguleringen ikke se at alternative vegløsninger har vært vurdert, det er ei heller gitt gode/tilfredsstillende begrunnelser for hvorfor løsning foreslått er den beste. Det i seg selv er beklagelig og virker noe underlig da der burde være flere gode alternativer som gir høyere utnyttelsesgrad av området, samt at trafikkavvikling i og rundt skolen og idrettsanlegget kunne vært veldig mye bedre. Man skulle tro at beste vegløsning for de nye bustedene skissert i planen er fra hovedveg, kanskje som foreslått vi bildet under… Men med retardasjonsfelt for de biler som skal kjøre av, og da en omlegging av eksisterende gang/sykkelveg.*

*Ett annet moment som forstås av plandokumentasjon er at gangvei ikke kommer før 30 boliger er solgt. Dette vil sannsynligvis medføre at man i lengre tid skal håndtere en midlertidig løsning som åpenbart er svært risikofylt og uoversiktlig. Ett slikt kompromiss kan ikke aksepteres og man vil be om at vegen blir utbedret umiddelbart ved første boligsalg for det omtalte planområdet.*

*Kort oppsummert så klager man på:*
*1. En kraftig økning av biltrafikk (og anleggstrafikk i utbyggingsperiode)*
*2. Der bør finnes bedre løsninger for tilkomst til nytt bolig område..*
*3. Økning i trafikk i ett område som allerede ha dårlig infrastruktur… Virker som en hastig avgjørelse*
*4. Sannsynlig økning i myke trafikanter er en dårlig kombinasjon med økt biltrafikk.*

<u>Kommentar:</u>
Ved å utvikle nye buområde og etablering av fleire bustadar vil ein måtte pårekne ei auke i biltrafikk. Dette gjeld også i anleggsperioda når området skal utbyggast.

Vegane er regulerte og dimensjonert ihht. Statens vegvesen si handbok 017 og kommunen sin lokale vegrettleiar.

For punkt 2 og 3 har kommunen orientert på medverknadsmøte 01.10.2015 at årsak til val av vegtrase er innspel frå Statens vegvesen ved revidering av kommuneplanen sin arealdel. Sitat frå Statens vegvesen datert 08.01.2014:
*B33, B49 og TJ18: Vi føreset at tilkomst vert knytt til det lokale vegnettet, utan ny avkøyrsle/avkøyring frå fylkesvegen. Tilkomst til TJ18 og B33 bør vurderast og sjåast i samanheng med reguleringsplanen som er under utarbeiding for fylkesvegstrekninga Indre Herøy kyrkje — Stokksundbrua.*
Statens vegvesen har med dette lagt premissane for val av vegløysing allereie ved revidering av arealdelen der B33 vart foreslått som framtidig bustadområde.

Det vart også i medverknadsmøte 01.10.2015 foreslått å nytte anna avkøyrsle ved å knyte seg inn på noverande kryss inn til skulen (frå fv 654) og føre den langs fv654 tilbake til bustadfeltet mellom skulen og fv 65. Dette vil medfører eit komplisert og arealkrevjande kryss, vanskeleg å få til grunna skulebygg og uteareal.

Som det går fram av planomtale, sak om offentleg ettersyn og sak om slutthandsaming har trafikkavvikling (omsyn til mjuke trafikantane) hatt stort fokus i denne planen. Det er lagt opp til fortau frå BKS 3 til skuleområde i tråd med krava i kommunen sin rettleiar og standardheving(med breiddeutviding) når 50 bueiningar er tilknytt vegen.

Angåande utbyggingsrekkefølge på vegane er planen utarbeidd i tråd med den kommunale rettleiaren. Denne seier at område med meir enn 3 og mindre enn 50 bueiningar skal ha vegstandard lik A1 og for område med meir enn 50 bueiningar skal ha vegstandard lik A2. Adkomstvegane o_SKV1 og o_SKV2 skal derfor utbyggast med standard lik A2 når eksisterande veg har 50 bustadeiningar som er knytt til vegen frå bustadområda i aust (her langs Grøndalsvegen, Bondestokksund og Prestegardsmyrane).

Klagen inneheld ikkje nye moment i høve tidlegare innspel og vurderingar som er gjort.

**Vurdering og konklusjon:**
Klagen er levert innanfor lovbestemt frist og vilkåra for å handsame saka som klage er oppfylt.

Etter rådmannen si vurdering er det ikkje kome fram nye moment i klagene.

Jamfør plan- og bygningslova, § 3-2, er det kommunestyret som er øvste plan- og arealbruksmynde i kommunen. Det kommunestyret som på grunnlag av ei skjønnsmessig vurdering avgjer kva areal som skal regulerast og kva areala skal regulerast til.

Detaljreguleringsplan for Stokksund B33 er utarbeidd i samsvar med dei krava som kommunen og regionale instansar har spelt inn. Standarden på vegane i reguleringsplanen er tilpassa forventa tal bustadar og i samsvar med Statens vegesen si handbok 017 og kommunen sin lokale vegnormal «rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal».

Rådmannen rår til at innkomne klager vert avvist og at kommunestyret stadfestar sitt tidlegare vedtak i K-sak 109/16

Fosnavåg, 13.10.2016

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

**Fra:** Jarl-Åge Vågsholm [mailto:jav@marinteknikk.no]
**Sendt:** 22. juli 2016 14:57
**Til:** postmottak
**Kopi:** 'jarl-aage@tussa.com' (jarl-aage@tussa.com)
**Emne:** VS: Klage på Godkjent detaljreguleringsplan for Stokksund B33 i møte 22.6.2016, K-sak 109/16

postmottak@heroy.kommune.no
v/Utviklingsavdelingen
Ole Magne Rotevatn

Curt Åge og Åse Karin S. Hauge
Preben og Janne Hestad
Johan Ole og Hege Abeltun
Kristoffer og Guro Aksnes
Rolf Arne Nilsen og Hallgjerd Nilsen
Odd Helge Nilsen og Jorunn Nilsen m/Fam
Hallgeir og Sigrund Hauge
Oddvin og Sissel Leikanger
Andre og Kristin M. Gjerde
Kåre M. Mikalsen
Erling og Marit Storøy
David Andersen og Evy P. Flusund
Jarl-Åge og Elise M. Vågsholm

Stokksund
Den 22.07.16

**Klage på Godkjent detaljreguleringsplan for Stokksund B33 i møte 22.6.2016, K-sak 109/16**

Vil med dette sende en klage K-Sak 109/16, som referert til ovenfor.

Klagen går i hovedsak på planlagt vegtrase som vist i bilde under. (Ref. «Plankart Stokksund datert 12.04.2016»)



Å belaste Grøndalsvegen med ytterligere 80-100 biler vil være særs uheldig og lite formålstjenlig for området. Å tvinge/presse/true det antall biler som reguleringsplanen legger opp til gjennom vegnettet rundt skolen og på Grøndalsvegne ser ut til å gi en kraftig økning i risiko for ulykker. Løsning foreslått virker hastig og lite gjennomtenkt.
I tidspunkta når man skal til/fra arbeid og samtidig barn skal til/fra skole så er Grøndalsvegen allerede med dagens belasting moden for en oppgradering til liks med den som foreslås i tilknytning til den nye reguleringsplanen.

Slik man vurderer denne løsninga så vil flere i nærheten til skolen velge å kjøre barna sine til skole da man ser en kraftig økning i risiko for ulykker, som tidligere nevnt. Ergo så kan en si at den foreslåtte vegløsninga vil øke trafikken ytterligere i «peak-periodene» og altså forverre et allerede svært presset og dårlig trafikkbilde…. Som for øvrig ikke kan sees å bli bedre med de utbedringer som foreslås av hovedveg og dertil ny infrastruktur.

Kan av plan-dokumentasjonen for reguleringen ikke se at alternative vegløsninger har vært vurdert, det er ei heller gitt gode/tilfredsstillende begrunnelser for hvorfor løsning foreslått er den beste. Det i seg selv er beklagelig og virker noe underlig da der burde være flere gode alternativer som gir høyere utnyttelsesgrad av området, samt at trafikkavvikling i og rundt skolen og idrettsanlegget kunne vært veldig mye bedre.
Man skulle tro at beste vegløsning for de nye bustedene skissert i planen er fra hovedveg, kanskje som foreslått vi bildet under... Men med retardasjonsfelt for de biler som skal kjøre av, og da en omlegging av eksisterende gang/sykkelveg.




Ett annet moment som forstås av plandokumentasjon er at gangvei ikke kommer før 30 boliger er solgt. Dette vil sannsynligvis medføre at man i lengre tid skal håndtere en midlertidig løsning som åpenbart er svært risikofylt og uoversiktlig. Ett slikt kompromiss kan ikke aksepteres og man vil be om at vegen blir utbedret umiddelbart ved første boligsalg for det omtalte planområdet.

Med skole, idrettsanlegg og samlingsted så er området der fellesvegen foreslås ett område hvor mange barn og voksne ferdes som myke trafikanter i store deler av dagen og på kveldstid. Trafikken av myke trafikanter kommer sannsynligvis til å øke i årene som kommer, og derfor ber man kommunen og tiltakshaver om å søke alternative løsninger. Dette er noe som man gjerne kan være med å diskutere og gi forslag til dersom der er vilje og rom for slikt.

Kort oppsummert så klager man på:

1. En kraftig økning av biltrafikk (og anleggstrafikk i utbyggingsperiode)
2. Der bør finnes bedre løsninger for tilkomst til nytt bolig område.. Bildene under kan kanskje illustrere det noe (bildene kan utvides etter eget ønske):
   a. Før:




   b. Etter:




3. Økning i trafikk i ett område som allerede ha dårlig infrastruktur… Virker som en hastig avgjørelse
4. Sannsynlig økning i myke trafikanter er en dårlig kombinasjon med økt biltrafikk.

Til slutt så nevnes det at klagefrist i fellesferien ikke er å foretrekke. Håper, på generelt grunnlag, at kommunen prøver å unngå det i fremtiden..

Ta gjerne kontakt på email eller mobil dersom noe er uklart eller der er noen spørsmål.
Vi ser frem til å høre fra dere.

Med Vennlig Hilsen,

Curt Åge og Åse Karin S. Hauge
Preben og Janne Hestad
Johan Ole og Hege Abeltun
Kristoffer og Guro Aksnes
Rolf Arne Nilsen og Hallgjerd Nilsen
Odd Helge Nilsen og Jorunn Nilsen m/Fam
Hallgeir og Sigrund Hauge
Oddvin og Sissel Leikanger
Andre og Kristin M. Gjerde
Kåre M. Mikalsen
Erling og Marit Storøy
David Andersen og Evy P. Flusund
Jarl-Åge og Elise M. Vågsholm
+4797523381

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSPROTOKOLL

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | OMR | Arkivsaknr:<br>Arkiv: | 2015/448<br>L12 |

| Utvalsaknr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 145/16 | Formannskapet | 14.06.2016 |
| 109/16 | Kommunestyret | 22.06.2016 |

## DETALJREGULERINGSPLAN FOR STOKKSUND B33 - SLUTTHANDSAMING

**Tilråding:**
Herøy kommunestyret godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova §12-12, *detaljreguleringsplan for Stokksund B33* datert 12.4.2016 og tilhøyrande føresegner datert 9.5.2016.

Særutskrift:

| | | |
|---|---|---|
| Møre og Romsdal fylkeskommune | Fylkeshuset, pb. 2500 | 6404 MOLDE |
| Fylkesmannen i Møre og Romsdal | Fylkeshuset, pb. 2520 | 6404 MOLDE |
| Statens vegvesen, region midt | Postboks 2525 | 6404 MOLDE |
| Norges vassdrags- og energidirektorat | Naustdalsvn. 1b pb. 53 | 6801 FØRDE |
| Søre Sunnmøre Landbrukskontor | Dragsundvegen 6 | 6080 GURSKØY |
| Stokksund Grendalag v/ Joakim Eiksund, | | 6070 TJØRVÅG |
| Storeneset grannelag v/ Alf Olger Dypvik, | | 6070 TJØRVÅG |
| Per-Magne Lillenes | | 6070 TJØRVÅG |
| Indre Herøy sokn v/kyrkjekontoret | Lisjebøvegen 1 | 6091 FOSNAVÅG |

Grunneigarar, gjenbuarar og naboar til planområdet

**Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 22.06.2016**

Herøy kommunestyret godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova §12-12, *detaljreguleringsplan for Stokksund B33* datert 12.4.2016 og tilhøyrande føresegner datert 9.5.2016

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Formannskapet - 14.06.2016**

Herøy kommunestyret godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova §12-12, *detaljreguleringsplan for Stokksund B33* datert 12.4.2016 og tilhøyrande føresegner datert 9.5.2016

Vedlegg

1 Detaljreguleringsplan for Stokksund B33, datert 12.4.2016
2 Føresegner til Stokksund B33, datert 9.5.2016
3 Merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune 24.2.2016
4 Merknad frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal 4.3.2016
5 Avklaring av motsegn frå Fylkeskommunen 28.4.2016
6 Avklaring av motsegn frå Fylkesmannen 25.4.2016
7 Planomtale for Stokksund B33

**Saksopplysningar:**
Målet med planarbeidet er å leggje til rette for ulike typar bustadar med tilhøyrande infrastruktur på Stokksund.

Området er i kommuneplanen sin arealdel definert som framtidig bustadområde B33 med plankrav. Vest for B33 ligg TJ18 som er avsett som offentleg/privat tenesteyting.

Det er gjennomført oppstartsmøte med kommunen 6.3.2015 og Formannskapet vedtok i møte 17.3.2015, F-sak 55/15, oppstart av planarbeid. Oppstart av reguleringsarbeid vart varsla i avis og på nett 24.3.2015 med frist for merknadar 5.5.2015.

Med bakgrunn i merknad frå Per-Magne Lillenes ved varsel om oppstart vart det gjennomført ekstra medverknadsmøte på Stokksund skule 1.10.2015 der idrettslag, naboar, skule v/rektor og indre Herøy sokn var inviterte. Hovudprinsippa i planarbeidet vart presentert på møtet.

Plankonsulent har også gjennomført medverknadsmøte 28.10.2015 der fokus var på særskilde grupper der barnerepresentanten, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, norges handikapforbund, ungdomsrådet grendalag, foreldreutvalet ved skulen og rektor på skulen var inviterte.

Formannskapet gjorde vedtak 19.1.2016 (F-sak 10/16) om å leggje planen ut til offentleg ettersyn. Planforslaget vart sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 29.1.2016- 11.3.2016. Frist for merknadar var sett til 14.3.2016. I høyringsperioden kom det inn 5 merknadar:

**Endringar etter offentleg ettersyn og innkomne merknadar**
To tomter på BFS3 og BKS 5 er teke ut av planen som å imøtekome Fylkesmannen si fråsegn. Føremåla er erstatta av f_BLK2 (kvartalsleikeplass) og landbruks- natur- og friluftsføremål.

Føresegna er endra i § 7 nr. 6 til at nærleikeplassar skal minimum ha sandkasse, benk, eit leikeapparat og noko fast dekke.

Føresegna er endra i § 12 bokstav a. med krav om at før det vert gjeve byggeløyve skal det føreligge sol/skuggeanalyse som viser at leikeplassane har tilstrekkeleg solforhold.

**Merknadar til planforslaget:**
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) datert 8.2.2016, Statens vegvesen datert 17.2.2016 og Søre Sunnmøre Landbrukskontor datert 14.3.2016 hadde ingen merknadar til planframlegget.

<u>Møre og Romsdal fylkeskommune datert 24.2.2016</u>
Fylkeskommunen varsla motsegn til leikeareala f_BLK 1, 3 og 4 er dokumentert å ha tilstrekkeleg sol gjennom dagen, samt egna utforming i forhold til areal og breidde. Samstundes hadde dei fleire råd til planframlegget som vart vurdert.

Herøy kommune sendte over brev datert 19.4.2016 med dokumentasjon og forslag til endringar i planforslaget.

Fylkeskommunen trakk motsegna i brev datert 28.4.2016.

Fylkesmannen i Møre og Romdal datert 4.3.2016
Fylkesmannen varsla motsegn til leikeareala f_BLK 1, 3 og 4 inntil dei er dokumentert å oppfylle «gjeldande krav».

Fylkesmannen rådde samstundes til at BFS3 og BKS5 vert teke ut av planforslaget og erstatta av natur- og friluftsområde.

Herøy kommune sendte over brev datert 19.4.2016 med dokumentasjon og forslag til endringar i planforslaget.

Fylkesmannen trakk motsegna i brev datert 25.4.2016.

**Kortfatta omtale av planforslaget:**
Nedanfor vert gitt ein kort presentasjon av dei mest sentrale formåla i planforslaget. For meir detaljert informasjon om planen, vert det vist til planomtalen.

I sum er det stipulert ca. 80 bustadeiningar i området fordelt mellom frittliggjande småhusbusetnad(BFS) og konsentrert småhusbusetnad(BKS)

I planframlegget er det sett av eit eige areal (BAV) til avlaupsanlegg (pumpestasjon og slamavskiljar i tilknyting til naudoverløp). Som vedlegg til planframlegget følgjer eit prinsippskisse på korleis vass- og avløpsanlegget er tenkt løyst.

Gjennom området går bekkar som kjem frå stikkrenner gjennom fylkesvegen. Planen gjev grunnlag for å samle stikkrennene i eit løp mot sjøen. Særleg ved utbygginga av det nye skuleområdet vil det vere tenleg å få lagt om hovudbekken (største stikkrenna). Kanalen må byggast når for å ta omsyn til overvatn er det lagt til rette for ein drenskanal (BKT) gjennom feltet.

For meir detaljar knytt til avlaup og overvatn sjå planomtale og prinsippskisse.

Det er sett av areal til 9 stk. felles leikeplassar innanfor planområdet. 7 av desse er nærleikeplassar og 2 er kvartalsleikeplassar. Mellom leikeplassane er det gjennomgåande gangareal. Samla areal til nærleikeplass er ca. 50 m2 pr bustadeining. Det er lagt vekt på at leikeplassane skal auke standarden på bustadfeltet og gje grunnlag for eit godt bumiljø og ein god grønstruktur.

SKV1-SKV12 skal vere offentlege vegar. Det same gjeld for tilhøyrande annan veggrunn – teknisk anlegg. Vegane er dimensjonert for 30 km/t (jf. kommunen si «Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal»).

Nærleikeplassane BLK1, 3, 4, 5, 6, 8 og 9 skal opparbeidast og ferdigstillast før det vert gjeve ferdigattest til nye bustadar som soknar til den aktuelle nærleikeplassen jfr. maks avstandskrav på 50 m mellom bustad og leikeplass. Kvartalsleikeplassane BLK2 og 7 skal ferdigstillast når bustadeining nr 20 tilhøyrande leikeplassen vert teken i bruk, jfr. maks avstandskrav på 250 m mellom bustad og leikeplass. Før byggeløyve vert gitt skal det føreligge sol/skuggeanalyse som viser at leikeplassane har tilstrekkeleg solforhold

Adkomstvegane o_SKV1 og o_SKV2 skal utbyggast når eksisterande veg har 50 bustadeiningar som er knytt til vegen frå bustadområda i aust (her langs Grøndalsvegen, Bondestokksund og Prestegardsmyrane).

**Tilstøytande reguleringsplanar og trafikkavvikling:**
Stokksund B33 skal knyte seg til Grøndalsvegen. Vegen skal gjevast høgre standard og vert knytt til Prestegardsvegen og endeleg til fylkesveg 654. Siste del inngår i nyleg vedteken reguleringsplan.

Vegstandarden i planforslaget er i tråd med Herøy kommune sin vegnormal «rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal».

Indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua, planid: 201286:




Reguleringsplan for Indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua er ein nyleg vedteken detaljplan for omlegging Fv 654 som også omfattar busshaldeplass og parkering.

Dei fleste kritiske merknadane til planarbeidet for Stokksund B33 går på dagens situasjon knytt til trafikkavvikling rundt skuleområde. I dag er område prega av eit utfordrande køyremønster, men dette er i stor grad betra gjennom Statens vegvesen sitt reguleringsarbeid. Som vi kan sjå av godkjend reguleringsplan over er det planlagt eiga busslomme mot skuleområde der borna kan gå direkte ned på gang- og sykkelveg. For foreldre som skal setje av born i område må desse nytte område SPA og borna går deretter på gang- og sykkelveg på vestsida av SPA, kryssar mot BR og kryssar på nytt over til skuleområde.

Den nye reguleringsplanen til vegvesenet har rydda bort mykje av problema i tilkomstområdet til skulen. Det ligg til foreldra/sjåførane å køyre forsvarleg i samsvar med vegmønsteret. Køyring inne på skuleområdet må skulen sjølv ta tak i og syte for forsvarleg køyremønster. Plankonsulent har laga ei skisse som viser forslag til nytt

køyremønster på skuleplassen sjølv om det ligg utanfor planområde, sjå skisse nedanfor.




## Vurdering:

<u>Naturmangfald</u>

Kunnskapsgrunnlaget for planområdet vert vurdert som relativt godt med bakgrunn i feltarbeid og rapport i 2015 samt eldre upublisert materiale frå Alv Ottar Folkestad.

Det planlagde tiltaket vil i liten grad medføre at naturverdiar for planteliv går tapt. For fugleartar som hekkar i og rundt Prestegardsmyrane vil den planlagde utbygginga vere negativ. Miljøfaglig utredning AS har foreslått fylgjande avbøtande tiltak for å redusere konsekvensane for fuglelivet:

- Det bør ikkje leggast til rette for tilkomst til strandengområda.
- Sikre at den nordlegaste vika vert skjerma.
- Ferdselsforbod i hekketida.
- Forby kattehald evt. innføre bandtvang på katter i bustadfeltet.

Det er i planframlegget teke inn avbøtande tiltak der det har vore mogleg. Det vert ikkje lagt til rette for tilkomst til strandengområda. Dette i form av at vegar ikkje går ut i LNF-området, gangkorridorane (del av leikearealet) er avgrensa slik at desse i varetek berre tilkomst til leikeareal. Den nordlegaste vika ligg i god avstand frå planområdet. Andre utlagde byggefelt grensar meir til området. Når det gjeld ferdselsforbod, vil alminnelege omsyn i hekketida vere avbøtande. Dette kan

opplysast om med skilt ved inngangar til LNF-området. Å innføre ferdselsforbod ligg evt. til fylkesmannen. Når det gjeld forbod mot kattehald og evt. bandtvang på kattar finn vi det vanskeleg å innføre slike påbod/restriksjonar i plansamanheng.

I tillegg har kommunen etter offentleg ettersyn teke ut to tomter på BFS3 og heile BKS5 som grensar til mot dei mest sårbare område for fugleliv.

Med dei avbøtande tiltaka som er lagt inn i planen vil den samla belastninga vere akseptabel.

**Vurdering:**

Konsekvensar for folkehelse:

Planframlegget vil ha positive konsekvensar for folkehelsa då det vert planlagt bustadar med tilnærma universell utforming (ift. stigning, bustadar og leikeareal)

Konsekvensar for drift:

Planframlegget medfører økonomiske konsekvensar for kommunen. Tilkomstvegane i feltet er regulert offentlege. Dette gjeld også fortaua. Før utbygging vil det kunne bli søkt om godkjenning av utbyggingsavtale. Kommunen overtek då alle veg, leidningsanlegg og VA-anlegg elles for drift og vedlikehald. Dette vil i så fall medføre drift- og vedlikehaldskostnadar.

Planforslaget er godt gjennomarbeidd og løysingane som er valt er godt dokumenterte. Tilkomstvegen og dei interne vegløysingane i feltet tilfredsstiller krava i Herøy kommune sin «Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal». Trafikkløysingane rundt skuleområde er i stor grad ordna gjennom Statens vegvesen si regulering og rådmannen ser derfor ikkje at det kan gjerast meir i dette reguleringsarbeidet for å løyse dei utfordringane som er der. Dette vil bli løyst ved utbygging.

Det biologiske mangfaldet i området er sårbart og kommunen har fått ein god dokumentasjon på naturmangfald og naturverdiar i Stokksund. Med dei avbøtande tiltaka som er lagt inn i planforslaget meiner rådmannen konsekvensane er akseptable i forhold til intensjonen med planen.

**Konklusjon:**

Rådmannen rår, i medhald av plan- og bygningslova §12-12, til at kommunestyret godkjenner *detaljreguleringsplan for Stokksund B33* datert 12.4.2016 og tilhøyrande føresegner datert 9.5.2016.

Fosnavåg, 03.06.2016

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad<br>Rådmann | Jarl Martin Møller<br>Avd.leiar |

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn




# TEIKNFORKLARING

Bygningar og anlegg (§12-5)

- Bustader - frittliggjande småhus
- Bustader - konsentrert småhus
- Energianlegg
- Avløpsanlegg
- Andre kommunaltekniske anlegg
- Leikeplass

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§12-5 nr.2)

- Køyreveg
- Fortau
- Gangveg/gangareal/gågate
- Annan veggrunn - tekniske anlegg
- Annan veggrunn - grøntareal
- Kollektivhaldeplass

Landbruks-, natur- og friluftsformål (§12-5 nr.5)

- Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift

Omsynsoner (§12-6)

- Faresone - Høgspenningsanlegg (inkl. høgspentkablar)
- Sikringsone - Frisikt
- Sikringssonegrense

Linjesymbol

- Planen si avgrensing
- Faresonegrense
- Formålsgrense
- Regulert tomtegrense
- Byggjegrense
- Regulert senterlinje
- Frisiktslinje
- Regulert støyskjerm
- Avkjørsel

**Kartopplysninger**

Kilde for basiskart:

Dato for basiskart:

Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89

Høydegrunnlag: NN 1954

Ekvidistanse 1:1000 m

Kartmålestokk1:1000

0 10 20 30 40 m

N

**AREALPLAN ETTER PBL AV 2008**

**Detaljplan for Stokksund**

**Herøy kommune**
**kommune**

Nasjonal arealplan-ID
**201504**
Plantype:
**Detaljplan**
Forslagsstillar:
**Opplysningvesenets fond**
Saksnummer:

**SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA**

| Revisjonar: | Handsamingsorgan | Møtesaksnr | Dato | Sign |
|---|---|---|---|---|
| Endring av kart etter offentleg ettersyn | | | 11.4.2016 | BSS |
| | | | | |
| | | | | |
| **Godkjend i kommunestyret** | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| Offentleg ettersyn frå 29.1.2016 - 11.3.2016: | | | | OMR |
| 1.gongs handsaming i formannskapet - utlegging til off. ettersyn | Formannskapet | 10/16 | 19.1.2016 | OMR |
| Kunngjering av oppstart av planarbeidet: | Formannskapet | 55/15 | 17.3.2015 | OMR |

PLANEN ER UTARBEIDD AV:

**AG Plan og Arkitektur**

# DETALJPLAN FOR "STOKKSUND, GNR. 58 BNR. 1 MFL."

| Planidentifikasjon: | Kartnr. i kartarkivskap nr. 1 | Eigengodkjenningsdato | Eigengodkjend av: |
|---|---|---|---|
| 1515201504 | | xx.xx.2015 | Herøy kommunestyre |

**Områdeomtale/plangrense:**
I nord: Grensar til eller går dels inn på gnr. 58 bnr. 1, 38, 53, 53 og 5438
I sør: Grensar til gnr. 56 bnr. 70
I aust: Grensar til gnr. 58 bnr. 51, 52 og gnr. 51 bnr. 2 og 3
I vest: Går dels inn på gnr. 58 bnr. 48

## §§ 1-3 GENERELT

### § 1 - GYLDIGHEITSOMRÅDE

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

### § 2 - ANDRE BESTEMMINGAR

Føresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

### § 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

### § 4 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med pbl til følgjande føremål slik:

<u>Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)</u>

- Bustader – frittliggjande småhusbusetnad (BFS)
- Bustader – konsentrert småhusbusetnad (BKS)
- Avlaupsanlegg (BAV)
- Anna kommunalteknisk anlegg, drenskanal (BKT)
- Energianlegg (BE)
- Leikeplass (BLK)

<u>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)</u>

- Køyreveg (SKV)
- Fortau (SF)
- Gangsti (ev gangveg)
- Annan veggrunn - teknisk anlegg
- Annan veggrunn - grøntareal
- Kollektivhaldeplass

<u>Faresone (PBL § 11-8 a.3, jf. § 12-6)</u>

- Høgspenningsanlegg (H370)

<u>Sikringssone (PBL § 11-8 a.1, jf. § 12-6)</u>

- Frisikt (H140)

### § 5 - FELLESFØRESEGNER

**a.** Busetnaden skal plasserast innanfor regulert byggegrense.

**b.** Alle inngrep skal planleggjast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.

**c.** Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf TEK10.

## § 6 – AREALBRUK

**a.** I område merka ”BFS” skal det byggjast frittliggjande småhus – einebustadar, eventuelt to- (2) manns bustadar. I einebustad kan utleigedel/sekundærhusvære (leilegheit) byggast.  Anlegg som garasje, bod og liknande kjem i tillegg.

I område merka ”BKS” skal det byggjast konsentrerte småhus, rekkjehus, vertikaldelte og/eller horisontaldelte hus. Rekkjehus kan ha inntil 4 bustadeiningar i kvar (vertikalt delt). Bustader som er både vertikalt og horisontalt delte kan ha inntil 4 bustadeiningar.

I område merka ”BE” skal det byggjast trafostasjon for EL-anlegg.

I område merka ”BLK” skal det leggjast til rette for felles leikeplassar.

I område merka ”BKT” skal det byggjast drenskanal for å ta unna overflatevatn som vert tilført området. Mellom vegane o_SKV3 og o_SKV8 skal sidearealet utformast slik at vedlikehald av kanalen kan utførast maskinelt.

Det skal ikkje førast opp plasthallar, skur eller midlertidige konstruksjonar innanfor områda som denne planen omfattar.

**b.** Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):

Maks BYA for BFS-områda er 30 %
Maks BYA for BKS-områda er 40 %

BYA gjev tillate bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 18 $m^2$ pr. bilplass.

**c.** Innanfor byggjeområde kan det førast opp mindre pumpestasjonar, El-skap, gatelys, del av veggrøfter/skråningsareal som ikkje inngår i «anna trafikkareal», overvass- og drenskummar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittståande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området. Slike innretningar skal godkjennast av kommunen.
I område sett av til felles leikeareal kan etablerast leidningsnett og nødvendige kummar for VA-anlegg, overvassanlegg og kabelanlegg. Kummar skal som hovudregel plasserast i gangkorridorane til leikearealet (-plassane).

## § 7 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)

**Generelt:**
Bygningar på same tomt skal gjevast ei harmonisk utforming. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade.

Garasje skal som hovudregel plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal. Kommunen kan, om utbygginga på tomta gjer det nødvendig med garasje med innkøyring parallelt med veg, tillate slik oppført inntil 2,5 m frå regulert trafikkareal.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eiga tomt eller fellesareal for fleire tomter for 1 bil per bueining pluss 0,5 bil per bueining til gjesteparkering. Dersom samla antal bueiningar overstig 10 vert kravet for gjesteparkering redusert til 0,25 bil frå og med bueining nr. 11. For sjølvstendige einebustadtomter som ikkje samarbeider om felles parkeringsanlegg vil likevel kravet til gjesteparkering vere 1 bil per bueining. For hybel er kravet 1 biloppstillingsplass per hybeleining utan krav til gjesteparkering.

På situasjonsplan skal utomhusareal og plassering av garasje/carport/parkeringsplass visast.

**1. Bustader – frittliggjande småhusbusetnad (BFS):**

I område merka «BFS» kan tomt nyttast til inntil to (2) fullverdige bustadeiningar. Bustadeiningane skal då vere delt vertikalt. Tomt brukt til einebustad kan ev. også ha mindre utleigehusvære som sekundærhusvære, ev inntil to (2) stk. hyblar. Tomt nytta til to (2) fullverdige bustadeiningar kan ikkje ha sekundærbustad/hybel.

Bustadbygningar kan ha gesimshøgd og mønehøgd innanfor rammene Plan- og bygningslova.

Carport/garasje med utvendig bod kan oppførast med grunnflate inntil 50 $m^2$ og då berre i ei høgd. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 3,5 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

**2. Bustader – Konsentrert småhusbusetnad (BKS):**

Område merka «BKS» skal planleggjast under eitt, men kan byggjast ut i trinn. Tomtedeling vert å fastsetje som del av utbyggingsplan/situasjonsplan.
I område merka «BKS» skal bygningar ha gesimshøgd og mønehøgd innanfor rammene i Plan- og bygningslova.
Carport/garasje kan oppførast med grunnflate inntil 50 $m^2$ og då berre i ei høgd. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 3,5 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

**3. Avlaupsanlegg (BAV):**
I område merka «BAV» skal det byggjast avlaupsanlegg (pumpestasjon og slamavskiljar i tilknyting til naudoverløp).

**4. Anna kommunalteknisk anlegg (BKT):**
I område merka "BKT" skal det etablerast naudsynt drensgrøft/-kanal for overflatevatn. Langs veg o_SKV3 kan etablerast mellombels overvassgrøft/-kanal inntil regulert kanal vert fullt utbygd, jf. eksisterande vassvegar som går gjennom områda BKS1 og BKT2. Naudsynte drensgrøfter/-kanal skal etablerast før utbygging av bustadareal. Som del av drenskanal kan mindre driftsveg etablerast.

I tillegg til vist areal kjem nødvendig areal til skjeringar og fyllingar som følgje av detaljprosjektering. Slikt areal kan leggast på tilgrensande grunn.

**5. Energianlegg (BE):**
I område merka «BE» skal det byggjast trafostasjon/nettstasjon for EL-anlegg.

**6. Leikeplass (BLK):**
Leikeplassane BLK er felles for BFS- og BKS-områda innanfor planområdet. Leikeplassane skal, ved utbygging, setjast i ein slik stand at dei er eigna for leik og opphald, jf. TEK § 10-2 og REN § 10-2. Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast på områda BLK1, 3, 4, 5, 6, 8 og 9 (nærleikeplassar). Leikeplassane skal minimum ha sandkasse, benk, eit leikeapparat og noko fast dekke. Leikeplassane BLK2 og 7 skal nyttast til kvartalsleikeplassar. Areala kan

nyttast til ballspel, aking, sykling mv og andre leikeaktivitetar som elles fell naturleg innan området.

Opparbeiding av leikeplassen skal skje i samsvar med forskrift om tryggleik ved leikeplassutstyr frå Barne- og familiedepartementet. Området skal sikrast forsvarleg mot vegareal. Tilkomsten til og forminga av leikeplassar skal bygge på prinsippa for universelle utforming. Kommunen kan gi løyve til seinare ferdigstilling dersom det vert stilt nødvendig garanti eller annan tryggleik godkjent av kommunen for opparbeiding.

## § 8 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL

**a.** Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmande skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon tilpassa føresett arealbruk. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.

**b.** Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.

**c.** Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles i samsvar med utbyggingsplan godkjent av kommunen.

**d.** Ved trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong oppretthalde sin stadeigne vegetasjon så langt råd. Uteareal skal elles opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget

**e.** Innanfor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag/sjø eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.

**f.** Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

**g.** Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsle gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisiktlinjer.

**h.** På privat bustadareal skal det som minste uteopphaldsareal (MUA) opparbeidast min. 20 $m^2$ areal eigna til leik pr. bueining. Areal mot veg skal vere inngjerda. Arealet skal gå fram av situasjonsplan. Innan område med konsentrert bebyggelse kan MUA-areal samlast som ein eller fleire felles plassar med min. storleik lik 60 $m^2$.

**i.** Dei fysiske inngrepa i terrenget skal så langt det let seg gjere gjennomførast på ein slik måte at ein tek vare på eksisterande vegetasjon og unngår sår i terrenget. Fyllingar skal plantast til med vegetasjon som er naturleg for kringliggande område. Der det let seg gjere skal skjeringar plantast til, tilsåast eller plastrast så raskt som råd.

## § 9–SAMFERDSELSANLEGG OG TEKN. INFRASTRUKTUR (PBL . § 12-5, nr. 2)

**Køyreveg (SKV) og annan veggrunn**
I trafikkområde kan det byggjast køyreveg med tilhøyrande grøft, skjeringar og fyllingar (skråningar).

SKV1-SKV12 skal vere offentlege vegar. Det same gjeld for tilhøyrande annan veggrunn – teknisk anlegg.

Vegane er dimensjonert for 30 km/t (jf. kommunen si «Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal»).

Avkøyrsler til bustadtomter skal som hovudregel leggast til adkomstveg utan fortau.

I vegareal og på tilstøytande tomtegrunn kan det også leggjast VA-leidningar/kummar, el-, fiber- og telekablar.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal – ut over vist «anna trafikkareal». Vegskråningar utanom grøfteareal skal tilsåast med stadeigen vegetasjon.

**Fortau (SF)**
I områda merka SF etablerast fortau samtidig med etablering av tilgrensande køyreveg.

**Gangsti**
I området kan etablerast gangsti, ev. gangveg. Som del av arealet ligg ½ del av støyvoll på området så langt det er vist symbol for støyskjerm på plankartet.

**Annan veggrunn – grøntareal**
Arealet langs gang-/sykkelvegen nyttast til støyvoll. På arealet kan monterast støyskjerm. Arealet kan plantast til med stadeigen vegetasjon langs støyskjermen.

**Kollektivhaldeplass**
Arealet inngår i busslomme i tilgrensande reguleringsplan.

## § 10 – SIKRINGSONE (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

Frisiktsone (H140):
Frisiktsone i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå. I desse sonene kan det ikkje plantast vegetasjon som kan hindre sikta.

## § 11 – FARESONE (PBL. § 11-8 a.3, jf. § 12-6)

Høgspenningsanlegg (H370), område BE:
Med omsyn til eventuell stråling frå høgspent i trafostasjon er det i planen vist omsynssone, kode H370 på BE-føremålet samt tilgrensande «anna trafikkareal». Dette gjev då avstand lik 5 m mellom høgspenningsanlegg og framtidig byggeareal.

## § 12 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 12-7 nr. 10)

**a.** Ved byggesøknad skal det gjerast greie for plassering av minste utomhusareal (MUA). Nærleikeplassane BLK1, 3, 4, 5, 6, 8 og 9 skal opparbeidast og ferdigstillast før det vert gjeve ferdigattest til nye bustadar som soknar til den aktuelle nærleikeplassen jfr. maks avstandskrav på 50 m mellom bustad og leikeplass. Kvartalsleikeplassane BLK2 og 7 skal ferdigstillast når bustadeining nr 20 tilhøyrande leikeplassen vert teken i bruk, jfr. maks avstandskrav på 250 m mellom bustad og leikeplass. Før byggeløyve vert gitt skal det føreligge sol/skuggeanalyse som viser at leikeplassane har tilstrekkeleg solforhold.

**b.** Kanalanlegg kan opparbeidast stegvis, men slik at bustadtomter ferdigstilt for utbygging er sikra. I høve eksisterande vassvegar kan vassveg mot nord nyttast mellombels inntil regulert drenskanal er fullt utbygd. Utvida veggrøft kan nyttast som vassveg saman med eksisterande bekk til sjø.

**c.** Støyskjerm/voll langs fv654 og langs bustadområdet skal byggast samtidig som andre tekniske anlegg tilhøyrande det aktuelle byggeområdet som er utsett for støy ut over krava i T-1442. Vi viser her til eigen støyrapport som følgjer reguleringsplanen.

**d.** Adkomstvegane o_SKV1 og o_SKV2 skal utbyggast når eksisterande veg har 50 bustadeiningar som er knytt til vegen frå bustadområda i aust (her langs Grøndalsvegen, Bondestokksund og Prestegardsmyrane).

Revideringar
Revidert 25.1.2016 etter vedtak i Formannskapet.
Sist revidert 9.5.2016 etter offentleg ettersyn.

Herøy kommune, xx/xx/2015

| | |
|---|---|
| ordførar | rådmann |

Ørsta 19.11.2015

**Herøy kommune**
**Formannskapet**
**Rådhuset**
**6099 Fosnavåg**

# Framlegg til detaljplan for Stokksund gnr. 58 bnr. 1 mfl. Herøy kommune



*Planområde*

**AG Plan og Arkitektur AS**
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00

www.agplan.no
firmapost@agplan.no

Sentral Godkjenning: 2002011841
Org.nr: 884 182 042 MVA

# AG Plan og Arkitektur AS

| | |
|---|---|
| Oppdraget sitt namn: | Stokksund gnr. 58 bnr. 1 mfl. |
| Dokumentet sitt namn: | Planomtale |
| Saksnr: | 2230 |
| Nasjonal arealplan-ID: | 1515201504 |
| Oppdragsgjevar: | Opplysningsvesenets Fond |
| Oppdragsgjevar sin representant: | Anne-Kari Drønen Mathiesen (OVF)<br>Morten O. Kildahl (Terra Eiendomsutvikling AS) |
| AG Plan og Arkitektur AS: Oppdragsleiar: | Kåre Gjengedal (sivilingeniør/planleggar) |
| Medarbeidar: | Eldar Hansen (GIS-ingeniør) |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 19.11.2015 | 34 | | KG | KG | MOK |
| Rev.nr | Dato | Tall sider rapport (+ appendix) | | Utarbeida | Kontrollert | Godkjent |

Signert rapport original er arkivet hjå AG Plan og Arkitektur AS

| Oppdragsnr. | Dokumentnr | Filnavn |
|---|---|---|
| 2230 | 1 | P:prosjekt/2230-Stokksund/Prosjektmappe/ Plandata/Tekstdokument/Planomtale.doc |

1. Samandrag ..... 6
2. Nøkkelopplysningar ..... 7
3. Bakgrunn ..... 8
3.1. Føremålet med planen ..... 8
3.2. Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold ..... 8
3.3. Tidlegare vedtak i planen ..... 8
3.4. Utbyggingsavtale ..... 8
3.5. Krav om konsekvensutgreiing ..... 8
4. Planprosessen ..... 9
4.1. Medverknad, oppstart, ev. planprogram ..... 9
5. Planstatus og rammevilkår ..... 10
5.1. Overordna plan ..... 10
5.2. Gjeldande reguleringsplanar ..... 11
5.3. Temaplanar ..... 12
5.4. Statlege planretningslinjer/rammer/føringar ..... 12
6. Skildring av planområdet ..... 14
6.1. Plassering ..... 14
6.2. Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk ..... 14
6.3. Området sin karakter ..... 14
6.4. Landskap ..... 14
6.5. Kulturminne og kulturmiljø ..... 15
6.6. Naturverdiar ..... 15
6.7. Rekreasjonsverdi, uteområde ..... 15
6.8. Landbruk ..... 15
6.9. Trafikkforhold ..... 16
6.10. Born sine interesser ..... 16
6.11. Sosial infrastruktur ..... 16
6.12. Universelt tilgjenge ..... 16
6.13. Teknisk infrastruktur ..... 16
6.14. Grunnforhold ..... 16
6.15. Støyforhold ..... 16
6.16. Luftforureining ..... 16
6.17. Risiko- og sårbarheit (ROS) ..... 16
6.18. Næring ..... 17
6.19. Analysar/utgreiingar ..... 17

7. Skildring av planforslaget ..... 17
7.1. Planlagt arealbruk ..... 17
7.2. Reguleringsføremål ..... 17
7.3. Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål og beskriving av løysingane ..... 18
7.4. Bustadar – plassering/utforming ..... 22
7.4.1. Bustadar - høgde ..... 22
7.4.2. Grad av utnytting ..... 22
7.4.3. Tal arbeidsplassar, næringsareal ..... 22
7.4.4. Tal bustadar, leilegheitsfordeling (nye) ..... 22
7.5. Bustadmiljø ..... 22
7.6. Parkering ..... 22
7.7. Tilknyting til infrastruktur VA- og El anlegg ..... 23
7.8. Trafikkløysing ..... 23
7.8.1. Køyretilkomst ..... 23
7.8.2. Utforming av vegar ..... 23
7.8.3. Krav til samtidig opparbeiding, jf føresegnene §12 ..... 23
7.8.4. Tilkomst vedlikehald avlaupsanlegg ..... 24
7.8.5. Tilgjengelegheit for gåande/syklande ..... 24
7.8.6. Felles tilkomstvegar, eigedomsforhold ..... 24
7.9. Planlagde offentlege anlegg ..... 24
7.10. Miljøoppfølging ..... 24
7.11. Universell utforming ..... 24
7.12. Uteopphaldsareal ..... 24
7.13. Estetikk ..... 25
7.14. Energi ..... 26
7.15. Landbruksfagleg vurdering ..... 26
7.16. Kollektivtilbod ..... 26
7.17. Kulturminnemiljø/kulturminne ..... 26
7.18. Sosial infrastruktur ..... 26
7.19. Plan for vatn/avlaup, tilknyting off. nett ..... 27
7.20. Plan for avfallshenting/søppelsug ..... 27
7.21. Avbøtande tiltak / løysingar ROS ..... 27
7.22. Avbøtande tiltak/ løysingar Naturmangfaldlova ..... 27
7.23. Rekkjefølgje - bestemmingar ..... 28
8. Konsekvensutgreiing (KU) ..... 28
8.1. Samandrag ..... 28

8.2. Grunngjeving for ikkje KU ..... 28
9. Verknadane/konsekvensane av planframlegget ..... 28
9.1. Overordna planar ..... 28
9.2. Landskap ..... 29
9.3. Planområdet sin karakter ..... 29
9.4. Byggeform og estetikk ..... 29
9.5. Kulturminne/kulturmiljø, ev. verneverdi ..... 29
9.6. Forholdet til krav i Naturmangfaldlova ..... 29
9.7. Rekreasjonsinteresser ..... 30
9.8. Uteområde ..... 30
9.9. Trafikkforhold ..... 30
9.10. Born sine interesser ..... 30
9.11. Sosial infrastruktur ..... 30
9.12. Universell tilgjengelegheit ..... 31
9.13. Energibehov og energiforbruk ..... 31
9.14. Risiko- og sårbarheit (ROS) ..... 31
9.15. Jordressursar/landbruk ..... 31
9.16. Teknisk infrastruktur ..... 31
9.17. Økonomiske konsekvensar for kommunen ..... 31
9.18. Konsekvensar for næring ..... 31
9.19. Interessemotsetningar ..... 31
9.20. Avveging av verknadar ..... 31
10. Innkomne innspel ..... 32
10.1. Merknader/innspel kom inn som følgje av forvarsling/annonsering ..... 32
10.2. Oppsummering – dei viktigaste innspela til planarbeidet ..... 32
10.3. Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i planframlegget ..... 32
11. Avsluttande kommentar ..... 33

**Vedlegg A:** A1: Vurdering av innspel/merknader
A2: Innkomne skriv, referat frå medverknadsmøter
**Vedlegg B:** (teikningar) Plankart (2230-100)
Standard tverrprofil vegar (2230-101 og 102)
Senterlinjeoversikt, illustrasjonsplan (2230-103)
Lengdeprofil vegar (22301-104, 105, 106 og 107)
**Vedlegg C:** C1: Rapport naturmangfald (utarbeidd av Miljøfagleg Utredning AS)
C2: Sjekkliste naturmangfald
C3: Sjekkliste ROS
C4: Støyrapport (utarbeidd av Sinus AS)
**Vedlegg D:** Planskisse VA-anlegg
**Vedlegg E:** Utsendte dokument i samband med forvarsling
**Vedlegg F:** Referat frå oppstartsmøte

# 1. Samandrag

Målet med planarbeidet er å leggje til rette for ulike typar bustadar med tilhøyrande infrastruktur på Stokksund.

Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan iht. PBL § 12-3.

Området er i kommuneplanen sin arealdel definert som framtidig bustadområde B33 med plankrav. Vest for B33 ligg TJ18 som er definert som offentleg/privat tenesteyting.

Grunnen i bustadområdet er i privat eige (Opplysningsvesenets fond). Tiltakshavar finn at det er stort behov for bustadtomter i denne delen av kommunen. Krinsen Tjørvåg manglar tomter, og tiltakshavar ønskjer difor snarleg realisering av tomtefelt på eigedomen sin.

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing " etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje kjem inn under regelverket med bakgrunn i nyleg vedteke kommuneplan (jf. KU-utgreiing der).

Spørsmålet om utbyggingsavtale vert å avklare i tilknyting til søknad om tiltak.

Tiltakshavar er Opplysningsvesenets Fond. Planarbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS med Kåre Gjengedal (KG) som utførande planleggar og fagansvarleg. Eldar Hansen (EH) har assistert KG i arbeidet.

| Føremål | Areal (daa) |
|---|---|
| **Bygningar og anlegg** | |
| Bustader – frittliggjande småhusbusetnad | 36,0 |
| Bustader – konsentrert småhusbusetnad | 21,3 |
| Avlaupsanlegg | 0,1 |
| Anna kommunalteknisk anlegg, drenskanal | 5,4 |
| Energianlegg | 39 $m^2$ |
| Leikeplass | 12,2 |
| **Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur** | |
| Køyreveg | 8,7 |
| Fortau | 1,4 |
| Gangsti | 1,0 |
| Annan veggrunn – teknisk anlegg | 7,1 |
| Annan veggrunn – grøntareal | 0,9 |
| Kollektivhaldeplass | 2,5 $m^2$ |
| **Sum areal planframlegg** | 94,1 |
| **Stipulert tal bustadeiningar** | 90 |

# 2. Nøkkelopplysningar

| | |
|---|---|
| Kommunedel: | Stokksund, Tjørvåg |
| Stad/adresse: | 6070 Tjørvåg |
| Forslagstillar: | Opplysningsvesenets Fond |
| Eksisterande planstatus: | I kommuneplanen sin arealdel: Bustadbusetnad og offentleg/privat tenesteyting |
| Planområdet sitt areal i daa: | 94,1 |
| Viktigaste fremma reguleringsformål: | Bustader (frittliggjande og konsentrerte småhus), leikeplass, vegar med tilhøyrande areal. |
| Aktuelle problemstillingar: | Utnytting, type bustadar, veg og kurvatur, støy, drenskanal. |
| Kunngjering, dato (avis): | 24.3.2015 |
| Varslingsdato berørte partar (brev): | 19.3.2015 |
| Frist for merknad: | 5.5.2015 |
| Medverknad utover varsling: | Ja, møter 1.10.2015 og 28.10.2015 |
| Krav om konsekvensutgreiing: | Nei |

# 3. Bakgrunn

### 3.1. Føremålet med planen

Tiltakshavar finn at det er stort behov for bustadtomter i Tjørvåg. Krinsen manglar tomter og tiltakshavar ønskjer snarleg realisering av tomter på eigedomen sin. Tiltakshavar oppfattar eigedomen som attraktiv for bustadbygging, området ligg nær sjø og stettar dei målsettingane for bustadtilrettelegging som kommunen fremja i kommuneplanarbeidet.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for ulike typar bustadar med tilhøyrande infrastruktur på Stokksund.

Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan iht. § 12-3.

### 3.2. Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold

Tiltakshavar er Opplysningsvesenets Fond (OVF). Representant for OVF var innleiingsvis Jan Fredrik Wasmuth. Anne-Kari Drønen Mathiesen har vore OVF sin sakshandsamar i sjølve planleggingsfasen. Morten O. Kildahl i Terra Eiendomsutvikling AS har vore prosjektleiar for OVF.

Planarbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS med Kåre Gjengedal som planleggar/fagansvarleg. Eldar Hansen har assistert KG i arbeidet.

### 3.3. Tidlegare vedtak i planen

Det er gjort vedtak om at planabeidet kan startast, jf. kapittel 4.1 i planomtalen.

### 3.4. Utbyggingsavtale

Kommuneplanen opnar for at det kan etablerast utbyggingsavtale, men det er ikkje eit krav. Tiltakshavar legg til grunn at feltet vert bygd ut i samsvar med kommunal standard og då slik at vegar og VA-anlegg kan takast over av kommunen. Spørsmålet om utbyggingsavtale vert å avklare før ev utbygging av feltet.

### 3.5. Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing " etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at naudsynte KU-utgreiingar er gjort i tilknyting til nyleg vedteken kommuneplan, med unnateke av nokre særskilde moment som skulle utgreiast og skildrast nærmare i reguleringsplanen. Desse momenta og tilhøyrande rapportar går fram av planomtalen/som vedlegg.

# 4. Planprosessen

### 4.1. Medverknad, oppstart, ev. planprogram

Tiltakshavar har vore aktiv i prosessen som Herøy kommune har hatt med rullering av kommuneplanen sin arealdel for 2013-2025. Opplysningsvesenets Fond (OVF) leverte innspel 14.5.2012 med planskisse og planomtale for eit aktuelt bustadområde i Stokksund - Prestegardsmyrane. Kommunestyret kom innspelet langt på veg i møte slik kommuneplanen no er forma.

OVF har no gått vidare med neste steg, detaljregulering av arealet tilhøyrande prestegarden; området B33 med tilhøyrande tilkomstveg. Saka blei drøfta med utviklingsleiar Jarl Martin Møller i Herøy kommune som opplyste at søknad om oppstart av planarbeidet må leggjast fram for formannskapet for behandling før ein kan gå i gang med reguleringsarbeidet. Oppstartsmøte blei halde til 6.3.2015 før formannskapet hadde sitt neste møte.

AG Plan og Arkitektur AS sendte inn skriv til formannskapet i Herøy kommune i brev datert 23.2.2015 der det blei søkt om oppstart av planarbeidet. Formannskapet behandla saka i møte 17.3.2015 der det blei gjort følgjande vedtak:

> *«Formannskapet vedtek at det i medhald av PBL § 12-8 kan startast opp detaljreguleringsarbeid for eit nærare avgrensa område i Stokksund».*

Det blei varsla oppstart av planarbeidet ved annonse i avisa Vestlandsnytt og skriv til berørte partar 24.3.2015, med frist for å kome med innspel sett til 5.5.2015. Det kom inn totalt 7 merknader/innspel, viser elles til kapittel 10 i planomtalen og vedlegg A1/A2 for nærmare vurdering.

Det vart halde medverknadsmøte på Stokksund skule 01.10.2015. Her var idrettslag, naboar, skulen v/ rektor og Indre Herøy Sokn v/ kyrkjekontoret invitert. Med bakgrunn i førebelse planskisser vart det orientert om planane så langt. Alle hovudprinsipp for planframlegget, slik det no ligg føre var då klare. Generelt var det stor oppslutnad om bustadfeltet. Det kom likevel inn synspunkt, særleg knytt til bil og busstrafikken som no er i tilknyting til levering og henting av skuleborna. Desse synspunkta er vurdert opp mot nyleg vedteken reguleringsplan for fv654 og i tilstøytande skuleområde.

Det vart vidare halde medverknadsmøte på Stokksund skule 28.10.2015. Her var Barnerepresentant, Leiar Eldrerådet, Leiar i råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Norges handikapforbund, Møteleiar for ungdomsrådet, Storeneset Grannelag, Stokksund Grendalag, leiar i foreldreutvalet ved skulen og rektor på skulen invitert. Det vart orientert om planane og det kom fram synspunkt om lag som i førre møte: fokus på trafikksituasjonen i og i tilknyting skuleområdet. Rektor vil ta trafikkavviklinga opp med kommunen og avklare køyremønster og arealdisponeringa på skuleområdet. Dette er forhold som ligg utanfor vårt planområdet og som handsamast som eiga sak. Møteinnkalling og referat følgjer som vedlegg.

# 5. Planstatus og rammevilkår

## 5.1. Overordna plan

I kommuneplanen sin arealdel 2013-2025 er planområdet definert som bustadområde (B33) med plankrav. Vest for B33 ligg TJ18 som er definert som offentleg/privat tenesteyting.

<u>Kommuneplankartet:</u>




*Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel 2013-2025. Blå strek er plangrense nytta v/ forvarsling*

Føresegnene til kommuneplanen, KU i kommuneplanen:

- *Støy langs fv654 må avklarast*
- *Leikeplassar:*
  - *Generelt krav: Minimum skal setjast av Leikeplass: 50 m$^2$ pr bueining.*
  - *Nærleikeplass: maks gangavstand 50 m. Min storleik 200 m$^2$. Maks 20 bueiningar pr leikeplass.*
  - *Kvartalsleikeplass: gangavstand maks 250 m. Min storleik 1500 m$^2$. Maks 50 bueiningar tilknytt kvar leikeplass.*
- *Grad av utnytting:*
  - *Einebustader/to-mannsbustader: BYA 30%*
  - *Konsentrerte småhus (kjede- og rekkehus) 40%*
- *Universell utforming:*
  - *det skal gjerast greie for korleis dette er ivareteke*
- *Estetikk:*

  - *estetisk utforming, tilpassing til landskap og terreng.*
- *Energi:*
  - *plassering og utforming med omsyn til lokale klimatiske forhold*
- *Overvatn:*
  - *lokal infiltrasjon/fordrøyning*
  - *Opne løysingar om mogleg.*

## 5.2. Gjeldande reguleringsplanar

Sjølve planområdet B33 og TJ18 er ikkje tidlegare regulert, men planområdet grensar til følgjande vedtekne planar:

- Trolldalen/Storneset, idnr 197601
- Indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua, idnr 201286

Sjå kartutsnitta på denne og neste side.




*Indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua* *Trolldalen/Storneset*




*Nærmare utsnitt av reguleringsplanen Indre Herøy kyrkje - Stokksundbrua*

## 5.3. Temaplanar

Ingen som vi kjenner til som har direkte betydning for planområdet.

## 5.4. Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

<u>RPR for samordna areal- og transportplanlegging</u>

Utbygginga som er planlagt er i hovudsak i tråd med retningslinjene for å oppnå samordna areal og transportplanlegging. Retningslinjene går i hovudsak ut på å få ein mest mulig effektiv, trygg og miljøvennlig transport, slik at transportbehovet vert avgrensa. For den nye bustadbusetnaden i denne saka ser vi ikkje vesentlege konsekvensar i forhold til dette.

<u>RPR for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga</u>

Konkret er det spesielt pkt. 5 som går på krav til fysisk utforming som vil være aktuell i denne plansaka:

*Følgjande skal visast spesiell merksemd:*

*a) Areal og anlegg som skal brukast av born og unge skal være sikra mot forureining, støy og trafikkfare.*

*b) I nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø. Det føreset blant anna at areala:*

- *er store nok og eigner seg for leik og opphald*
- *gir moglegheit for ulike typar leik på ulike årstider*

- *kan brukast av ulike aldersgrupper, og gir høve for samhandling mellom born, unge og vaksne*

<u>Andre aktuelle:</u>

- Plan- og bygningslova
- Lova om kulturminner
- Lova om forvaltning av naturens mangfald
- Rundskriv T-2/08 om barn og planlegging (Miljøverndepartementet)
- T-1490 rettleiar reguleringsplan (Miljøverndepartementet)
- Kart- og planforskrifta

# 6. Skildring av planområdet

## 6.1. Plassering

Planområdet ligg i Herøy kommune, nærare bestemt på Stokksund i Tjørvåg. Frå Stokksund er det ca. 11 km til Fosnavåg sentrum, medan det er ca.  2,5 km til Tjørvåg. Til Ulsteinvik sentrum er det ca. 17 km.




*Planområde*

## 6.2. Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Det er ikkje eksisterande bustadhus innanfor planområdet, men planområdet grensar til bustadareal i nordvest og søraust.

Landarealet består i hovudsak av myr, i tillegg til open grunnlendt fastmark. Det er lite tre/skog i området, men det er innslag av vegetasjon her og der i form av buskvekstar.

## 6.3. Området sin karakter

Terrenget er i praksis nesten heilt flatt og framstår som eit «ope lende».

## 6.4. Landskap

Arealet er flatlendt og opa mark. Soltilhøva er gode. Klima-messig ligg området langs ein lengre fjord og vert påverka av dei vindtilhøva som går inn/ut fjorden. Frå vest vil den nye bygningsmassen ligge i le for vinden.



*Planområdet m/ forvarsla plangrense – vist på ortofoto*

## 6.5. Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne

I samband med oppstart av planarbeidet var Møre og Romsdal fylkeskommune på synfaring 9.4.2015. Det meste av arealet består av myr, og ut frå topografiske forhold blir funnpotensialet for automatisk freda kulturminne sett på som lågt. Fylkeskommunen har såleis ikkje stilt krav om arkeologisk registrering i denne saka.

Kulturmiljø

Det er ikkje registert freda eller verna bygg innanfor planområdet.

## 6.6. Naturverdiar

Når det gjeld naturverdiar viser vi til utgreiing utarbeidd av Miljøfagleg Utredning AS.

## 6.7. Rekreasjonsverdi, uteområde

Planområdet grensar ikkje til sjøareal, og ligg heller ikkje innanfor 100-metersbeltet. Planframlegget medfører såleis ikkje konsekvensar for rekreasjonsverdien til friluftsliv og ålmenn ferdsel langs sjø.

## 6.8. Landbruk

Søre Sunnmøre Landbrukskontor skriv i sin merknad at eit areal opp mot vegen på om lag 17 daa er dyrkbar jord. Arealet er omfatta av Jordlova § 9 – omdisponering av dyrka

og dyrkbar jord. Det vart forsøkt å dyrke opp arealet for om lag 25 år sidan. Resultatet synte at det hadde liten verdi som dyrkingsområde skriv landbrukskontoret.

Vi har tatt ein sjekk på gardskart på www.skogoglandskap.no. Gnr. 58 bnr. 1 har ikkje dyrka eller dyrkbar jord innanfor planområdet. Det er derimot vist 17 daa som potensielt dyrkbar jord.

### 6.9. Trafikkforhold

Området er knytt til fylkesveg 654 via vegane Prestemyrane, Grøndalsvegen og Prestegardsvegen. Fv654 har ein gjennomsnittleg døgntrafikk på ca. 3.600 ÅDT. Det er ikkje registrert trafikkulykker på fylkesvegen i nærleiken av planområdet. Det vert i medverknadsmøter vist til at trafikken rundt skulen er problematisk, ikkje ordna. Buss og foreldre køyrer på slik måte at det vert lite trygt å ferdast for borna. Parkering inne på skuleområdet er også problematisk. Vi viser til nyleg vedteken reguleringsplan, jf side 13, som har lagt grunnlaget for endra køyremønster.

### 6.10. Born sine interesser

Planområdet i seg sjølv har ikkje areal tilrettelagt for born og unge i dag. Planområdet grensar til skuleområdet si fotballbane.

### 6.11. Sosial infrastruktur

Området vil høyre til Stokksund barne/ungdomsskule. Både skulekapasitet og barnehagedekning er vurdert tilfredstillande i forhold til utbygginga. Det vert då lagt til grunn at «tomtesalet ikkje eksploderer», men tek sin naturlege del av bustadbygginga i kommunen – 10 til 15 bustadeiningar pr. år i starten og ca. 5 - 10 einingar årleg etter nokre år.

### 6.12. Universelt tilgjenge

Frå fylkesvegen har området i dag veg inn som har liten stigning/fall. Terreng messig ligg forholda til rette for å etablere eit byggefelt som er universelt tilgjengeleg.

### 6.13. Teknisk infrastruktur

Vi har motteke VA-kart frå Herøy kommune som syner at det er VA-leidningar i tilknyting til eksisterande bustadfelt i nordvest og søraust. Viser her til skisse over tenkt leidningsnett som følgjer planframlegget, jf vedlegg D.

### 6.14. Grunnforhold

Berggrunnen i området består av gneis i følgje NGU sitt N50 berggrunnskart. Når det gjeld lausmasser viser NGU sine kart at området består dels av torv/myr, bart fjell og tynn marin strandavsetning.

### 6.15. Støyforhold

Fylkesveg 654 har ei fartsgrense på 70 km/t og ein årsdøgntrafikk på 3610 køyrety i døgnet. Tungtrafikk utgjer 8 %. Det blir vist til eigen støyrapport utarbeidd av Sinus AS (vedlegg C).

### 6.16. Luftforureining

Planområdet er ikkje utsett for luftforureining i nemnande grad. Det ligg ikkje verksemder inntil eller i nabolaget til planområdet.

### 6.17. Risiko- og sårbarheit (ROS)

Det blir her vist til eige vedlegg, jf. fylkesmannen sitt standard skjema. Det vert i ROS skjemaet vist til at mengda myr må registrerast som del av teknisk prosjektering. Det er vidare vist til at radonmålar er sett ut i nabohus. Resultatet frå målinga vil ligge føre ved

kommunestyret si handsaming av planframlegget. Ev tiltak ut over TEK sine krav kan då ev innarbeidast i føresegnene.

### 6.18. Næring

Det er ikkje næringsverksemd i planområdet eller i nærområdet.

### 6.19. Analysar/utgreiingar

Det er utarbeidd støyrapport med framlegg til tiltak for å sikre at støytilhøva ikkje overstig krava i rettleiar T-1442. Rapporten er utarbeidd at Sinus AS, jf vedlegg C.

Det er utarbeidd ei miljøfaglig utredning av Miljøfagleg Utredning AS i samsvar med krav i kommuneplanen si KU-utgreiing og fylkesmannen sin merknad. Viser til vedlegg C.

# 7. Skildring av planforslaget

### 7.1. Planlagt arealbruk

Målet med planframlegget er å legge til rette for bustadbygging med tilhøyrande infrastruktur. Arealbruken i planen er difor knytt til bustadføremål og dei arealfunksjonane som høyrer til. Byggjearealet for bustader er delt mellom areal for frittliggjande bustader (BFS) og område for konsentrerte småhus (BKS). Leikeareal (BLK) er regulert som felles areal. Vegnettet, inkludert fortau og grøfteareal er regulert offentleg. Det er lagt vesentleg vekt på å etablere ein god «grønstruktur» med velfungerande leikeareal. I sum er det sett av areal til leik som overstig arealkravet i kommuneplanen si føresegn. Stokksund er ei «bygd» som har akseptabel reisetid til dei fleste sentra og arbeidsplasskonsentrasjonar i regionen. Stokksund har skule og eit flott idrettsanlegg. Som del av eit attraktivt tomtetilbod vert gode kvalitetar på fellesfunksjonar/leikeareal viktige. Areal til nærleikeplass er difor auka til ca 50 $m^2$ pr stipulert bustadeining. Det er elles viktig for feltet at det let seg bygge ut i byggetrinn. Dei ulike byggetrinna vil, slik planen er forma, kunne ha eit tilbod i ein 2-4 års periode.
Gjennom området går det i dag nokre mindre bekkar. Dette er bekkar som kjem frå stikkrenner gjennom fylkesvegen. Ved utbygging av det framtidige skulearealet (jf kommuneplanen) vil det vere hensiktsmessig å samle desse bekkane i ei felles grøft el. kanal.

### 7.2. Reguleringsføremål

Areala er delt i følgjande område.

| Bustad-område | Storleik, daa | Arealbruk | Utnytting, BYA | Tal tomter/bustad-einingar |
|---|---|---|---|---|
| BFS | 36,0 | Frittliggjande småhus | Maks BYA= 30 % | 39 tomter<br>(26 for einebust.)<br>(13 med muligheit for 2-manns bust.) |
| BKS | 21,3 | Konsentrerte småhus | Maks BYA= 40 % | 38 bustadeiningar |
| Sum bustadareal | 57,3 | | | Stipulert tal bustad-einingar ca 90 |

| Arealbruk | Storleik (daa) | Område |
|---|---|---|
| Avlaupsanlegg | 0,1 | Gjeld BAV |
| Anna kommunal-teknisk anlegg | 5,4 | Gjeld BKT, område for drenskanal |
| Energianlegg | 39 $m^2$ | Gjeld BE |
| Leikeplass | 12,2 | Gjeld BLK |
| Køyreveg | 8,7 | Gjeld SKV |
| Fortau | 1,4 | Gjeld SF |
| Gangsti | 1,0 | Gjeld gangsti ev gangveg langs støyvoll frå fv654 nedover bustadfeltet. |
| Annan veggrunn - tekniske anlegg | 7,1 | Gjeld sideareal til køyrevegane. |
| Annan veggrunn - grøntareal | 0,9 | Gjeld sideareal til køyrevegane. |
| Kollektivhaldeplass | 2,5 $m^2$ | Mindre areal tilpassa eks reguleringsplan |
| Samla areal plan | 94,1 | |

### 7.3. Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål og beskriving av løysingane

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr.1)

Frittliggjande småhusbusetnad (BFS)

Eksisterande busetnad:
I nord/aust grensar planområdet til eksisterande frittståande busetnad – som i si tid vart frådelt frå prestegarden. Tomtene har vegrett på areal som høyrer til prestegarden. Her er veg bygd med heller lav standard. Ny veg er regulert inn slik at vegføremålet «anna trafikkareal» grensar til det frå delte tomtearealet.

Ny busetnad:
BFS-areala er vist med tomtedeling. Det er eit siktemål at deler av tomtene skal kunne byggast ut med to-mannsbustader. Slike tomter er gitt ekstra tomtedjupne og breidde. Dette for å få til god løysing på bustadtype, utomhusareal, garasjeløysing og tilkomst.
Av 41 tomter har 11 tomter breidd/djupne som vil gje god løysing for to-mannsbustader. Desse er fordelte i ulike byggerin.
I føresegnene er tomtebruken definert slik:

*I område merka «BFS» kan tomt nyttast til inntil to (2) fullverdige bustadeiningar. Bustadeiningane skal då vere delt vertikalt. Tomt brukt til einebustad kan ev. også ha mindre utleigehusvære som sekundærhusvære, ev inntil to (2) stk. hyblar. Tomt nytta til to (2) fullverdige bustadeiningar kan ikkje ha sekundærbustad/hybel.*

Siktemålet med ei vertikal deling av bustadeiningane er at flest mogleg av einingane skal kunne utformast med universell/tilgjengeleg standard.

Garasje/carport kan (inkl. utvendig bod) oppførast med grunnflate inntil 50 $m^2$ – i ei høgd.

Konsentrert småhusbusetnad (BKS)

I område merka ”BKS1-BKS6” skal det byggjast konsentrerte småhus; rekkjehus, vertikaldelte og/eller horisontaldelte hus. Rekkjehus kan ha inntil 4 bustadeiningar i kvar (vertikalt delt). Bustader som er både vertikalt og horisontalt delte kan ha inntil 4 bustadeiningar.

Avlaupsanlegg (BAV)

I planframlegget er det sett av eit eige areal (BAV) til avlaupsanlegg (pumpestasjon og slamavskiljar i tilknyting til naudoverløp). Som vedlegg til planframlegget følgjer eit prinsippskisse på korleis vass- og avløpsanlegget er tenkt løyst. Løysinga er kontrollert opp mot lengdeprofil og minimumsfall på dei enkelte leidningane.

Prinsipp/avløp: Avløpet leiast i leidning til pumpestasjon. Avløpet pumpast i leidning tilbake til gangvegen ved fv654 og derifrå i sjølvfallsleidning til eksisterande avløpsleidning i området Storenesvegen, så til eksisterande slamavskillaranlegg på Storeneset.

Prinsipp/overvatn:
Nedslagsfelt: I planframlegget er det lagt vekt på å sikre tilfredstillande handsaming av overvatnet i området. Nedslagsfeltet vest for feltet dekkjer eit område på ca 138 daa (13,8 ha). Innan planområdet vil ca. 54 daa (5,4 ha) avrenning mot kanalen.




*Ca 13,8 ha nedslagsfelt*



*Ca 5,4 ha nedslagsfelt*

Overvatnet frå stikkrennene samlast i open kanal austover retning bukta nord om Storeneset. Som mellombels løysing (inntil bygging på det nye skulearealet i kommuneplanen) kan utvida veggrøft langs veg o_SKV3 nyttast for å leie vatnet som i dag kjem frå nordleg stikkrenne og renn nordover til utløp i sjø nord om skulen i eksisterande bekk. Kanal i feltet byggast løpande samtidig med tekniske anlegg for aktuelle tomter.
For områda sør om veg o_SKV6 leiast overvatnet til kanalen. Dimensjon på kanal dimensjonerast i hht krav i TEK10. Nedslagsfeltet til stikkrennene er på ca. 13,4 ha. Intern tilførselsareal ca 5,4 ha med fall/leiing mot sør og ca. 2,8 ha med fall/leiing mot nord. I tillegg kjem det nye skuleområdet (ikkje utbygd) som også leier vatn mot nord. Arealet sett av til kanal vil gje plass til tilstrekkeleg tverrsnitt i 200-års flaumsituasjon. Areal sett av til «anna trafikkareal» langs vegen frå Grøndalvegen og langs idrettsanlegget vil gje plass til tilstrekkeleg grøftetverrsnitt i flaumsituasjon. Her bør då nyttast rekkverk.

For bustadområda nord om o_SKV6 leiast overvatnet i rør til krysset Grøndalsvegen/Prestegardsmyrane. Vidareførast i eksisterande bekk.
Avrenninga frå dei enkelte tomteareala kan forsinkast ved etablering av magasin i tank eller i terreng. Avrenning frå kanalen kan (i ekstremsituasjonen) senkast ved etablering av ein dam om lag midt på kanalen strekninga BKT2. Dammen etablerst slik at den ikkje utgjer ein sikkerheitsrisiko for bebuarane i området, jf. TEK10).

Arealbehovet til vist kanal er berekna ut frå forenkla rasjonell metode: Q nødv.=ØIA
(Berekningane er kunn overslag til bruk for arealdimensjoneringa):

| Dimensjonerande gjentaksintervall, år | Dim nedbør i år (IVF-kurve Ålesund) | Avrennings-faktor | Nedslags felt, ha | Dimensjoner ande vassmengd kanal |
|---|---|---|---|---|
| a) Tilført stikkrenner gjennom fylkesvegen<br>b) Tilført frå del av ubebygd nytt skuleområde<br>Avrenningstid ca 30 minutt. | | | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 200 år | $q_s$=65 l/s *ha | 0,3 | 13,8+0,8=14,6 | $Q_{d200}$=285 l/s |
| Dimensjon kanal vassførande, min fall | | Botnbreidd =1,0 . Høgd 0,9 m. Sider 1:1,5<br>Min fall 0,5 %. | | |
| Tilført frå byggearealet:<br>Avrenningstid ca 10 minutt. | | | | |
| 200 år | qs=97,3 l/s *ha | 0,5 | 5,4<br>Mot regulert kanal | $Q_{d200}$ felt 200=262 l/s<br>$Q_{d200}$ stikkrenner +felt =530 l/s (utløp) |
| **Dimensjon kanal vassførande, min fall** | | **Botnbreidd =1,0 - 2,0. Høgd 1,0 m. Sider 1:1,5**<br>**Min fall 0,5% medfører breidd i botn inntil 2 m.** | | |
| ***Vidareføring frå kanal i eks bekk aust mot sjø:*** | | ***Botnbreidd ca 0,6 m, Høgd 0,7 m. Fall ca 6%. Kapasitet 630 l/s, OK.*** | | |
| Avrenning mot nord, mellombels | | | | |
| Vidareføring eks bekk nordover i veggrøft (mellombels løysing):<br><br>Vidareføring i eks bekk til sjø: | | Vassmengd: Frå stikkrenne lengst nord (hovudstikkrenne) nedslagsfelt ca 12 ha. Del av ikkje utbygd skuleområde, ca. 1,6 ha. Sum ca. 13,6 ha el ca. 265 l/s.<br>Vassføring frå del av bustadfelt: 2,8 ha. Vert ført i rør til utløp bekk. Vassføring 136 l/s. Sum vassføring i nedstaums bekk: ca. 400 l/s.<br><br>Utviding av veggrøft:<br>Botnbreidd 1,0 m Høgd 0,7 m. Fall ca 1,5%.<br>Kapasitet 320 l/s, OK<br><br>Utviding av eks bekk til sjø:<br>Vassføring: frå nedslagsfelt, frå ikkje utbygd skuleområde, frå byggefelt: 400 l/s.<br>Botnbreidd 0,6 m Høgd 0,6 m. Fall min ca 11%.<br>Kapasitet 470 l/s, OK | | |

OVF er grunneigar for begge eksisterande bekkefar til sjø. Ev. utbetring av bekkefara legg vi til grunn kan gjerast utan at områda inngår i reguleringsplanen. Ved utbygging må nødvendige rettar for utbetring overførast til aktuell utbyggar.

Vassforsyning: Hovudleidning knytast til eksisterande vassleidning langs Grøndalsvegen, (ev. i sør). Internt i feltet etablerast «rundkøyring» for sikring av brannvatn.

Anna kommunalteknisk anlegg (BKT)

Gjennom området går bekkar som kjem frå stikkrenner gjennom fylkesvegen. Planen gjev grunnlag for å samle stikkrennene i eit løp mot sjøen. Særleg ved utbygginga av det nye skuleområdet vil det vere tenleg å få lagt om hovudbekken (største stikkrenna). Kanalen må byggast når for å ta omsyn til overvatn er det lagt til rette for ein drenskanal (BKT) gjennom feltet.
Kanalen sin kapasitet er vurdert og det er sett av tilstrekkeleg areal for bygging av eigna kanal både i høve praktiske forhold og i høve nødvendig kapasitet for nedbør i ekstrem situasjon, gjenntaksintervall 1/200 års nedbøren.

Energianlegg (BE)

Det er satt av areal til trafo/nettstasjon om lag midt i planområdet, merka BE. Dette med bakgrunn i innspel frå Mørenett som tilbakemelding på forvarslinga. Plasseringa og storleiken til området er fastsett som følgje av dialog mellom Mørenett og AG Plan og

Arkitektur. Plasseringa tek omsyn til eksisterande bekk og stasjonen ligg utanom byggeareal.

Leikeplass (BLK)
Det er sett av areal til 9 stk. felles leikeplassar innanfor planområdet. 7 av desse er nærleikeplassar og 2 er kvartalsleikeplassar. Mellom leikeplassane er det gjennomgåande gangareal.
I sum er det stipulert 80-100 bustadeiningar i området. Samla areal til nærleikeplass er ca. 50 $m^2$ pr bustadeining. Dette er vesentleg meir enn minstekravet i kommuneplanen. Det er lagt vekt på at leikeplassane skal auke standarden på bustadfeltet og gje grunnlag for eit godt bumiljø og ein god grønstruktur. Det er også lagt vekt på at grøntarealet skal nyttast/medverke til forseinking av overvassavrenninga. Alle viste areal er godt eigna til føremålet. Kvartalsleikeplassane er begge over kravet i kommuneplanen på 1,5 daa.

Sikringssone (PBL § 11.8 a.1, jf. § 12-6)
Frisiktsone i vegkryss må ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

## 7.4. Bustadar – plassering/utforming

### 7.4.1. Bustadar - høgde

BFS: Gesims og mønehøgde skal ikkje overstige plan- og bygningslova sine krav (gesims maks 8 meter og møne maks 9 m). Ark kan tillatast i inntil 40% av byggets lengde.

BKS: Gesims og mønehøgde skal ikkje overstige plan- og bygningslova sine krav (gesims maks 8 meter og møne maks 9 m).

### 7.4.2. Grad av utnytting

Maksimum tillaten BYA er sett til 30 % for BFS.
Maksimum tillaten BYA er sett til 40 % for BKS.

### 7.4.3. Tal arbeidsplassar, næringsareal

Planen omfattar ikkje arbeidsplassar eller har konsekvensar for arbeidsplassar.

### 7.4.4. Tal bustadar, leilegheitsfordeling (nye)

BFS: 39 tomter, 26 for berre einebustader og 13 stk. som ev kan nyttast til 2-mannsbustader.
BKS: 6 område for konsentrerte småhus, Passar til ca. 38 bustadeiningar.

## 7.5. Bustadmiljø

På bustadtomtene skal utomhus opphaldsareal (MUA), garasje/carport og bustadhus plasserast. Tomtene er av slik storleik at det i tillegg vert plass til hage og mindre boder. På situasjonsplan skal plassering av garasje/ biloppstillingsplassar og areal til MUA visast. Eit viktig bidrag for å skape gode bumiljø er storleiken på tilgrensande leikeareal.

## 7.6. Parkering

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eiga tomt eller fellesareal for fleire tomter for 1 bil per bueining pluss 0,5 bil per bueining til gjesteparkering. Dersom samla tal bustadeiningar overstig 10 vert kravet for gjesteparkering redusert til 0,25 bil frå og med bueining nr. 11. For sjølvstendige einebustadtomter som ikkje samarbeider om felles parkeringsanlegg vil likevel kravet til gjesteparkering vere 1 bil per bueining. For hybelbygg er kravet 1 biloppstillingsplass per hybeleining utan krav til gjesteparkering.

## 7.7. Tilknyting til infrastruktur VA- og El anlegg

Det ligg hovudvassleidning både vest om fylkesvegen og nord om Grøndalsvegen. Spillvatn må løysast lokalt med eige anlegg (jf område BAV) som knytast til eksisterande slamavskillaranlegg på Storeneset. Overvatn handsamast lokalt med utløp til sjø via eksisterande vassvegar.
Til forsyning av planområdet med straum må byggast ny nettstasjon. Tilknyting i eksisterande anlegg i gang/-sykkelvegen eller i området ved skulen. Areal BE er sett av til nettstasjon. Fibernett byggast ut som El-nett. Vi viser elles til prinsippskisse for VA-anlegget, jf vedlegg D.

## 7.8. Trafikkløysing

### 7.8.1. Køyretilkomst

Byggefeltet vert å knyte seg til vegen Grøndalsvegen. Vegen skal gjevast høgre standard og vert knytt til Prestegardsvegen og endeleg til fylkesveg 654.Siste del inngår i nyleg vedteken reguleringsplan.

Det er i medverknadsmøte teke opp at det må vurderast alternative tilknytingar mellom bustadfeltet og fv654. Det vart foreslått å nytte anna avkøyrsle som Storenesvegen eller å knyte seg inn på noverande kryss inn til skulen (frå fv 654) og føre den langs fv654 tilbake til bustadfeltet (merknad frå AG…: medfører eit komplisert og arealkrevjande kryss, vanskeleg å få til grunna skulebygg og uteareal).

Kommunen har tidlegare teke opp tilknytinga av bustadfeltet til fv654 med statens vegvesen: Ikkje aktuelt med nye kryss på fv654 på strekninga. AG.. har også drøfta vegspørsmålet med vegvesenet og konklusjonen er at i planen til vegvesenet er det rydda opp i køyremønsteret ved at eine innkøyringa til skulen er stengd. Der er lagt inn busslomme mot fortauside/skuleside. Avstiging frå buss er sikra. Avstiging frå personbil må gjerast frå «bussrundkøyring» eller at foreldra køyrer inn på skuleområdet mot eks parkeringsplass. Internt på skulen sitt område er ikkje køyremønsteret planlagt som del av reguleringsplanen for fv654. Som følgje av vedteken reguleringsplan må køyremønsteret inne på skuleområdet endrast, gjennomkøyring er ikkje lenger mogleg (er bevisst endra i vedteken reguleringsplan). Tilkomst er frå Grøndalsvegen.

I høve «alternative vegtilkomstar for tilknyting av bustadfeltet til fv654» fastslår vegvesenet følgjande: Må konsentrere trafikken i eitt kryss og trafikksikre der – her «skulekrysset».

### 7.8.2. Utforming av vegar

Vegane sin standard er i tråd med Herøy kommune sin vegnormal «rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal».

### 7.8.3. Krav til samtidig opparbeiding, jf føresegnene §12

Opparbeiding av leikeplassar er i føresegnene fastsett i samsvar med kommuneplanen si føresegn. Nærleikeplass skal opparbeidast og ferdigstillast seinast når bustadeining nr 5 tilhøyrande leikeplassen vert teken i bruk. Kvartalsleikeplassane skal ferdigstillast når bustadeining nr 20 tilhøyrande leikeplassen vert teken i bruk.

Kanalanlegg kan opparbeidast stegvis, men slik at bustadtomter ferdigstilt for utbygging er sikra.

Støyskjermen skal byggast samtidig som andre tekniske anlegg tilhøyrande det aktuelle byggeområdet.

Adkomstvegane o_SKV1 (del av  og o_SKV2 (Grøndalsvegen) skal utbyggast når eksisterande veg har 50 bustadeiningar som er knytt til vegen frå bustadområda i aust.

#### 7.8.4. Tilkomst vedlikehald avlaupsanlegg

Slamavskiljar er lagt inntil trafikkareal og vil såleis vere tilgjengeleg. Tilgrensande vegkryss må nyttast som snuplass.

#### 7.8.5. Tilgjengelegheit for gåande/syklande

Langs fv654 er der gang-/sykkelveg. Sør i feltet er gangsti gitt tilknyting til gang-/sykkelvegen og denne stien er knytt til vegar i bustadfeltet. På del av bustadvegane er det fortau med breidd 3,25 meter. Fortauet kan nyttast av syklande så lenge det ikkje er til hinder for dei gåande.

#### 7.8.6. Felles tilkomstvegar, eigedomsforhold

Vegane i bustadfeltet og vegane til feltet er alle regulert som offentlege.  Tilkomst til leikeareal er vist med «korridorar» som leikeareal. Alt regulert leikeareal er føresett felles og vil inngå som eigardel tilknytt bustadeigedom. Dette skal gå fram av skøyta.

### 7.9. Planlagde offentlege anlegg

Det er i planframlegget lagt til rette for offentlege areal som køyrevegar og fortau, anna trafikkareal (grøfter/snøopplag) tilhøyrande vegane og areal for kloakkreinseanlegg. Kanalen er regulert offentleg. Som følgje av ev. utbyggingsavtale vil kommunen overta tekniske anlegg. Dette vil då gjelde vegar med gatelys og drenering, VA-anlegg og kanal.

### 7.10. Miljøoppfølging

Tiltaka i planframlegget medfører ikkje inngrep i eller konsekvensar for viktige deler av naturmiljøet. Tiltaket medfører heller ikkje særskild ureining. Det er difor ikkje lagt til grunn at særskilde miljøtiltak skal gjennomførast som følgje av inngrep planen fører med seg.

### 7.11. Universell utforming

Kommuneplanen si føresegn peikar på at prinsippa om universell utforming skal leggast til grunn i alle plansaker. I denne plansaka er det lagt til rette for bustader med universell utforming, men det vert ikkje stilt krav om universell utforming, jf. private bustader. Planområde har slik form at universell utforming let seg gjennomføre for alle bustadtomter, vegar, stiar og leikeplassar. Vegar med fortau har maks stigning/fall ca. 5% (Grøndalsvegen) og 1. bustadvegen inn i feltet har maks stigning/fall 3%.  Dei enkelte bustadvegane utan fortau har stigning/fall innan ca. 5% med unnatak av ei kortare strekning av veg SKV8 som ved kryssinga av kanalen har ca. 6% på eine sida og i enden av veg SKV4 følgjer vegen eksisterande veg (ovanfor tilkomsten til leikeplassen).
I føresegna er fastsett at tilkomsten til og forminga av leikeplassar skal bygge på universell utforming.

### 7.12. Uteopphaldsareal

Ute opphaldsarealet er delt i  tre (3) deler:

a) Minste opphaldsareal (20 $m^2$) på kvar einskild tomt, MUA. Innan område med konsentrert utbygging kan arealet samlast til ein eller fleire plassar på min. 60 $m^2$.

b) Nærleikeplass: maks gangavstand frå bustadeining er lik 50 meter. Arealet nyttast til ulike former for leik med utstyr minimum sandkasse, benk og noko fast dekke.

c) Kvartalsleikeplass: for inntil 50 bustadeiningar. Maks gangavstand 250 meter. Arealet nyttast til ballspel, aking, sykling mv.

Det er lett tilkomst til leikeareala. Leikeområda er ikkje utsette for støy.
Ingen eksisterande leikeområde vert berørt av planen. Forholdet til barn og unge er såleis vurdert og vi meiner behov og funksjonskrav er godt dekt/ivareteke i hht T-2/08. Vi viser elles til naboområda som har idrettsanlegg samt tilstøytande LNF-område mot sjøen som er lett tilgjengeleg. Bruken av deler av LNF-areala mot sjøen bør avgrensast i hekketida.

### 7.13. Estetikk

Landskap: Byggefeltet er del av ei flate som også inneheld skuleområdet (eksisterande og nytt), idrettsanlegget og ein del eksisterande bustadbusetnad. Landskapsrommet har ei fjellside i vest og tydelege kollar i aust. I nord/sør retning er landskapsrommet meir ope. Dei tydelege linjene elles kjem fram av fv654 sin langsgåande trase der den ligg ved foten av fjellsida i vest. Dei dominerande linjene i terrenget følgjer fylkesvegen og dei opne «kanalane» mellom kollane i aust. Adkomstvegen og den gjennomgåande grønkorridoren dannar opningar i nord/sørleg retning. Stikkvegane dannar opningar mot terrenget og sjøen i aust. Vegnettetog grønkorridorar følgjer hovudretningane i terrenget. Bekkefar i området er innarbeidd og nytta som del av grønstrukturen.




*Hovudretningar:* ⟷

Terreng: Terrenget innan bustadfeltet er flatt. Berre nokre små kollar finst. Området har mykje myrmark og det må påreknast masseutskifting i byggegrop. Der dei små kollane inngår i tomt må det leggast til grunn at kollande vert nytta til erstatning av myr. Arealet gjev muligheit for gode tomteløysingar og ein velfungerande grønstruktur.



### 7.14. Energi

Der er ikkje vindstatistikk konkret for dette området, men nærmaste målestasjon, på Hareid, viser ei tydeleg sør/vestleg retning på vinden. I vårt planområde vil fjellet i vest danne le for byggefeltet. Slik bustadtomtene er plassert vil husrekkene i dra stor nytte av terrengformasjonane rundt.




### 7.15. Landbruksfagleg vurdering

Ikkje relevant i denne saka. Det blir vist til at arealbruken til planområdet er avklara gjennom revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

### 7.16. Kollektivtilbod

Nærmaste busshaldeplass ligg ved Stokksund skule.

### 7.17. Kulturminnemiljø/kulturminne

Det er ikkje sett fram krav om arkeologisk registrering.

### 7.18. Sosial infrastruktur

Skulekapasitet og barnehagedekning er vurdert som tilfredstillande, men vi viser til at rektor ved skulen er usikker på kapasiteten på skulen dersom utbygginga (etterspurnaden) får for stort omfang i starten.

### 7.19. Plan for vatn/avlaup, tilknyting off. nett

Det er i planframlegget sett av areal (BAV) til slamavskiljar/pumpestasjon. Som del av planframlegget er vist prinsippskisse for korleis VA-anlegget kan tenkjast bygd ut, jf vedlegg

### 7.20. Plan for avfallshenting/søppelsug

Det er ikkje lagt til rette for særskild ordning med returpunkt for søppel. Alle vegar har tilkomst for reinhaldsbil og det er lagt til grunn at henting av søppel vert utført langs vegane.

### 7.21. Avbøtande tiltak / løysingar ROS

Radon

Norges Geotekniske Undersøkelse (NGU) har klassifisert Herøy som ei kommune der farenivået er definert som moderat til lavt. Herøy kommune har målt radonkonsentrasjon i kommunale bygg. Dette gjeld skular, kommunale barnehagar og utleigebustadar. Målingane gjekk føre seg i tidsromet februar 2014 til april 2014. Måleresultata for skular og barnhagar viser i all hovudsak akseptable resultat. I enkelte bygg har ein registrert avvik, som skal følgjast opp gjennom ny måling.
Med bakgrunn i dette kan ein sei at Herøy er ei kommune der det generelt er lave radonverdiar..

Måleperioden for radonmålar er frå 1. okt. til 1. april. Vi har sett ut radonmålar 1.10.2015 i bustadhuset på gnr. 58 bnr. 62 som grensar til planområdet. To (2) stk. målarar vert nytta – i hovudetg. og i 2. etg. (ikkje kjellar). Resultatet vil liggje klart før kommunestyret si handsaming av plansaka.

Konklusjon:
Vi legg til grunn at sikring mot radongass vert gjennomført i samsvar med gjeldande regelverk, både kva gjeld gassperre og drenering (utjamning) av gasstrykket under bustadane. Vi har ikkje teke inn særskilde tiltak som villkår i reguleringsplanen. Skulle pågåande målingar vise uønska radonmengder vert ev. tiltak å innarbeide i føresegnene før kommunestyret sitt vedtak av planen.

Støy

Viser her til eigen støyrapport utarbeidd av Sinus AS (vedlegg C). Tiltak er innarbeidd i hht støyvurderinga.

Andre forhold

Så langt vi kan sjå av offentlege databaser er det ikkje forhold knytt til risiko eller sårbarhet som skulle tale i mot fremja arealbruk.

Det følgjer vedlagt ei generell ROS-vurdering, jf. skjema C3.

### 7.22. Avbøtande tiltak/ løysingar Naturmangfaldlova

Når det gjeld naturmangfald viser vi til eigen rapport utarbeidd av Miljøfagleg Utredning AS, vedlegg D. Det blir også vist til sjekkliste for naturmangfald i vedlegg C. I rapporten vert det vist til m.a. følgjande kompenserande tiltak:

a) Det bør ikkje leggast til rette for tilkomst til strandengområda
b) Sikre at den nordlegaste vika vert skjerma
c) Ferdselsforbod i hekketida
d) Forby kattehold ev bandtvang.

Det er i planframlegget teke omsyn til punkt a). Dette slik at vegar ikkje går ut i LNF-området, gangkorridorane (del av leikearealet) er avgrensa slik at desse i varetek berre

tilkomst til leikeareal. Den nordlegaste vika – punkt b) ligg i god avstand frå planområdet. Andre utlagde byggefelt grensar meir til området. Når det gjeld ferdselsforbod, jf c), vil alminnelege omsyn i hekketida vere avbøtande. Dette kan opplysast om med skilt ved inngangar til LNF-området. Når det gjeldtiltak opp mot kattehold finn vi det vanskeleg å rå til slike tiltak i plansamanheng, jf plan- og bygningslova si ramme.

### 7.23. Rekkjefølgje - bestemmingar

Leikeplassar:

Nærleikeplassane BLK1, 3, 4, 5, 6, 8 og 9 skal opparbeidast og ferdigstillast seinast når bustadeining nr 5 tilhøyrande leikeplassen vert teken i bruk.
Kvartalsleikeplassane BLK2 og BLK7 skal ferdigstillast når bustadeining nr 20 tilhøyrande leikeplassen vert teken i bruk. Minste uteopphaldsareal (MUA) innanfor områda skal opparbeidast samtidig med bustadhusa.

Kanalanlegg:
Kanalanlegg kan opparbeidast stegvis, men slik at bustadtomter ferdigstilt for utbygging er sikra. I høve eksisterande vassvegar kan vassveg mot nord nyttast mellombels inntil regulert drenskanal er fullt utbygd. Utvida veggrøft kan nyttast som vassveg saman med eksisterande bekk til sjø.

Støyskjerm:
Støyskjerm/voll langs fv654 byggast for sikring av bustadbygging utsett for støy skal byggast samtidig som andre tekniske anlegg tilhøyrande det aktuelle byggeområdet.

Utbyggingsavtale inngår ikkje i rekkjefølgjekrava, men
før utbygging vert sett i verk skal tiltakshavar avklare med kommunen om feltet skal byggjast ut gjennom utbyggingsavtale. Slik avtale skal m.a. omfatte vegar, leidningsnett til vatn-, avløps- og overvassanlegg, slamavskiljar/pumpestasjon samt El- og teleforsyning.

# 8. Konsekvensutgreiing (KU)

### 8.1. Samandrag

Det er ikkje krav om KU for denne planen. Vi viser her til avklarande utgreiingar i samband med rulleringa av kommuneplanen.
Kommuneplanen peikar likevel på at støyforhold, tilkomst, teknisk infrastruktur, raudlisteartar og ev. kulturminne må avklarast.
Møre og Romsdal fylkeskommune har ikkje krav arkeologiske registringar. Dei andre momenta er innarbeidde i planomtalen, jf. pkt. 7.3, 7.7, 7.8, 7.22 mv.

### 8.2. Grunngjeving for ikkje KU

Arealbruken er avklara som del av kommuneplanarbeidet. Støy, tilkomst, teknisk infrastruktur, raudlisteartar (naturmangfald) og kulturminne er avklara i denne planomtalen.

# 9. Verknadane/konse kvensane av planframlegget

### 9.1. Overordna planar

Planframlegget byggjer på nyleg revidert kommuneplan. Det følgjer ikkje nemnande avvik frå denne planen.

## 9.2. Landskap

Hovudlinjene i kringliggande landskap og i planområdet er søkt teke opp i dei hovudlinjene som utbygginga medfører. Landskapet har hovudlinjer i nord/sør retning samt at fjellveggen/lia i vest vender seg vidare mellom kollar og søkk mot aust.
Hovudlinjene er ivaretekne med vegføringar og grønstrukturen. Landskapsrommet vil få nytt «golv» med den nye bygningsmassen, men det lokale særpreget er i vareteke.

## 9.3. Planområdet sin karakter

Planområdet består i dag av open mark med innslag av vegetasjon. I nord grensar byggefeltet til skule- og idrettsanlegg og eit mindre byggefelt. I aust grensar området til LNF-område. I søre grensar feltet til LNF-område som igjen grensar til eit byggefelt. I vest grensar feltet til fylkesveg 654. Planområdet sin karrakter er prega av eit flatt større myrlendt området med varierande innslag av vegetasjon. Den planlagde bygningsmassen vil innordne seg hovudlinjene i landskapet og eksisterande byggverk. Prioritering av omfattande leikeareal vil gje området ein open karakter.

## 9.4. Byggeform og estetikk

Den nye bygningsmassen vil ha høgder som vanlege bustadhus. Voluma vil variere med tal bustadeiningar på tomtene og dei konsentrerte areala. Dei vanlege bustadtomtene vil kunne ha opptil 2 fullverdige bustadeiningar. Tomtene er romslege og med eit flatt lende vil utnyttinga av tomte kunne bli god.

På det konsentrerte arealet kan det byggjast konsentrerte småhus, rekkjehus, vertikaldelte og/eller horisontaldelte hus. Rekkjehus kan ha inntil 4 bustadeiningar i kvar (vertikalt delt). Bustader som er både vertikalt og horisontalt delte kan ha inntil 4 bustadeiningar. I tillegg til bustadhus kjem garasje/carport og utomhus bod.

Byggehøgd (møne- og gesimshøgde) skal vere innan plan- og bygningslova sine generelle rammer. I høve den konkrete utforminga vil vi vise til plan- og bygningslova sine generelle reglar samt at kommunen sin estetikkrettleiar vert lagt til grun for forming av bygningar og utomhusareal. Med det innslaget av grøntareal som ligg i planen vil planområdet framstå som eit ope område. Vi kan ikkje sjå negative konsekvensar av planen i høve byggeform og estetikk.

## 9.5. Kulturminne/kulturmiljø, ev. verneverdi

Det er ikkje sett fram krav om arkeologisk registrering. Fylkeskommunen gjer merksam på at dersom ein under arbeidet kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stogge arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd. Ingen kjende verknader, så langt.

## 9.6. Forholdet til krav i Naturmangfaldlova

I rapporten frå Miljøfaglig Utredning AS heiter det i samandraget:

*«Åtte rødlistede fuglearter, en rødlistet lavart, en rødlistet plante og en rødlistet pattedyrart er registrert i området. Av moser, ble ingen rødlistearter funnet.*
*Det ble ikke påvist viktige naturtyper, m en flere rødlistede fuglearter hekker innenfor planlagt utbyggingsområde. Selve utbyggingsområdet består av nedbørsmyr i sterk gjengroing, små innslag av mjukmattemyr og med oppstikkende berg i utkantene, samt mindre flekker med kystlynghei. Innenfor influensområdet er også mindre områder med gjengroende fattig fukthei til veldrenert hei, småskog og bergåser. Mot nordvest er et mindre område som brukes til sauebeite, her er noe kunstmark med små innslag av semi-naturlig eng. Potensialet for å finne flere verdier knyttet til viktige naturtyper og flora vurderes som lavt, men flere rødlistede fuglearter vil trolig kunne dukke opp om man*

*bruker mer tid til å søke etter slike. Kunnskapsnivået om naturtyper og rødlistearter vurderes nå som godt, der føre-var-prinsippet i liten grad behøver å anvendes.*
*Det er ikke registrert spesielle konflikter mellom påviste naturverdier og skisserte utbyggingsplaner når det gjelder plantelivet. Men for de fugleartene som hekker i eller i nærheten av utbyggingsområdet, vurderes tiltaket som negativt. Berørte naturtyper omfatter vanlige, utbredte miljøer der samlet belastning vurderes som lav. Tiltaket vil medføre mindre egnet hekkeareal, økt ferdsel og forstyrrelser for hekkende fugl i dette området. Et aktuelt kompenserende tiltak kan være å stimulere til økt ekstensivt husdyrbeite på gjenværende arealer og ferdselsforbud i hekketida».*

Vi viser også til vedlegg i rapporten der Alf Ottar Folkestad viser til at området etter kvart har blitt mindre viktig. *«På 1970-talet hadde desse myrane ein definitiv verdi som hekkelokalitet for sjøfugl- og kystfugl-artar, men endringar og inngrep i området, saman med generell nedgang og markerte bestandsendringar for eit fleirtal av dei artane som tidlegare nytta området, har redusert den naturfaglege verdien og funksjonen av området radikalt».*

Konklusjonen vår er at den samla belastninga av planframlegget ikkje medfører vesentleg skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5). Viser elles til kapittel 7.22. i planomtalen. Vi legg då også til grunn at folk generelt viser omsyn til fuglane i hekketida.

### 9.7. Rekreasjonsinteresser

Del av strandsona som ikkje inngår i byggeareal er ivareteke som LNF-areal (friluftsområde) i planframlegget.

### 9.8. Uteområde

Kravet til uteopphaldsareal vert dekt dels som MUA og dels som leikeplass. Planområdet er elles knytt til kringliggande sjø, strandområde og utmarksområder og gjev gode forhold for leik og fritidsutøving. Planen medfører ikkje nedbygging av areal som tidlegare er tilrettelagt eller nemnande brukt som opphaldsareal/leik eller som friluftsområde i dag.

### 9.9. Trafikkforhold

Trafikken på fylkesveg 654 er i dag på 3610 køyrety i døgnet. Dei nye husværa i planframlegget vil generere ca 400 -450 turar i døgnet (90x4,5). Så langt vi kan sjå vil ikkje denne auken vere vesentleg for trafikksituasjonen slik vegnettet sin standard er planlagt, jf kommunen sin standard for vegar.

### 9.10. Born sine interesser

Iht. T-2/08 vurderer vi planframlegget som tilfredstillande for born og unge, jf elles krava i kommuneplanen. Leikeareala avsett i planen er av større omfang enn kva kommuneplanen krev. Areala er funksjonelle.

### 9.11. Sosial infrastruktur

Det er frå rektor ved Stokksund skule peika på at dersom feltet får ei rask utbygging vil dette føre til kapasitetsproblem for skulen.
Det må påreknast ei større interesse for feltet i startfasen enn etter kvart. Meklarfirma, som har vurdert kva omsetnad av tomter som kan ventast, viser til at 5-10 tomter årleg bør kunne påreknast selt – basert på bustadbygginga/omsetning av bustader i kommunen. Konsekvensane for skulen vil elles henge saman med anna utbygging i nedslagsfeltet for skulen, ev flytting internt og eksternt.

### 9.12. Universell tilgjengelegheit

Bustadbygginga i feltet krev ikkje universell utforming i seg sjølv i hht TEK10. Prinsippa kring slik utforming vert likevel føresett lagt til grunn, jf føresegnene. Vi viser også til at terrenget i planområdet er slik at universell utforming let seg gjennomføre nærmast generelt – både for vegar, bustader og leikeareal.

### 9.13. Energibehov og energiforbruk

Tiltaka i planen vil medføre ein energibruk for 90 bustadeiningar lik ca 1.800.000 kW/h (90x20.000) i året (jf TEK10 sine grensekrav). Alternativ energi kan nyttast ved at fjernvarme vert teken frå sjøen. Det kan også tenkjast at leikeareala kan nyttast for å ta ut jordvarme.

### 9.14. Risiko- og sårbarheit (ROS)

Det er ikkje påvist vesentlege konsekvensar i høve ROS, jf. vedlagde sjekkliste.

### 9.15. Jordressursar/landbruk

Ikkje relevant.

### 9.16. Teknisk infrastruktur

Området kan knytast til eksisterande off. vassverk. Spillvatn pumpast til etablert reinseanlegg i området Løysing for handtering av spillvatn må handsamast førebels gjerast lokalt.

### 9.17. Økonomiske konsekvensar for kommunen

Planframlegget medfører økonomiske konsekvensar for kommunen. Tilkomstvegane i feltet er regulert offentleg. Dette gjeld også fortaua. Før utbygging vil det kunne bli søkt om godkjenning av utbyggingsavtale. Kommunalt overtek då alle veg, leidningsanlegg og VA-anlegg elles for vedlikehald. Dette vil i så fall medføre drift- og vedlikehaldskostnader.

### 9.18. Konsekvensar for næring

Ikkje relevant.

### 9.19. Interessemotsetningar

Det er ikkje kome fram vesentlege motsetnader knytt til planområdet.
I høve naturmangfaldet er det vist til at feltet vil kunne påverke dei nytta hekkeområda. Dei uberørte areala mot sjøen er framleis omfattande og vi vil tru fuglen tilpassar seg endra føresetnader. Vi viser elles til at areala mot sjøen også i dag vert nytta til turområde, at skulen nyttar deler av areala i undervisninga – og endeleg at det vert teke ålmenne omsyn i hekketida.
Vi vil også peike på at slik trafikkmønsteret no er på vegar inn til og inne på skuleområdet, så vert det vist til at det dels føregår uforsvarleg køyring. I planframlegget legg vi til grunn tilgrensande reguleringsplanar sine løysingar. Dei planlagde vegane i feltet og tilkomstvegane denne planen omfattar, følgjer den kommunale vegstandarden som er fastsett. I høve planframlegget og dei rekkjefølgjekrava som er vist til, vert vegnettet trafikktrygt – på vilkår av at folk held seg til trafikkreglane.

### 9.20. Avveging av verknadar

Jf pkt. 9.19

# 10. Innkomne innspel

Viser til vedlegg A1/A2 for nærmare vurderingar av dei ulike innspela.

## 10.1. Merknader/innspel kom inn som følgje av forvarsling/annonsering

1) Mørenett AS dat. 26.03.2015
2) Statens vegvesen dat. 15.04.2015
3) Noregs vassdrags- og energidirektorat dat. 20.04.2015
4) Møre og Romsdal fylkeskommune dat. 29.04.2015
5) Fylkesmannen i Møre og Romsdal dat. 29.04.2015
6) Per-Magne Lillenes, Andre Gjerde, Preben A. L. Hestad, Kristoffer Aksnes, Johan Ole Abeltun, Ole Johan Aksnes, Curt Åge Hauge, Ingar Baltzersen, Jarl Åge Vågsholm og Tjørvåg idrettslag dat. 29.04.2015
7) Søre Sunnmøre Landbrukskontor dat. 07.05.2015
8) Referat frå møte med idrettslag og naboar møtedato 1.10.2015
9) Referat frå møte med særskilde grupper, grendelag, skulen dat. 28.10.2015

## 10.2. Oppsummering – dei viktigaste innspela til planarbeidet

- Mørenett AS skriv at bustadområdet krev ein nettstasjon plassert om lag midt i feltet.
- Raudlisteartar i området må kartleggast. Det bør gjerast ei ny registrering av kva fuglar som hekkar i området, slik at ein får oppdatert kunnskap om naturverdiane. Kartlegginga må gjerast av fagkyndige, og arbeidet skal vere i tråd med DN-handbøkene.
- Ber om at det blir arrangert eit møte i mellom grunneigarane/naboane og AG Plan og Arkitektur AS. Dette er eit stort prosjekt og som vil medføre ein vesentlig auke av biltrafikken forbi skulen, idrettsanlegget og eksisterande hus. Her må ein i fellesskap prøve å kome fram til gode/levelege løysingar.
- Trafikkmønsteret rund skulen i dag er problematisk. Å tilføre meir trafikk vil vere uforsvarleg. Alternativ vegtilkomst til feltet må vurderast.

## 10.3. Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i planframlegget

- Areal til nettstasjon er sett av i planen.
- Det er gjennomført registrering av raudlistartar i området, sameleis er hekkande fugl i området mv kartlagt – dette i samsvar med avklaringar i kommuneplanen og FM si omtale i innspelet, jf også innspelet frå Søre Sunnmøre landbrukskontor. Konklusjonane som følgjer av utgreiingane er i hovudsak tekne omsyn til i planframlegget.

- Det er halde møte med grunneigarar/naboar/særskilde grupper/grendelag/skulen vedkomande planarbeidet. Vi har avklara med vegvesenet at køyremønsteret som blir som følgje av ny reguleringsplan er OK. køyring inne på skuleområdet må /bør organiserast noko betre og slik at det vert vektlagt å få til ei trygg avstiging frå bil til fortau for skuleborna, jf. td. skisse i vedlegg A1. Alternativ tilkomst til bustadfeltet Prestegardsmyrane (B33) er ikkje aktuelt. Trafikkmengda som vert på adkomstvegane langs skulen og idrettsanlegget er innan den mengda som vegane er tenkte til. Kvar bilførar må ta ansvar for å køyre forsvarleg innan det fastsette køyremønsteret.

# 11. Avsluttande kommentar

Arbeidet med planen vart oppstarta med kunngjering 23.03.2015, brev til berørte partar datert 19.03.2015 og med frist for merknad 05.05.2015.
I kommuneplanen er arealet sett av til bustadfelt.
Kommunen har gjennom kommuneplanen sett av vesentlege areal for å sikre gode vilkår for skulen og tilhøyrande anlegg. Bustadfeltet støttar opp om elevgrunnlaget til skulen og vil sikre at Stokksundområdet framleis vert ei «levande bygd» - med alle dei kvalitetar som allereie finst i bygda og i bygdene kring.
Det ligg ikkje føre vesentlege merknader til sjølve planen. Det er reist spørsmål ved trafikksikkerheita kring og på skuleområdet. Kommunen vil ta tak i dette som ei eiga sak. Det ligg ikkje føre mange merknader i saka. Vi har hatt to (2) medverknadsmøter med orientering og god diskusjon, jf merknad 8 og 9 i vedlegg A2.

Kommuneplanen sine vilkår for bruken av arealet er i vareteke og vi har i planframlegget lagt større vekt på born sit leikemiljø enn kva minstekrava i kommuneplanen tilseier. Areala er godt eigna til føremålet og universell utforming kan gjennomførast som gjennomgåande prinsipp.

Så langt vi kan sjå samsvarer planframlegget med dei forventningar til arealbruken som går fram av kommuneplanen.

*Utsnitt av plankart, sjå neste side:*

Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar, RIF rådgivar

*Sakshandsamar og*
*fagansvarleg innan areal-, infrastruktur- og samferdselsanlegg*




*Utsnitt av plankart, nedskalert*

HERØY KOMMUNE

**Dokumentsenter og politisk sekretariat**

Møre og Romsdal fylke

Fylkeshuset
6404 Molde

| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 2015/448 | L12 | | DOK / HS | 21.01.2016 |

**F-SAK 10/16 DETALJREGULERINGSPLAN FOR STOKKSUND B33 - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN**

Vedlagt følgjer F-sak 10/16.

Formannskapet handsama saka i møte 19.01.16 og gjorde slikt vedtak:

***Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at detaljreguleringsplan for Stokksund B33, sist datert 19.11.2015, vert lagt ut til offentleg ettersyn med fylgjande endring i § 12 – krav om rekkjefølgje bokstav a, 2. setning:***

***§ 12 – krav om rekkjefølgje (pbl. § 12-7 nr. 10)***

*a.* ***Nærleikeplassane BLK1, 3, 4, 5, 6, 8 og 9 skal opparbeidast og ferdigstillast før det vert gjeve ferdigattest til nye bustadar som soknar til den aktuelle nærleikeplassen jfr. maks avstandskrav på 50 m mellom bustad og leikeplass.***

Hilde Bringsvor Skinnes
e.f.


Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Kopi:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Møre og Romsdal | Fylkeshuset | 6404 | Molde |
| Statens vegvesen Region midt | Fylkeshuset | 6404 | Molde |
| Noregs vassdrags- og energidirektorat, Region Vest | Pb 53 | 6801 | FØRDE |
| Søre Sunnmøre Landbrukskontor | Dragsundvegen 6 | 6080 | Gurskøy |
| Mørenett AS | Langemyra 6 | 6160 | HOVDEBYGDA |
| Stokksund Grendalag v/Joakim Eiksund | | 6070 | TJØRVÅG |
| Storeneset grannelag v/Alf Olger Dypvik | | 6070 | TJØRVÅG |
| Per-Magne Lillenes | | 6070 | TJØRVÅG |
| Indre Herøy sokn v/kyrkjekontoret | Lisjebøvegen 1 | 6091 | FOSNAVÅG |
| Barnerepresentanten i Herøy kommune | | | |

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSPROTOKOLL

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | OMR | Arkivsaknr: | 2015/448 |
| | | Arkiv: | L12 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 10/16 | Formannskapet | 19.01.2016 |

## DETALJREGULERINGSPLAN FOR STOKKSUND B33 - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

**Tilråding:**

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at detaljreguleringsplan for Stokksund B33, sist datert 19.11.2015, vert lagt ut til offentleg ettersyn med fylgjande endring i *§ 12 – krav om rekkjefølgje* bokstav a, 2. setning:

*§ 12 – krav om rekkjefølgje (pbl. § 12-7 nr. 10)*

*b. Nærleikeplassane BLK1, 3, 4, 5, 6, 8 og 9 skal opparbeidast og ferdigstillast før det vert gjeve ferdigattest til nye bustadar som soknar til den aktuelle nærleikeplassen jfr. maks avstandskrav på 50 m mellom bustad og leikeplass.*

Særutskrift:

| | | |
|---|---|---|
| Møre og Romsdal fylkeskommune | Fylkeshuset, pb. 2500 | 6404 MOLDE |
| Fylkesmannen i Møre og Romsdal | Fylkeshuset, pb. 2520 | 6404 MOLDE |
| Statens vegvesen, region midt | Postboks 2525 | 6404 MOLDE |
| Norges vassdrags- og energidirektorat | Naustdalsvn. 1b pb. 53 | 6801 FØRDE |
| Søre Sunnmøre Landbrukskontor | Dragsundvegen 6 | 6080 GURSKØY |
| Mørenett AS | Langemyra 6 | 6160 HOVDEBYGDA |
| Stokksund Grendalag v/ Joakim Eiksund, | | 6070 TJØRVÅG |
| Storeneset grannelag v/ Alf Olger Dypvik, | | 6070 TJØRVÅG |
| Per-Magne Lillenes | | 6070 TJØRVÅG |
| Indre Herøy sokn v/kyrkjekontoret | Lisjebøvegen 1 | 6091 FOSNAVÅG |

Barnerepresentanten i Herøy kommune
Ungdomsrådet
Eldrerådet
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtebehandling:**

Planleggar frå Utviklingsavdelinga Ole Magne Rotevatn orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i Formannskapet - 19.01.2016

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at detaljreguleringsplan for Stokksund B33, sist datert 19.11.2015, vert lagt ut til offentleg ettersyn med fylgjande endring i *§ 12 – krav om rekkjefølgje* bokstav a, 2. setning:

*§ 12 – krav om rekkjefølgje (pbl. § 12-7 nr. 10)*

*c. Nærleikeplassane BLK1, 3, 4, 5, 6, 8 og 9 skal opparbeidast og ferdigstillast før det vert gjeve ferdigattest til nye bustadar som soknar til den aktuelle nærleikeplassen jfr. maks avstandskrav på 50 m mellom bustad og leikeplass.*

**Vedlegg**

1 Plankart - detaljreguleringsplan for Stokksund datert 19.11.2015
2 Føresegn, datert 19.11.2015
3 Planomtale, datert 19.11.2015
4 Rapport - naturmangfald, datert 14.9.2015
5 Sjekkliste Naturmangfald
6 Sjekkliste ROS, datert 19.11.2015
7 Rapport - Støy, datert 26.10.2015
8 Vurdering av merknadar, datert 19.10.2015
9 Merknadar ved varsel om oppstart

**Saksopplysningar:**

Målet med planarbeidet er å leggje til rette for ulike typar bustadar med tilhøyrande infrastruktur på Stokksund.

Området er i kommuneplanen sin arealdel definert som framtidig bustadområde B33 med plankrav. Vest for B33 ligg TJ18 som er avsett som offentleg/privat tenesteyting.

Det er gjennomført oppstartsmøte med kommunen 6.3.2015 og Formannskapet vedtok i møte 17.3.2015, F-sak 55/15, oppstart av planarbeid. Oppstart av reguleringsarbeid vart varsla i avis og på nett 24.3.2015 med frist for merknadar 5.5.2015.

Med bakgrunn i merknad frå Per-Magne Lillenes ved varsel om oppstart vart det gjennomført ekstra medverknadsmøte på Stokksund skule 1.10.2015 der idrettslag, naboar, skule v/rektor og indre Herøy sokn var inviterte. Hovudprinsippa i planarbeidet vart presentert på møtet.

Plankonsulent har også gjennomført medverknadsmøte 28.10.2015 der fokus var på særskilde grupper der barnerepresentanten, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, norges handikapforbund, ungdomsrådet grendalag, foreldreutvalet ved skulen og rektor på skulen var inviterte.

**Omtale av planforslaget:**

I sum er det stipulert 80-100 bustadeiningar i området.

<u>Frittliggjande småhusbusetnad (BFS)</u>

38 tomter for einebustadar og to-mannsbustadar. Det er eit siktemål at deler av tomtene skal kunne byggast ut med to-mannsbustader. Slike tomter er gitt ekstra tomtedjupne og breidde.

I føresegnene er tomtebruken definert slik:

*I område merka «BFS» kan tomt nyttast til inntil to (2) fullverdige bustadeiningar. Bustadeiningane skal då vere delt vertikalt. Tomt brukt til einebustad kan ev. også ha mindre utleigehusvære som sekundærhusvære, ev inntil to (2) stk. hyblar. Tomt nytta til to (2) fullverdige bustadeiningar kan ikkje ha sekundærbustad/hybel.*

Konsentrert småhusbusetnad (BKS)
Seks (6) område for konsentrert småhusbusetnad. I område merka "BKS1-BKS6" skal det byggjast konsentrerte småhus; rekkjehus, vertikaldelte og/eller horisontaldelte hus. Rekkjehus kan ha inntil 4 bustadeiningar i kvar (vertikalt delt). Bustader som er både vertikalt og horisontalt delte kan ha inntil 4 bustadeiningar.

Avlaupsanlegg (BAV)
I planframlegget er det sett av eit eige areal (BAV) til avlaupsanlegg (pumpestasjon og slamavskiljar i tilknyting til naudoverløp). Som vedlegg til planframlegget følgjer eit prinsippskisse på korleis vass- og avløpsanlegget er tenkt løyst.

Anna kommunalteknisk anlegg (BKT)
Gjennom området går bekkar som kjem frå stikkrenner gjennom fylkesvegen. Planen gjev grunnlag for å samle stikkrennene i eit løp mot sjøen. Særleg ved utbygginga av det nye skuleområdet vil det vere tenleg å få lagt om hovudbekken (største stikkrenna). Kanalen må byggast når for å ta omsyn til overvatn er det lagt til rette for ein drenskanal (BKT) gjennom feltet.

For meir detaljar knytt til avlaup og overvatn sjå planomtale og prinsippskisse.

Leikeplass (BLK)
Det er sett av areal til 9 stk. felles leikeplassar innanfor planområdet. 7 av desse er nærleikeplassar og 2 er kvartalsleikeplassar. Mellom leikeplassane er det gjennomgåande gangareal. Samla areal til nærleikeplass er ca. 50 m2 pr bustadeining. Det er lagt vekt på at leikeplassane skal auke standarden på bustadfeltet og gje grunnlag for eit godt bumiljø og ein god grønstruktur.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg (SKV) og annan veggrunn
SKV1-SKV12 skal vere offentlege vegar. Det same gjeld for tilhøyrande annan veggrunn – teknisk anlegg.Vegane er dimensjonert for 30 km/t (jf. kommunen si «Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal»).

Fortau (SF)
I områda merka SF etablerast fortau samtidig med etablering av tilgrensande køyreveg.

Krav om rekkjefølgje
Ved byggesøknad skal det gjerast greie for plassering av minste utomhusareal (MUA). Nærleikeplassane BLK1, 3, 4, 5, 6, 8 og 9 skal opparbeidast og ferdigstillast seinast når bustadeining nr 5 tilhøyrande leikeplassen vert teken i bruk, jfr. maks avstandskrav på 50 m mellom bustad og leikeplass. Kvartalsleikeplassane BLK2 og 7 skal ferdigstillast når bustadeining nr 20 tilhøyrande leikeplassen vert teken i bruk, jfr. maks avstandskrav på 250 m mellom bustad og leikeplass.

Adkomstvegane o_SKV1 og o_SKV2 skal utbyggast når eksisterande veg har 50 bustadeiningar som er knytt til vegen frå bustadområda i aust (her langs Grøndalsvegen, Bondestokksund og Prestegardsmyrane).

**Tilstøytande reguleringsplanar og trafikkavvikling:**
Byggefeltet vert å knyte seg til vegen Grøndalsvegen. Vegen skal gjevast høgre standard og vert knytt til Prestegardsvegen og endeleg til fylkesveg 654. Siste del inngår i nyleg vedteken reguleringsplan.

Vegstandarden i planforslaget er i tråd med Herøy kommune sin vegnormal «rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal».

Indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua, planid: 201286:




Reguleringsplan for Indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua er ein nyleg vedteken detaljplan for omlegging Fv 654 som også omfattar busshaldeplass og parkering.

Dei fleste kritiske merknadane til planarbeidet for Stokksund B33 går på dagens situasjon knytt til trafikkavvikling rundt skuleområde. I dag er område prega av eit utfordrande køyremønster, men dette er i stor grad betra gjennom Statens vegvesen sitt reguleringsarbeid. Som vi kan sjå av godkjend reguleringsplan over er det planlagt eiga busslomme mot skuleområde der borna kan gå direkte ned på gang- og sykkelveg. For foreldre som skal setje av born i område må desse nytte område SPA og borna går deretter på gang- og sykkelveg på vestsida av SPA, kryssar mot BR og kryssar på nytt over til skuleområde.

Den nye reguleringsplanen til vegvesenet har rydda bort mykje av problema i tilkomstområdet til skulen. Det ligg til foreldra/sjåførane å køyre forsvarleg i samsvar med vegmønsteret. Køyring inne på skuleområdet må skulen sjølv ta tak i og syte for forsvarleg køyremønster. Plankonsulent har laga ei skisse som viser forslag til nytt

køyremønster på skuleplassen sjølv om det ligg utanfor planområde, sjå skisse nedanfor.




**Oppsummering av dei viktigaste merknadane ved varsel om oppstart:**

**Merknad nr. 5 - Fylkesmannen i Møre og Romsdal**
<u>Utdrag:</u>
*Arealbruken i planområdet er i tråd med nylig vedtatt kommuneplan. I oversendinga blir det vist til at det i kommuneplanen sin KU stillast krav om avklåring av ulike tilhøve ved detaljregulering. Dette gjeld mellom anna kartlagde raudlisteartar i området. Naturbaseregistreringane for dette området er gjort i 1994, så det bør gjerast ei ny registrering av kva fuglar som hekkar i området, slik at ein får oppdatert kunnskap om naturverdiane. Både fiskemåke, tjeld, storspove, rødstilk og tyvjo er registrert her, og fiskemåken er klassifisert som viktigst av desse. Kartlegginga må gjerast av fagkyndige, og arbeidet skal vere i tråd med DNhandbøkene.*

<u>Kommentar:</u>
Vidare registreringar og utgreiingar er gjort i samsvar med dei krav kommuneplanen sin KU og fylkesmannen si påpeiking. Vi viser her til utgreiing frå Miljøfaglig utredning AS.

**Merknad nr. 6 - Per-Magne Lillenes, Andre Gjerde, Preben A. L. Hestad, Kristoffer Aksnes, Johan Ole Abeltun, Ole Johan Aksnes, Curt Åge Hauge, Ingar Baltzersen, Jarl Åge Vågsholm og Tjørvåg idrettslag**
Utdrag:
*Ber om at det blir arrangert et møte imellom desse partane og AG Plan og Arkitektur AS. Dette er et så stort prosjekt og vil medføre en vesentlig økning av biltrafikken forbi skulen, idrettsanlegget og eksisterende hus at her må man i fellesskap prøve å kome fram til gode/levelege løsninger.*

Kommentar:
Det blei halde medverknadsmøte med grunneigarane 10.10.2015, sjå under pkt. 8.

**Merknad nr. 8 - Referat frå møte med idrettslag og naboar**
Utdrag:
Utfordringar som kom fram:
- Trafikken rundt skulen er problematisk. Ikkje ordna. Buss og foreldre køyrer på slik måte at det vert lite trygt å ferdast for borna. Parkering inne på skuleområdet er også problematisk.
- Slik trafikksituasjonen er no er det lite ønskjeleg at bustadfeltet knyter seg til vegen som i dag går frå fv 654 til Stokksund (forbi idrettsanlegget). Det vart difor foreslått å nytte anna avkøyrsle som Storenesvegen eller ved å knyte seg inn på noverande kryss inn til skulen (frå fv 654) og føre den langs fv654 tilbake til bustadfeltet.
- Det vart vist til at eksisterande bustader har etablert felles VA-løysingar.

Kommentar:
Køyremønster kring skulen:
- I planen til vegvesenet er det rydda opp i køyremønsteret ved at eine innkøyringa til skulen er stengd. Der er lagt inn busslomme mot fortausside/skuleside. Avstiging frå buss er sikra. Avstiging frå personbil må gjerast frå «rundkøyring mot parkeringsplassen» eller at foreldra køyrer inn på skuleområdet mot eks. parkeringsplass. Internt på skulen er ikkje trafikkmønsteret i gjeldande reguleringsplanar planlagt. Med trafikkmønster som føresett i den «nye» reguleringsplanen vert muligheita for «rotete/uoversiktleg» køyring frå foreldra teke bort. I arbeidet med byggeplanen for bussrundkøyringa og tilgrensande parkeringsplass kan fortau mellom køyreveg og parkeringsplass innarbeidast. Gjer det enno tryggare å setje av born i «rundkøyringa». Gangfelt nyttast for å markere kryssing av køyreveg.

  Alt. vegtilkomstar for feltet:
  Statens vegvesen har i uttale til kommuneplanen sin arealdel uttalt at det ikkje vil vere aktuelt med fleire avkøyrsler frå fylkesvegen i dette område. Kommunen har derfor signalisert dette vidare til plankonsulent og tiltakshavar og det er ikkje lagt arbeid i å teikne forslag til nye avkøyrsler frå fylkesvegen. Trafikken må konsentrerast i eitt kryss og trafikksikre der. Å utvide «skulekrysset» med avkøyring mot sør mellom gangvegen og skulen vil komplisere krysset svært mykje. I området ligg buss-stopp, fortau, parkeringsareal, 4 kryss, ei rekkje kryssingspunkt for gåande og støyskjerming. Tilknyting av ny veg i dette trafikkbildet vert svært komplisert og vil øydelegge

mykje av trafikksikringsgevinsten som no er planlagt. Inga god/tenleg løysing, vert ikkje tilrådd.

Konklusjon på trafikksituasjonen:
Den nye reguleringsplanen til vegvesenet har rydda bort mykje av problema i tilkomstområdet til skulen. Det ligg til foreldra/sjåførane å køyre forsvarleg i samsvar med vegmønsteret. Køyring inne på skuleområdet må skulen sjølv ta tak i og syte for forsvarleg køyremønster.

**Merknad nr. 9 - Referat frå møte med «særlege grupper», grendelag og skulen**
Utdrag:
- Ser positivt på feltet.
- Trafikken rundt skulen er problematisk. Hastigheita på fv654 burde kunne senkast til 60 km/t forbi skulen.
- Parkeringa inne på skuleområdet er også problematisk. Rektor vil ta trafikkavviklinga opp med kommunen og avklare køyremønster og arealdisponeringa på skuleområdet. Dette er forhold som ligg utanfor vårt planområde og må handsamast som eiga sak.
- Viktig for skulen at der er god kontakt med friluftsområdet i aust mot sjøen. Nyttar grindhuset (uthus) i undervisinga. (etter planframlegget er der tilkomst over kvartalsleikeplass til eksisterande sti).
- Stegvis utbygging av feltet: medfører anleggstrafikk i fleire år. Vil vurdere om det skal setjast krav om at Grøndalsvegen må opprustast med fortau i 1. byggetrinn pga. dette.
- Diverse detaljar i tilknyting til eksisterande bustader på tilgrensande område vart drøfta: avstand til veg/grøfteareal, overvatnet som no går mot veggrøfta i bustadvegen

Kommentar:
- Konklusjonen var at den nye reguleringsplanen har organisert trafikken annleis i området ved inngangen til skuleområdet. Ikkje grunnlag for å diskutere vedteken plan.
- Vedkomande skilting av fv 654: slik krav må sendast som innspel til Trafikktryggingsutvalet i kommunen.
- Nytt køyremønster må på plass. Rektor tek opp saka med kommunen.

**Vurdering:**
**Vurderingar etter Naturmangfaldslova § 8-12**
§8 Kunnskapsgrunnlaget
Generelt vurderast kunnskapsgrunnlaget for planområdet som relativt godt i forhold til naturtypekartlegging og raudlisteartar. Den offentlege tilgjengelege kunnskapen var på førehand middels godt til dårlig, og det var naudsynt med feltarbeidet i 2015 for å kunne bruke denne paragrafen på aktuelle tiltak i området. Innhenting av eldre, upublisert materiale fra Alv Ottar Folkestad (Sjå *rapport – naturmangfald, datert 14.9.2015*), var samtidig ei vesentleg tilleggskilde.

§9, Føre-var-prinsippet
Sidan kunnskapsgrunnlaget vurderast som godt, vil også behovet for bruk av føre-var-prinsippet reduserast.

§10, Økosystemtilnærming og samlet belastning
Berørte naturmiljø omfattar i hovudsak nokså vanlege og artsfattige miljø utan innslag av spesielt kravfulle artar av planter. Den samla belastninga på desse naturtypane vil derfor være liten sjølv om forekomstane her går tapt. For hekkande fugl vil tiltaket derimot redusere arealet der fuglane no har koloniar, og den negative betydninga for dei lokale hekkebestandane av måkefugl vil vere stor i og med at dei to utbyggingsområda (Prestegardsmyrane og Grøndal) vil redusere hekkeområda for måkekolonien, og auka busetting vil truleg føre til meir aktivitet og meir forstyrring i hekketida.

Måkefugl har i fleire år hatt problem å få fram ungar langs kysten og mange koloniar er nedgåande. Dette gjeld også for artane silde-, grå- og fiskemåke, som alle hekkar på Prestegardsmyrane. Sildemåkekolonien har auka siste åra på Prestegardsmyrane. Det er derfor uheldig å bygge ned areal der måkekolonien er veksande og ikkje minst sidan dei her lukkast med å få fram ungar. Alv Ottar Folkestad skriv i sitt notat fylgjande om Sildemåkekolonien (Sjå *rapport – naturmangfald, datert 14.9.2015*):
*Innafor Stokksundområdet er det framleis viktige naturområde og ei rekkje fugleartar som har verdi og treng omsyn i arealbrukssamanheng, men desse nyttar i dag andre delar av området, stort sett dei best avskjerma terrengavsnitta med minst menneskeleg aktivitet, slik som silde- og gråmåsekolonien ved Oksen…*

Alv Ottar Folkestad (Sjå *rapport – naturmangfald, datert 14.9.2015*) skriv i sitt notat :
*På 1970-talet hadde desse myrane ein definitiv verdi som hekkelokalitet for sjøfugl- og kystfugl-artar, men endringar og inngrep i området, saman med generell nedgang og markerte bestandsendringar for eit fleirtal av dei artane som tidlegare nytta området, har redusert den naturfaglege verdien og funksjonen av området radikalt*

***Forslag til avbøtande og kompenserande tiltak***
- Det bør ikkje leggast til rette for tilkomst til strandengområda.
- Sikre at den nordlegaste vika vert skjerma.
- Ferdselsforbod i hekketida.
- Forby kattehald evt. innføre bandtvang på katter i bustadfeltet.

Det er i planframlegget teke inn avbøtande tiltak der det har vore mogleg. Det vert ikkje lagt til rette for tilkomst til strandengområda. Dette i fomr av at vegar ikkje går ut i LNF-området, gangkorridorane (del av leikearealet) er avgrensa slik at desse i varetek berre tilkomst til leikeareal. Den nordlegaste vika ligg i god avstand frå planområdet. Andre utlagde byggefelt grensar meir til området. Når det gjeld ferdselsforbod, vil alminnelege omsyn i hekketida vere avbøtande. Dette kan opplysast om med skilt ved inngangar til LNF-området. Å innføre ferdselsforbod ligg evt. til fylkesmannen. Når det gjeld forbod mot kattehald og evt. bandtvang på kattar finn vi det vanskeleg å innføre slike påbod/restriksjonar i plansamanheng.

Med dei avbøtande tiltaka som er lagt inn i planen vil den samla belastninga vere akseptabel då det ligg andre bustadområde nærmare hekkeområde enn det som er planlagt.

§ 11 kostnad for å avgrense negativ miljøpåverknad
Ikkje relevant i denne saka.

§12 miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar
Ikkje relevant i denne saka.

**Konklusjon:**
Konsekvensar for folkehelse:
Planframlegget vil ha positive konsekvensar for folkehelsa då det vert planlagt bustadar med tilnærma universell utforming (ift. stigning, bustadar og leikeareal).

Konsekvensar for drift:
Planframlegget medfører økonomiske konsekvensar for kommunen. Tilkomstvegane i feltet er regulert offentlege. Dette gjeld også fortaua. Før utbygging vil det kunne bli søkt om godkjenning av utbyggingsavtale. Kommunen overtek då alle veg, leidningsanlegg og VA-anlegg elles for drift og vedlikehald. Dette vil i så fall medføre drift- og vedlikehaldskostnadar.

Planforslaget er godt gjennomarbeidd løysingane som er valt er godt dokumenterte. Tilkomstvegen og dei interne vegløysingane i feltet tilfredsstiller krava i Herøy kommune sin «Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal». Trafikkløysingane rundt skuleområde er i stor grad ordna gjennom Statens vegvesen si regulering og rådmannen ser derfor ikkje at det kan gjerast meir i dette reguleringsarbeidet for å løyse dei utfordringane som er der. Dette vil bli løyst ved utbygging.

Det biologiske mangfaldet i området er sårbart og kommunen har fått ein god dokumentasjon på naturmangfald og naturverdiar i Stokksund. Med dei avbøtande tiltaka som er lagt inn i planforslaget vil rådmannen, etter ei heilskapleg vurdering, tilrå at kommunen går vidare med saka.

Rådmannen meiner rekkjefølgjekravet i føresegna om å avvente utbygging av nærleikeplassar til det 5.huset tilhøyrande leikeplassen vert teke i bruk ikkje er godt nok for å ta omsyn til barn og unge sine behov. Rådmannen vil foreslå at føresegna vert endra til at nærleikeplass skal byggast ut før det vert gjeve ferdigattest til nye hus som soknar til den aktuelle leikeplassen.

Etter ei heilskapleg vurdering av saka vil rådmannen rå til at planforslaget i medhald av plan- og bygningslova, §12-10, vert lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker med endringa nemnd ovanfor.

Fosnavåg, 05.01.2016

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn
Lenke til plankartet digitalt:
https://www.kommunekart.com/?funksjon=vispunkt&x=62.302802708341034&y=5.73

18806648254395&zoom=17&bakgrunnskart=0&kartlag=1515%3A%3AHer%C3%B8y
%20kartlag%3AReguleringsplanar%20under%20arbeid%3B&

## SJEKKLISTE NATURMANGFALD:

| Nr. | Moment | Vurdering/kommentar |
|---|---|---|
| 1. | Kva økosystem, naturtypar og artar vert råka av planen? | Går fram av punkta nedanfor, samt eigen rapport utarbeidd av Miljøfagleg Utredning AS. |
| 2. | Kva effekt vil planen ha på landskap, økosystem, naturtypar og artar. | Går fram av punkta nedanfor, samt eigen rapport utarbeidd av Miljøfagleg Utredning AS. |
| 3. | Korleis er tilstanden for dei aktuelle økosystema, og utviklinga i tal lokalitetar av naturtypane og bestandane av artane på landsbasis og lokalt (på staden)? | Viser til eigen rapport utarbeidd av Miljøfagleg Utredning AS. |
| 4. | Ligg det føre faglege rapportar og utgreiingar om naturmangfald i det aktuelle planområdet? | Viser til eigen rapport utarbeidd av Miljøfagleg Utredning AS. |
| 5. | Vil planen påverke trua og nær trua artar på Norsk rødliste for artar 2010? | Viser til eigen rapport utarbeidd av Miljøfagleg Utredning AS. |
| 6. | Vil planen påverke trua og nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011? | Viser til eigen rapport utarbeidd av Miljøfagleg Utredning AS. |
| 7. | Vil planen påverke registrerte naturtypar eller prioriterte artar? | Viser til eigen rapport utarbeidd av Miljøfagleg Utredning AS. |
| 8. | Vil planen påvirke verneområder, nærområder til verneområder, marint beskyttede områder eller vernede vassdrag (jf. Verneplan for vassdrag)? | Nei.<br><br>*Kjelde:* *www.naturbase.no*<br>*www.nve.no* (NVE Atlas) |
| 9. | Vil planen påvirke tilstanden i sjø eller vannforekomster? | Nei, planområdet grensar ikkje til sjø.<br><br>*http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/* |
| 10. | Vil planen påverke registrerte kulturlandskap? | Nei.<br><br>*Kjelde: www.naturbase.no* |
| 11. | Vil planen påverke miljøregistreringar i skog? | Nei.<br><br>*Kjelde: www.skogoglandskap.no* |
| 12. | Vil planen påverke inngrepsfrie naturområde (INON)? | Nei. |

| | | |
|---|---|---|
| | | *Kjelde: www.dirnat.no/inon* |
| 13. | Er det kunnskapsmangel? | Viser til eigen rapport utarbeidd av Miljøfagleg Utredning AS. Generelt blir kunnskapsgrunnlaget no vurdert som relativt godt. |

Oppsummering:
Vi har ikkje funne andre moment utover det Miljøfagleg Utredning AS har avdekka i sin rapport med tilhøyrande vedlegg. I samandraget i rapporten heiter det:

*«Det er ikke registrert spesielle konflikter mellom påviste naturverdier og skisserte utbyggingsplaner når det gjelder plantelivet. Men for de fugleartene som hekker i eller i nærheten av utbyggingsområdet, vurderes tiltaket som negativt. Berørte naturtyper omfatter vanlige, utbredte miljøer der samlet belastning vurderes som lav. Tiltaket vil medføre mindre egnet hekkeareal, økt ferdsel og forstyrrelser for hekkende fugl i dette området. Et aktuelt kompenserende tiltak kan være å stimulere til økt ekstensivt husdyrbeite på gjenværende arealer og ferdselsforbud i hekketida».*

Vi viser vidare til Vedlegg 1 i rapporten der ornitolog Alf Ottar Folkestad konkluderer med:

*«Frå 1970-talet og fram til i dag har dei tidlegare Prestegardsmyrane endra radikalt karakter, frå å vere typiske og heller næringsfattige og opne torvmyrar, men med ein del rikare sig og dammar som gav grunnlag for ein del fuglieartar, til eit område som er teke i bruk til byggeføremål (skular, idrettsanlegg, bustadfelt), og der den opphavlege myra langt på veg er drenert ut og er i markert attgroing av lauvskog. På 1970-talet hadde desse myrane ein definitiv verdi som hekkelokalitet for sjøfugl- og kystfugl-artar, men endringar og inngrep i området, saman med generell nedgang og markerte bestandsendringar for eit fleirtal av dei artane som tidlegare nytta området, har redusert den naturfaglege verdien og funksjonen av området radikalt. Innafor Stokksundområdet er det framleis viktige naturområde og ei rekkje fugleartar som har verdi og treng omsyn i arealbrukssamanheng, men desse nyttar i dag andre delar av området, stort sett dei best avskjerma terrengavsnitta med minst menneskeleg aktivitet, slik som silde- og gråmåsekolonien ved Oksen, og eit meir variert utval av artar som dei seinare åra har hekka i myr- og hei-landskapet mot sjøen nordaust for Prestegardsmyrane, jamfør fig. 1».*

Kunnskap (§8):
Med bakgrunn i rapporten utarbeidd av Miljøfagleg Utredning AS (og vedlegg), blir kunnskapsgrunnlaget no vurdert som relativt godt.

Førevar prinsippet (§9):
Sida kunnskapsgrunnlaget vurderast som godt, vil også behovet for bruk av føre-var-prinsippet reduserast.

Samla belastning (§10):
Så langt vi kan sjå medfører ikkje planframlegget vesentlege ulemper for naturmangfaldet. Slik vi oppfattar rapporten med vedlegg vil byggefeltet sin grenser kunne aksepterast.

Med unnatak av område nytta av hekkande måkar (grøn strek side 11 i rapporten) grip ikkje utbygginga inn i sjølve hekkeområdet for sildemåkekolonien og gråmåkekolonien. Byggefeltet sin nærleik vil påverke utstrekninga til hekkeområda mot vest. I vedlegg 1 har Alf Ottar Folkestad vist til

eit mindre hekkeområde - nytta seinare år. Etter Folkestad si avgrensinga vil feltet og hekkeområdet ha ein avstand på ca 50 meter.
I sjølve rapporten er vurderingane etter §10 (side 18) noko meir kritiske til konsekvensar ved utbygging. Det heiter at *«Sildemåkekolonien har økt siste åra på Prestagardsmyrane»*, medan Alf Ottar Folkestad seier i si vurdering : *«Innafor Stokksundområdet er det framleis viktige naturområde og ei rekkje fugleartar som har verdi og treng omsyn i arealbrukssamanheng, men desse nyttar i dag andre delar av området, stort sett dei best avskjerma terrengavsnitta med minst menneskeleg aktivitet, slik som silde- og gråmåsekolonien ved Oksen…»*
(jf også dei ulike kartutsnitta som følgjer rapporten).

I rapporten sitt kap. 7 er vist til «avbøtande og kompenserande tiltak»:

a) Det bør ikkje leggast til rette for tilkomst til strandengområdet som medfører menneskeleg ferdsel.
b) Viktig å siker den nordlege lunde vika
c) Stimulere til ekstensivt husdyrhold
d) Ferdselsforbod i hekketida
e) Forby kattehold ev bandtvang for kattar.

Kommentarar:

a) Tilkomsten til areala aust om byggefeltet – mot sjøen – er avgrensa til kommunikasjonslinjer til leikeareal.
b) Den nordre vika er sikra gjennom kommuneplanen.
c) Etter innspelet frå landbrukskontoret, jf vedlegg A2 merknad nr. 7, så er der ikkje særskilde jordbruks- og beiteområde i dei aktuelle hekkeområda.
d) Når det gjeld ferdselsforbod, vil dette vere vanskeleg å styre med unnatak av sterke vernetiltak. Ein idè kan vere å setje opp opplysningsskilt om fugleartane sitt mangfald og med ei oppmoding om at det i hekketida (opplyst periode) vert teke omsyn til fuglane.
e) Kattehold og bandtvang ser vi ikkje som eit tenleg tiltak no. Vi kjenner ikkje til tradisjonar kring kattehald i området og såleis talet «potensielle» kattar, men vi «trur» dette vil bli meir ei teoretisk ordning. På opplysningsskilt, jf pkt d) kan forholdet kring kattehald og hekketid opplysast om, så vil vonleg folk flest ta omsyn.

Overvaking (§11):
Så langt vi kan sjå vil det ikkje vere naudsynt med overvaking av naturmiljøet enn det som allereie er etablert per i dag.

Alternativ lokalisering (§12):
Feltet B33 er fastsett gjennom kommuneplanprosessen. I området er etablert skule- og idrettsanlegg og av omsyn til samfunnsutviklinga er det konkludert med at området treng byggefelt i dei storleikar som arealbruken på Stokksund har fastsett. Utbygginga vil skje gradvis – i byggetrin – av naturlege demografiske årsaker. Behovet for tomter er stipulert til 10-15 kvart år i området. Utbygginga vil skje gradvis og fuglelivet vil kunne tilpasse seg.
Alternativ lokalisering av byggefeltet må vi kunne legge til grunn er avklara gjennom kommuneplanprosessen. Spørsmålet no kan vere avgrensing av byggefeltet mot aust. Så langt vi kan sjå er ikkje hekkeområda og feltet i fysisk konflikt. Aust om byggefeltet – mot sjøen – vil det vere att ca 190 daa landareal. Legg vi til grunn at fuglane kan tilpasse seg, vil det framleis vere att tenlege areal for framhaldande hekking.

**Konklusjonen** er at den samla belastninga av tiltaket på Stokksund ikkje medfører vesentleg skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5). Det vert vist til tilrettelegging for ferdsel i hekkeområda er avgrensa.

Kåre Gjengedal, Siv.ing./planleggar RIF
Fagansvarleg areal-, infrastruktur- og samferdselsanleg.

**Namn på tiltak/plan**: 2233 – Detaljplan for Stokksund, gnr. 58 bnr. 1 mfl. i Herøy kommune.

## Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 02.01.2013

| Emne | | Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold? | Nei | Ja |
|---|---|---|---|---|
| Naturgitte forhold | a | Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred? | X | |
| | b | Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø? | X | |
| | c | Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?<br>*Kommentar: Deler av området består av myr – myrhaldig jord. Vi legg til grunn at utbyggar som del av prosjektering av tekniske anlegg (og seinare bygningsmessige tiltak) legg til grunn at TEK sine krav til byggegrunn vert undersøkt/avklara ved prosjektering.* | | |
| | d | Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar? | X | |
| | e | Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus? | X | |
| | f | Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging? | X | |
| | g | Treng det takast særskilte omsyn til radon?<br>*Kommentar: Radonmåling i ein tilgrensande nabobustad pågår, resultatet vil ligge føre innan handsaming i kommunestyret. Vi legg til grunn at sikring mot radongass vert gjennomført i samsvar med gjeldande regelverk i byggjesak.* | | |
| | i | Anna (spesifiser)? | X | |
| Omgivnad | a | Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken? | X | |
| | b | Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)? | X | |
| | c | Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område? | X | |
| | d | Anna (spesifiser)? | X | |
| Verksemdsrisiko | a | Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg? | X | |
| | b | Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder utgjere risiko? | X | |
| Brann/ulykkes-beredskap | a | Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)? | X | |
| | b | Har området problematiske tilkomstruter for utrykkingskjøretøy? | X | |
| Infrastruktur | a | Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området? | X | |
| | b | Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko? | X | |
| | c | Er det transport av farleg gods til/gjennom området? | X | |
| Kraftforsyning | a | Er området påverka av magnetfelt frå høgspentliner? | X | |
| | b | Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster? | X | |
| | c | Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området? | X | |
| Vassforsyning | a | Er det mangelfull vassforsyning i området? | X | |
| | b | Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga? | X | |
| Sårbare objekt | a | Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området:<br>- elektrisitet ?<br>- teletenester?<br>- vassforsyning?<br>- renovasjon/spillvatn? | X | |
| | b | Er det spesielle brannobjekt i området? | X | |
| | c | Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området? | X | |
| Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk | a | Gruver: opne sjakter, steintippar etc.? | X | |
| | b | Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.? | X | |
| | c | Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering? | X | |
| | d | Anna (spesifiser)? | X | |
| Ulovleg | a | Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål? | X | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| verksemd | b | Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken? | X | |

Sjekklista er gjennomgått den 19/11 -2015 av *sign*: Kåre Gjengedal

| Emne/kommentar | Bilde |
|---|---|
| Infrastruktur | |
| Punkt a<br><br>*Kommentar:*<br>*Det er registrert fleire ulykkespunkt utanfor planområdet, langs fylkesveg nr 654.* | <br>Ulykkespunkt (kjelde: Statens vegvesen sitt vegkart) |
| Kraftforsyning | |
| Punkt a<br><br>*Kommentar:*<br>*Det er ikkje høgspentleidning i planområdet, men Telenor har telekabel (luftspenn) gjennom delar av planområdet.* | <br>Kabelkart (kjelde: Telenor) |

Ørsta 19.10.2015

# Vedlegg A1:

## «STOKKSUND GNR. 58 BNR. 1 MFL.» I TJØRVÅG, HERØY KOMMUNE

## VURDERING AV MERKNADER VED FORVARSLING

Planarbeidet vart forvarsla i hht plan- og bygningslova ved annonse i Vestlandsnytt 24.3.2015 samt skriv til grunneigarar, naboar og offentlege kommunale og statlege mynde. Frist for merknad var 5.5.2015.

**Følgjande merknader/innspel er komne inn som følgje av forvarslinga/annonseringa:**

| | | |
|---|---|---|
| 1) | Mørenett AS | dat. 26.03.2015 |
| 2) | Statens vegvesen | dat. 15.04.2015 |
| 3) | Noregs vassdrags- og energidirektorat | dat. 20.04.2015 |
| 4) | Møre og Romsdal fylkeskommune | dat. 29.04.2015 |
| 5) | Fylkesmannen i Møre og Romsdal | dat. 29.04.2015 |
| 6) | Per-Magne Lillenes, Andre Gjerde, Preben A. L. Hestad, Kristoffer Aksnes, Johan Ole Abeltun, Ole Johan Aksnes, Curt Åge Hauge, Ingar Baltzersen, Jarl Åge Vågsholm og Tjørvåg idrettslag | dat. 29.04.2015 |
| 7) | Søre Sunnmøre Landbrukskontor | dat. 07.05.2015 |
| 8) | Referat frå møte med idrettslag og naboar | dat. 01.10.2015 |
| 9) | Referat frå møte med særskilde grupper, grendelag, skulen | dat. 28.10.2015 |

## Utdrag frå og kommentar til dei enkelte merknadene/innspela:

1. Mørenett AS

**Utdrag:**

*For å kunne straumforsyne dette bustadområdet må det settast opp ein nettstasjon om lag midt i feltet.*

**Kommentar:**
Merknaden er teken til følgje, viser til areal merka BE.

2. Statens vegvesen

**Utdrag:**

*Statens vegvesen har ingen merknad til varsla planarbeid. Nærare detaljar vert å kome attende til når framlegg til reguleringsplan ligg føre.*

**Kommentar:**
Merknaden takast til vitande.

3. Noregs vassdrags- og energidirektorat

**Utdrag:**

*NVE har ingen innspel til planarbeidet.*

**Kommentar:**
Merknaden takast til vitande.

4. Møre og Romsdal fylkeskommune

**Utdrag:**

*Automatisk freda kulturminne*

*Vi var på synfaring i området 09.04.2015. Det meste av arealet består av myrområde, og ut frå topografiske forhold vurderer vi potensialet til å vere lågt. Vi vil difor ikkje stille krav om arkeologisk registrering, men gjer likevel oppmerksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jfr kulturminnelova § 8 andre ledd.*

*Planfagleg vurdering*

*Framlegget er i samsvar med gjeldande kommuneplan. Vi har ikkje merknader utover det generelle, jamfør moment som oppstartreferatet også gjer greie for.*

*Konklusjon*

*Vi er positiv til at planarbeidet kan starte. Vi har ikkje vesentlege merknader til intensjonane som er tilkjennegitt i oppstartvarslet.*

**Kommentar:**
Vi registrer at fylkeskommunen ikkje har satt fram krav om arkeologisk registrering. Det er teke inn krav i føresegnene at ein pliktar å stogge arbeidet om ein skulle oppdage noko som kan vere automatisk freda kulturminne, og at fylket då må varslast, jf. kulturminnelova.

5. Fylkesmannen i Møre og Romsdal

**Utdrag:**

*Arealbruken i planområdet er i tråd med nylig vedtatt kommuneplan. I oversendinga blir det vist til at det i kommuneplanen sin KU stillast krav om avklåring av ulike tilhøve ved detaljregulering. Dette gjeld mellom anna kartlagde raudlisteartar i området. Naturbaseregistreringane for dette området er gjort i 1994, så det bør gjerast ei ny registrering av kva fuglar som hekkar i området, slik at ein får oppdatert kunnskap om naturverdiane. Både fiskemåke, tjeld, storspove, rødstilk og tyvjo er registrert her, og fiskemåken er klassifisert som viktigst av desse. Kartlegginga må gjerast av fagkyndige, og arbeidet skal vere i tråd med DN-handbøkene.*

**Kommentar:**
Vidare registreringar og utgreiingar er gjort i samsvar med dei krav kommuneplanen sin KU og fylkesmannen si påpeiking. Vi viser her til utgreiing frå Miljøfaglig utredning AS.

6. Per-Magne Lillenes, Andre Gjerde, Preben A. L. Hestad, Kristoffer Aksnes, Johan Ole Abeltun, Ole Johan Aksnes, Curt Åge Hauge, Ingar Baltzersen, Jarl Åge Vågsholm og Tjørvåg idrettslag

**Utdrag:**

*Ber om at det blir arrangert et møte imellom desse partane og AG Plan og Arkitektur AS. Dette er et så stort prosjekt og vil medføre en vesentlig økning av biltrafikken forbi skulen, idrettsanlegget og eksisterende hus at her må man i fellesskap prøve å kome fram til gode/levelege løsninger.*

**Kommentar:**
Det blei halde medverknadsmøte med grunneigarane 10.10.2015, sjå under pkt. 8.

7. Søre Sunnmøre Landbrukskontor

**Utdrag:**

*Omsyn til jordvern:*

*Eit areal opp mot vegen på om lag 17 dekar er klassifisert som dyrkbar jord. Arealet er omfatta av Jordlova §9 - omdisponering av dyrka og dyrkbar jord. Sjå utsnitt av gardskart vedlegg 1. Det vart forsøkt å dyrke opp arealet for om lag 25 år sidan. Resultatet synte at areal hadde liten verdi som dyrkingsområde.*

*Omsyn til trekkrute for hjort:*

*I følgje Forvaltingsplan for hjort i Herøy kommune 2013-2016 er det registret trekkrute for hjort i austre kant av reguleringsområdet. Vedlegg 2 syner utsnitt av «Illustrasjon over beiteområder og trekkruter, vedlegg til Forvaltingsplan for hjort i Herøy kommune 2013-2016». Vi ber om at det vert vist omsyn til den registrerte trekkruta i reguleringsarbeidet.*

*Utgreiing etter Naturmangfaldlova (Nml)*
*Nml § 8 (kunnskapsgrunnlaget):*

*Tiltaket er vurdert etter opplysingar i Naturbasen og Raudlista. Om lag heile utbyggingsområdet ligg innafor område Prestegardsmyrane som er eit område for hekkande sjøfugl. Området inneheld fuglearter som har nasjonal forvaltingsinteresse. I tillegg inneheld området dei raudlista artane storspove og fiskemåke.*

*Nml § 9 (føre-var-prinsippet):*

*I denne saka vurderer vi kunnskapsgrunnlaget til å verer godt nok til å gå vidare med saka.*

*Nml: § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning):*

*Det bør gjennomførast ei utgreiing for å finne ut i kva grad ei utbygging av området verkar på kvalitetane i hekkeområdet Prestegardsmyrane. Skildringa i Naturbasen syner at kolonien med hekkande fiskemåse var på strekt vikande front fram mot 1994.*

*Nml: § 11 (kostnad for å avgrense negativ miljøpåverknad):*

*Kostnaden med å avgrense negativ miljøpåverknad må tiltakshavar koste sjølv. I denne saka kan omsyn til hekkande sjøfugl føre til at utbyggingsområdet vert avgrensa.*

*Nml: §12 (miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar):*

*Vi vurderer området for reguleringa til å vere egna til føremålet. Vi vil rå til at det vert lagt opp til ei god arealutnytting og at tekniske inngrep avgrensast til planområdet. Ei nærare utgreiing for området med hekkande sjøfugl og raudlista fuglearter må ha prioritet. Vedlegg til utgreiing etter Naturmangfaldlova, sjå vedlegg 3.*

**Kommentar:**

Merknaden er i si heilheit nytta som grunnlagsdokument i utgreiing omkring naturmangfald. Vi viser til avklaringane gjort i tilknyting til kommuneplanarbeidet. Vi viser vidare til FM si presisering av kva forhold som må nærmare utgreiast. Innspelet frå landbrukskontoret er teke med inn i den saka og «Naturmangfaldet» er utgreidd i eigen rapport som følgjer denne reguleringsplanen. Vi har i planutforminga teke omsyn til konklusjonar i utgreiinga/vurderinga.

**8.** Referat frå møte med idrettslag og naboar

**Utdrag:**

Utfordringar som kom fram:

- Trafikken rundt skulen er problematisk. Ikkje ordna. Buss og foreldre køyrer på slik måte at det vert lite trygt å ferdast for borna. Parkering inne på skuleområdet er også problematisk.
- Slik trafikksituasjonen er no er det lite ønskjeleg at bustadfeltet knyter seg til vegen som i dag går frå fv 654 til Stokksund (forbi idrettsanlegget). Det vart difor foreslått å nytte anna avkøyrsle som Storenesvegen eller ved å knyte seg inn på noverande kryss inn til skulen (frå fv 654) og føre den langs fv654 tilbake til bustadfeltet.

- Det vart vist til at eksisterande bustader har etablert felles VA-løysingar.

**Kommentar:**
Køyremønster kring skulen:

- I planen til vegvesenet er det rydda opp i køyremønsteret ved at eine innkøyringa til skulen er stengd. Der er lagt inn busslomme mot fortausside/skuleside. Avstiging frå buss er sikra. Avstiging frå personbil må gjerast frå «rundkøyring mot parkeringsplassen» eller at foreldra køyrer inn på skuleområdet mot eks parkeringsplass. Internt på skulen er ikkje trafikkmønsteret i gjeldande reguleringsplanar planlagt. (Sjå skisse under – utkast/idèskisse for ev vidare arbeid). Skissa viser korleis trafikkmønsteret kan låsast for å hindre «rotete køyring». Med trafikkmønster som føresett i den «nye» reguleringsplanen vert muligheita for «rotete/uoversiktleg» køyring frå foreldra teke bort. I arbeidet med byggeplanen for bussrundkøyringa og tilgrensande parkeringsplass kan fortau mellom køyreveg og parkeringsplass innarbeidast. Gjer det enno tryggare å setje av born i «rundkøyringa». Gangfelt nyttast for å markere kryssing av køyreveg.




Køyreveg (raud tjukk strek) Fortau/gangveg (grøn strek)

Kryssing veg/avstiging bil (grøn stipla strek)

Parkering (blått område)

Alt. vegtilkomstar for feltet:
Må konsentrere trafikken i eitt kryss og trafikksikre der – her «skulekrysset». Å utvide «skulekrysset» med avkøyring mot sør mellom gangvegen og skulen vil komplisere krysset svært mykje. I området ligg buss-stopp, fortau, parkeringsareal, 4 kryss, ei rekkje kryssingspunkt for gåande og støyskjerming. Tilknyting av ny veg i dette trafikkbildet vert svært komplisert og vil øydelegge mykje av trafikksikringsgevinsten som no er planlagt. Inga god/tenleg løysing, vert ikkje tilrådd.

Konklusjon på trafikksituasjonen:

Den nye reguleringsplanen til vegvesenet har rydda bort mykje av problema i tilkomstområdet til skulen. Det ligg til foreldra/sjåførane å køyre forsvarleg i samsvar med vegmønsteret. Køyring inne på skuleområdet må skulen sjølv ta tak i og syte for forsvarleg køyremønster, jf td. skisse ovanfor.

- VA-løysing: I etterkant av møtet har kommunen bede om at areal for pumpestasjon vert lagt inn på slik måte at både skulen og eksisterande busetnad kan knyte seg til – om det vert aktuelt.

**9.** Referat frå møte med «særlege grupper», grendelag og skulen
**Utdrag:** Drøfting- moment som kom fram:
- Ser positivt på feltet
- Trafikken rundt skulen er problematisk. Hastigheita på fv654 burde kunne senkast til 60 km/t forbi skulen.
- Parkeringa inne på skuleområdet er også problematisk. Rektor vil ta trafikkavviklinga opp med kommunen og avklare køyremønster og arealdisponeringa på skuleområdet. Dette er forhold som ligg utanfor vårt planområdet og som handsamast som eiga sak.
- Viktig for skulen at der er god kontakt med friluftsområdet i aust mot sjøen. Nyttar grindhuset (uthus) i undervisinga. (etter planframlegget er der tilkomst over kvartalsleikeplass til eksisterande sti).
- stegvis utbygging av feltet: medfører anleggstrafikk i fleire år. Vil vurdere om det skal setjast krav om at Grøndalsvegen må opprustast med fortau i 1. byggetrin pga. dette.
- diverse detaljar i tilknyting til eksisterande bustader på tilgrensande område vart drøfta: avstand til veg/grøfteareal, overvatnet som no går mot veggrøfta i bustadvegen

**Kommentar:**
Konklusjonen var at den nye reguleringsplanen har organisert trafikken annleis i området ved inngangen til skuleområdet. Ikkje grunnlag for å diskutere vedteken plan.
Vedkomande skilting av fv654: slik krav må sendast som innspel til Trafikktryggingsutvalet i kommunen.
Nytt køyremønster må på plass. Rektor tek opp saka med kommunen.

**Oppsummering – dei viktigaste innspela som vedkjem planen:**

- Mørenett AS skriv at bustadområdet krev ein nettstasjon plassert om lag midt i feltet.
- Raudlisteartar i området må kartleggast. Det bør gjerast ei ny registrering av kva fuglar som hekkar i området, slik at ein får oppdatert kunnskap om naturverdiane. Kartlegginga må gjerast av fagkyndige, og arbeidet skal vere i tråd med DN-handbøkene.
- Ber om at det blir arrangert eit møte i mellom grunneigarane/naboane og AG Plan og Arkitektur AS. Dette er eit stort prosjekt og som vil medføre ein vesentlig auke av biltrafikken forbi skulen, idrettsanlegget og eksisterande hus. Her må ein i fellesskap prøve å kome fram til gode/levelege løysingar.
- Trafikkmønsteret rund skulen i dag er problematisk. Å tilføre meir trafikk vil vere uforsvarleg. Alternativ vegtilkomst til feltet må vurderast.

**Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i framlegg til plan:**

- Areal til nettstasjon er sett av i planen.

- Det er gjennomført registrering av raudlistartar i området, sameleis er hekkande fugl i området mv kartlagt – dette i samsvar med avklaringar i kommuneplanen og FM si omtale i innspelet, jf også innspelet frå Søre Sunnmøre landbrukskontor. Konklusjonane som følgjer av utgreiingane er i hovudsak tekne omsyn til i planframlegget.
- Det er halde møte med grunneigarar/naboar/særskilde grupper/grendelag/skulen vedkomande planarbeidet. Vi har avklara med vegvesenet at køyremønsteret som blir som følgje av ny reguleringsplan er OK. køyring inne på skuleområdet må /bør organiserast noko betre og slik at det vert vektlagt å få til ei trygg avstiging frå bil til fortau for skuleborna, jf td skisse i vedlegg A1. Alternativ tilkomst til bustadfeltet Prestegardsmyrane (B33) er ikkje aktuelt. Trafikkmengda som vert på adkomstvegane langs skulen og idrettsanlegget er innan den mengda som vegane er tenkte til. Kvar bilførar må ta ansvar for å køyre forsvarleg innan det fastsette køyremønsteret.

Kåre Gjengedal
Siv.ing./planleggar

1

## Eldar Andre Hansen

**Fra:** Norleif Nordal <Norleif.Nordal@Morenett.no>
**Sendt:** 26. mars 2015 12:29
**Til:** AG Plan og Arkitektur AS Firmapost
**Emne:** 14/10365-2 - Herøy - Detaljplan - Stokksund gnr. 58 bnr. 1 mfl.

For å kunne straumforsyne dette bustadområdet må det stettast opp ein nettstasjon om lag midt i feltet.

Vennleg helsing

Mørenett

Norleif Nordal
Ingeniør Plan
Mørenett AS

+47 913 49 904
norleif.nordal@morenett.no

*Denne meldinga er berre meint for mottakaren, og kan innehalde fortrulege opplysningar eller annan privat informasjon.
Viss du får denne meldinga ved ein feil, ver vennleg å varsle avsendar og slett originalen.*

Dato: 26.3.2015
Saksbeh.: KG
Ark.nr./Prosjnr. 2230
Kopi til: Saksdok.

2

Statens vegvesen

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsengt. 12
6150 ØRSTA

Dato: 22.4.2014
Saksbeh.: KG
Ark.nr./Prosjnr. 2230
Kopi til: Saksdok.

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| Region midt | Hallvard Sæverud - <tomt> | 2015/035543-003 | | 15.04.2015 |

## Fv 654 - Herøy kommune - Reguleringsplan for Stokksund gnr. 58 bnr. 1 m.fl.- Varsel om igangsetting av planarbeid - Uttale

Viser til skriv av 19.3.2015 frå AG Plan og Arkitektur AS med varsel om utarbeiding av detaljreguleringsplan for Stokksund gnr 58 bnr 1 m.fl. i Herøy kommune.

Statens vegvesen har ingen merknad til varsla planarbeid. Nærare detaljer vert å kome attende til når framlegg til reguleringsplan ligg føre.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

for Gitte Beiermann
Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

Kopi: Herøy kommune
Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

3

Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

AG Plan og Arkitektur as
Webjørn Svendsen gate 12
6150 ØRSTA

Dato: 20.4.2015
Saksbeh.: KG
Ark.nr./Prosjnr. 2230
Kopi til: Saksdok.

Vår dato: 20.04.2015
Vår ref.: 201501980-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 19.03.2015
Dykkar ref.: Kåre Gjengedal

Sakshandsamar:
Terje Systad

# Innspel til oppstart av detaljreguleringsplan for Stokksund - GBnr 58/1 mfl - Herøy kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 19.3.2015. Saka gjeld oppstart av reguleringsplan for Stokksund. Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for bustader med tilhøyrande infrastruktur.

NVE har ingen innspel til planarbeidet.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Terje Systad
overingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Møre og Romsdal
fylkeskommune

AG Plan og Arkitektur AS
digitalt postmottak

Dato: 29.4.2015
Saksbeh.: KG
Ark.nr./Prosjnr. 2230
Kopi til: Saksdok.

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| 2230 | 20.03.2015 | 18230/2015/REGULERINGSPLAN/1515 | Johnny Loen, 71 25 82 88 | 29.04.2015 |

# Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Stokksund gbnr 58/1 m.fl - fråsegn ved varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Automatisk freda kulturminne**
Vi var på synfaring i området 09.04.2015. Det meste av arealet består av myrområde, og ut frå topografiske forhold vurderer vi potensialet til å vere lågt. Vi vil difor ikkje stille krav om arkeologisk registrering, men gjer likevel oppmerksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jfr kulturminnelova § 8 andre ledd.

**Planfagleg vurdering**
Framlegget er i samsvar med gjeldande kommuneplan. Vi har ikkje merknader utover det generelle, jamfør moment som oppstartreferatet også gjer greie for.

**Konklusjon**
Vi er positiv til at planarbeidet kan starte. Vi har ikkje vesentlege merknader til intenjonane som er tilkjennegitt i oppstartvarslet.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Fagsaksbehandlar
Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Kristoffer Dahle, 71 25 89 03

Kopi:
Herøy kommune
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Postadresse: Postboks 2500, 6404 Molde • Besøksadresse: • Telefon: 71 25 80 00 • Telefaks:
e-post: post@mrfylke.no • www.mrfylke.no

5

# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
29.04.2015
Dykkar dato
19.03.2015

Vår ref.
2015/1868/KABJ/421.4
Dykkar ref.

AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsengate 12
6150 ØRSTA

Dato: 4.5.2015
Saksbeh.: KG
Ark.nr./Prosjnr. 2230
Kopi til: Saksdok.

**Herøy kommune**
**Detaljregulering - reguleringsplan Stokksund gnr58 bnr1 m.fl**
**Oppstart**

Arealbruken i planområdet er i tråd med nylig vedtatt kommuneplan. I oversendinga blir det vist til at det i kommuneplanen sin KU stillast krav om avklåring av ulike tilhøve ved detaljregulering. Dette gjeld mellom anna kartlagde raudlisteartar i området. Naturbase-registreringane for dette området er gjort i 1994, så det bør gjerast ei ny registrering av kva fuglar som hekkar i området, slik at ein får oppdatert kunnskap om naturverdiane. Både fiskemåke, tjeld, storspove, rødstilk og tyvjo er registrert her, og fiskemåken er klassifisert som viktigst av desse. Kartlegginga må gjerast av fagkyndige, og arbeidet skal vere i tråd med DN-handbøkene.

Fylkesmannen har utover dette ingen merknader til oppstartsvarselet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
Fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

**Kopi:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Møre og Romsdal fylkeskommune | Fylkeshuset | 6404 | Molde |
| Statens vegvesen Region midt | Fylkeshuset | 6404 | Molde |
| Herøy kommune | Postboks 274 | 6099 | Fosnavåg |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

6

## Eldar Andre Hansen

**Fra:** Per-Magne Lillenes <per-magne@gpmgarage.no>
**Sendt:** 4. mai 2015 21:27
**Til:** AG Plan og Arkitektur AS Firmapost
**Kopi:** Andre Gjerde; Preben; Ole-Johan Aksnes; Johan-Ole Abeltun; kaksnes@hotmail.no; Curt Åge Hauge; ingarbaltzersen@gmail.com; Jarl Åge Vågsholm; Jarl Martin Møller; Tjørvåg Idrettslag
**Emne:** Fw: Utbyggingsplan
**Vedlegg:** 0089_001.pdf

Reguleringsplan Stokksund Gnr.58 Bnr.1 MFL/Herøy kommune.

Henviser til tilsendt brev med tanke på tiltak : Oppstart av privat reguleringsarbeid.

På vegne av : Tjørvåg Idrettslag 58/32,Andre Gjerde 58/39,Preben A L Hestad 58/51,Kristoffer Aksnes 58/53, Johan Ole Abeltun 58/50,Ole Johan Aksnes 58/55,Curt Åge Hauge 58/52,Ingar Baltzersen 58/54,Jarl Åge Vågsholm 58/41
så ber jeg om at det blir arrangert et møte imellom desse partane og AG Plan og Arkitektur AS.
Dette er et så stort prosjekt og vil medføre en vesentleg økning av biltrafikken forbi skulen,idrettsanlegget og eksisterende
hus at her må man i fellesskap prøve å kome fram til gode/levelege løsninger.

Mvh Per-Magne Lillenes     mobnr. +47 99399992

Dato: 5.5.2015
Saksbeh.: KG
Ark.nr./Prosjnr. 2230
Kopi til: Saksdok.

7


# Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Landbrukskontor for kommunane Herøy - Ulstein - Hareid


AG Plan og Arkitektur AS
Webjørn Svendsen gate 12

6150 ØRSTA

Dato: 20.4.2015
Saksbeh.: KG
Ark.nr./Prosjnr. 2230
Kopi til: Saksdok.


Telefon: 70 08 46 70
Adresse: Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no


Dykkar ref: Vår ref: AKL Dato: 07.05.2015

**Reguleringsplan «Stokksund» gnr. 58 bnr. 1 m.fl. i Herøy kommune**

I uttalen tek vi føre oss dei saksområda som landbrukskontoret har ansvar for.

Omsyn til jordvern
Eit areal opp mot vegen på om lag 17 dekar er klassifisert som dyrkbar jord. Arealet er omfatta av Jordlova §9 – omdisponering av dyrka og dyrkbar jord. Sjå utsnitt av gardskart vedlegg 1.
Det vart forsøkt å dyrke opp arealet for om lag 25 år sidan. Resultatet synte at areal hadde liten verdi som dyrkingsområde.

Omsyn til trekkrute for hjort
I følgje Forvaltingsplan for hjort i Herøy kommune 2013-2016 er det registret trekkrute for hjort i austre kant av reguleringsområdet. Vedlegg 2 syner utsnitt av «Illustrasjon over beiteområder og trekkruter, vedlegg til Forvaltingsplan for hjort i Herøy kommune 2013-2016». Vi ber om at det vert vist omsyn til den registrerte trekkruta i reguleringsarbeidet.

Utgreiing etter Naturmangfaldlova (Nml)
Nml § 8 (kunnskapsgrunnlaget):
Tiltaket er vurdert etter opplysingar i Naturbasen og Raudlista. Om lag heile utbyggingsområdet ligg innafor område Prestegardsmyrane som er eit område for hekkande sjøfugl. Området inneheIder fuglearter som har nasjonal forvaltingsinteresse. I tillegg inneheIder området dei raudlista artane storspove og fiskemåke.

Nml § 9 (føre-var-prinsippet):
I denne saka vurderer vi kunnskapsgrunnlaget til å verer godt nok til å gå vidare med saka.

Nml: § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning):
Det bør gjennomførast ei utgreiing for å finne ut i kva grad ei utbygging av området verkar på kvalitetane i hekkeområdet Prestegardsmyrane. Skildringa i Naturbasen syner at kolonien med hekkande fiskemåse var på strekt vikande front fram mot 1994.

Nml: § 11 (kostnad for å avgrense negativ miljøpåverknad):
Kostnaden med å avgrense negativ miljøpåverknad må tiltakshavar koste sjølv. I denne saka kan omsyn til hekkande sjøfugl føre til at utbyggingsområdet vert avgrensa.

Nml: §12 (miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar):
Vi vurderer området for reguleringa til å vere egna til føremålet. Vi vil rå til at det vert lagt opp til ei god arealutnytting og at tekniske inngrep avgrensast til planområdet. Ei nærare utgreiing for området med hekkande sjøfugl og raudlista fuglearter må ha prioritet.

Vedlegg til utgreiing etter Naturmangfaldlova, sjå vedlegg 3.

Med helsing
Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Vedlegg.

Vedlegg 1 del 1

# Landbrukseiendom 1515 - 58/1

## Markslag (AR5) 13 klasser




0 20 40 60m

Målestokk 1:4000 ved A4 stående utskrift

skog + landskap

*Dato: 2015-05-06 10:36:34 - Side 1 av 3*

Vedlegg 1 del 2

# Landbrukseiendom 1515 - 58/1

Arter naturbase

- Marine arter
- Art trekkvei
- Art punkt
- Art område

Rødlistede arter

- DD - Datamangel
- NT - Nær truet
- VU - Sårbar
- EN - Sterkt truet
- CR - Kritisk truet
- RE - Regionalt utdødd

Dyrkbar jord

- Dyrkbar jord

Vedlegg 1 del 3

# Tegnforklaring arealstatistikk

## Eiendomsgrenser

| Beskrivelse | Fargekode |
|---|---|
| Grense | |
| Uregistrert jordsameie | |
| Uavklart eierforhold | |
| Tvisteteig | |

## Erosjonsrisiko

| Beskrivelse | Fargekode |
|---|---|
| Liten erosjonsrisiko | |
| Middels erosjonsrisiko | |
| Stor erosjonsrisiko | |
| Svært stor erosjonsrisiko | |
| Ikke kartlagt | |

## AR5 - 13 klasser

| Beskrivelse | Fargekode | Symbol |
|---|---|---|
| Fulldyrka jord | | = |
| Overflatedyrka jord | | ш |
| Innmarksbeite | | Ш |
| Skog, særs høg bonitet | | s |
| Skog, høg bonitet | | h |
| Skog, middels bonitet | | m |
| Skog, lav bonitet | | l |
| Uproduktiv skog | | i |
| Myr | | ≑ |
| Jorddekt fastmark | | |
| Skrinn fastmark | | |
| Bebygd, samf, vann, bre | | |
| Ikke klassifisert | | |

## Jordressurser

| Beskrivelse | Fargekode |
|---|---|
| Ingen begrensninger | |
| Små begrensninger | |
| Moderate begrensninger | |
| Store begrensninger | |
| Ikke kartlagt | |

## Endring markslag (AR5)

| Beskrivelse | Fargekode |
|---|---|
| Til jordbruksareal | |
| Fra jordbruksareal | |
| Endringer innen jordbruksareal | |
| Andre endringer | |
| Ingen endringer | |

## AR5 - 7 klasser

| Beskrivelse | Fargekode | Symbol |
|---|---|---|
| Fulldyrka jord | | = |
| Overflatedyrka jord | | ш |
| Innmarksbeite | | Ш |
| Produktiv skog | | S |
| Bebygd, samf, vann, bre | | |
| Annet markslag | | |
| Ikke klassifisert | | |

## Helling jordbruksareal

| Beskrivelse | Fargekode |
|---|---|
| Større enn 1:3 | |
| Mellom 1:5 og 1:3 | |
| Mindre helling, samt andre areal | |

## Grenser for arealressurser

På kart

På flybilde

Vedlegg 2




TEGNFORKLARING

Kartet er meint som ein illustrasjon og viser ikkje nøyaktige grenser. Trekkruter og beiteområde i Sande kommune som ikkje kryssar grensa til Herøy kommune er ikkje teke med.

= Trekkruter i Naturbase

= Trekkruter basert på lokalkunnskap

= Vinterbeiteområde frå Naturbase som framleis er nytta

= Vinterbeiteområde frå Naturbase som ein ikkje reknar med at er nytta lengre

= Beiteområde basert på lokalkunnskap

Vedlegg 3 del 1

MILJØ-DIREKTORATET

# Arter av nasjonal forvaltningsinteresse (/)

**06.05.2015**

| | |
|---|---|
| **DatabaseID** | observations/miljodir/nb/ba00061643-164 |
| **Institusjon** | Miljødirektoratet |
| **Institusjon webadresse** | http://www.miljodirektoratet.no/ |
| **Database** | Naturbase |
| **Kjønn** | |
| **Artsbestemt av** | |
| **Habitat** | |
| **Navn på datasett** | |
| **Faktaark** | http://faktaark.naturbase.no/Arter?id=BA00061643 (http://faktaark.naturbase.no/Arter?id=BA00061643) |
| **Norsk navn** | fiskemåke |
| **Vitenskapelig navn** | *Larus canus* |
| **Finner** | Folkestad, A. O. |
| **Dato funnet** | 30.06.1994 |
| **Antall** | |
| **Beskrivelse** | I hovedsak fiskemåsekoloni. 01.01.87 registrert 400 fiskemåke. Hekkeområde, vår og sommer. Sikker informasjon via intervju/spørreskjema AOF 1996: Prestegardsmyrane er eit flatlend myrområde ved Indre Herøy kyrkje. Mesteparten av området ligg nord for riksvegen, men ein liten del ligg og sør for veien. Området er stort sett prega av myrlendt lynghei, men dreneringsgrøfter, og med litt spreidt oppslag av bjørk. Området er ein tradisjonell hekkelokalitet for dei oppførte fugleartane, men ein fiskemåsekoloni som den viktigaste. Denne kolonien har likevel vore på sterkt vikande front, truleg som følgje av dreneringsarbeid og vegetasjonsendringar. Kolonien har hatt gjennomgåande dårleg ungeproduksjon dei seinare åra. Tidlegare hekka det minst 200 par fiskemåse i kolonien, dessutan og nokre par av sildemåse, gråmåse og svartbak, og enkelte år 50-100 par terner. Kolonien er spredt utover eit relativt stort område, og med koloniutforminga og tettleik i dag, oppfyller lokaliteten neppe krieteria for vern etter naturvernlova. |
| **Fylke** | Møre og Romsdal |
| **Kommune** | Herøy |
| **Lokalitet** | Prestegardsmyrane |
| **Lengdegrad** | 5.737991 |
| **Breddegrad** | 62.304095 |
| **Presisjon** | 551 |
| **TaksonID** | Taxon/3628 |
| **Aktivitet** | reproductive |
| **Gruppe** | fugl |
| **Område** | Ja |
| **Økologisk funksjonsområde** | Nei |
| **Forvaltningskategori** | Arter av stor forvaltningsinteresse |

**Kriterie for utvalg**

| Kriterie | Forklaring | |
|---|---|---|
| Ansvarsarter | >25% av europeisk bestand i Norge | |
| Trua arter | CR,EN,VU i Norsk Rødliste | |
| Andre spesielt hensynskrevende arter | andre arter av nasjonal forvaltningsinteresse | |
| Spesielle økologiske former | former eller underarter av arter av nasjonal forvaltningsinteresse som ikke vurderes i Rødlisten | |
| Prioriterte arter | prioritert art i medhold av naturmangfoldloven | |
| Fredete arter | fredet i medhold av naturvernloven | |
| NT i norsk rødliste 2010 | nær truet art | x |

| | | |
|---|---|---|
| Fremmede arter | Svært høy og høy risiko i svartelista 2012, samt noen arter fra Svarteliste 2007 | |

**Listestatus**

| Type | Beskrivelse | Lenke |
|---|---|---|
| Norsk Rødliste 2010 | Nær truet (NT), Rødlista 2010 | http://www.artsportalen.artsdatabanken.no/#/Rodliste2010/Vurdering/dummy/34407 (http://www.artsportalen.artsdatabanken.no/#/Rodliste2010/Vurdering/dummy/34407) |
| Norsk Rødliste 2010 | Ikke egnet (NA), Rødlista Svalbard 2010 | http://www.artsportalen.artsdatabanken.no/#/Rodliste2010/Vurdering/dummy/34146 (http://www.artsportalen.artsdatabanken.no/#/Rodliste2010/Vurdering/dummy/34146) |

**Bilder**



MILJØ-DIREKTORATET Naturbase

Ved legg 3 del 2

06.05.2015

Fakta: Arter

# Prestegardsmyrane

**Id** BA00061643
**Områdenavn** Prestegardsmyrane
**Kommuner** Herøy (Møre og Romsdal)
**Totalareal** 389 daa

**Kilder**

| Navn | År | Tittel | Lenke | Kildetype |
|---|---|---|---|---|
| Folkestad, A. O. | 1996 | Registrering av hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal 1994-94. Rapport frå NOF, avd. Møre og Romsdal - OUM, 130 s. | | Litteratur |

**Arter:**

**Art/gruppe (norsk navn)** Tjeld
**Vitenskapelig navn** Haematopus ostralegus
**Prioritert art** Nei
**Rødlistestatus**
**Bern**
**Bonn**
**Funksjoner:**
**Funksjon** yngleområde
**Årstid** vår/sommer
**Verdi** C
**Registreringdato** 30.06.1994
**Stedkvalitet**
**MOB-Land Prioritet** G Ikke vurdert

**Art/gruppe (norsk navn)** Storspove
**Vitenskapelig navn** Numenius arquata
**Prioritert art** Nei
**Rødlistestatus** NT
**Bern**
**Bonn**
**Funksjoner:**
**Funksjon** yngleområde
**Årstid** vår/sommer

**Verdi** C
**Registreringdato** 30.06.1994
**Stedkvalitet**
**MOB-Land Prioritet** G Ikke vurdert

**Art/gruppe (norsk navn)** Rødstilk
**Vitenskapelig navn** Tringa totanus
**Prioritert art** Nei
**Rødlistestatus**
**Bern**
**Bonn**
**Funksjoner:**
**Funksjon** yngleområde
**Årstid** vår/sommer
**Verdi** C
**Registreringdato** 30.06.1994
**Stedkvalitet**
**MOB-Land Prioritet** G Ikke vurdert

**Art/gruppe (norsk navn)** Tyvjo
**Vitenskapelig navn** Stercorarius parasiticus
**Prioritert art** Nei
**Rødlistestatus** NT
**Bern**
**Bonn**
**Funksjoner:**
**Funksjon** yngleområde
**Årstid** vår/sommer
**Verdi** C
**Registreringdato** 30.06.1994
**Stedkvalitet**
**MOB-Land Prioritet** G Ikke vurdert

**Art/gruppe (norsk navn)** Fiskemåke
**Vitenskapelig navn** Larus canus
**Prioritert art** Nei
**Rødlistestatus** NT
**Bern**
**Bonn**
**Funksjoner:**
**Funksjon** yngleområde
**Årstid** vår/sommer
**Verdi** B
**Registreringdato** 30.06.1994
**Stedkvalitet**

| | |
|---|---|
| **MOB-Land Prioritet** | G Ikke vurdert |

---




Kartgrunnlag: Kartverket , Geovekst og kommuner

# MØTEREFERAT FRA MØTE MED NABOAR OG IDRETTSLAG – SAMT AVKLARINGAR I ETTERKANT

| Prosjektnr | Prosjekt | Arkivnr |
|---|---|---|
| 2230 | «STOKKSUND GNR. 58 BNR. 1 MFL.» I TJØRVÅG, HERØY KOMMUNE | |

| Dato | Møtetid fra - til | Sted |
|---|---|---|
| 01.10.2015 | 19-21 | Skulen på Stokksund |

| Møteleder | Referent |
|---|---|
| Kåre Gjengedal (KG) | KG |

| Tilstede | Fraværende |
|---|---|
| Viser til vedlagt innbyding og skjema med påteikning møtedeltakarar. | |

Kopi av møtereferatet sendes også til

Sendast ikkje ut. Vert nytta som dokument til vedlegg A1.

| Sak | Referat | Ev kommentarer |
|---|---|---|
| 1 | Generel orientering om førebels plan<br>Areal:<br>KG gjekk gjennom no-situasjonen og kva kommuneplanen har lagt ut til nbyggeområde i «nabolaget». I kommuneplanen er fastsett utviding av skuleområdet og byggefelt B33 (som denne saka gjeld).<br>Prinsipp for arealbruken innan B33:<br>- Stor vekt på grøne areal/leikeareal, for å etablere gode bumiljø er tenkt større arel til leik enn kva kommuneplanen krev.<br>- Fordeling av type hus vert i hovudsak einebustader, to-mannsbustader, rekkjehus.<br>- Overvatn: noverande stikkrenner samlast i ein kanal til sjø. Søkjer å avgrense vassføringa mot nord (jf eksisterande overvassleidning/kapasitet som går gjennom det eksisterande bustadfeltet).<br>- Behalde tilgang til areala mot aust, men her vert det rådt til at tilgangen vert noko reduserast enn i vist skisse grunna sårbare forhold i hekketida.<br>- Vel vegstandard i hht krava i kommunen si veghandbok<br>- Vert avhengig av å pumpe spillvatnet ut av område, knyte dette til eks anlegg på Storeneset.<br>- Samla medfører planen mellom 80-100 bustader/-einingar. | |

| | | |
|---|---|---|
| 2 | Diskusjon:<br>Utfordringar som kom fram:<br>- Trafikken rundt skulen er problematisk. Ikkje ordna. Buss og foreldre køyrer på slik måte at det vert lite trygt å ferdast for borna. Parkering inne på skuleområdet er også problematisk.<br>- Slik trafikksituasjonen er no er det lite ønskjeleg at bustadfeltet knyter seg til vegen som i dag går frå fv 654 til Stokksund (forbi idrettsanlegget). Det vart difor foreslått å nytte anna avkøyrsle som Storenesvegen eller ved å knyte seg inn på noverande kryss inn til skulen (frå fv 654) og føre den langs fv654 tilbake til bustadfeltet.Foreldra vil følgje opp saka.<br><br>Alternativ tilknyting t il fv654:<br>- Kommunen har teke opp med statens vegvesen: Ikkje aktuelt med nye kryss på fv654 på strekninga. | Kommunen viste til nyleg vedteken reguleringsplan for fv654 på denne strekninga der også krysset inn til skulen/kyrkja er med. Denne har ordna trafikken på ny måte. AG.. vart oppmoda om å sjå nærmare på denne planen og kva endringar som no er lagt opp til – ta dette inn i planomtalen.<br><br>KG repliserte at problemet ikkje er trafikken frå B33, men sjølve køyremåten og organiseringa av «interntrafikken» på skuleområdet. Med rett dimensjonerte vegar og med forsvarleg køyremønster er ikkje trafikkmengda i seg sjølv problemet. |
| | Vass- og avløpsanlegg:<br>- Det vart vist til at eksisterande bustader har etablert felles VA-løysingar. | KG: ok, takast til vitande. |

**Avklaring med vegvesenet i etterkant av møtet (05.10.15):**
KG snakka med Siv Karen Sundgot som arbeidde med reguleringssaka ( i lag med sakshandsamar, no ute i permisjon):
I planen til vegvesenet er det rydda opp i køyremønsteret ved at eine innkøyringa til skulen er stengd. Der er lagt inn busslomme mot fortausside/skuleside. Avstigning frå buss er sikra. Avstigning frå personbil er må gjerast frå «rundkøyring» eller at foreldra køyrer inn på skuleområdet mot eks parkeringsplass. Internt på skulen er ikkje planlagt.
Alt. vegtilkomstar for feltet: Må konsentrere trafikken i eitt kryss og trafikksikre der – her «skulekrysset».
KG: viser tenkt køyremønster i hht nyleg vedteken plan samt lagar ei enkel skisse for avviklinga inne på skuleområdet kva gjeld «levering av born». Viser dette i planomtalen.

**Avklaringar med kommunen i ettertid av møtet (08.10.15):**
KG snakka med Ole Magne Rotevatn (vår sakshandsamar i kommunen).
Kommunen har gått gjennom planskissa (-materialet) og har slike vurderingar/merknader:
- vegsystemet er OK
- støyskjerm: må «sy den saman med allereie regulert» langs skulen. KG: skissa viser førebels ikkje lang nok skjerm, jf forvarslinga.
- Pumpestasjon må flyttast på nedsida av Grøndalsvegen (nedom krysset). Pumpestasjonen kan då også nyttast av skulen og ev. eks bebyggelse.
- Naturmangfald: rapporten konkluderer ikkje eintydig i forhold til ev avgrensing av byggefeltet, jf også kompenserande tiltak. OK at tiltakshavar no opprettheld tenkt utbygging/avgrensing mot aust samt fjernar deler av tilkomstane/stiane ut mot LNF-området for å ikkje invitere til «for mange» stiar ut i LNF-området, jf som skissert i notat. KG tek inn i planomtalen litt om at bebuarar/brukarara av LNF-området må vise hensyn i hekketida. Kanskje ei infortavle ved sti (-ane) ut i område kan vere tenleg.

Korleis fylkesmannen (FM) vil tolke dei siste registringane er vanskeleg å vite. KG argumenterer for løysinga i planomtalen og ev avgrensing vert i fall å vurdere i høve svar frå FM ved offentleg ettersyn.

- kanalen opp mot fv654:
  Vidareføring nedover: flytt inn til/utvid plangrensa og ta med i planen.

Kåre Gjengedal, 09.10.2015

utsendtsom **førebels internt arbeidsdokument** til tiltakshavar og sakshandsamar i kommunen. Dok vert lagt ved som vedlegg/merknad i vedlegg A2 ved ferdig plan.

## Kåre Gjengedal

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Kåre Gjengedal |
| **Sendt:** | 22. september 2015 18:00 |
| **Til:** | 'per-magne@gpmgarage.no'; 'kyrkjekontoret@heroy-kyrkje.no'; Ole Magne Rotevatn <ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no> (ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no) |
| **Emne:** | Drøftingsmøte vedkomande regulering bustadfelt B33 Stokksund |
| **Vedlegg:** | Førebels Planskisse 1.pdf; 2230-Førebels planskisse 2x (1-750).pdf |

***Per-Magne Lillenes (med fleire; idrettslag, naboar mv)***
***Indre Herøy Sokn v/ kyrkjekontoret***
***Herøy kommune ved Ole Magne Rotevatn***

# SAK: Drøftingsmøte vedkomande regulering bustadfelt B33 Stokksund

Vi viser til pågåande arbeid med utarbeiding av detaljreguleringsplan for bustadfeltet B33 i området Stokksund. Vi viser også til tidlegare utsendt forvarsel om saka.

I merknad frå Per-Magne Lillenes (med fleire; idrettslag, naboar mv) er det sett fram ønskje om eit møte for drøfting av saka.
Det vert i merknaden vist til:
*«Dette er et så stort prosjekt og vil medføre en vesentlig økning av biltrafikken forbi skulen, idrettsanlegget og eksisterende hus at her må man i fellesskap prøve å kome fram til gode/levelege løsninger».*

Som grunnlag for drøfting av vegløysinga langs idrettsanlegget og eksisterande hus legg vi ved førebels planskisser. Vi ber om at desse vert brukt internt og ikkje offentleggjort då dei er å sjå på som førebelse interne arbeidsdokument.

I samråd med Per- Magne Lillenes byr vi difor inn til drøftingsmøte slik:

**Stad: Skulen (Per-Magne Lillenes avklarer rom og videokanon/skjerm)**

**Tid: Torsdag 01.10.15 kl. 19.00**

Agenda:

- Innleiing ved Kåre Gjengedal (AG Plan...)
  - Generelt og «førebels» om planen
    Og meir konkret:
  - Vegføringar langs idrettsanlegget
  - Vegføring inntil eksisterande bebyggelse
- Drøfting av vegløysingar

Vedlegg:
- Planskisser (2)

Vel Møtt !

PS: Per-Magne Lillenes sender denne E-posten vidare til idrettslag og andre naboar

Mvh

**Kåre Gjengedal**
Sivilingeniør, RIF

Mob.: 95 13 89 22
E-post: kaare.gjengedal@agplan.no

## AG Plan og Arkitektur AS
RÅDGJEVANDE ARKITEKT OG INGENIØR

Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta
Tlf.: 70 06 16 00
E-post: firmapost@agplan.no
Heimeside: www.agplan.no

Lik oss på Facebook

# AG Plan og Arkitektur AS

**Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF**

| Arbeids journal<br>**Side 1** | PROSJEKT:<br>PROSJEKTNR : 2230 | Møtedato: 01.10.2015 |
|---|---|---|

**MØTE I HHT PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 5-1: Medverknad i planlegginga**

| Namn | td. organisasjon, grunneigar |
|---|---|
| Kristoffer S. Aksnes | 58/53 |
| Curt-Age Hauge | 58/52 |
| Anders N. Gjerde | 58/39 |
| Ingar S. Baltzersen | 58/54 |
| Ole Magne Rudaruda | Herøy kommune |
| Elise Vågsholm | 58/41 |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |

# MØTEREFERAT FRA MØTE MED «SÆRSKILDE GRUPPER», GRENDELAG, SKULEN

Blankett nr
**12-032**

| Prosjektnr | Prosjekt | Arkivnr |
|---|---|---|
| 2230 | «STOKKSUND GNR. 58 BNR. 1 MFL.» I TJØRVÅG, HERØY KOMMUNE | |

| Dato | Møtetid fra - til | Sted |
|---|---|---|
| 28.10.2015 | 19-21 | Skulen på Stokksund |

| Møteleder | Referent |
|---|---|
| Kåre Gjengedal (KG) | KG |

| Tilstede | Fraværende |
|---|---|
| Viser til vedlagt innbyding og skjema med påteikning møtedeltakarar. | |

Kopi av møtereferatet sendes også til

Sendast ikkje ut. Vert nytta som dokument til vedlegg A1.

| Sak | Referat | Ev kommentarer |
|---|---|---|
| 1 | Generel orientering om førebels plan:<br><br>Innleiing ved Kåre Gjengedal (AG Plan…)<br>o Generelt og «førebels» om planen<br>Og meir konkret:<br>o Vegføringar, vegstandard, skisse intern trafikkavvikling på skuleområdet, ny regulert trafikkmønster i hht nyleg vedteken reguleringsplan<br>o Arealbruk (byggeareal, grønstruktur, tilgjenge sideareal, type bustader, eksempel på tilpassa universell bustad)<br>o Leikeareal (type areal, storleik, gangavstandar mv)<br>o Tilgjengelegheit, universell utforming<br>o Naturmangfald<br>o Overvatn, prinsipp VA-løysingar | |
| 2 | Drøfting- moment som kom fram:<br>- Ser positivt på feltet<br>- Trafikken rundt skulen er problematisk. Hastigheita på fv654 burde kunne senkast til 60 km/t forbi skulen.<br>- Parkeringa inne på skuleområdet er også problematisk. Rektor vil ta trafikkavviklinga opp med kommunen og avklare køyremønster og arealdisponeringa på skuleområdet. Dette er forhold som ligg utanfor vårt planområdet og som handsamast som eiga sak.<br>- Viktig for skulen at der er god kontakt med friluftsområdet i aust mot sjøen. Nyttar grindhuset (uthus) i undervisinga. (etter planframlegget er der tilkomst over kvartalsleikeplass til eksisterande sti).<br>- stegvis utbygging av feltet: medfører anleggstrafikk i fleire år. Vil vurdere om det skal setjast krav om at Grøbdalsvegen må opprustast med fortau i 1. byggetrin pga dette.<br>- diverse detaljar i tilknyting til eksisterande bustader på tilgrensande område vart drøfta: avstand til veg/grøfteareal, overvatnet som no går mot veggrøfta i bustadvegen | Konklusjonen var at den nye reguleringsplanen har organisert trafikken ansleis i området ved inngangen til skuleområdet.Ikkje grunnlag for å diskutere vedteken plan.<br>Vedkomande skilting av fv654: slik krav må sendast som innspel til Trafikktryggingsutvalet i kommunen.<br>Nytt køyremønster må på plass. Rektor tek opp saka med kommunen.<br><br>Det vart elles vist til offentleg ettersyn og at det då vert høve til å kome med innspel og merknader. |

Kåre Gjengedal, 29.10.2015. utsendtsom **førebels internt arbeidsdokument** til tiltakshavar og sakshandsamar i kommunen. Dok vert lagt ved som vedlegg/merknad i vedlegg A2 ved ferdig plan

**Kåre Gjengedal**

**Fra:** Kåre Gjengedal
**Sendt:** 21. oktober 2015 14:54
**Til:** 'camilla.storoy.hermansen@heroy.kommune.no'; 'arve.moltubakk@tussa.com'; 'smyr54@hotmail.com'; 'Mona-Grete.Ryssevik@heroy.kommune.no'; 'aodypvik@tussa.com'; 'joakim@jeik.no'
**Kopi:** Ole Magne Rotevatn <ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no> (ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no)
**Emne:** Møte vedkomande arbeid med reguleringsplan for B33 - Stokksund.
**Vedlegg:** Førebels Planskisse 1.pdf

Barnerepresentant Camilla Storøy
Leiar Eldrerådet Arve Moltubakk
Leiar i råd for menneske med nedsett funksjonsevne Sølvi Voldsund Myrhol
Møteleiar for ungdomsrådet Mona-Grete Ryssevik
Storeneset Grannelag v/ Alf Olger Dybvik
Stokksund Grendalag v/ Joakim Eiksund
- Foreldreutvalet v/ Idar Louis Dahl.
- Rektor Vidar Kalland.

Norges handikapforbund Herøy v/ Trine Eiksund. Holmsild Brygge 203 6090 FOSNAVÅG

## SAK: Drøftingsmøte vedkomande regulering bustadfelt B33 Stokksund

Vi viser til pågåande arbeid med utarbeiding av detaljreguleringsplan for bustadfeltet B33 i området Stokksund. Vi viser også til tidlegare utsendt forvarsel om saka.

I samsvar med plan- og bygningslova - §5.1 Medverknad - inviterer vi til orientering og drøfting.

Som grunnlag for drøfting legg vi ved førebels planskisse. Vi ber om at denne vert brukt internt og ikkje offentleggjort då den er å sjå på som førebels internt arbeidsdokument.

**Stad: Skulen.** ok.
**Vi har diverre ikkje fått avklara dette med rektor enno, men kjem tilbake med stadfesting, ev om vi skal møtast annan stad. Sender denne no slik at de kan få møtet inn på kveldsplanen i neste veke.**

**Tid: onsdag 28.10.15 kl. 19.00**

Agenda:

- Innleiing ved Kåre Gjengedal (AG Plan...)
  - Generelt og «førebels» om planen
    Og meir konkret:
  - Vegføringar, vegstandard
  - Arealbruk (type bustader)
  - Leikeareal
  - Tilgjengelegheit

- drøfting

Vedlegg:
- Planskisse

Vel Møtt !

Mvh

**Kåre Gjengedal**
Sivilingeniør, RIF godkj.rådgjevar

Mob.: 95 13 89 22
E-post: kaare.gjengedal@agplan.no

## AG Plan og Arkitektur AS
RÅDGJEVANDE ARKITEKT OG INGENIØR

Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta
Tlf.: 70 06 16 00
E-post: firmapost@agplan.no
Heimeside: www.agplan.no

Lik oss på Facebook




REVISJON
TEIKNINGSNUMMER: 2230-001
TITTEL: Skisse med VA-linjer

| REV | ENDRINGA GJELD | SIGN | DATO |
|---|---|---|---|

TILTAKSHAVAR: Opplysningsvesenets Fond

GÅRDSNUMMER | BRUKSNUMMER | KOMMUNE

PROSJEKT: Regulering Stokksund

AG Plan og Arkitektur AS
Besøksadresse : Webjørn Svendsengl. 12,
Postadresse : Webjørn Svendsengl. 12, 6150 Ørsta
Tlf. 70 06 16 00
E-post: firmapost@agplan.no
arkitektbedriftene

| SIGNATUR | FILNAMN | MÅL: |
|---|---|---|
| kg | | 1:1000 (A1) |
| TEIKNA: | KONTROLL: | DATO: |
| kg | kg | 22.09.2015 |
| REVISJON | TEIKNINGSNUMMER: 2230-001 | |

© Kopiering eller bruk av desse teikningane er forbudt utan skriftleg samtykke

# AG Plan og Arkitektur AS

**Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF**

| Arbeids journal<br>**Side 1** | PROSJEKT: BUSTADFELT<br>STOKKSUND<br>PROSJEKTNR : 2230 | Møtedato: 28.10.2015 |
|---|---|---|

**MØTE I HHT PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 5-1: Medverknad i planlegginga**

| **Namn** | **td. organisasjon, nabo, grunneigar** |
|---|---|
| Ole Magne Rotevatn | Herøy Kommune |
| Idar Dahl | FAU Indre Herøy |
| Oddrun Leikanger | |
| Camilla Storeng | Barnerepresentant Herøy kommune |
| Ole Johan Aksnes | Nabo |
| Kristoffer Aksnes | Nabo |
| Magnar Stordy | Leiar Stokksund Grendalag |
| Preben Hestad | Nabo |
| Vidar Kalland | Rektor Stokksund |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |

Merknad 35

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. 2012/7 Saksbeh. DMe
- 9 JAN. 2014
Ark.kode P 143
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr 312
Kassasjon

**Statens vegvesen**

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region midt | Hallvard Sæverud - <tomt> | 2011/106338-010 | 2012/7 | 08.01.2014 |

## Herøy kommune - Kommuneplanen sin arealdel 2013-2025 - Offentleg ettersyn - Uttale

Viser til brev av 28.10.2013 frå Herøy kommune.

Saka gjeld offentleg ettersyn av framlegg til arealdel i kommuneplanen perioden 2013-2025.

I samband med at planframlegget vart presentert av Herøy kommune i regionalt planforum-møte 28.8.2013, i regi av fylkeskommunen, vart det som kjent frå Statens vegvesen si side - jf. referat frå møtet - uttalt dette:

> *«Store utfordringar - ikkje minst økonomisk - knytt til fylkesvegnettet i kommunen, m.a. Vaulane der val av løysingar (bru/tunnel) vil kunne innebere auka/endra arealbehov, nye traseàr m.m. som må vurderast/avklarast i arealplansamanheng. Det vart også peika på utfordringar knytt til trafikktryggleiken på vegnettet. Det er positivt med kommunen sitt varsla reguleringsarbeid av g/s-vegar. Vegvesenet føreset at det gjennom planføresegnene i arealdelen vert nedfelt at rammeplanen for avkøyrsle skal leggast til grunn ved handsaminga av avkøyrselssaker. I kommuneplanen må det drøftast og avklarast- i grove trekk - tilkomstløysingar/avkøyrselspunkt til utbyggingsareala. Arealbruksforslaget i Myrvågane ( x 61/654) er konfliktfylt. Støysonekart langs vegane og rammeplanen for avkøyrsle bør kunne innarbeidast i temakart.»*

Statens vegvesen har m.a. desse merknadane/kommentarane til planframlegget – med tilhøyrande dokument – som ligg ute til offentleg ettersyn:

1. For mange av dei ulike utbyggsområda det vert lagt opp til gjennom planframlegget, saknar vi meir konkret drøfting og vurdering av konsekvensar planlagd arealbruk vil få i høve til trafikktryggleiken på vegnettet. Det sett i samanheng med at kommunen i *Risiko- og sårbarheitsanalysen* (ROS-analysen) peiker på at *«trafikkmengde og talet på ulukker heng saman og trafikkbiletet er vidare i stor grad eit resultat av arealbruksmønsteret.»* Frå kommunen si side vert det elles vist til arbeidt med rulleringa av kommunedelplanen for trafikktrygging. Gjennom arbeidt med trafikktryggingsplanen har kommunen som kjent sett opp desse to hovudmåla (ifg. planframlegg av august 2013): 1) *«Ingen skal bli*

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

*drepne eller kome alvorleg til skade i trafikken i Herøy kommune.»* 2) *«Alle trafikantar skal føle seg trygge i Herøy kommune.»*

2. Det er positivt og ryddig at det gjennom framlegg til planføresegner – pkt. 3 – vert er sagt at *«Avkjørsler frå fylkesvegar skal leggast, brukast og utformast i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande vegnormal og rammeplan for avkjørsler, utarbeidd av Statens vegvesen.»*
Vi rår til at sjølve *Rammeplanen for avkøyrsle*, med dei ulike haldningsklassene, vert lagt ved - lett tilgjengeleg - som eige temakart til kommuneplanen, eventuelt særskilt kart avgrensa til fylkesvegnettet i Herøy.
I høve til lokaliseringa og omfanget på ein del av utbyggingsområda som er innarbeidde i planframlegget, tiltak som vil utløyse behov for avkøyrselsløyve frå fylkesveg, er arealbruken - etter det vi kan sjå - i liten grad vurdert og basert på haldningsklassene til avkøyrsle som er nedfelt i gjeldande rammeplan.

3. For frådeling av bustadtomter i LNF-område er det i føresegnene – pkt 4.3 – sett slikt vilkår: *«Ved avkøyring direkte frå fylkesveg skal eksisterande avkøyrsler nyttast. Det skal ligge føre løyve til avkøyrsle frå Statens vegvesen.»* Ordlyden i siste setninga bør med fordel endrast til: *Løyve til avkøyrsle, herunder utvida og endra bruk, med heimel i veglova må ligge føre frå Statens vegvesen v/regionvegkontoret.*
Det bør elles gjennom planen presiserast at avkøyrsle frå fylkesveg ikkje må byggast eller nyttast utan løyve frå Statens vegvesen v/regionvegkontoret. Og det vil vere ryddig og informativt om det i planen vert vist til kva § 27-4 i plan- og bygningslova seier om vegtilkomst og avkøyrsle.

4. Det er i konsekvensutgreiinga sagt at *«Planforslaget legg opp til nye framtidsretta kryssingar over «Vaulane» mellom Bergsøya og Nerlandsøya og Leinøya og Remøya.»*
I og med at framtidige vegløysingar ikkje er avklara, kan vi ikkje sjå at det på noverande tidspunkt er særleg grunnlag for å sette av (bandlegge) areal utover det som er lagt inn i planframlegget. Arealbehovet til aktuelle tiltak vil venteleg verte meir avklara når forprosjekta for framtidige vegløysingar ligg føre.

5. Til ein del av utbyggingsområda/tiltaka det vert lagt opp til langs fylkesvegnettet, har vi konkret m.a. desse merknadane/kommentarane – i korte trekk:

| Fylkesveg | Område | Merknad/kommentar |
|---|---|---|
| Fv. 10 | FB14, AN12,SH | Vi føreset at tilkomst vert knytt til eksisterande avkøyrsle vest for området FB14. |
| | FB 15 | Saknar vurdering av korleis tilkomst til området meir konkret er tenkt løyst. Utifrå tilhøva på aktuelle del av fylkesvegstrekninga rår vi ifrå at det gjennom planen vart lagt til rette for fritidsbustader på dette området. |
| | FT5 | I konsekvensutgreiinga står det: *«Det kan vere behov for ny avkøyrsle til FT5.»* Vi føreset at tilkomst til området vert knytt til eksisterande avkøyrsle frå fylkesvegen, eventuelt med ei løysing der avkøyrsla vert flytta/lagt om. |
| | FB13 | Føreset at tilkomst vert knytt til eksisterande avkøyrsle, og då helst avkøyrsla/avkøyringa mellom eigedomane 59/59 og 59/1. |
| Fv. 15 | SB30,SB 21 | Føreset at tilkomst til nye tomter/bustader vert knytt til utvida bruk av eksisterande avkøyrsler. |
| | AN 11 | Føreset at tilkomst vert knytt til eksisterande avkøyrsle. |

| | | |
|---|---|---|
| Fv. 17 | B21, SB27,AN 30 | Etablering av bustader i tråd med planframlegget vil føre til auka blanda trafikk på fylkesvegen. I høve til trafikktryggleiken og trafikkavviklinga på vegstrekninga er det ikkje tilrådeleg, slik stadarden og forholda er på vegen, å leggje til rette for auka busetnad langs fylkesvegen i tråd med planframlegget. |
| | B53 | Ved detaljplanlegginga av området må det takast omsyn til at hovudvegen/innfartsvegen i framtida vert lagt til dagens fylkesvegtrasè langs vestsida av området. |
| | B50 N5 N6 | Kor vidt ein kan rekne med at det vert gjeve løyve til avkøyrsle frå Mjølstadnesvegen må vurderast på grunnlag av konkrete løysingar sett i samanheng med dei trafikale tilhøva. Med tanke på at vegen i framtida vil få funksjon som hovudveg/innfartsveg, må ein vere særs restriktiv med å planlegge ein arealbruk langs vegen som vil innebere behov for utvida bruk av avkøyrsle, eventuelt ny/nye avkøyrsle. |
| Fv. 18 | B13 | I høve til trafikktryggleiken på staden er det ikkje tilrådeleg å leggje til rette for nye bustader på aktuelle område, i og med at det også er busetnad på andre sida av fylkesvegen. Vi er samd i vurderinga som står i konsekvensutgreiinga om av at ein bør unngå etablering av nye bustader her. |
| | FB 7 | Tilkomst til området må baserast på avkøyrselsløysing nedfelt i reg.planen. |
| | AN26, H, N7 | Etter det vi kan sjå er ikkje kartutsnittet i konsekvensutgreiinga i samsvar med plankartet. |
| | B11 | Vi føreset at tilkomst til området vert knytt til det kommunale/lokale vegnettet, og då slik at det ikkje vert fleire avkøyringar frå fylkesvegen. |
| | SB26 | Vi føreset at tilkomst vert basert på ei løysing med utvida bruk av eksisterande avkøyrsle. |
| | FB5 | Vi føreset at tilkomst vert knytt til eksisterande avkøyrsle. |
| Fv. 20 | S1 | Tilkomst må knytast til det kommunale/lokale vegnettet. |
| Fv. 21 | B1 FB 2 | Vi føreset at tilkomst vert basert på utvida bruk av eksisterande avkøyrsle |
| | B3, B4 | Vi føreset utbygginga av området ikkje inneber fleire avkøyrsle/avkøyringar frå fylkesvegen. |
| | B2, AA | Vi føreset at tilkomst vert basert på utvida bruk av eksisterande avkøyrsle/avkøyringar frå fylkesvegen. |
| | FH1, FR1 | Vi føreset at tilkomst vert basert på utvida bruk av eksisterande avkøyrsle. |
| | FT1 | Vi føreset at tilkomst vert basert på utvida bruk av eksisterande avkøyrsle. |
| Fv. 61 | FB 18 | Arealbruken det vert gjort framlegg om inneber etablering av ny avkøyrsle. Slik dei trafikale forholda er på aktuelle del av fylkesvegen er det ikkje tilrådeleg med ein arealbruk som inneber behov for etablering av ny avkøyrsle frå fylkesvegen og auka blanda trafikk på vegen. Etter rammeplanen skal avkøyrselsaker på strekninga handsamast svært strengt. |
| | N3, N4, AN-D1 | I konsekvensutgreiinga er det sagt at *«Ein må pårekne ny avkjøring frå Fv.654 eller Fv.61.»*<br>Ein klar føresetnad for å kunne realisere ein arealbruk i tråd med planframlegget, vil vere at dei aktuelle områda får trafikktrygge og funksjonelle tilkomstløysing/-ar frå fylkesvegnettet.<br>Etter rammeplanen skal avkøyrselsaker på fylkesvegstrekningane i aktuelle område handsamast svært strengt. |

| | | |
|---|---|---|
| | SB 19 | Etablering av bustader i dette området, til liks med andre utbyggings-område langs vegnettet, må vurderast og avklarast i høve til støy. |
| Fv.654 | N 3 | Sjå merknad for N3, N4 og AN-D1 langs fv. 61. |
| | B 22, AN6 | Vi føreset at tilkomst vert knytt til det lokale vegnettet. Etablering av bustader må vurderast og avklarast i høve til trafikkstøy frå fylkesvegen. |
| | R2 | Vi føreset at tilkomst vert knytt til eksisterande avkøyrsle. Jamfør framlegg til reguleringsplan for planskilt kryssing av fv. 654 i Koppen. |
| | B33 B49 TJ18 | Vi føreset at tilkomst vert knytt til det lokale vegnettet, utan ny avkøyrsle/avkøyring frå fylkesvegen. Tilkomst til TJ18 og B33 bør vurderast og sjåast i samanheng med reguleringsplanen som er under utarbeiding for fylkesvegstrekninga Indre Herøy kyrkje – Stokksundbrua. |

**Konklusjon – oppsummering:**

1. **Statens vegvesen sluttar seg i all hovudsak til planframlegget slik det ligg føre, men vi føreset at det vert arbeidet vidare med framlegget med sikte på at det gjennom planen vert lagt til rette for meir trafikktrygge og framtidsretta løysingar i høve til plassering og etablering av utbyggingsområder/tiltak i tilknyting til og langs fylkesvegnettet.**

2. **Statens vegvesen rår etter dette til at planframlegget vert meir gjennomarbeidt og endra i tråd med merknadane/kommentarane vi har peika på og framheva gjennom brevet her.**

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Gitte Beiermann
for Ole Jan Tønnesen
seksjonsleiar

Hallvard Sæverud

Kopi:
Fylkeskommunen
Fylkesmannen

HERØY KOMMUNE

# Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal

Vedtatt i kommmune-
styret 28.11.13
K-sak 215/12

**Forord**
*Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal for Herøy kommune* er utarbeidde med bakgrunn i tilsvarande rettleiing for m.a. Mandal kommune. Eigne erfaringar/lokale tilpassingar er også tekne med.

Rettleiinga er utarbeidd for å ivareta trafikktryggleik, bumiljø og framkomeligheit for alle ved planlegging av ulike typar trafikkområde og kommunale vegar. Rettleiinga er i stor grad basert på Statens vegvesens handbok 017, veg- og gateutforming, og handbok 018, vegbygging. Det er føreteke ei forenkling ved skildring av dei viktigaste normalverdiane for kommunale vegar. I den grad detaljar og opplysningar manglar, føreset ein bruk av Statens vegvesens handbok 017, 018 og Norsk Standard 3420.

Anleggs- og driftsavdelinga

Fosnavåg, oktober 2013

## Innhald


1 Generelle føresegner ... 4

1.1 Generelt ... 4

1.2 Vegklasser ... 4

2. Dimensjoneringsgrunnlag ... 5

2.1 Atkomstvegar A1 og A2 ... 5

2.2 Samleveg S1 og S2 ... 6

2.3 Gang- og sykkelveg ... 7

2.4 Privat felles atkomstveg ... 7

3 Frisiktareal (vedl. 4) ... 8

4 Busshaldeplassar (vedl. 5) ... 8

5 Rabatt mellom gang-/sykkelveg og samleveg ... 8

6 Parkeringsplassar ... 8

7 Snuplassar (vedl. 6) ... 9

8 Støyskjerming ... 9

9 Private avkøyrsler til eigedomar (vedl. 7) ... 9

Vedlegg 1- Atkomstvegar A1 og A2 ... 10

Vedlegg 2- Samlevegar S1 og S2 ... 11

Vedlegg 3- Gang- og sykkelveg ... 12

Vedlegg 4- Siktsonar Atkomstvegar ... 13

Vedlegg 5- Busshaldeplassar ... 14

Vedlegg 6- Snuplassar ... 15

Vedlegg 7- Private avkøyrsler ... 16

Vedlegg 8- Herøy kommunes parkeringsvedtekter ... 17

# *1 Generelle føresegner*

## 1.1 Generelt

Rettleiinga for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal, gjeld for kommunale vegar, avkøyrsler og parkeringsplassar, samt private vegar, avkøyrslar og parkeringsplassar som står i samband med kommunal veg. Planlegging av riks- og fylkesvegar skal i sin heilskap følgje vegnormalane til Statens Vegvesen.

Handbok 017 må nyttast for supplering og utdjuping av krava i denne rettleiinga, samt når det gjeld meir detaljerte og tekniske spesifikasjonar som vedkomande vegbygging.

Plan- og bygningslova og Veglova med forskrifter samt stadfesta reguleringsplanar med føresegner gjeld framom dei krav som går fram av denne rettleiinga.

## 1.2 Vegklasser

Med grunnlag i standardklassane til Statens vegvesen har Herøy Kommune delt det kommunale vegnettet inn i følgjande vegtypar:

<u>Atkomstvegar:</u> Bustadvegar og stikkvegar i industriområde

<u>Samlevegar:</u> Samanbindingsvegar innanfor område og bydelar, industrivegar og/eller vegar med busstrafikk

<u>Gang/sykkelvegar:</u> Vegar for gang- og sykkeltrafikk skilt frå køyreveg (i spesielle tilfeller kan det tillatast køyring for inntil 3 bueiningar på gang-/sykkelveg).

Vegnettet i Herøy Kommune er inndelt i totalt 6 standardklasser etter tabell 2.

| | | |
|---|---|---|
| Atkomstveg | A1 (3<bueiningar<50) | A2 (bueiningar>50) |
| Samleveg | S1 (ikkje busstrafikk og <250 bueiningar) | S2 (busstrafikk og/eller >250 bueiningar) |
| Gang- og sykkelveg | Gang- og sykkelveg (G/S) | Fortau (F) |

**Tabell 1 - Vegklasser Herøy kommune**

Vegens standardklasse avheng av vegens funksjon, antal bueiningar og omgivnader. Ved val av standardklasse må det også vurderast potensiale for framtidig utbygging i tilknyting til ein veg.

Private vegar med tilkomst til 6 bueiningar eller meir og lengde meir enn 50m skal utformast i henhald til standardklasse A1. I industriområde skal stikkvegar til meir enn 3 tomter/bedrifter og lengde meir enn 50m utformast som offentleg veg.

## 2. *Dimensjoneringsgrunnlag*

I tabellane nedanfor er det ein del forkortingar som betyr følgjande:

CL = Senterlinje
Dim. = Dimensjonert
S = Stigning
R = Radius
ÅDT = Årsdøgntrafikk

L1/L2 = Lengder, disse er oppgitt i tabellane

L = Lastebil
LL = Liten lastebil
SP = Spesialbil (eks: vogntog)

## 2.1 Atkomstvegar A1 og A2

| | **A1 >3 og < 50 bueiningar** | **A2 > 50 bueiningar** |
|---|---|---|
| Reguleringsbreidde | 6,0 m + siktutviding | 11m + siktutviding |
| Køyrebanebreidde eks. skulder | 3,0 m | 4,5 m |
| Asfaltert skulder mot kantstein | 0,25m | 0,25 m |
| Skulder mot grøft/rekkverk | 0,5m der 0,25m asfaltert | 0,5m der 0,25m asfaltert |
| Fortau | | 3,0 meter asfaltbredde, 0,25m grusskulder |
| Min. avst. reg. grense bustad | 3,0 m | 3,0 m |
| Min. avst. garasjevegg parallelt med eigedomsgrense mot veg | 3,0 m | 3,0 m |
| Min. avst. garasjevegg normalt med eigedomsgrense mot veg | 5,0m | 5,0m |
| Dimensjonerande hastigheit | 30 km/t | 30 km/t |
| Dimensjonerande kjøretøy | L | L |
| Min. lengde til snuplass for blindveg | 50 m | 50 m |
| Snuplass | dim. for LL, S<50‰ | dim. For L, S<50‰ |
| Minste horisontalradius | 20 m | 20 m |
| Stoppsikt v/fall/stigning 0-50‰, L1 | 25 m | 25 m |
| Stoppsikt v/fall 50-100 ‰, L1 | 30 m | 30 m |
| Siktutviding i kurver R=50 | 1,5 m | 0,75 m |
| Minste vertikalradius høgbrekk | 350 m | 120 m |
| Minste vertikalradius lågbrekk | 100 m | 100 m |
| Maksimal stigning, S | 100 ‰ | 100 ‰ |
| Maks. stigning i kryss | 70 ‰ | 70 ‰ |
| Maks. stign. mot hovud/samleveg | 25‰ 8 m frå vegkant hovud-/samleveg | 25‰ 8 m frå vegkant hovud-/samleveg |
| Min./maks. tverrfall/overhøgde | 30/40 ‰ | 30/50 ‰ |
| Min. radius innerkant vei i kryss | 10 m | 8 m |
| Sikt i kryss (mellom bustadvegar) målt inn frå vegkant og langs CL køyrebane | 10m x L1 mot venstre<br>4 m x L1 mot høgre | 10m x L1 mot venstre<br>4 m x L1 mot høgre |
| Sikt i avkjørsler målt fra asfaltkant | 3 m x L1 | 3 m x L1 |
| Maks. stign. i avkjørsel | 25‰ dei første 5m frå vegkant | 25‰ dei første 5m frå vegkant |
| Maks. bredde på avkjørsler ved eigedomsgrense | 7m | 7m |
| Fri høgde | 4,70 m (<4,70 m må | 4,70 m (<4,70 m må |

| | skiltast) | skiltes) |
|---|---|---|
| Avstand mellom møteplassar | maks. 100 m | |

Tabell 2 - Atkomstvegar A1 og A2

## 2.2 Samleveg S1 og S2

| | < 250 bueiningar | >250 bueiningar eller buss/ind.veg |
|---|---|---|
| Reguleringsbreidde | min. 11,5m + breiddeutviding | min. 14,5m + breiddeutviding |
| Kjørebanebredde eks. skulder | 5,0 + breiddeutviding | 6,0 + breiddeutving |
| Asfaltert skulder mot kantstein | 0,25m | 0,25m |
| Skulder mot grøft/rekkverk | 0,5m der 0,25m skal asfalterast | 0,5m der 0,25m asfalterast |
| Grøft/snøareal | 1,5m fra veikant, 1,0m frå fortauskant | 1,5m fra veikant, 1,0m frå g/s-vegkant |
| Min.avst. reg.grense - bustad og garasje | 6,00 m (frå senterlinje 11,5 m) | 8,00 m (frå senterlinje 13,5m) |
| Fortau | min. 3,0m asfaltbreidde +25cm skulder | |
| Gang-/sykkelveg | der strekning inngår i samanhengande g/s-veg | min.2,5 asfaltbreidde+25cm skulder |
| Dimensjonerande kjøretøy | | SP (L) |
| Dimensjonerande hastigheit | 50 km/t | 50 km/t |
| Minste horisontalradius | | 60 m (35 m) |
| Stoppsikt v/fall/stigning 0-30 ‰, L1 | | 55 m (40 m) |
| Stoppsikt v/stigning 38-80 ‰, L1 | | 50 m (35 m) |
| Stoppsikt v/fall 30-80 ‰, L1 | | 60 m (40 m) |
| Breddeutvidelse i kurver 60<R=70 | | 1,0m |
| Breddeutvidelse i kurver 70<R=125 | | 0,75m |
| Breddeutvidelse i kurver 125<R=200 | | 0,5m |
| Minste vertikalradius | | 400 m (250 m) |
| Maksimal stigning | | 80 ‰ |
| Maksimal stigning, lengde < 100m | | 100 ‰ |
| Maks. stigning i kryss m/åtkomstveg | | 70 ‰ |
| Maks. stigning i kryss m/hovudveg | | 50 ‰ |
| Min./maks. tverrfall/overhøyde | | 30/60 ‰ |
| Min. radius innerkant vei i kryss | | 10 m (8 m) |
| Sikt i kryss målt inn frå vegkant og langs CL kjørebane | | 10m x 1,2 L1 mot venstre<br>4 m x 1,2 L1 mot høyre |
| Sikt i avkjørsler | | 4m x L1 |
| Maks. stign. i avkjørsel | | 25‰ de første 5 m fra veikant |
| Maks. bredde på industriavkjørsler ved eiendomsgrense | | 10 m |
| Fri høgde | | 4,70 m |
| Støyskjerming | | vurderes v/ÅDT>1000 |
| Breddeutvidelse | | se håndbok 017 |
| Overhøgde | | se håndbok 017 |
| Gangbru/fotgjengerundergang | | vurderes v/ÅDT>4.000, min. 25 kryssende fotgj. i max. time |

| | |
|---|---|
| Gangfelt | vurderes v/ÅDT>2.000, min. 25 kryssende fotgj. i max. time |

Tabell 3 - Samlevegar S1 og S2

(Tall i parentes gjeld veger dimensjonert for hastighet 40 km/t og skal normalt ikkje nyttes).

## 2.3 Gang- og sykkelveg

| | |
|---|---|
| Reguleringsbredde | min. 5,5 m |
| Kjørebanebredde eks. skulder, S<80‰ | 3,0 |
| Asfaltert skulder mot kantstein | 0,0 |
| Grusskulder mot grøft/rekkverk | 0,25 |
| Grøft/snøareal | 1,0 m |
| Min.avst. for reg. grense bolig | 3,00 m |
| Min. avst. garasje parallelt med eiendomsgrense mot vei | 1,50 m |
| Min. avst. garasje normalt med eiendomsgrense mot vei | 5,00 m |
| Dimensjonerande kjøretøy | LL |
| Minste horisontalradius | 15 m |
| Stoppsikt v/fall/stigning 0-50 ‰, L1 | 20 m |
| Stoppsikt v/stigning 50-100 ‰, L1 | 5 m |
| Stoppsikt v/fall 50-100 ‰, L1 | 40 m |
| Minste vertikalradius høybrekk | 50 m |
| Minste vertikalradius lavbrekk | 50 m |
| Maksimal stigning, S, lengde > 100m | 80 ‰ |
| Maksimal stigning, S, lengde < 100m | 100 ‰ |
| Anbefalt maks. stigning på ramper til undergangar/gangbruer | 50 ‰ |
| Min./maks. tverrfall | 30/50 ‰ |
| Min. radius innerkant vei i kryss | 10 m |
| Sikt i kryss (med bilveg) målt inn frå vegkant og langs CL gs-vei | 4 m x L1 mot venstre<br>1 m x L1 mot høyre |
| Sikt i kryss (mellom g/s-veier) målt inn frå vegkant og langs CL gs- veg | 4 m x L1 mot venstre<br>1 m x L1 mot høyre |
| Sikt i avkjørsler | 1,5 m x L1 |
| Fri høgde | 3,0 m (om det er maskinell rydding av snø og liknande) |
| Bredde/høgde i undergangar | min. 4,0 x 3,0 m |

Tabell 4 - Gang og sykkelveg

## 2.4 Privat felles atkomstveg

| | |
|---|---|
| Reguleringsbreidde | min. 5,0 m |
| Kjørebanebreidde inkl. skuldre | min. 3,0 m |
| Grøft-/snøareal | 1,0 m |
| Dimensjonerande kjøretøy | LL |
| Maksimal stigning, S | 125 ‰ |
| Maks. stign. mot hovud-/samleveg | 25‰ de første 5 m frå vegkant hovud-/samleveg |

| | |
|---|---|
| Sikt i kryss (med bilveg) målt inn frå vegkant og langs CL kjørebane | 4 m x L1 mot venstre<br>4 m x L1 mot høgre |

Tabell 5 - Privat felles adkomstveg

## 3 Frisiktareal (vedl. 4)

Langs samlevegar skal frisiktareal i kryss og avkjørsler regulerast som offentlig veggrunn. Langs atkomstvegar skal frisiktareal regulerast som tomtegrunn (kryss mellom atkomstvegar, private atkomstvegar og avkjørsler) og klausulerast gjennom reguleringsføresegner. Innafor frisiktarealet er det ikkje tillate med vegetasjon eller gjerde høgare enn 0,5 m over tilstøytande vegars nivå. Terreng kan ikkje planerast høgare enn tilstøytande vegars nivå.

## 4 Busshaldeplassar (vedl. 5)

- Busslommer skal utformast med innkøyringslengde, oppstillingslengde og utkøyringslengde på henhaldsvis 30, 15 og 10 m.
- Haldeplassar må ikkje leggast i eller ved utgangen av innerkurver (mot. sikt for sjåfør ved utkøyring) eller i stigning større enn 60‰.
- På vegar med ÅDT < 1.000 og fartsgrense < 50 km/t kan haldeplassar utformast utan busslomme med repos på 2 x 8 m for av- og påstigande passasjerar. Repos bør ligge i tilknyting til fortau eller gang-/sykkelveg.

## 5 Rabatt mellom gang-/sykkelveg og samleveg

Rabatt skal fortrinnsvis etablerast med 2,0 m breidde med kantstein på begge sider. Ved kostbart terreng eller tett busetnad nær vegen, kan rabattbreidda reduserast til min. 1,0 m. I eksisterande busetnad kan det vurderast spesialløysningar ut frå tilgjengeleg plass.

## 6 Parkeringsplassar

- Parkeringsplassar skal opparbeidast i tråd med gjeldande kommunale parkeringsvedtekter (vedtatt 05.03.2009, sjå vedlegg 8).
- Parkeringsplassar skal fortrinnsvis utformast vinkelrett på veg med minimum 2,5 m breidd, 5 m lengd og 6 m manøvreringsareal (inklusive vegbreidd). HC-parkeringsplassar utformast med 3,8-4,0 m breidd.
- P-plassar skal ha maksimal stigning 50‰ (både i breidd- og lengderetning).
- Gjesteparkeringsplassar som tilhøyrar private bueiningar skal ikkje inngå i det offentlege vegnettet.
- Gjesteparkeringsplassar bør fordelast rundt i eit bustadområde, men plassar for færre enn 4 bilar bør unngåast. Avstand mellom bustad og gjesteparkeringsplass bør ikkje overstige 150 m.
- Parkeringsplassar bør ikkje leggast inntil leikeareal.

## *7 Snuplassar (vedl. 6)*

Einkvar kommunal blindveg skal ha snuplass. Snuplassar skal utformast som vendehammar med 16m lengde eller rundkøyring med 10m ytre radius. Maksimal lengd på arm i vendehammar er 30m. Snuplassar skal ikkje nyttast som parkeringsplass eller som avkøyrsle til eigedomar.

I industriområde skal det nyttast rundkøyring med 13m radius. Mindre stikkvegar i industriområde kan utformast som vendehammar dimensjonert for spesialbil (SP) eller lastebil (L). Snuplass skal ha maksimal stigning 50‰. Det må avsettast min. 3 x 6m til snøareal ved enden av kvar del av vendehammaren.

## *8 Støyskjerming*

Støyskjerming i utbyggingsområde bør fortrinnsvis skje med jordvoller mot. estetikk. Skjermhøgder over 2,5m skal ikkje førekomme. Lav skjerm med gjerdeutforming på lav jordvoll bør tilstrebast framfor høg skjerm. Støyskjermar gir best effekt nærmast vegen, men må ikkje settast slik at dei kjem i konflikt med sikt i kryss og avkøyrsler. Minimumsavstand frå skjerm til skulderkant samleveg og adkomstveg er 1,5 m, til skulderkant gang-/sykkelveg og fortau 1,0 m. Vedlikehald av skjermar i nye bustadområde skal utføres av bustadeigarane. Krav om dette skal takast inn i reguleringsføresegnene og tinglysast på eigedomane.

## *9 Private avkøyrsler til eigedomar (vedl. 7)*

Avkøyrsler til eigedomar skal opparbeidast med 90 gr. vinkel i kryss i tilknytingspunktet med annan veg. Snuplass skal opparbeidast på eigen grunn.

## Vedlegg 1- Atkomstvegar A1 og A2



Vedlegg 2- Samlevegar S1 og S2



Vedlegg 3- Gang- og sykkelveg




| VEDLEGG TIL VEINORMAL | Mål | Dato |
|---|---|---|
| G/S- Vei<br>PRIVAT- VEI | 1:100 | 1. 10. 01 |
| | | Tegnet av<br>HIS |

## Vedlegg 4- Siktsonar Atkomstvegar



**Vedlegg 5- Busshaldeplassar**



**Vedlegg 6- Snuplassar**




| Dim. kjøretøy | Radier | | | |
|---|---|---|---|---|
| | R1 | R2 | R3 | R4 |
| SP | 13 | 5 | 20 | 40 |
| L | 12 | 8 | 25 | 35 |
| LL | 10 | 6 | 12 | 15 |

**Vedlegg 7- Private avkøyrsler**



Vedlegg 8- Herøy kommunes parkeringsvedtekter

# HERØY KOMMUNE

## VEDTEKTER TIL PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 69 NR. 3 OG 4

Til § 69 nr. 3

1. I regulerings- og utbyggingsplanar skal det gjerast greie for dei anlegg som er nemnt i § 69 nr. 1. I den grad behovet for slike anlegg er dekka på tilstøytande areal må dette dokumenterast. Anlegga sin samanheng med køyrevegar, gangvegar og friareal må visast.

2. På eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter skal det sikrast areal for følgjande antal biloppstillingsplassar:

   a. Bustadbygg skal ha oppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire fleire tomter for 1 bil pr. bueining pluss 0,5 bil pr. bueining til gjesteparkering. Dersom samla antal bueiningar overstig 10 vert kravet til gjesteparkering redusert til 0,25 bil frå og med 11. bueining. For sjølvstendige einbustadtomter som ikkje samarbeider om felles parkeringsanlegg vil likevel kravet til gjesteparkering vere 1 bil pr. bueining. For hybelbygg er kravet 1 biloppstillingsplass pr. hybeleining utan krav til gjesteparkering.

   b. Forretningsbygg skal ha oppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter for 1 bil pr. 50 m2 golvflate BRA. I tillegg til dette kjem areal til inn- og utkøyring og naudsynt lasteareal for vare- og lastebilar.

   c. Industri-, verkstad- og lagerbygg skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. 100 m2 brutto golvflate BTA. For bilverkstader og servicestasjonar er kravet 3 biloppstillingsplassar pr. 100 m2 brutto golvflate BTA. I tillegg til dette kjem areal til inn- og utkøyring og naudsynt lasteareal for vare- og lastebilar.

   d. Hotell skal ha oppstillingsplass for 2/3 bil pr. rom.

   e. Restaurantar, kaféar o.l. skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. 10 sitjeplassar.

   f. Skular og barnehagar skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. tilsett. I tillegg skal vidaregåande skular ha oppstillingsplass for 1 bil pr. 10 elevar og barnehagar for 1 bil pr. 5 barn.

   g. Sjuke- og aldersheimar skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. sengeplass.

   h. Forsamlingslokale, her under kyrkjer, bedehus, ungdomshus/grendahus, teater og kino, skal ha biloppstillingsplassar fastsett etter skjønn. Kravet skal likevel vere minst 1 biloppstillingsplass pr. 10 sitjeplassar.

   i. For andre bygningar og anlegg skal talet på biloppstillingsplassar fastsetjast etter skjønn.

3. For tilbygg/påbygg gjeld kravet i punkt 2 for dei deler av bygningar som arbeidet omfattar. Hovudombygging eller delvis ombygging krev ikkje fleire biloppstillingsplassar etter punkt 2 dersom bygninga etter ombyggingsarbeidet samla sett framleis skal nyttast til same formål som tidlegare.

   Skal bygninga eller ein del av bygninga, etter hovudombygging eller delvis ombygging, nyttast til anna formål enn tidlegare, må det sikrast areal for nye biloppstillingsplassar dersom det nye bruksformålet, jfr. punkt 2, gjer det naudsynt med fleire biloppstillingsplassar enn det tidlegare bruksformålet. Talet på nye biloppstillingsplassar skal setjast til differansen mellom det antal plassar som vert kravd etter punkt 2 og krav etter tidlegare bruksformål for same del av bygninga.

**Til § 69 nr. 4**

1. Kommunen kan samtykke i at det i staden for biloppstillingsplassar på eigen grunn eller på fellesareal vert innbetalt eit beløp pr. manglande plass for bygging av offentlege parkeringsanlegg. Kommunen kan krevje at tiltakshavar inngår avtale om betaling av nærare utrekna beløp før igangsetjingsløyve vert gjeve. Avtalen skal kunne tinglysast på eigedomen. Endeleg innbetaling av fastsett/avtalt beløp skal gjerast seinast når bygget/anlegget vert teke i bruk.

2. Beløp pr. manglande parkeringsplass er fastsett til kr 90.000. Denne summen står fast ut 2004 og vert der etter regulert kvart år pr. 1. januar (første regulering 01.01.05) i takt med endringa i Statistisk Sentralbyrå sin byggekostnadsindeks.

**Denne vedtekta, sist endra 20.05.2003, er vedteken av Herøy kommunestyre i møte den 20.11.2003 (K-sak 97/2003).**

Herøy kommune, 3.2. - 2004

Arnulf Goksøyr
ordførar

Side: 2

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | OJK | Arkivsaknr: | 2016/1362 |
| | | Arkiv: | 056 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 31/16 | Arbeidsmiljøutvalet | 14.11.2016 |
| | Formannskapet | 15.11.2016 |
| | Kommunestyret | 24.11.2016 |

## ORGANISERING AV INTERKOMMUNALT IKT-SAMARBEID.

**Tilråding:**

Kommunestyret sluttar seg til at IKT-drifta vert organisert under felles leiing i eit interkommunalt selskap. Herøy kommune stiller til disposisjon 3 stillingar til selskapet frå 1. januar.

Særutskrift:

- IKT
- Rådmannen si leiargruppe
- HTV

- HVO

**Samandrag av saka:**
Det er foreslått å samle IKT-drifta for kommunane på Søre Sunnmøre i eit interkommunalt selskap som skal avløyse Hareid som vertskommune.

**Saksopplysningar:**
Stadig fleire av databasene og applikasjonane vert drifta frå felles IKT driftssenter for dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre. Forslaget som no ligg føre er ei vidareføring av den driftsmodellen som er etablert. Det nye er i hovudsak at ein samordnar drifta under felles leiing og organiserer dette under eit selskap som avløyser Hareid som vertskommune. Det er utarbeidd ein tenesteleveranseavtale som sikrar ansvar og oppfølging av datadrifta frå dette senteret i den enkelte kommune. Modellen skal sikre stordriftsfordelar på både investering og drift, og det skal i tillegg til tilsette på sentralen vere IKT-personell ute i den enkelte kommune.

Modellen byggjer på at kommunane overfører sine IKT-stillingar til det interkommunale selskapet som syt for IKT-drifta i alle kommunane. Det er i dag 19 stillingar til saman. Behovet i den nye organisasjonen er kalkulert til 18 stillingar inklusive dagleg leiar. Det er forventa at ein etter ein etter etablering og implementeringsfase på 2 - 3 år kan ta ut effekt ved reduksjon i bemanning. Dette vil i så fall skje etter ein plan og ved naturleg avgang eller overføring til andre ledige stillingar i kommunane.

Stillingane/drifta i IKT-selskapet vert fordelt på kommunane etter ein fastsett utrekningsnøkkel.

I modellen er det lagt opp til eit skilje mellom strategi (bestilling) og drift (utføring). Samtidig vil det vere behov for nært samarbeid mellom desse funksjonane.

**Vurdering og konklusjon:**

Det digitale samfunnet vil berre utvikle seg vidare på stadig fleire område. Dette gir moglegheit til å utvikle tenestene overfor innbyggjarane, samtidig som det opnar for smartare og rimelegare måtar å administrere oppgåvene på. For å kome dit må ein sikre den grunnleggjande drifta. Rådmannen meiner at den interkommunale driftsmodellen som er etablert på Søre Sunnmøre er nødvendig for at vi skal greie å vere operative og ha sikker drift på IKT-sida. Dette gir også grunnlag for eit fagleg miljø der vi kan få til utvikling i lag. Kommunane leverer dei same tenestene, og det er mykje å hente på å drive felles utviklingsarbeid og samarbeide om dei same programvarene og korleis ein skal organisere arbeidet for å få effekten ut av dei i drift og tenesteyting.

Kommunane bør utvikle felles strategi på korleis ein skal møte det digitale samfunnet, og korleis ein skal møte innbyggjarane for å få tidsmessige tenester og gjennom digitale vaner forenkle tenesteytinga og sakshandsaminga i kommunane. IKT er ein innsatsfaktor for å utvikle tenesteytinga og redusere driftskostnadene til kommunane. I land som t.d Danmark, men også i større byar her i landet, har ein kome lenger i denne utviklinga. Erfaringa viser at ein må auke utgiftene til IKT for å ta ut effekten i administrasjon og tenesteyting. Slik rådmannen ser det vert Herøy kommune nødt til å auke ressursane på IKT-området i åra framover. Saman med dei andre kommunane ser rådmannen det som viktig å byggje opp kapasitet også på strategisk utvikling for å analysere, ta rette val og sikre gevinstrealisering. Den strategiske IKT-ressursen bør koplast til tenestemiljøa på tvers av kommunegrensene og setje utviklingsarbeidet i system og sikre kontinuitet.

Rådmannen innser at skal ein fullt og heilt med i det interkommunale samarbeidet, så må alle dei tre faste stillingane innanfor IKT stillast til disposisjon for felles drift. På den andre sida ser rådmannen behov for at kommunane i samarbeid byggjer opp strategisk IKT-kapasitet. I ei mellomfase meiner rådmannen dette må løysast gjennom pragmatisk ved ikkje for sterkt skilje mellom drift og strategisk arbeid. Det må uansett vere bruer i mellom. Med det behovet som vil kome framover for å ta i bruk IKT-verkty i den strategiske

utviklinga, så vil det i dei komande åra verte behov for å byggje opp utviklingskapasitet på IKT-sida.

Rådmannen rår til at Herøy kommune deltek i den vidare utviklinga av SSIKT (Søre Sunnmøre IKT-samarbeid) og sluttar seg til endring av selskapsstruktur der ein avløyser vertskommune til fordel for eit interkommunalt selskap som får ansvar for drifta av IKT i alle 7 kommunane under ei samla leiing. Herøy kommune leiger ut tre IKT-stillingar til det interkommunale selskapet frå 1. januar 2017.

IKT sin funksjon opp mot beredsskapsarbeidet i kommunen må også ivaretakast gjennom avtalen med SSIKT

Kommunestyret vil få denne saka i to omgangar. I denne saka får kommunestyret orientering om organiseringa og gjer prinsippvedtak om deltaking. I den seinare sak vil det verte lagt fram sak om godkjenning av avtale og vedtekter i samband med etablering av det interkommunale selskapet og oppheving av vertskommuneavtalen med Hareid kommune.

Følgjande mål og strategiar i budsjett, økonomiplan og kommuneplanen kan koplast til IKT som viktige verkty for å lykkast:

***MÅL:***
*Herøy kommune skal ha ein økonomi i balanse og driftsresultat på 1,75 % av inntektene.*

***STRATEGIAR:***
- *Arbeide for samsvar mellom oppgåver og ressursar.*
- *Sikre realistisk budsjettering.*
- *Arbeide for ein sterkare kopling mellom prioriteringar i kommuneplanen, budsjett, økonomiplan og arbeidsoppgåver.*
- *Legge til rette for at administrasjonen, politikarane og innbyggjarane skal ha felles kunnskap om situasjon og utfordringar.*
- *Bruke moglegheiter som ligg i digital tenesteproduksjon og legge til rette for innovasjon og nyskaping i tenesteproduksjon.*

***MÅL:***
*Herøy kommune skal ha eit godt omdøme.*

***STRATEGIAR:***
- *Sikre eit godt arbeidsmiljø i organisasjonen.*
- *Tilby gode tenester tilpassa innbyggjarane sine behov.*
- *Gi innbyggarane god informasjon, gi raske tilbakemeldingar og ha oppdaterte, framtidsretta og brukarvennlege kommunikasjonsløysingar.*
- *Legge til rette for involverande prosessar.*

## Vurdering og konklusjon:
IKT er ein viktig innsatsfaktor for utvikling av velferdsteknologi i helsetenestene. IKT er eit dagleg arbeidsverkty for neste alle tilsette i kommunen. Det er viktig for arbeidsmiljøet og effektiviteten i organisasjonen at drifta av IKT fungerer godt.

**Økonomiske konsekvensar:**
Samling av driftspersonellet under felles leiing i eit interkommualt selskap vert gjennomført med ei stilling færre samla sett for dei 7 kommunane. For dei kommunane som går inn med sine IKT-stillingar skal endringa i prinsippet ikkje medføre vesentleg auka utgifter. IKT som innsatsfaktor vil måtte prioriterast for å kunne ta ut effekt i administrasjon og tenesteproduksjon.

Fosnavåg, 21.10.2016

Olaus-Jon Kopperstad

Rådmann

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | FA | Arkivsaknr: | 2016/1508 |
| | | Arkiv: | 231 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 244/16 | Formannskapet | 15.11.2016 |
| | Kommunestyret | 24.11.2016 |

**GEBYRREGULATIV 2017 - AVLAUPSGEBYR.**

**Tilråding:**

1. Herøy kommunestyre vedtek nytt gebyrregulativ for avlaupsgebyr for Herøy kommune med verknad frå 01.01.2017, jfr. Vedlagt forslag til Gebyrregulativ for avlaup 2017.

2. Dette vedtaket er gjort med heimel i lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31.mai 1974.

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her

**VEDLEGG:**

1. Gebyrregulativ 2017 - Avlaupsgebyr
2. Gebyrregulativ 2016 - Avlaupsgebyr

**BAKGRUNN FOR SAKA:**
Saka gjeld årleg fastsetjing av tilknytings- og årsgebyr for avlaup etter forskrift vedteke i kommunestyret 27.10.2005 saksnr: 088/05.

**SAKSOPPLYSNINGAR:**
Gjeldande prisjustering vart vedteken med verknad frå 01.01.16. Ein har for 2017 lagt til grunn ei auke i årsgebyret for avlaupstenester på 3%. Ein har i inneverande år brukt om lag 3 mill. kroner av eit totalbudsjett på 10 mill. kroner avsett til utbygging etter Kloakkrammeplanen i 2016.
Avskriving og renteutgiftene på låna har auka den seinare tida grunna auka låneopptak til finansiering av avlaupsprosjekt. Låna til leidningsanlegg vert avskrivne over 40 år, medan tekniske anlegg som pumpestasjonar og silanlegg vert avskrivne over 20 år. Pr. 31.12.2015 stod det 2.163.047,- kroner på bunde driftsfond kloakk. Totalt aktivert i balansen vedkomande avlaupsanlegg er i dag om lag 82 mill. kroner. Avskrivingar og renter vert berekna av denne summen og er i budsjettet for 2016 berekna til om lag 5,6 mill. kroner samla. Dei største utbyggingane av hovudavlaupsnettet som står igjen i dag er m.a. Sævika / Remøya, Austre del av Fosnavåg dvs. frå Nørvåg til Vågsholmen, separering i FV654 frå Mikkelhaugen til Eggesbøvegen og Kvalsvik hamn. Kostnaden med desse anlegga vil anslagsvis vere 25-30 mill. kroner. Dette vil medføre at rente- og avdragskostnadene vil auke monaleg, noko som vil medføre at avlaupsgebyra må aukast i åra som kjem.

Etter gjeldande sentrale lover og forskrifter vedkommande vass- og kloakkgebyr er det lagt opp til at meir av det samla gebyret skal leggjast på årsgebyret medan tilknytingsgebyret bør reduserast. I gebyrforskrifta for Herøy kommune som vart gjort gjeldande frå og med 01.01.2006 er det lagt opp til dette. For 2017 vert det i forslaget til gebyrregulativ lagt opp til at tilknytingsgebyret vert halde på same nivå som i 2016, medan årsgebyret vert føreslått auka med 3%. Forslag til nytt gebyrregulativ for avlaup for 2017 følgjer saka som vedlegg.

Ved den årlege rekneskapsavslutninga vert alle funksjonane som ligg under ansvar 5131 Avlaup sett under eitt.

**VURDERING OG KONKLUSJON:**

Avlaupsgebyra i Herøy kommunen er noko høge i forhold til nabokommunane. Dette kjem m.a. av topografien og busetnaden i kommunen med mange bygdelag der det må byggast ut kommunalt avlaupsnett. Fleire stadar vert det p.g.a dette lang transport av avlaupsvatn ved hjelp av ein rekke pumpestasjonar som både er dyre å bygge og som gir auka driftsutgifter.

Utbyggingstakta og kostnadane med utbyggingane av avlaupsanlegg i kommunen har dei seinare åra vore større enn ein greier å dekke opp i form av auka inntekter frå nye abonnentar. Forslaget frå administrasjonen går på å auke årsgebyret med

3% som er den % satsen ein må ha for å kunne dekke opp m.a. auka avskrivings- og renteutgifter. Rådmannen vurderer det såleis slik at sjølv om ein ikkje aukar tilknytingsgebyret, men aukar årsgebyret med 3%, vil ein ha ei dekningsgrad på 100%. D.v.s. at ordninga er sjølvfinansierande, og ikkje belastar den kommunale drifta elles.

**Konsekvensar for folkehelsa:**
Etablering av gode avlaupsanlegg fremmar god folkehelse.

**Konsekvensar for drifta:**
Alle utgifter i tilknyting til avlaupsanlegg for kloakk vert kosta av abonnentane og belastar såleis ikkje den kommunale drifta elles.

**Konsekvensar for beredskap:**
Gode avlaupsanlegg og god drift / driftsovervaking gir god beredskap i forhold til uønska forureining.

Fosnavåg, 02.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Fred Arnesen

# Gebyrregulativ for avlaup

Vedteke i Herøy kommunestyre ……..2016 med verknad frå 01.01.2017

**Rammer for gebyrberegning**

- Gebyrene skal ikkje overstige kommunen sine kostnader, men kan avregnes over ein 4 års periode.
- Gebyrberegning baseres på Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974 samt nasjonale og kommunale forskrifter om vann- og avlaupsgebyrer.
- Alle priser skal tillegges 25 % mva.

## 1. Eingongsgebyr for tilknyting

Eingongsgebyr skal betalast ved tilknyting til offentleg avlaupssystem.

## 2. Årsgebyr

### *2.1 Abonnementsgebyr*

Abonnementsgebyret skal differensierast etter brukarkategori:

Abonnementsgebyr for næring skal betalast av næringseigedomar, offentlege verksemder og burettslag.

Abonnementsgebyr for bustad skal betalast av andre abonnentar.

Alle abonnentar i ein brukarkategori betalar likt abonnementsgebyr.

| Abonnementsgebyr: | Avlaup |
|---|---|
| • Næring | 2753 kr/abonnent |
| • Bustad | 2753 kr/abonnent |

### *2.2 Forbruksgebyr*

Forbruksgebyret vert utrekna på grunnlag av **stipulert** eller **målt forbruk,** begge basert på einingspris for avlaup.

**Enhetspris**

**Målt forbruk**

| Enhetspris for avlaup : |
|---|
| Kr 14,00 pr/ $m^3$ |

Forbruksgebyret baseres på faktisk forbruk (vannmåler) og pris pr. $m^3$. Avlaupsmengde regnes lik vannmengde. Unntak frå dette må dokumenterast av abonnenten.

| Forbruksgebyr ved bruk av vannmåler: | | |
|---|---|---|
| • Avlaup | : Enhetspris [kr/$m^3$] x Målt forbruk [$m^3$] | |

**Stipulert forbruk**

Forbruksgebyret skal baserast på stipulert forbruk og pris pr. $m^3$.

Stipulert forbruk [$m^3$] vert utrekna slik:
Bruksareal BRA [$m^2$] x spesifikt forbruk [$m^3/m^2$]
der:

- Arealet utreknast som bruksareal BRA [$m^2$] etter NS 3940
- Spesifikt forbruk er fastsett til 0,90 $m^3/m^2$

| Forbruksgebyr; *bustader*: | | |
|---|---|---|
| • Avlaup | : Enhetspris [kr/$m^3$] x Stipulert forbruk [$m^3$] | |

Bustadsabonnentane vert plassert i gruppe 1, 2 eller 3 utifrå bruksareal BRA basert på utrekningar i samsvar med NS 3940. Satsane for gruppe 1, 2 og 3 vert rekna med grunnlag i gjennomsnittleg BRA som for Herøy kommune er på hhv. 114 $m^2$, 212$m^2$ og 360$m^2$.

Næringsabonnentane som ikkje har installert vassmålar vert plassert i gruppe 1, 2,3,4 eller 5 utifrå bruksareal BRA basert på utrekningar i samsvar med NS 3940. Satsane for gruppe 1, 2,3 og 4 vert rekna med grunnlag i gjennomsnittleg BRA som for Herøy kommune er på hhv. 314 $m^2$, 892$m^2$, 2260$m^2$ og 4561$m^2$

**AVLAUPSGEBYR** (Alle prisar er eks. mva)

| | |
|---|---|
| **Tilknytingsgebyr** | |
| Eingongsgebyr for tilknyting | **KR 15.000,- for tilknyting av bustadar.** |
| Eingongsgebyr for tilknyting | **KR 15.000,- for tilknyting av næringseigedomar.** |

Årsgebyr = ABONNEMENTSGEBYR + FORBRUKSGEBYR

| | | |
|---|---|---|
| **Abonnementsgebyr** | | Pr. abonnent |
| Næring | | **Kr 2753,-** |
| Bustad | | **Kr 2753,-** |
| **Forbruksgebyr** – Stipulert forbruk etter BRA eller vassmålar. | | |
| Einingspris for avlaup | | **14,00 kr/m$^3$** |
| Ved bruk av vassmålar: Einingspris * forbruk | | |
| Ved stipulert forbruk: Gjennomsnittleg bruksareal(BRA) for gruppe x spesifikt forbruk x einingspris. Abonnentane vert plassert i aktuelle grupper etter bruksareal der følgjande forbruksgebyr er utrekna. | | |
| **Bustadar:** | | |
| Gruppe 1 | 150 m$^2$ | **Kr 1.431,-** |
| Gruppe 2 | 151 – 299 m$^2$ | **Kr 2.659,-** |
| Gruppe 3 | Over 300 m$^2$ | **Kr 4.518,-** |
| GAB registrerte fritidseigedommar: 0.5 * stipulert forbruksgebyr | | |
| **Næringsbygg:** | | |
| Gruppe 1 | 500 m$^2$ | **Kr 4.378,-** |
| Gruppe 2 | 501 – 2000 m$^2$ | **Kr 12.437,-** |
| Gruppe 3 | 2001 – 4000 m$^2$ | **Kr 31.512,-** |
| Gruppe 4 | 4001 – 5500 m$^2$ | **Kr 63.596,-** |
| Gruppe 5 | Over 5501 m$^2$ | **Kr 14,00 pr m$^2$** |

Alt bruksareal i bustadar (BRA) skal medreknast i gebyrgrunnlaget, for næringsbygg skal alle bygg på eigedomen medreknast i gebyrgrunnlaget.

# Gebyrregulativ for avlaup

Vedteke i Herøy kommunestyre ……..2015 med verknad frå 01.01.2016

**Rammer for gebyrberegning**

- Gebyrene skal ikkje overstige kommunen sine kostnader, men kan avregnes over ein 4 års periode.
- Gebyrberegning baseres på Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974 samt nasjonale og kommunale forskrifter om vann- og avlaupsgebyrer.
- Alle priser skal tillegges 25 % mva.

## 1. Eingongsgebyr for tilknyting

Eingongsgebyr skal betalast ved tilknyting til offentleg avlaupssystem.

## 2. Årsgebyr

### *2.1 Abonnementsgebyr*

Abonnementsgebyret skal differensierast etter brukarkategori:

Abonnementsgebyr for næring skal betalast av næringseigedomar, offentlege verksemder og burettslag.

Abonnementsgebyr for bustad skal betalast av andre abonnentar.

Alle abonnentar i ein brukarkategori betalar likt abonnementsgebyr.

| Abonnementsgebyr: | Avlaup |
|---|---|
| • Næring | 2673 kr/abonnent |
| • Bustad | 2673 kr/abonnent |

### *2.2 Forbruksgebyr*

Forbruksgebyret vert utrekna på grunnlag av **stipulert** eller **målt forbruk,** begge basert på einingspris for avlaup.

**Enhetspris**

**Målt forbruk**

| Enhetspris for avlaup : |
|---|
| Kr 13,60 pr/ $m^3$ |

Forbruksgebyret baseres på faktisk forbruk (vannmåler) og pris pr. $m^3$. Avlaupsmengde regnes lik vannmengde. Unntak frå dette må dokumenterast av abonnenten.

| Forbruksgebyr ved bruk av vannmåler: | | |
|---|---|---|
| • Avlaup | : Enhetspris [kr/$m^3$] x Målt forbruk [$m^3$] | |

**Stipulert forbruk**

Forbruksgebyret skal baserast på stipulert forbruk og pris pr. $m^3$.

Stipulert forbruk [$m^3$] vert utrekna slik:
Bruksareal BRA [$m^2$] x spesifikt forbruk [$m^3/m^2$]
der:

- Arealet utreknast som bruksareal BRA [$m^2$] etter NS 3940
- Spesifikt forbruk er fastsett til 0,90 $m^3/m^2$

| Forbruksgebyr; *bustader*: | | |
|---|---|---|
| • Avlaup | : Enhetspris [kr/$m^3$] x Stipulert forbruk [$m^3$] | |

Bustadsabonnentane vert plassert i gruppe 1, 2 eller 3 utifrå bruksareal BRA basert på utrekningar i samsvar med NS 3940. Satsane for gruppe 1, 2 og 3 vert rekna med grunnlag i gjennomsnittleg BRA som for Herøy kommune er på hhv. 114 $m^2$, 212$m^2$ og 360$m^2$.

Næringsabonnentane som ikkje har installert vassmålar vert plassert i gruppe 1, 2,3,4 eller 5 utifrå bruksareal BRA basert på utrekningar i samsvar med NS 3940. Satsane for gruppe 1, 2,3 og 4 vert rekna med grunnlag i gjennomsnittleg BRA som for Herøy kommune er på hhv. 314 $m^2$, 892$m^2$, 2260$m^2$ og 4561$m^2$

**AVLAUPSGEBYR** (Alle prisar er eks. mva)

| **Tilknytingsgebyr** | |
|---|---|
| Eingongsgebyr for tilknyting | **KR 15.000,- for tilknyting av bustadar.** |
| Eingongsgebyr for tilknyting | **KR 15.000,- for tilknyting av næringseigedomar.** |

Årsgebyr = ABONNEMENTSGEBYR + FORBRUKSGEBYR

| **Abonnementsgebyr** | | Pr. abonnent |
|---|---|---|
| Næring | | **Kr 2673,-** |
| Bustad | | **Kr 2673,-** |
| **Forbruksgebyr** – Stipulert forbruk etter BRA eller vassmålar. | | |
| Einingspris for avlaup | | **13,60 kr/m**$^3$ |
| Ved bruk av vassmålar: Einingspris * forbruk | | |
| Ved stipulert forbruk: Gjennomsnittleg bruksareal(BRA) for gruppe x spesifikt forbruk x einingspris. Abonnentane vert plassert i aktuelle grupper etter bruksareal der følgjande forbruksgebyr er utrekna. | | |
| **Bustadar:** | | |
| Gruppe 1 | 150 m² | **Kr 1.389,-** |
| Gruppe 2 | 151 – 299 m² | **Kr 2.582,-** |
| Gruppe 3 | Over 300 m² | **Kr 4.386,-** |
| GAB registrerte fritidseigedommar: 0.5 * stipulert forbruksgebyr | | |
| **Næringsbygg:** | | |
| Gruppe 1 | 500 m² | **Kr 4.250,-** |
| Gruppe 2 | 501 – 2000 m² | **Kr 12.075,-** |
| Gruppe 3 | 2001 – 4000 m² | **Kr 30.594,-** |
| Gruppe 4 | 4001 – 5500 m² | **Kr 61.744,-** |
| Gruppe 5 | Over 5501 m² | **Kr 13,60 pr m²** |

Alt bruksareal i bustadar (BRA) skal medreknast i gebyrgrunnlaget, for næringsbygg skal alle bygg på eigedomen medreknast i gebyrgrunnlaget.

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | FA | Arkivsaknr: | 2016/1509 |
| | | Arkiv: | 231 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 245/16 | Formannskapet | 15.11.2016 |
| | Kommunestyret | 24.11.2016 |

## GEBYRREGULATIV FOR SLAMTØMING 2017.

**Tilråding:**

1. Årsgebyret for slamtøming av private slamavskiljarar vert vedteke uendra frå 2016 til 2017. Dvs. at gebyret i 2017 vert sett til kr. 925.- for tankvolum inntil 6 m3. for traktortøming, større slamavskiljarar samt tette tankar er prisen entreprenørs faktura med eit påslag på 25%. Eventuelt overskot vert å plassere på sjølvkostfond for slamtøming av private slamavskiljarar.

2. Vedtaket er gjort med heimel i lov av 31. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) §34.

Særutskrift:

- Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, Smårisvaldet 20, 6065 Ulsteinvik
- Økonomiavdelinga, her

**Bakgrunn for saka:**
Saka gjeld fastsetjing av årsgebyr for slamtøming av private slamavskiljarar for 2017. Årsgebyret for slamtøming er foreslått med bakgrunn i at anbodsprisane som SSR har fått inn no, i samband med utlysing av ny kontrakt for ei periode på 4 år med opsjon på 1 år + 1 år. Samt med tillegg av kommunen sine administrasjonskostnader og vurdert behov for å ha midlar i fond.

**Saksopplysningar:**
Etter forureiningslova §26 har kommunen plikt til å syte for tøming av private slamavskiljarar. Det er krav om full kostnadsdekning for ordninga med slamtøming jfr. forureiningslova §34. For berekning av gebyr gjeld difor sjølvkostprinsippet, d.v.s. at kommunen ikkje kan subsidiere ordninga med slamtøming, og kan heller ikkje tene på ordninga.

Det er Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR) om har kontrakt med slamentreprenør og administrerer ordninga for m.a. Herøy kommune. SSR er i ferd med å inngå ny kontrakt for slamtøming for ei periode på 4 år med opsjon på 1 år + 1 år. Utifrå prisane som ligg i innkome tilbod, så vil ikkje det utgjere noko vesentleg prisauke i forhold til inneverande periode.

Årsgebyret for slamtøming av private slamavskiljarar i Herøy kommune vart i 2016 sett til kr 925,- + mva. for tankvolum inntil 6m3.

Neste tømerunde for slamtankar i Herøy kommune vert utført no i slutten av 2016. Normal tømefrekvens er 2. kvart år på bustadar og 4. kvart år på fritidsbustadar hytter. Miljøservice AS utfører tømerunda som er i sving, då dei har kontrakt ut 2016.

I slamrekneskapen står der no 02.11.2016 kr 2.026.597,- . Rådmannen vil med bakgrunn i ovanståande tilrå at slamtømingsgebyret i Herøy kommune vert halde uendra frå 2016 til 2017.

**Vurdering og konklusjon:**
Neste tømerunde skal utførast i 2018 og dermed gjennomførast/betalast over budsjettåra 2017 og 2018. Utifrå dagens prisnivå, så vil ein legge opp fond i 2017 som vil gå med til å betale for tømerunda i 2018. Ein vil soleis ha nok til å betale for tømerunda og dermed vil ein ha ei dekningsgrad som gjer at ordninga er sjølvfinansierande, og ikkje belastar drifta elles.

Rådmannen vil med bakgrunn i ovanståande og etter ei samla vurdering tilrå at gebyret for slamtøming av private slamavskiljarar i 2017 vert det same som i 2016. Dvs. at årsgebyret for slamtøming av private slamavskiljarar i 2017 vert sett til kr. 925,- + mva for tankvolum inntil 6 m3. For traktortøming, større slamavskiljarar samt tette tankar er prisen entreprenørs faktura med eit påslag på 25%. Eventuelt overskot vert å plassere på sjølvkostfond for slamtøming av private slamavskiljarar.

**Konsekvensar for folkehelsa:**
Etablering av gode tømerutinar fremmar god folkehelse.

**Konsekvensar for beredskap:**
Kort utrykkingstid for slamentreprenøren gir god beredskap i forhold til uønska forureining.

**Konsekvensar for drifta:**
Alle utgifter i tilknyting til slamtøming skal kostast av abonnentane og belastar soleis ikkje den kommunale drifta elles.

Fosnavåg, 02.11.2016

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Fred Arnesen

HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | JULZAH | Arkivsaknr: | 2016/1540 |
| | | Arkiv: | |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 246/16 | Formannskapet | 15.11.2016 |
| | Kommunestyret | 15.12.2016 |

## AVGIFTSSATSAR FOR BRØYTING AV PRIVATE VEGAR 2017

**Tilråding:**

1. Brøyteabonnentane skal betale eit årleg gebyr/beredskapsgodtgjersle på 278 kroner.

2. For vegar med lengde 25-100m skal det betalast 129 kroner pr. gong. For kvar påbyrja 100m over dei fyrste 100m skal det betalast eit tillegg på 78 kroner.

Meirverdiavgifta kjem i tillegg.

Dei nye satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2017.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga, her

- Økonomiavdelinga, her

**Bakgrunn for saka:**
Saka gjeld fastsetting av avgiftsgebyr for brøyting av private vegar i regi av kommunen for 2017.

**Saksopplysningar:**
Dagens regelverk for brøyting av private vegar i regi av kommunen vart vedteke i K-sak 137/10 og gjort gjeldande frå årsskiftet 2010/2011. Ordninga er meint å vere sjølvfinansierande og skulle i.h.h.t. K-sak 1137/10 evaluerast etter 2 år. Ein vurderte då at ordninga så langt hadde vore sjølvfinansierande slik intensjonen var.

Frå og med brøytesesongen 2015/2016 vart det inngått nye brøyteavtalar med private brøytarar. Avtalane gjeld for 2 år med høve til forlenging med 2 + 1 år. Samla beredskapsgodtgjersle er noko lågare enn tidlegare avtale, medan timeprisen er noko høgre. Endringa i i samla beredskapsgodtgjersle hadde m.a. bakgrunn i at avtalt beredskapsperiode er gjort kortare og at roder er redusert frå 10 til 9. Ein vurderer at kostnadane med dei nye avtalene samla sett er på om lag same nivå som tidlegare avtale. Det store usikkerheitsmomentet med omsyn til brøytekostnad ligg imidlertid på kor vinteren vert då sjølve brøytinga vert betalt per. time. Erfaringsmessig kan dette variere svært mykje. Samla forbruk på vegvedlikehald vil då måtte tilpassast i forhold til dette. Eksempelvis var det høge kostnadar på brøyting i fyrste del av 2016, og ein hadde då lite midlar til sommarvedlikehaldet.

Prisen på tenesta er 2-delt og for 2016 var satsane slik:

1. Fast årleg gebyr/beredskapsgodtgjersle for alle abonnentar: kr. 272,-
2. For vegar med lengde 25-100m: kr. 126,- per gong
   For kvar påbyrja 100m over dei fyrste 100m eit tillegg på kr. 76,-

Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Statistisk sentralbyrå (SSB) sin indeks for vinterdrift av vegar viser ein kostnadsauke på 0,8% frå 3. kvartal 2015 – 3. kvartal 2016. Godtgjerdsla til kommunen sine brøytekontraktørar vert regulert årleg etter denne indeksen. Med bakgrunn i generell prisvekst lagt til grunn i budsjett for 2017 vil ein tilrå at satsane for brøyting av private vegar i 2017 vert auka med 2,2%.

Dei nye satsane vert då:

1. Brøyteabonnentane skal betale eit årleg gebyr/beredskapsgodtgjersle på 278 kroner.

2. For vegar med lengde 25-100m skal det betalast 129 kroner pr. gong. For kvar påbyrja 100m over dei fyrste 100m skal det betalast eit tillegg på 78 kroner.

Meirverdiavgift kjem i tillegg.

Dei nye satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2017.

Fosnavåg, 04.11.2016

| | |
|---|---|
| Olaus-Jon Kopperstad | Jarl Martin Møller |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Julia Zahl

Rådmannen

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | OJK | Arkivsaknr: | 2016/831 |
| | | Arkiv: | 124 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 29/16 | Arbeidsmiljøutvalet | 14.11.2016 |
| | Formannskapet | 15.11.2016 |

## BUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2017-2020

## Tilråding:

1. Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2017 (runda av til næraste kr 5.000,-).

| Område | Netto Budsjett 2017 | Netto budsjett 2016 |
|---|---:|---:|
| Pol. Leiing | 4.050 | 3.845 |
| Adm leiing | 3.380 | 3.430 |
| Servicetorget | 2.960 | 3.420 |
| Dokumentsenter og pol. Sekr. | 2.180 | 2.110 |
| Økonomiavd | 5.650 | 5.570 |
| Pers og org. avd | 7.810 | 7.455 |
| IKT | 6.760 | 6.040 |
| Overføringar til andre | 13.260 | 12.030 |
| Barnehageavdelinga | 67.140 | 66.100 |
| Skuleavdelinga | 113.090 | 110.115 |
| Barn, familie og helse | 38.800 | 39.590 |
| Pleie og omsorgsavd. | 109.315 | 107.510 |
| Bu- og habilitering | 40.970 | 39.055 |
| Sosial og flyktning | 9.800 | 9.115 |
| Kulturavdelinga | 8.620 | 8.890 |
| Utviklingsavdelinga | 21.930 | 22.195 |
| Eigedomsavdelinga | 18.880 | 19.230 |
| Samhandlingsreforma, Mottak | (1.180) | 0 |

2. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskatteøre for år 2017.

3. Kommunale avgifter, betalingssatsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert om ikkje anna vert bestemt særskilt.

4. Det vert vedteke slike endringar i betalingssatsane:

a. Barnehagesatsane følgjer den statlege maksimalprisordninga i 2017. Kr 2.730,- for heil plass + matpengar kr 350,-.

b. Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert veiledande husleige for leigeobjektet vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarande kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesatsen for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.

c. Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader.

d. Abonnementsordninga for heimetenestene vert slik:
(Pr. 1.5.15 er 1 G kr. 90.068,-

- Timepris: kr 360,- (kr 250,- i 2015 – under 2 G har ein timepris på 186,-)
- 2-3 G – Kr 1.400,- per mnd (Uendra)
- 3-4 G – Kr 1.750,- per mnd (Uendra)
- 4-5 G – kr 2.100,- per mnd (Uendra)
- Over 5 G – kr 2.450,- per mnd (Uendra)

e) Leige tryggleiksalarmar kr 320,- per månad (kr 300,-).

f) Korttidsopphald institusjon kr 147,- pr døgn (uendra)
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.

g) Dagplass ved institusjon kr 77,- pr dag (uendra).
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentale justeringar.

h) Sal av middag ved institusjonane kr 90,- pr middag (kr 80,-)

i) Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 100,- pr middag (uendra)

j) Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til kr 1.948,- (kr 1.900,- per døgn i 2016). Prisen må bereknast eksagt når budsjettet til PO er vedteke – når tilrådinga til kommunestyret er kjent).

k) Eigenbetaling for elevplass i Kulturskulen blir kr 3.400,- (kr 3.300,-) gjeldande frå 01.08.2017

l) Betaling for sal av dirigenttimar til kor for vaksne, kr 315,- per time (kr 300,-), gjeldande frå 01.08.2017

m) Betaling for sal av dirigenttimar til korps for vaksne, kr 265,- per time (kr 250,-), gjeldande frå 01.08.2017

n) Betaling for andre tenester i kulturskulen, opp 4% gjeldande frå 1. august 2017

o) Eigenbetaling for SFO-plass. Gruppe 3 Full plass kr 2.500,- (kr 2.430,-). Gruppe 2 (inntil 14 timar) kr 2.055,- per mnd (1.992,-) og gruppe 1 (inntil 10 timar per veke) kr 1.455,- (kr 1.412,-).Ferie SFO aukar med 3. Alt gjeldande frå 01.08.2016

p) Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming og gebyrsatsane for byggesakshandsaming, oppmåling, planarbeid etc vert fastsett for 2017 gjennom eigne vedtak i kommunestyret.

q) Andre avgifter, betalingssatsar etc som ikkje er nevnt over aukar med 3,0%

5. Investeringsprosjekt som det er løyvd budsjettmidlar til i 2016, men som ikkje er avslutta, vil automatisk få overført unytta ramme til 2017.

6. Budsjettet for 2017 fører til slike nye faste stillingsheimlar:

7. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.

   Inntekter frå sal av kommunale bustadar skal avsettast på investeringsfond for reinvestering i nye bustadprosjekt kommunen er byggherre for eller deltakar i på anna vis.

8. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.

9. Alle investeringsprosjekt, også dei som er omfatta av kloakkrammeplanen, skal så snart dei er ferdige leggast fram for kommunestyret for endeleg godkjenning (økonomisk avslutning).

10. Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.

11. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK mill for 2017. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet.

12. Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansieringar i budsjettåret 2017. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

13. Kommunestyret ber rådmannen om at finansreglementet og økonomireglementet vert revidert og lagt fram for politisk handsaming 1 halvår 2017

14. Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.

15. Kommunestyret vedtek budsjettet for 2017 og økonomiplanen for perioden 2017-2020 på grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.

-

Særutskrift:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Vest Kontroll AS
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon
- Avdelingane, her
- Kyrkjeleg Fellesråd

**Saksopplysningar:**

# 1.0 Innleiing

I dette budsjettdokumentet er det lagt større vekt på mål- og resultatstyring og effektivitetsutvikling enn det som har vore vanleg tidlegare. I tillegg er det gjort ei tettare kopling mellom samfunnsdelen i kommuneplanen og dette dokumentet.

Det er lagt inn verbalmål i dokumentet og lagt til rette for at ein kan samanlikne seg systematisk med andre kommunar og  resultat frå tidlegare år. Det er også lagt til rette for å jobbe systematisk med effektiviseringsutviklinga gjennom å samanlikne ressursbruk med oppnådd kvalitet og resultat.

## 1.1 Demografi

Utvikling av folketalet pr 01.01:

| År | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Folketal | 8972 | 8934 | 8847 | 8847 | 8727 | 8533 | 8383 | 8349 |

Herøy kommune har ein uttalt ambisjon om å auke folketalet (10.000 innbyggarar innan 2020).

Framskriving av folketalet

SSB presenterte 2016 nye befolkningsframskrivingar. Framskrivingane er usikre sidan dei er avhengig av fleire faktorar.

Framskrivinga av folketalet i Herøy kommune varierer, alt etter om ein legg til grunn låg elles middels nasjonal vekst.

| | Eldre + 80 | Born 0-5 | Born 6-15 |
|---|---|---|---|
| 2016 | 461 | 605 | 1153 |
| 2020 | 473 | 599 | 1156 |
| 2021 | 470 | 598 | 1138 |
| 2022 | 488 | 604 | 1125 |
| 2023 | 496 | 606 | 1126 |
| 2024 | 512 | 610 | 1104 |
| 2025 | 533 | 608 | 1100 |
| 2030 | 665 | 597 | 1098 |
| 2035 | 791 | 581 | 1102 |
| 2040 | 893 | 576 | 1087 |

Kjelde: SSB, alt MMMM

Framskriving av folketal viser stabilt/ein svak auke i gruppa over 80 år fram til 2023. Deretter har vi ein sterk auke fram til 2040. Ungdomsgruppa 0 – 15 år vil vere relativt stabil dei komande åra.

### 1.2 Kommuneplanen 2013-2025. Samfunnsdel.

**Visjonen**

*Herøy – ei båtlengd føre*

Kommunen skal gjere bevisste val på kvar vi skal vere i forkant og kvar andre kan drage utviklinga vidare.

Kommunen skal vere nyskapande og attraktiv med lokal identitet og regional slagkraft. Vi skal vidareutvikle kommunen innafor havbasert verdiskaping.

**Misjonen (oppdraget)**
*Herøy – ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.*

Kommunen skal vere ein attraktiv kommune å busette seg i gjennom
- eit attraktivt og definert sentrum, attraktive bygder og bustadområde
- ein interessant og mangfaldig arbeidsmarknad
- eit framifrå kultur- og idrettsmiljø

Innbyggarane skal oppleve kvalitativt gode tenester. Kommunen skal vektlegge å gi eit heilskapleg, likeverdig og tverrfagleg tilbod til alle innbyggarane. Ny teknologi og andre og smartare måtar å arbeide på skal takast i bruk innafor dei ulike tenesteområda.

Reiselivet i kommunen har stort potensial som kan gje positive ringverknader i ei samordna satsing.

**Styringsprinsipp**
I samfunnsdelen av kommuneplanen er det formulert fylgjande styringsprinsipp:
- samhandling
- kommunikasjon
- medverknad
- nytenking

Kommunen skal vise evne til **samhandling** mellom ulike nivå, eksternt og internt.

Kommunen skal vere tydeleg i sin **kommunikasjon**, eksternt og internt.

Kommunen skal gjennom **medverknad** vere open for dialog med ulike aktørar for å kome fram til løysingar som fremjar samfunnsutviklinga på lang sikt.

Kommunen skal ha mot til å **tenkje nytt** slik at vi kan finne løysingar som betre samsvarar med innbyggarane sine behov. Det kan handle om nye funksjonar, problemløysing, service og utvikling.

**Satsingsområde**
I samfunnsdelen i av **Kommuneplan for Herøy 2013-2025** er det peika ut 5 satsingsområde:

- Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling

Utviklinga av sentrum er avhengig av at bygdene gjer seg attraktive som bustadområde. For at bygdene skal kunne gjere seg attraktive er dei avhengige av eit sentrum som utviklar seg og har dei tilboda som vert etterspurde. Sentrumsutvikling og samfunnsutvikling er såleis to sider av same sak.

- Infrastruktur

Med infrastruktur meiner vi strukturen av faste anlegg som er grunnlaget for at eit lokalsamfunn kan fungere som t.d. vegsystemet til lands, hamner og farleier til sjøs, vassforsyning, avlaupsnett, straumnett og tele-/fibernett.

- Kompetanse og næringsutvikling

Herøy kommune har prosentvis færre innbyggarar med universitets- og høgskuleutdanning enn fylket og landet. Nye arbeidsplassar vert stadig meir kompetanseintensive.

- Rekruttering, busetting og inkludering

Herøy kommune har hatt positiv folketalsutvikling siste åra og det er mykje på grunn av utanlandsk innvandring. Sentrums- og samfunnsutviklinga er avhengig av folketalsvekst.

- Barn, unge og identitetsbygging

Barn og unge som satsingsområde tek utgangspunkt i at trivsel i oppveksten aukar sjansen for tilbakeflytting seinare.

I kommuneplanen er det utarbeidd målsetjingar og strategiar for kvart satsingsområde. Det er også utarbeidd ein **handlingsdel** til kommuneplanen sin samfunnsdel.

## 1.2 KOSTRA 2015

### Finansielle nøkkeltal

| | Herøy | Møre og Romsdal | Landet | Ulstein | Volda | Ørsta |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Brutto driftsres. i % av brutto driftsinnt. | -0,2 | 2,7 | 2,3 | 4,9 | 3,1 | 3,5 |
| Netto driftsres. i % av netto driftsinnt | 0,6 | 2,2 | 3,0 | 2,8 | 3,1 | 4,3 |
| Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinnt | 243,3 | 243,1 | 215,6 | 331,1 | 211,6 | 216,8 |
| Arbeidskapital i % av brutto driftsinnt | 16,9 | 19,9 | 16,8 | 40,3 | 17,9 | 8,5 |
| Frie inntekter i kr pr innbyggar | 50 661 | 50 314 | 50 630 | 50 359 | 49 213 | 50 064 |
| Netto lånegjeld i kr pr innbyggar | 73 722 | 76 629 | 59 368 | 142 029 | 79 666 | 57 772 |

### Økonomi

Korrigert netto driftsresultat var litt i pluss i fjor, men over tid har driftsmarginen vore svak. Disposisjonsfondet er om lag det halve av det burde vere (om lag 15,0 mill kr) og netto renteeksponert gjeld er høgare enn den burde ha vore.  Ved utgangen av 2015 hadde vi netto utgifter til finans, før avdrag, på 1,3 prosent av inntektene. Det er ikkje så mykje om vi samanliknar oss med fylket og landet.

Herøy har eit relativt «lite» oppsamla premieavvik i balansen (om lag 30,0 mill kr) som skal førast som driftsutgift dei neste åra. Oppsamla premieavvik er større enn disposisjonsfondet kommunen har tilgjengeleg. Fondet bør difor nyttast til å dekke framtidig premieavvik, med mindre vi klarer å drive med stor nok driftsmargin til å dekke utgiftsføringa av gamle pensjonsrekningar.

### Prioritering

| | Herøy | Møre og Romsdal | Landet | Ulstein | Volda | Ørsta |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Netto dr.utg. pr innb, 1-5 år, barnehagar | 128 295 | 133 772 | 131 858 | 129 950 | 135 460 | 135 081 |
| Netto dr.utg. pr innb, 6-15 år, grunnskule | 12 528 | 13 090 | 12 335 | 14 997 | 13 672 | 12 380 |
| Netto dr.utg. pr innb, kommunehelse | 2 536 | 2 373 | 2 347 | 2 266 | 2 168 | 2 038 |
| Netto dr.utg. pr innb, pleie og omsorg | 15 266 | 18 138 | 15 904 | 11 764 | 17 110 | 18 081 |
| Netto dr.utg. pr innb, 20-66 år, sosial | 2 445 | 2 338 | 3 168 | 2 224 | 1 903 | 1 852 |
| Netto dr.utg. pr innb, 0-17 år, barnevern | 6 490 | 7 656 | 8 371 | 8 723 | 7 874 | 7 611 |
| Netto dr.utg. pr innb, administrasjon | 4 725 | 4 522 | 4 021 | 3 922 | 4 395 | 3 443 |

Netto utgifter til grunnskulen (korrigert for utgiftsbehovet) i Herøy er lave. Innan pleie og omsorg ligg kostnadene ganske lavt målt mot resten av landet. Barnehagekostnadene er litt under det som er normalnivået. Barnevernet ligg under snittet i utgifter per innbyggar. Innan administrasjon ligg Herøy over landsgjennomsnittet, målt per innbyggar.

I tabellen nedanfor viser ressursbruk i vår kommune samanlikna med landsgjennomsnittet. Samla brukar Herøy kommune **7,3 mill kr mindre** enn landsgjennomsnittet innanfor desse sentrale tenesteområda. Herøy brukar meir enn landsgjennomsnittet innanfor skule og kommunehelse.

| Tenesteområde | Herøy Kr per innb 2015 | Landsgj.snitt Kr per innb. 2015 | Meir-/mindreutgifter 2015 (mill. kr) |
|---|---|---|---|
| Barnehage (605 innb 1-5 år) | 128 295 | 131 858 | -2,2 |
| Grunnskule (1153 innb 6-15 år) | 12 528 | 12 335 | 0,2 |
| Kommunehelse | 2 536 | 2 347 | 1,7 |
| Pleie og omsorg | 15 266 | 15 907 | -5,7 |
| Sosial (5307 innb 20-66 år) | 2 445 | 3 168 | -3,8 |
| Barnevern (1999 innb 0-17 år) | 6 490 | 8 371 | -3,8 |
| Administrasjon | 4 725 | 4 021 | 6,3 |
| **Sum** | | | **-7,3** |
| Fys.plan./kult.minne/natur/nærmiljø | 511 | 602 | -0,8 |
| Kultur | 2 146 | 2 024 | 1,1 |
| Kyrkje | 684 | 552 | 1,2 |
| Samferdsel | 1 369 | 732 | 5,7 |
| Brann og ulukke | 972 | 740 | 2,1 |
| **Sum** | | | **9,3** |
| **Behovs og inntektsjustering** | | | **….** |
| **Totalt** | | | **2,0** |

Vi brukar samla **9,3 mill. meir** på Fys.plan./kult.minne/natur/nærmiljø, kultur, kyrkje, samferdsel, brann og ulukke.

Føremålet med denne analysen er ikkje å seie at ressursbruk akkurat som gjennomsnittet av andre norske kommunar, er fasiten. Men det viser at dersom ein brukar meir på eitt område, vert der mindre til disposisjon på andre område.

## Dekningsgrad

| | Herøy | Møre og Romsdal | Landet | Ulstein | Volda | Ørsta |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Andel barn 1-5 år med barnehageplass | 93,6 | 92,6 | 90,4 | 95,2 | 97,9 | 94,2 |
| Andel elevar i grunnsk med spes.u. | 6,2 | 8,6 | 7,9 | 6,5 | 8,1 | 6,0 |
| Legeårsverk pr 10 000 innbyggarar | 13,7 | 11,4 | 10,5 | 12,9 | 11,3 | 12,3 |
| Fysioårsverk pr 10 000 innbyggarar | 8,0 | 8,4 | 9,0 | 7,6 | 7,2 | 8,3 |
| Andel plassar med einerom, institusjonar | 100 | 92,1 | 95,0 | 100 | 100 | 90,8 |
| Andel innb + 80 år med institusjonsplass | 17,6 | 13,9 | 13,6 | 11,5 | 11,8 | 14,5 |
| Andel sosialhjelpmottakarar, 20-66 år | 2,5 | … | 3,9 | 3,9 | 2,9 | 2,4 |
| Andel barn med barnevertiltak, 0-17 år | 5,0 | 5,1 | 4,8 | 3,9 | 6,8 | 4,6 |
| Komm sykkel-, gangvegar pr 10000 innb. | 12 | 40 | 41 | 17 | 4 | 22 |
| Komm disponerte bustader 1000 innb. | .. | 22 | 21 | 28 | 26 | 22 |

## Produktivitet/einingskostnader

| | Herøy | Møre og Romsdal | Landet | Ulstein | Volda | Ørsta |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Korr. brutto dr.utg. pr barn i komm barneh | 160 450 | 179 321 | 181 752 | 212 642 | 173 551 | 178 742 |
| Korr. brutto dr.utg. pr elev i grunnskule | 104 827 | 110 038 | 108 511 | 109 361 | 113 020 | 104 772 |
| Gj.snittleg gruppestorleik, 8-10 årstrin | 14,9 | 14,0 | 14,3 | 15,6 | 11,1 | 15,2 |
| Korr. brutto dr.utg. pr mottakar i heimeten. | 157 840 | 257 936 | 236 939 | 220 765 | 246 107 | 213 071 |
| Korr. brutto dr.utg. pr komm plass i inst | 943 471 | 996 453 | 1 067 592 | 885 953 | 1 042 069 | 995 570 |
| Årsgebyr for avlaupstenesta | 4 062 | 3 117 | 3 781 | 2 234 | 676 | 2 311 |
| Årsgebyr for avfallstenesta | 3 142 | 2 732 | 2 618 | 3 142 | 1 800 | 1 800 |
| Gj.snittleg saksbehandlingstid, reg.plan | 109 | 250 | 234 | 150 | 194 | 116 |
| Brutto dr.utg. i kr pr km kommunal veg | 135 489 | 100 675 | 133 191 | 183 938 | 82 939 | 88 609 |

## Kvalitetsindikatorar (KOSTRA 2015)

| | Herøy | Møre og Romsdal | Landet | Ulstein | Volda | Ørsta |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Barnehage** | | | | | | |
| Andel barn 1-5 år med barnehageplass | 93,6 | 92,6 | 90,4 | 95,2 | 97,9 | 94,23 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Andel barn 1-2 år med barnehageplass | 85,2 | 83,5 | 80,6 | 87,7 | 93,3 | 86,1 |
| Andel barn 3-5 år med barnehageplass | 98,2 | 98,2 | 96,6 | 100 | 100,7 | 99,2 |
| Andel barneh med opningstid 10 t eller meir | 100 | 46,3 | 32,6 | 100 | 23,1 | .. |
| Andel styrarar og ped.leiarar med førsk.l.utd. | 81,4 | 88,7 | 91,8 | 91,4 | 96,9 | 95,9 |
| Antal barn korr. for alder per årsverk komm | 6,3 | 6,0 | 6,1 | 6,3 | 5,9 | 6,4 |
| Antal barn korr. for alder per årsverk privat | 6,4 | 6,4 | 6,2 | 6,6 | 5,9 | 6,3 |
| Leike- og opphaldsareal per barn (m2) | 5,1 | 5,8 | 5,6 | 6,3 | 7,1 | 5,6 |
| | | | | | | |
| **Grunnskule** | | | | | | |
| Gjennomsnittlege grunnskulepoeng | 41,5 | 40,7 | 40,8 | 38,9 | 41,6 | 39,9 |
| Overgang til vidaregåande skule | 95,7 | 98,6 | 98,0 | 97,5 | 99,0 | 99,3 |
| Gjennomsnittleg gruppestorleik 1-10 årstrin | 13,5 | 13,0 | 13,7 | 13,1 | 11,9 | 13,0 |
| | | | | | | |
| **Helsestasjon** | | | | | | |
| Opningstider helsestasjon for ungdom t/v | 8 | .. | .. | 2 | 2 | 2 |
| Andel nyfødde med heimebesøk innan to v. | 109 | 92 | 83 | 96 | 95 | 102 |
| | | | | | | |
| **Eldreomsorg** | | | | | | |
| Legetimar pr veke pr bebuar i sjukeheim | 0,30 | 0,46 | 0,53 | 0,60 | 0,42 | 0,37 |
| Fysioterapitimar pr v. pr bebuar i sjukeheim | 0,21 | 0,32 | 0,41 | 0,41 | 0,26 | 0,09 |
| Andel plassar i einerom i institusjon | 100 | 92,1 | 95,0 | 100 | 100 | 90,8 |
| Andel plassar i einerom med eige bad/wc | 68,9 | 84,7 | 81,5 | 100 | 100 | 90,8 |
| System for brukarundersøking i institusjon | ja | .. | .. | ja | nei | nei |
| System for brukarundersøking i heimeten. | ja | .. | .. | ja | nei | ja |
| Andel langtidsbuande vurdert av lege siste år | 80,2 | 49,2 | 49,9 | 89,7 | 32,2 | 41,8 |
| Andel langtidsb. vurdert av tannhelse siste år | 56,0 | 28,8 | 32,8 | 28,2 | 22,0 | 25,5 |
| | | | | | | |
| **Sosialhjelp** | | | | | | |
| Gj.snitt stønadslengde, sosialhjelp 18-24 år | 3,9 | .. | .. | 4,1 | 3,2 | 3,7 |
| Gj.snitt stønadslengde, sosialhjelp 25-66 år | 4,0 | .. | .. | 4,8 | 4,3 | 3,9 |
| Andel sosialhjelpsmott. i alder 18-24 år | 4,1 | .. | .. | 5,6 | 4,1 | 5,2 |
| | | | | | | |
| **Barnevern** | | | | | | |
| System for brukarundersøking i barnevernet | ja | .. | .. | ja | ja | ja |
| Brukt brukarundersøking siste år | nei | | | ja | ja | ja |
| Innført internkontroll i barneverntenesta | ja | .. | .. | ja | ja | ja |
| Andel unders. m. behand.tid under 3 mnd | 70 | 70 | 83 | 49 | 53 | 52 |
| Stillingar med fagutd. pr 1000 barn 0-17 år, | 3,5 | 3,8 | 4,3 | 3,4 | 4,9 | 3,1 |
| | | | | | | |
| **Renovasjon** | | | | | | |
| Tal på høve for abb til å påverke gebyret | 1 | 2 | 5 | 2 | 4 | 4 |
| Dagar per år med utvida opningstid, avfall | 144 | 63 | 72 | .. | 76 | 76 |
| Antal hentingar matavfall per år | 26 | 43 | 36 | 26 | 52 | 52 |
| Andel levert til gjenvinning (%) | 50 | 33 | 38 | 50 | 43 | 43 |
| Farleg avfall levert mottak per innb. (kg) | 5 | .. | .. | 5 | 5 | 5 |
| | | | | | | |
| **Avløp** | | | | | | |
| Andel innb tilkn. anl. der rensekrav er oppfylt | 95,1 | 47,6 | 32,1 | 7,5 | 98,1 | 0,3 |
| Andel innb tilkn. anl. der r.k ikkje er oppfylt | .. | 12,9 | 52,8 | 73,1 | .. | .. |
| Andel innb tilkn. anl. der r.k ikkje kan vurd. | 4,9 | 39,5 | 15,0 | 19,4 | 1,9 | 99,7 |
| Antal kloakkstoppar i avløpsl. pr km sp.v.nett | .. | 0,048 | 0,048 | .. | .. | 0,017 |
| Andel fornya spillvassn. gj.sn. for siste 3 år | 0,12 | 0,33 | 0,57 | 0,14 | 0,16 | 0,24 |
| | | | | | | |
| **Sakshandsaming** | | | | | | |
| Andel innv. disp. søknader i 100 m beltet | .. | 85 | 83 | .. | .. | 100 |
| Alder i år for arealdelen i kommuneplanen | 1 | 8 | 6 | 4 | 25 | 24 |
| Alder i år for samfunnsdelen i komm.planen | 2 | 6 | 4 | 6 | 18 | 3 |
| | | | | | | |
| **Kultur** | | | | | | |
| Besøk i folkebibliotek per innbyggar | 4,2 | 3,1 | 4,4 | 2,1 | 2,9 | 2,8 |
| Utlån frå folkebibliotek per innbyggar | 3,3 | 3,5 | 4,4 | 3,5 | 3,0 | 4,1 |
| Tilvekst i folkebibliotek per 1000 innbyggarar | 214 | 252 | 209 | 191 | 220 | 148 |
| Netto driftsutg kultur per innbyggar | 2 146 | 1 723 | 2 024 | 2 042 | 1 233 | 1 271 |
| | | | | | | |
| **Kyrkje** | | | | | | |
| Medlem i Dnk | 80,0 | 81,4 | 72,7 | 77,8 | 81,0 | 86,2 |
| Døypte i % av fødde | 93,3 | 78,0 | 57,8 | 79,0 | 72,6 | 90,1 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Konfirmerte i % av 15-åringar | 83,9 | 79,5 | 61,5 | 81,6 | 79,1 | 84,5 |
| Deltaking i gudsteneste per innb. | 1,5 | 1,2 | 0,9 | 1,3 | 1,3 | 1,3 |
| Gudstenester per 1000 innb. | 13,7 | 13,8 | 11,9 | 8,7 | 16,5 | 16,0 |
| Konsertar og kulturarr. pr 1000 innb. | 3,5 | 3,0 | 2,4 | 2,5 | 4,9 | 3,6 |
| Netto dr utg pr innbyggar | 684 | 648 | 552 | 618 | 643 | 563 |
| | | | | | | |
| **Vegar og gater** | | | | | | |
| Andel komm vegar og gater utan fast dekke | 3,3 | 25,5 | 30,4 | 23,5 | 18,9 | 46,8 |
| Andel park pl skilta for funksj.h pr 10000 innb | 47 | 23 | 14 | 24 | 10 | 19 |
| | | | | | | |
| **Kommunale bustader** | | | | | | |
| Komm disp bustader per 1000 innbyggarar | .. | 22 | 21 | 28 | 26 | 22 |
| Andel komm bustader tilgj for rullestolbrukar | .. | 55 | 48 | 53 | 64 | 71 |
| | | | | | | |
| **Brann** | | | | | | |
| Antal bustadbrannar per 1000 innbyggarar | 0,22 | 0,28 | 0,34 | .. | 0,55 | 0,37 |
| Andel A-objekt som har fått tilsyn | 39,4 | 73,8 | 68,7 | 97,9 | 83,3 | 79,2 |

## 1.3 Kommunebarometeret.

Herøy kommune kom på 240. plass i Kommunebarometeret 2016 frå Kommunal rapport. Kommunebarometeret har gjort ein analyse av innrapporterte nøkkeltal:

*«Herøy er på 240. plass i Kommunebarometeret 2016 fra Kommunal Rapport. I totaltabellen - men bare der - justerer vi for økonomiske rammebetingelser. Målt mot resten av Kommune-Norge er profilen normal. Kommuner som havner i toppen av barometeret har generelt klart flere gode plasseringer enn andre, men det er ikke slik at enkelte kommuner er i toppen på alle områder, mens andre er helt i bunn. I snitt har en kommune like mange gode som svake plasseringer. Det er den totalt miksen som avgjør plasseringen. En kommune som får en svak plassering har ikke nødvendigvis dårlige tjenester og er ikke et dårlig sted å bo. Poenget er at kommunen sannsynligvis har noe å lære av liknende kommuner som ligger i toppen av den samme tabellen. Hvis vi ser bort fra kommunenes ulike økonomiske utgangspunkt, kommer Herøy på en 309. plass. Nøkkeltallene er omtrent som forventet ut fra korrigert inntektsnivå.»*

I analysen i Kommunebarometeret vart det gjort m.a. slike hovudfunn:
*«Avgangskarakterene på 10. trinn i Herøy har vært omtrent middels de siste årene. Prestasjonene på nasjonale prøver ligger litt under nivået elevene viser på 10. trinn. Frafallet på videregående blant elever fra kommunen er litt lavere enn i normalkommunen.*
*I eldreomsorgen er det en klart institusjonsbasert omsorg. På sykehjem er det veldig lite tid med lege og fysioterapeut. Det er registrert få årsverk hva gjelder geriatrisk sykepleier og ergoterapeut. Relativt mange plasser regnes ikke som moderne enerom. Målt mot hvor mange over 80 som faktisk bor på sykehjem, har kommunen en middels andel plasser avsatt til demente.*

*Bemanningen i barnevernet er lavere enn i de fleste andre kommuner, målt mot antall mindreårige i kommunen. 3 av 10 saker tok mer enn 3 måneder å behandle i fjor, det er en høy andel. De aller fleste tiltakene er i hjemmet, det er positivt.*
*Få kommuner har så lav bemanning i barnehagene. Noen styrere og ledere står uten godkjent utdanning, det trekker ned. Alle barn med minoritetsbakgrunn går i barnehage, ifølge tallene. Det er meget bra.*

*Korrigert netto driftsresultat var litt i pluss i fjor, men over tid er driftsmarginen veldig svak. Disposisjonsfondet er nærmest tomt og netto renteeksponert gjeld dobbelt så høy som landsgjennomsnittet. Investeringene har vært høye de siste årene.*
*Kostnadsnivået er lavt, særlig takket være billig grunnskole og ganske rimelig pleie og omsorg, korrigert for utgiftsbehovet. Målt mot kommunegruppa er det innen administrasjon kostnaden ligger høyest. Er det reelt, eller føres utgifter som skulle ligget på tjenestene, på dette kapitlet i stedet?»*

**Grunnskule**
Avgangskarakterane på 10. trinn i Herøy har vore omtrent middels dei siste åra. Fråfallet på vidaregåande blant elevar frå kommunen er litt lavare enn i normalkommunen.

Andelen elevar som får spesialundervisning er lav målt mot dei fleste andre kommunar. Det tel positivt i kommunebarometeret.

Andelen i småskulen som får leksehjelp er litt lavare enn i normalkommunen, i følgje statistikken. På 5.-7. trinn er det få som får leksehjelp, målt mot resten av landet. På ungdomsskulen er leksehjelp lite prioritert.

**Eldreomsorg**
72 prosent av dei tilsette har fagutdanning i Herøy. Landsgjennomsnittet er på 73 prosent.

Mange av dei over 80 som får hjelp, bur på sjukeheim. Andelen over 67 år med heimetenester og stort omsorgsbehov er lav. Målt mot kor mange over 80 som faktisk bor på sjukeheim, har kommunen ein middels andel plassar avsett til demente. Nasjonalt er anslaget at fire av fem gamle på sykehjem er demente. I Herøy er 44 prosent av plassene meint for demente.

Ganske mange av dei som bur på sjukeheim ved nyttår hadde tilsyn av lege i fjor. 56 prosent av dei på sjukeheim ved årsskiftet hadde tilsyn av tannhelsepersonell. Eit opphald på ein korttidsplass er relativt kort. Snittet i fjor var på 24 dagar. Målt mot kor mange gamle som bur heime, er andelen registrerte tryggleiksalarmer midt på treet.

**Barnevern**
Bemanningen av fagpersonell i barnevernet i Herøy er relativt lav.

Sett dei fire siste åra under eitt, er statistikken middels. Andelen barn med tiltak og ein utarbeidd plan er litt høgare enn i normalkommunen.

Dei aller fleste tiltaka er i heimen, det er positivt. Kommunen har oppgitt at det ikkje er gjennomført brukarundersøking på minst fire år.

**Barnehage**
Få andre kommunar har så lav bemanning som Herøy. Som regel er bemanninga lavere jo større kommunen er.

Nokre styrarar og leiarar står utan godkjend utdanning. 43 prosent av andre tilsette i kommunale barnehagar har pedagogisk utdanning. Landsgjennomsnittet er 43 prosent.
Alle barn med minoritetsbakgrunn går i barnehage, i følgje tala. Snittet for landet er 74 prosent. Ulike telletidspunkt for barn i barnehage og talet minoritetsspråklege barn er ei feilkjelde. Over tid er statistikken god målt mot resultata elles i Barnehage-Norge, og nær dei beste kommunane.

**Helse**
Legedekningen i Herøy er midt på treet. Kommunestorleik har stor betydning på dette punktet. Dekningen av helsesøster målt mot antall småbarn i kommunen er middels.

Tre av fire elevar hadde helseundersøking innan utgangen av 1. skuletrin. Snittet er 96 prosent. Alle nyfødde hadde i følgje statistikken heimebesøk innan to veker etter fødselen i fjor. Landsgjennomsnittet er på 83 prosent.

**Sosialhjelp**
Stønadstiden for unge mottakarar er midt på treet i Herøy. Kort stønadstid vert rekna som bra. Det er positivt at sosialhjelp er ei mellombels løysning på veg mot noko meir permanent. Stønadstida for dei unge var omtrent uendra i fjor.

For dei over 25 år er stønadstida omtrent som i normalkommunen. Vaksne går noko lenger på stønad no enn for eitt år sidan.

27 prosent går på sosialhjelp i meir enn 6 månader - det er ein noko lavare enn snittet (36 %). Andelen mottakarar som har sosialhjelp som hovudinntekt er lav.

**Kultur**
Herøy brukte i fjor 3,6 prosent av totale netto utgifter på kulturfeltet. Det er omtrent som landsgjennomsnittet på 3,8 prosent.

Besøket i biblioteket er på eit normalt nivå, målt per innbyggar. Besøket per innbyggar gjekk litt opp i fjor. Utlånet frå biblioteket er litt lavare enn i normalkommunen. I fjor auka utlånet klart, i motsetning til i mange andre kommunar.

Telemarksforsking set saman oversikt over kor mange kulturarbeidarar det er i kommunane, privat eller offentleg. I Herøy er sysselsettinga litt under normalen målt mot folketalet. Andelen av barn frå kommunen som faktisk går på musikk- og kulturskule er veldig høg målt mot dei fleste andre kommunar. Norsk kulturindeks frå Telemarksforsking viser kor mange timar kvar enkelt elev i kulturskulen får. I Herøy får elevane relativt få timer undervisning målt mot resten av Kultur-Norge.

**Kostnadsnivå**
Netto utgifter til grunnskulen (korrigert for utgiftsbehovet) i Herøy er lave. Det er forskjell på landsgjennomsnitt og normalen (kostnaden midt mellom dei dyraste og billigaste). I Herøy ligger kostnaden 560 kroner per innbyggar under landsgjennomsnittet. Det er altså etter at det er korrigert for ulikskapar kommunane imellom.

Innan pleie og omsorg ligger kostnadane ganske lavt målt mot resten av landet. Målt per innbyggar er den korrigerte kostnaden 1380 kroner under landsgjennomsnittet.

Barnehagekostnadene er litt under det som er normalnivået. Korrigert kostnad til barnehage per innbyggar er marginalt over snittet.

Barnevernet ligg litt under snittet i utgifter per innbyggar.

Innan administrasjon ligger Herøy 530 kroner over landsgjennomsnittet, målt per innbyggar.

**Miljø og ressurser**
Energikostnadene for bygg i Herøy er middels målt mot andre kommunar. Snittet er 100 kr per kvadratmeter. Kommunen ser ut til å bygge relativt effektivt - det er ganske få kvadratmeter bygg målt mot innbyggartalet.

Innbyggarane produserer litt mindre søppel enn normalen i Kommune-Norge. Ein ganske stor andel av avfallet går til materialgjenvinning og biologisk behandling.

Kommunen bruker mykje penger på vedlikehald. Det vert rekna som positivt; det skal i utgangspunktet forlenge levetida til bygget.

**Saksbehandling**
Byggesaker med 12 veker frist vert behandla ganske raskt.

**Vatn, avløp og renovasjon**
Spillvassnettet (avløpsnettet) har ein ganske høg alder målt mot normalen i Kommune-Norge; 45 år er alder i Herøy.

## Sektorer 2010-2016 - sammenliknbar serie

| *Plassering* | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Grunnskole** | 148 | 176 | 151 | 202 | 133 | 162 | 207 |
| **Eldreomsorg** | 273 | 312 | 264 | 159 | 271 | 263 | 289 |
| **Barnevern** | 285 | 278 | 211 | 209 | 227 | 192 | 299 |
| **Barnehage** | 190 | 292 | 350 | 302 | 354 | 309 | 288 |
| **Helse** | 303 | 412 | 423 | 424 | 375 | 391 | 298 |
| **Sosial** | 68 | 152 | 118 | 100 | 148 | 149 | 155 |
| **Kultur** | 240 | 268 | 261 | 250 | 267 | 249 | 205 |
| **Økonomi** | 289 | 246 | 285 | 242 | 347 | 362 | 380 |
| **Kostnadsnivå** | 109 | 75 | 82 | 90 | 51 | 75 | 69 |
| **Miljø og ressurser** | 146 | 335 | 80 | 320 | 272 | 250 | 36 |
| **Saksbehandling** | 93 | 156 | | | | 90 | 124 |
| **Vann, avløp og renovasjon** | | | | | | | |

Matrisen viser rangeringa på kommunebarometeret for dei ulike tenestene for Herøy kommune i perioden 2010-2016. Fargane viser kvar kommunen ligg på skalaen – grønt er veldig bra – raudt er tilsvarande dårleg.

### 1.4 Kommunekompasset

Herøy kommune vart evaluert etter Kommunekompasset i 2016. Resultata er jamt over middels gode. Det kan vere at kommunen har ein vesentleg gevinst å hente når det gjeld kvaliteten på forvaltningspraksisen, noko som igjen vil gje ein betre og meir effektiv tenesteproduksjon.

KS-K rår til at kommunen systematiserer styringsinformasjonen som allereie finst, med fokus på resultat og indikatorstyring. I tillegg bør ein hente inn og systematisere brukarperspektivet, innbyggarperspektivet og medarbeidarperspektivet i langt større grad. Konsulenten rår til at denne styringsinformasjonen vert sett inn i ei årshjultenking for oppfølging, dialog, evaluering og utvikling basert på brukar-, medarbeidar- og innbyggarundersøkingar kombinert med objektiv informasjon om kvalitet og økonomi, slik at kommunen får utvikle seg i eit heilskapleg styrings- og utviklingsperspektiv. På denne måten kan ein få lagt eit godt grunnlag for både å utvikle dialogen og samspelet med innbyggarane, men også ein god prosess saman med politikarane med planarbeid og tilbakerapportering på korleis kommunen jobbar, kva ein prioriterer og kva som vert levert av resultat, slik at ein ikkje berre ser på mengda, men også kvaliteten på dei tenestene som vert leverte.

I tillegg bør ein sette systematisk fokus på kommunen sitt arbeid med demokrati, deltaking og serviceperspektivet, då skåren på desse områda er vesentleg under landsgjennomsnittet.




Kommunestyret har vedteke at kommunen skal starte med fokusområda 1, 2, 4 og 5. Arbeidet med eit tydlegare resultat og effektiviseringsfokus vert starta opp gjennom dette budsjettdokumentet.

## 1.5 Kommune-NM

NHO lagar årleg eit kommune-NM der kommunane vert rangert etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på forhold ved næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. Kunnskapsbasen gir indikasjonar på utviklinga for den enkelte kommune, men også den relative utviklinga i forhold til dei andre kommunane.

| Kommune | TOTAL 2010 2015 | Næringsliv 2010 2015 | Arbeids-Marknad 2010 2015 | Demografi 2010 2015 | Kompe-tanse 2010 2015 | Kommune-økonomi 2010 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Herøy** | 112 132 | 16 15 | 242 280 | 172 210 | 205 240 | 128 73 |

Tabellen viser at Herøy ligg brukbart an i forhold til andre kommunar når det gjeld attraktivitet og vekstkraft. Men kommunen har hatt ein tilbakegang totalt sett frå 2010 til 2015. https://www.nho.no/Politikk-og-analyse/Offentlig-sektor-og-naringslivet/kommunenm/

## 1.6 Sterke og svake sider – moglegheiter og trugslar

Gjennomgang av status og utfordringar kan oppsummerast i oppstillinga nedanfor:

| Sterke sider notid | Moglegheiter framtid |
|---|---|
| - Fosnavåg – potensial for å verte ein attraktiv småby og reisemål.<br>- Tydlege og omforeinte mål og satsingsområde for samfunnsutviklinga.<br>- Sterkt næringsliv.<br>- Samarbeid kommune, næringsliv, frivillige organisasjonar. | - Omstilling og effektivisering.<br>- Inntektspotensial.<br>- Fosnavåg – potensial for å verte ein attraktiv småby og reisemål.<br>- Vidare satsing på infrastruktur.<br>- Vidare satsing på kompetanse og næringsutvikling. |
| **Svake sider notid** | **Trugslar framtid** |
| - For høgt kommunalt tenestenivå.<br>- Ujamn tenestekvalitet, for svak brukarorientering.<br>- Dårleg standard på den kommunale bygningsmassen.<br>- Einsidig næringsliv. | - Manglande evne til å prioritere vidare satsing på nærings- og samfunnsutvikling<br>- Manglande evne og vilje til å ta grep som gir varige reduksjonar i driftsnivået/auke inntektene<br>- Manglande evne til omstilling i næringslivet |

## 2.0 Endringsbehov og mål

### 2.1 Kommuneopplegget 2017 – Prop 1 S.

I statsbudsjettet (Prop. 1 S) seier regjeringa at ein god og føreseieleg økonomi er viktig for at kommunesektoren skal kunne ivareta sine oppgåver.

Regjeringa si hovudprioritering innanfor Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjettområde er:

- Tiltakspakke mot arbeidsløysa
- Auka velferd i kommunane
- Kraftig løft for samferdsel for å bygge landet
- Kraftig styrking av helseområdet

Veksten i dei samla inntektene i kommunesektoren er på vel 3,625 mrd kr frå 2016 til 2017 (priskompensasjonen kjem i tillegg). Ein stor del av denne auken blir gitt som frie midlar, men mykje av auken er knytt opp mot regjeringa sine satsingsområder.

| Realvekst kommunesektoren | Kommentar | 3,63 mrd kr |
|---|---|---|
| | | |
| Vekst frie inntekter primærkommunane skal dekkje: | | |
| - Andel vekst demografikostnader | | 2,00 mrd |
| - Pensjonskostn utover deflator | | 0,75 mrd |
| - Helsestasjon/skulehelseteneste | Ikkje pålagt | 0,05 mrd |
| - Rus og psykiatri | Ikkje pålagt | 0,30 mrd |
| - Auka satsing habilitering og rehabilitering | Ikkje pålagt | 0,10 mrd |
| Tidleg innsats i grunnskulen | Ikkje pålagt | 0,15 mrd |
| Sum til "disposisjon" | | 0,28 mrd |

Det inneber at det er eit handlingrom for kommunesektoren på 275,0 mill kr innanfor den samla summen frå veksten i frie inntekter.

I tillegg er det to andre faktorar som er omhandla i statsbudsjettet som ein må ta omsyn til. Det er:

- Snarleg hjelp. Frå 2017 har kommunane ei plikt til å by på snarleg hjelp/døgnopphald for brukarar med psykisk helse- og rusproblematikk (er innlemma 86,5 mill i kommunane sitt rammetilskott).
- Plikt for kommunane til å stille krav om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad etter sosialtenestelova for personar under 30 år (lagt inn 60,0 mill i rammetilskottet for å dekke kommunane sine meirkostnadar).

Som ein då ser av tala er det meste av auken i frie inntekter allereie spist opp og det før ein tek omsyn til varsla løns- og prisvekst på 2,2%.

<u>Nye/endra/avvikla tiltak («øyremerka» midlar/satsingar):</u>

- Satsing på helsestasjon og skulehelsetenesta
- Utdanning av deltidsbrannpersonell
- Rus
- Psykiatri

I tillegg vert innslagspunktet for ressurskrevjande brukarar justert i høve til deflator og innslagspunktet auka med kr 50.000,- ut over prisstigninga noko som betyr minst kr 500.000,- i auka kostnadar for Herøy kommune.

<u>Investeringstilskot og rentekompensasjon:</u>

- Investeringstilskot til sjukeheimsplassar og omsorgsbustader til 1.800 nye einingar.

- Tilskott til om lag 750 nye dagaktivitetsplassar for heimebuande personar med demens – totalt 45,0 mill kr

  Regjeringa meiner at kommunesektoren kan effektivisere ressursbruken med 0,5% i 2017 noko som tilsvarer 1,2 mrd kroner som igjen kan nyttast til styrking av tenestene.

  I regjeringa sin tiltakspakke for auka sysselsetjing foreslår ein eit tilskott for Sør- og Vestlandet i 2017 på 650 mill kroner. Desse løyvingane kjem i tillegg til den foreslåtte inntektsramme for kommunesektoren. Tilskotet vert fordelt med 400,0 mill kr til kommunane på Sør- og Vestlandet som har ei arbeidsløyse over landsgjennomsnittet ved utgangen av august 2016 – dvs 3,1% (Herøy kommune sin del utgjer om lag 2,4 mill kr). På nyåret vil dei resterande 250,0 mill kr bli vurdert når ein ser utviklinga i arbeidsløysa.

## 2.2 Verknaden av endringa i inntektssystemet

Frå 2017 er inntektssystemet til kommunane lagt om. For Herøy kommune betyr det at alt som kan gå galt, går galt. Vi taper på dei fleste av dei omleggingane som er innført. Herøy er den kommunen på Sunnmøre som får lavast vekst i frie inntekter i 2017, berekna til 1,1%. Samla sett er omfordelinga på 596 mill kr. Totalt 194 kommunar får auka sine tilskott medan 232 kommunar får ein reduksjon. Det er spesielt kommunar på mellom 5000 og 10000 innbyggarar som får ein inntektsreduksjon medan dei alle minste og dei med meir enn 20.000 innbyggarar får vekst. Når det gjeld fylker, er det kommunane i vestlandsregionen, Trøndelag og Akershus som får tilbakegang medan det spesielt er kommunane i innlandsfylka og i Nord Norge som får vekst.

I Møre og Romsdal er det 5 kommunar som får eit trekk i utgiftsutjamninga. Det er Molde, Ålesund, Kristiansund, Herøy og Ulstein. Dei andre får eit tillegg. Vi har eit utgiftsbehov som er større enn landsgjennomsnittet når det gjeld grunnskule, pleie og omsorg, kommunehelseteneste og administrasjon, medan vi for sosialteneste, barnevern og barnehagar har ein indeks som er lavare enn landsgjennomsnittet.

Ein av grunnane til at vi har kome dårleg ut i omlegginga av inntektssystemet er dei nye kostnadsnøklane der blant anna dei yngre innbyggjarane nå får ein større del av kostnadsnøklane på bekostning av dei eldre.

## 2.3 Økonomiske verknadar av ei eventuell kommunesamanslåing

Dersom Herøy kommune vedtek å slå seg saman med ein annan kommune innan 31.12.2016 vil det få følgjer for kommunen sine tilskott i åra som kjem. Vi kan her nemne:

- **Reformstøtte**. Totalt 5,0 mill kr i 2020 om minst 2 kommunar slår seg saman og dette blir godkjent av stortinget i vårsesjonen 2017.
- **Eingangsstøtte**. Totalt kr 20,0 mill om 2 kommunar slår seg saman. Om 3 kommunar slår seg saman, utgjer tilskottet 25,0 mill kr. Blir også utbetalt i 2020. Tidlegare har det vore ein føresetnad at den nye samanslåtte kommunen skulle ha minst 15.000 innbyggarar, men det voner ein vert endra.
- **Regionsentertilskott**. Summen ukjent. Det er avsett 100,0 mill for 2017 og 200,0 mill for 2018. Summen vil bli fordelt på talet på samanslåingar. Til fleire som slår seg saman til mindre blir overføringa til den einskilde kommunen. 60% av summen fordelt per samanslåing og 40% med ein sats per innbyggar. Blir det 60 samanslåingar (med totalt 500.000 innbyggar) vil kvar samanslåing få 1,0 mill kr + at t.d. Herøy/Sande hadde fått kr 80,- per innbyggar (totalt om lag kr 900.000,-).
- **Basistilskot**. Basistilskotet til Herøy kommune er redusert frå 13,2 mill per år til 9,3 mill kr per år – dvs at vi får kompensert 3,9 mill per år i perioden 2017-2019 (totalt 11,7 mill kr). I tillegg vil samanslegne kommunar få inndelingstilskott i perioden 2020-2034 fullt ut og deretter vert det trappa ned over 5 år med 20% per år. Det vil vel for vår del tilseie dei 3,9 mill kr per år.

## 2.4 Veksten frå 2016-2017 i framskrive budsjett.

Dei ”frie inntektene” til Herøy kommune er i hovudsak samansett av utbyttet frå Tussa, finansavkastning, skatt og rammetilskott. Utbytte frå Tussa har vore lågt over fleire år. Både Volda og Ørsta kommunar har innført eigedomsskatt, som vil ta godt føre seg i kapitalstruktur. Det statlege inntektssystemet gjev ikkje rom for lokalsamfunnssatsing. Dette må kommunen skaffe seg gjennom andre inntektskjelder eller frigjering av ressursar.

Det er viktig å stabilisere økonomien ved streng prioritering og på sikt gjere drifta uavhengig av dei svingande inntektene, slik at desse midlane heller kan gå til å byggje opp reservar eller til sparing til større investeringar.

Det er svært vanskeleg å ha ein vekststrategi for kommunen samtidig med innstramming i tenestetilbodet. Føresetnaden for at ein arbeidstakar opplever å meistre situasjonen, er at han/ho har den kompetansen som er nødvendig, og at han/ho har tilstrekkeleg tid til å gjere jobben.

Det er viktig at kommunestyret finn den rette balansen mellom desse faktorane. Vert drifta pressa med for tronge rammer, oppstår lett ein negativ spiral med press på tid/stress, auka sjukefråver og rekrutteringsvanskar. Det bør satsast på investeringar i økonomiplanperioden som frigjer ressursar til drift og/el. auka inntekter.

Særleg sentrale utfordringar i økonomiplanperioden:

- Gjere seg uavhengig av svingande inntekter i drifta og byggje opp buffer
- Følgje opp energimålet i klimaplanen og ta ut potensialet for reduserte energikostnader gjennom energistyring og ENØK

## 2.5 Det økonomiske handlingsrommet i økonomiplanperioden

Det er nivået på kommunen sine inntekter som avgjer kva utgifter kommunen kan ha. I tillegg må ein ta omsyn til netto finanskostnader. Når ein har fastsett desse postane ser ein kva ein kan fordele ut som driftsmidlar til avdelingane, kor mykje vi må saldere utgiftssida med for å balansere utgifter og inntekter, og kor mykje vi må saldere for eventuelt finne rom for nye tiltak i budsjett og økonomiplan.

Herøy kommune fekk mindreforbruk (overskott) i 2015 og også 2016 ser ut til å kunne gå ut med positivt forteikn. Dette trass i at avdelingane dette året har fått eit pålegg om rammeinnsparingar på 8,75 mill kr.

Herøy kommune har investert store summar dei siste åra i bl.a. omsorgsbustadar, uteområde, vegar etc noko som igjen har resultert i høgare finanskostnadar (vesentleg avdrag). Det gjer at kommunen må effektivisere ytterlegare i tida som kjem for å kunne ha eit samsvar mellom inntekter og utgifter. Rådmannen har kontinuerleg fokus på dette og organisasjonen har synt evne og vilje til å takle slike utfordringar.

For 2017 kan ein balansere budsjettet ved å nytte staten sine prognoser på skatt og rammetilskott, ved å halde vakante stillingar ledige, ved å effektivisere drifta endå eit par hakk og ved å vere forsiktige med å godkjenne nye drifts- og investeringstiltak. Eit budsjett og ein økonomiplan skal vere eit styringsverktøy og om det ikkje er reelt, vil det heller ikkje vere eit styringsverktøy for administrasjon og politikarar.

Gjennom statens endringar i rekneskapsprinsipp og innføring av stadig nye satsingsområder og reformer blir det for mange ukjende faktorar som det er vanskeleg å ta tilstrekkeleg omsyn til i budsjetteringsarbeidet. Ein kan kort nemne barnehagereforma, samhandlingsreforma, momskompensasjonen, brukarstyrt personleg assistent, Ø-Hjelp og pensjonsforskriftene. Dei siste par åra har i tillegg staten tatt ein sjanse på at kommunane sine skatteinntekter skal auke med 4,4% i 2014 og 3,7% i 2015 og 6,85% i 2016 og 2,5% i 2017. Dette har synt seg å vere ein alt for stor vekst for Herøy kommune sin del, men tala

på landsbasis både for for 2015 og 2016 har vore betre enn det staten rekna med i revidert budsjett.

Vi kan også ta med at alle postar der det økonomiske aspektet er usikkert må kommunane stadig bere meir av risikoen. Eit godt døme her er det øyremerka tilskotet til ressurskrevjande brukarar, eit anna kan vere mottak av flyktningar og eit tredje psykiatri og rus.

I komande økonomiplanperiode må kommunen fortsette å jobbe målretta med bl.a. endringar i drifta og endringar i organiseringa av dei kommunale tenestene. Vidare må ein vurdere nøye eventuelle nye investeringar og driftstiltak. Det vil ha alvorlege konsekvensar om kommunestyret ikkje ser drifta og utviklinga i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv. Samtidig må Herøy, som mange andre kommunar, posisjonere seg i høve til kommunereforma. Feilprioriteringar vil binde opp økonomien i lang tid og forsterke ei negativ utvikling i kommunen sitt handlingsrom. Stor vekst i kostnadane og lav inntektsvekst kan på sikt tvinge fram ei innføring av eigedomsskatt i Herøy kommune.
Det må frigjerast driftsmidlar til å møte utfordringane. Driftsmidlar kan gjennomførast på fire måtar:

1. Prioritere eller ta vekk driftsmidlar.
2. Redusere kvalitet og omfang av leverte tenestar.
3. Endre på struktur i tenesteleveransen, dvs. redusere tal stadar ein leverer tenester.
4. Auke skatteinntektene, ved å legge til rette for nye/fleire innbyggarar, og/eller innføre eigedomsskatt.

Rådmannen ser no at å redusere ytterlegare på tilgjengelege driftsmidlar ikkje har tilstrekkeleg effekt på dei økonomiske utfordringane. Ein har også auka gebyr- og betalingssatsar opp til eit nivå tilsvarande våre nabokommunar. Det er såleis lite å hente på å auke prisen på varer og tenester ut over det ein legg opp til i budsjett 2017. Løysingane ligg i dei andre verkemidlane. Investeringsbudsjettet bør ha eit perspektiv som anten gir grunnlag for endra struktur eller gir stimuli for å skaffe nye/fleire innbyggjarar og kompetanse til næringslivet/lokalsamfunnet. Stagnasjon i folkevekst vil gi lågare skatteinntekter og på sikt lågare rammeoverføringar.

Dei siste åra har staten endra litt på vilkåra når det gjeld kommunane sine utgiftsbehov. Det har ikkje slått heldig ut for Herøy kommune sin del noko tabellen nedanfor syner.

| År | Indeksberekna Utgiftsbehov | Omfordeling i utgiftsutjamninga | Skjøn Fylk+sentralt | Sum inntektsut-jamning + skjønn |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 0,9979 | -931 000 | 3 522 000 | 2 591 000 |
| 2016 | 1,0073 | 3 163 000 | 7 383 000 | 10 546 000 |
| 2015 | 1,0176 | 7 279 000 | 9 142 000 | 16 421 000 |
| 2014 | 1,0191 | 7 887 000 | 11 106 000 | 18 993 000 |
| 2013 | 1,0172 | 6 845 000 | 10 858 000 | 17 703 000 |
| 2012 | 1,0173 | 6 460 000 | 10 858 000 | 17 318 000 |
| 2011 | 1,0287 | 9 735 000 | 10 570 000 | 20 305 000 |
| 2010 | 1,0544 | 14 964 000 | 8 457 000 | 23 421 000 |
| 2009 | 1,0410 | 10 734 000 | 8 275 000 | 19 009 000 |

Av tabellen over ser ein at Herøy kommune har fått redusert sine tilskott dei siste åra. Grunnane til dette er at utgiftsbehovet er endra og at fylkesmannen og staten sine kriterier for skjønsmidlane er endra over tid. Den største reduksjonen i desse tilskotta er at kommunen ikkje lenger får kompensert for auka kostnadar til arbeidsgjevaravgift. Desse skjønsmidlane vert trappa ned over 5 år og frå 2018 vil dette tilskotet verte redusert med ytterlegare om lag 2,1 mill kr.

## 2.6 Skatt/rammetilskott

Herøy kommune har i mange år hatt høgare skatteinntekter enn landsgjennomsnittet. Dei siste par åra har inntektene flata ut og endå gått litt tilbake. I 2015 opplevde vi på ny ein liten vekst i desse inntektene og den vil halde fram også i 2016, men veksten vil ikkje vere like stor her som landsgjennomsnittet.

I statsbudsjettet for 2017 ser staten føre seg ein vekst i skatteinntektene på 1,43%. Grunnen til dette er den store skatteveksten ein ser ut til å få i 2016 og som skuldast omleggingar i skattesystemet.

Skatteinntektene i 2017 vil som vanleg vere usikre. Dette bl.a. på grunn av den reduserte aktiviteten innan olje og oljerelatert verksemd. Ein er difor litt usikker på korleis ein skal budsjettere skatt og rammetilskott neste år.

Vi kan illustrere endringar i skatt/ramme i ein slik tabell.

| Skatt i 2016 | Skatt | Rammetilskott | Sum 2017 |
|---|---|---|---|
| 260,0 mill kr | 263,7 | 208,6 | 472,3 |
| 262,5 mill kr | 266,3 | 207,0 | 473,3 |
| 265,0 mill kr | 268,8 | 205,5 | 474,3 |
| 267,5 mill kr | 271,3 | 204,0 | 275,5 |
| Statsbudsjettet (269,5) | 273,3 | 202,8 | 476,1 |

(I tabellen over går vi ut frå ein skattevekst på 1,43% slik det står i Grønt Hefte/KS sin prognosemodell – I dei førebelse tala har vi lagt innprognosene i statsbudsjettet).

I Grønt Hefte (Statsbudsjettet) er Herøy kommune sine frie inntekter sett til om lag 478,2 mill kr. I følgje KS skuldast differansen mellom deira tal og tala i statsbudsjettet folketalsutviklinga. Statsbudsjettet har gjort sine berekningar over folketalet og folketalssamansetjinga per 31.12.2015 medan KS har gjort sine berekningar ut frå folketalet per 30.06.2016. Rådmannen rår til at ein brukar tala frå statsbudsjettet, dvs samla skatt og rammetilskott på 478,2 mill kr som grunnlag for budsjett 2017.

## 2.7 Aksjeutbytte TUSSA AS

Vi har i dag 513 aksjar i Tussa AS. I 2016 budsjetterte vi med eit aksjeutbytte på kr 7.100 ,- per aksje. Resultatet vart eit utbytte på om lag kr 6.500,-. Utbyttet vi har motteke frå Tussa AS har variert frå kr 2.100,- per aksje og opp i kr 17.700,- per aksje. Kva som vil vere rett utbyttenivå for 2017 er vanskeleg å vurdere. Vi voner at Tussa As får endå litt betre resultat i 2016 enn i 2015 og vi har difor lagt inn kr 7.100,- per aksje i utbytte også neste år. Det vil gi ei inntekt på om lag kr 3.635.000,-.

## 2.8 Finans (Lån og innskott)

På inntektssida har vi tradisjonelt ført renteinntekter frå fondskapital (aksjar og obligasjonar) samt rente på ordinære bankinnskot i bank.

Ubunde kapitalfond dobla seg frå 2014 til 2015, men er likevel ikkje større enn nær 7,7 mill kr. Premieavviket på pensjon vart noko redusert i 2015 (til 31,5 mill kr). Desse to faktorane påverkar kommunens likviditet og målet må vere at denne ikkje vert meir pressa i 2017 enn det den har vore dei siste par åra. Samla finansinntekter har vi budsjettert til om lag 9,1 mill kr. Dette er om lag 0,25 mill høgare enn i 2016. Dette gjeld finansavkastning gjennom aktiv forvaltning, ordinære renter på bankinnskot samt statleg rentekompensasjon. Grunnen til at dette framleis er høgt budsjettert sett i høve til rentenivået er at ein framleis har ein del unytta lånemidlar tilgjengeleg og vi har ok innskotsvilkår i bank, sjølv om vilkåra vert dårlegare i 2017 enn det dei har vore dei to-tre føregåande åra (ny bankavtale).

Rentesituasjonen er usikker og uoversiktleg. Rentene svingar frå dag til dag og det er vanskeleg å spå kva som vil skje framover. Dersom Noregs Bank aukar styringsrenta vil det sjølvsagt bety høgare finansutgifter for Herøy kommune (men også lavare

pensjonskostnadar). Vi trur at rentene blir lave framover og at dei vil variere forholdsvis lite dei neste 2-3 åra. Vi kan få eit problem ved at lån og kreditt ikkje blir så tilgjengeleg som det det har vore hittil.

Total gjeld per 31.08.2016 var om lag **841,8 mill kr** eller om lag kr 93.800,- per innbyggar. I desse tala ligg alt av lån kommunen har per dato – også vidareutlån gjennom Husbanken 8ca 65,0 mill kr), lån til VAR området (om lag 150,0 mill kr) og lån som staten betaler rentekompensasjon for (om lag 150,0 mill kr). Kommunen «sine eigne» renteberande lån er då på om lag 475,0 mill kr.

For 2017 legg ein opp til rentekostnadar på om lag 16,4 mill kr. Dette er om lag 1,0 mill kr meir enn i budsjett 2016. Ein har i 2017 budsjettert i samsvar med dei renteprognosene ein har fått med vår finansielle rådgjevar, Bergen Capital Management AS.

I dag opererer bankane med eit kredittpåslag på mellom 0,4% og 0,6%. Det gjer at utlånsrentene har auka trass i rentereduksjonane frå Norges Bank. Mange av låna er knytt opp mot fast rente og det har vi sjølvsagt også tatt med i berekningane.

Det ligg føre eit regelverk knytt til minsteinnbetaling av avdrag. Ein legg opp til avdragsinnbetalingar i 2016 tilsvarande 22,50 mill kr. det er ein auke i høve til rekneskap 2015 på om lag 1,7 mill kr. Om dette vil halde er vanskeleg å forutsjå. I tillegg til dette kjem avdrag på vidareutlån/startlån som vert ført i investeringsrekneskapen (her inntektsfører ein også innbetalingar av avdrag frå lånekundane).

## 2.9 Løns- og prisvekst

I budsjettet for 2017 har avdelingane lagt til grunn lønsnivået per august 2016. Det er ikkje korrigert for lokale tillegg gitt hausten 2016. I tillegg har avdelingane fått auka sine lønsbudsjett tilsvarande 2,20 % p.a. av faste løner. Når det gjeld KLP har ein førebels budsjettert med ein kostnad på 21,0 og 21,3 (sjukepleiarar), men det kan vere at også dette vert for lite (i tillegg kjem 2% frå arbeidstakarane), for SPK har ein budsjettert med ein kostnad på 12,5% og arbeidsgjevaravgifta er budsjettert med 14,1%.

Dei reelle kostnadane til KLP er nok opp mot 23-25% av samla lønn + arbeidstakars del på 2%. Likviditetsmessig vert dette ei stor utfordring, Rekneskapsmessig skal meirkostnaden på totalt om lag 15,0 mill kr førast som premieavvik og utgiftsførast i rekneskapen dei neste 10 åra.

Vi har i tillegg lagt inn ein prisvekst på 2,0% i 2017.

## 2.10 Mål for den kommunale verksemda

Det er framlegg om 11 overordna mål for den kommunale verksemda.

## 2.11 Sektorovergripande økonomiske mål for Herøy kommune:

**Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern**

| Kommune | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | Snitt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Vanylven | -2,2 | 0,9 | 2,8 | 7,5 | 2,1 | | 2,2 |
| Sande | 5,4 | 3,4 | 3,4 | 0,6 | -0,5 | | 2,5 |
| Herøy | 8,6 | 5,1 | 2,9 | -5,1 | -6,2 | 0,6 | 1,1 |
| Ulstein | -1,4 | -0,6 | 2,4 | 8,5 | 1,8 | | 2,1 |
| Hareid | -2,5 | 0,1 | 1,3 | 2 | 1,8 | | 0,5 |
| **Snitt** | **1,6** | **1,8** | **2,6** | **2,7** | **-0,2** | | **1,7** |

Diagrammet viser snittresultat siste fem åra for kommunane. KS rår til at driftsresultatet for kommunar i snitt bør ligge på minimum 1,75 % framover for å kunne handtere svingingar i utgifter og kapital-slit over tid.

**Utvikling i lånegjeld og disposisjonsfond:**

| | Lånegjeld | Disp fond |
|---|---|---|
| 31.08.2016 | 841.827.000 | |
| 2015 | 776.977.000 | 14.887.000 |
| 2014 | 653.110.000 | 10.642.000 |
| 2013 | 604.802.000 | 12.070.000. |
| 2012 | 562.254.000 | 15.847.000 |
| 2011 | 501.792.000 | 15.276.000 |
| 2010 | 462.423.000 | 16.896.000 |
| 2009 | 428.853.000 | 7.031.000 |

Enkelte kommunen har tatt i bruk ein slik økonomisk HANDLINGSREGEL:
- Netto dr. res. 1,75 % av driftsinnt. (ca 12 mill.)
- Driftsfond 5 % av driftsinnt. (ca 25 mill.)
- 20 % eigenkapital ved investeringar

Eg vil rå til at Herøy innfører ein tilsvarande handlingsregel for å sikre ein sunn økonomi framover.

Utfordringar på økonomiområdet:
- Driftsutgiftene er høge i forhold til inntektene.
- Lånegjelda er høg.
- Disposisjonsfondet er for lite.

| **Mål** | Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter innan 2020. | Driftsfondet skal vere på 5 % av skatt/ramme innan 2020. |
|---|---|---|
| Korleis lukkast? | Realistisk budsjettering og god økonomistyring | Realistisk budsjettering og god økonomistyring |
| Korleis måle? | Rekneskap | Rekneskap |
| Status 2015 | 0,6 % | 14.887.000 |
| Ambisjon 2020 | 1,75 % | 23.800.000 |
| Resultatmål 2017 | 1,0 % | 20.000.000 |

## 2.12 Sektorovergripande mål for tenesteutviklinga i Herøy kommune.

Utfordringane for dei kommunale tenestene vil variere frå tenesteområde til tenesteområde. Dei felles utfordringane er:
- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga
- Levere tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Når det gjeld nærare omtale av dei enkelte avdelingane, vert det vist til vedlegg. Der er det formulert spesifikke **utviklingsmål for dei ulike tenestene**.

| **Mål** | Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet. | Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk. |
|---|---|---|
| Korleis lukkast? | Brukarfokus. | Opplæring i lovverk og sakshandsaming. |
| Korleis måle? | Brukarundersøkingar. | Avvik og klager. |
| Status 2015 | Ikkje målt. | Manglar data. |
| Ambisjon 2020 | Betre enn landsgjennomsnittet. | Manglar data. |
| Resultatmål 2017 | Betre enn landsgjennomsnittet. | Manglar data. |

## 2.13 Sektorovergripande mål for organisasjonsutviklinga i Herøy kommune:

Kommunen har gjennomført ei evaluering etter Kommunekompasset og kommunebarometeret i 2016. I tillegg er det gjennomfør endringar i den administrative organiseringa i kommunen.

Fråværshistorikk 2011-2016:
Herøy kommune har eit samla sjukefråvær på 5,57% for 2. tertial 2016. Snittet for sjukefråværet er så langt i år på 7,09%. Målet for nærvær i 2016 er sett til 92,5%. Snittet for nærvær so langt i år er 92,91%.

Dette er det lågaste tala som er registrerte sidan kommunen starta med fråværsregistrering i Agresso 01.01.09. I diagrammet nedanfor syner utviklinga frå 2011 fram til no




Kommunen gjennomførde Kommunekompasset i 2016 og fekk ein skår på 329 av 800 moglege. Dette er middels bra og midt på listene over dei 45 kommunane som har gjennomført ein eller fleire kommunekompassevalueringar sidan 2010:

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast i forhold til økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi, til dømes digitalisering og velferdsteknologi.

a) Dagleg drift versus førespurnader og forventingar

For Personal- og organisasjonsavdelinga er ei av dei mest krevjande utfordringane for avdelinga, både å lever løpande tenester som t.d. lønsutbetaling, utbetaling av reiserekningar og tilsettingsvedtak, samstundes som ein skal handtere stadige førespurnader og forventingar både individuelt og på organisasjonsnivå. Dette handterer avdeling godt, so lenge vi har eit stabilt nærvær og dyktige medarbeidarar

som er på tilbodssida. Effektivitetstiltak og betre arbeidsverkty vil på sikt frigjere ressursar, sjå tiltak punkt 3 og 7.

b) Elektroniske skjema på personalfagområdet

Vi har òg utfordringar ved at vi til kvar lønskøyring har mellom 300-500 variable bilag som må registrerast manuelt. Dette er ei særs tidkrevjande arbeidsoppgåve. Ofte ser vi at skjema vert feil og/eller mangelfult fylt ut. Noko som genererer endå meir arbeid for avdelinga. Vi ynskje difor å undersøke moglegheita av å få flest mogleg skjema elektronisk personalfagområdet, jf. tiltak punkt 3.

c) Manglande personalforvaltningsverkty

Personal- og organisasjonsavdelinga ser at det er ei utfordring for organisasjonen at vi ikkje har eit heilspeleg personalforvaltningsverkty. I dag nyttar vi ulike dataverkty og manuelle system, t.d. i høve oppfølging av sjukemelde. Dette er arbeidskrevjande og det er stor fåre for t.d. at oppfylgingspunkt vert gløymt. Vi ynskje difor å undersøke moglegheita av å få på plass eit slikt heilskapleg system, jf. tiltak punkt sjå punkt 7.

## 5. Konsekvensar av vidareføringa av verksemda

Ressursane i høve arbeidsoppgåver og ansvar, sjå også punkt 8:

a) Lønsarbeid, godtgjeringar og pensjon
   117% stilling
b) Registrering, oppfylging og innkrevjing av refusjonar, og registrering av fråvær
   70% stilling
c) Arbeide og sakshandsaming på personalfagområdet
   100% stilling
d) Sjukefråværsarbeid og koordinering av HMS og IA-arbeidet
   50% stilling
e) Leiarstøtte, organisasjonsarbeid og arbeidstakarorganisasjonane
   100% stilling
f) Leiing og utvikling- og prosjektarbeid 50%

Under rådande organisering, med dei dataverkty og dei føresetnadane som avdelinga i dag driv under, har underteikna vanskar med å sjå føre seg ein reduksjon i ressursbruken, utan at dette også vil føre til ein reduksjon og usikker leveranse av dei tenestene avdelinga er pålagt å levere.

## 6. Konsekvensar ved omstilling, standardreduksjon, nedlegging av tenester

Personal- og organisasjonsavdelinga stiller seg positiv til omstilling, og ynskjer omorganiseringa velkomen.

Underteikna meiner det er mogleg å hente ut og/eller spare ressursar ved å slå saman til stabsavdelingane. Særskilt om ein også vel å slå saman avdelingane innanfor sektoren, t.d. Økonomiavdelinga og Personal- og organisasjonsavdelinga. Dette vil òg kunne gje faglege og arbeidsprosessmessige synergiar og avdelinga vil kunne verte meir robust t.d. ved fråvær.

## 7. Forslag til endringar og nye tiltak

For utan dei mål og tiltak som er nemnd i punkt 3, vil Personal- og organisasjonsavdelinga bl.a. rette kraft mot fylgjande i 2017:

a) Omorganisering
b) Revidering av diverse overordna rutiner, retningsliner og arbeidsgjevarpolitikk
c) Etablering av nytilsett-opplæring
d) Opplæring av tilsette i data og norsk i samarbeid med ekstern samarbeidspart
e) Etablering og implementering av nytt HMS-system og plan
f) Undersøke moglegskapen for å skaffe eit meir heilskapleg personalforvaltningssystem

## 8. Kommentarar til drift og investering

a) 1261 Personal- og organisasjonsavdelinga

I utgangspunktet har avdelinga hatt 5,3 stillingsheimlar. I avdelinga er det tilsett 5 medarbeidarar der alle har 100% stilling. Ein av dei tilsette er frikjøpt 13% som hovudtillitsvald, dvs. at 13% av løn vart betalt over ansvar 1265. Dette kan endre seg dersom vedkomande trekkjer seg frå vervet eller ikkje vert attvald. Per 1. januar vil avdelinga ha lønskostander i ansvar 1261 tilsvarande 4,87 stillingar.

b) 1262 Hovudtillitsvalde

Ingen merknader

c) 1263 Hovudverneombod

Ingen merknader

d) 1264 Lærlingar

Herøy kommune har vedteke å tilby 9 lærlingplassar (4,5 stillingar) per år. Dette svarar til 1 lærling per 1000 innbyggarar, som tidlegare har vore KS si tilråding. Administrasjonen ser eit auka behov for fagarbeidarar innan dei fleste fagområda, men særskilt innan helsefag og barn og ungdom. Vidare registrerar vi at nabokommunar gjer grep for å rekruttere og sikre fagkompetansen. Det er eit faktum at dyktige lærlingkandidatar må velje tilbod frå nabokommunane, av di Herøy kommune har for få plassar i høve etterspørselen. I Ulstein kommune har ein bl.a. budsjettvedtak på 16 lærlingplassar. Dette er ei dobling av tidlegare tal på plassar 8.

Den generelle samfunnsutviklinga og dei signal som kjem sentralt, t.d. krav til at verksemdene som kommunen engasjerer skal nytte lærlingar i oppdraget, tilsei at Herøy kommune som ein profesjonell samfunnsaktør bør auke satsinga på lærlingar. SSB sine framskrivingar i høve demografiutvikling fram mot 2040, gjev ein klår indikasjon på at Herøy kommune treng fleire fagarbeidarar særskilt innan hels, omsorg og pleie. KS oppmodar òg kommunane til å tilsette 2 lærlingar per 1000 innbyggarar, m.a.o. ei dobling av lærlingplassar.

For å møte dei krav og behovet for kompetanse som Herøy kommune treng i framtida, meiner administrasjonen at kommunen bør ha som ambisjon å doble talet på lærlingar til 18 (9 nye plassar). Personal- og organisasjonsavdelinga tilrår ei opptrapping fram mot 2019. Ei opptrapping kan vere føremålstenleg, dels av økonomiske omsyn, men kommunen vil også betre kunne tilpasse tilbodet i høve etterspurnad av lærlingplassar frå år til år.

**Personal- og organisasjonsavdelinga ber om ein auke av lærlingar frå 9 til 12 (3 plassar), med mål om vidare opptrapping til 18 lærlingplassar innan 2019.**

**Ein auke på 3 lærlingplassar vil gje ein auka kostand på kr. 579 474,- for 2017.**

**Finansieringa bør skje ved ei omdisponering av midlar frå dei avdelingane (ansvar) som nyttar lærlingar til Personsla- og organisasjonsavdelinga (ansvar 1264). Ei slik finansiering vil ikkje auke kostanden på budsjettet samla sett.**

Det har òg vore ein diskusjon i regionen om å løne lærlingane 50% gjennom heile lærlingløpet, i staden for eit opptrapping frå 30%. Meldingane attende frå lærlingane og andre er at ei flat avløning vert opplevd som meir føremålstenleg og økonomisk trygt. I utgangspunktet vil ei slik ordning ikkje auke kostnadane. Det einaste økonomiske ankepunktet er om ein lærling sluttar tidleg i lærlingløpet. Trass denne innvendinga har Ulstein kommune vedteke å nytte flat avløning, for å imøtekome lærlingane sine behov.

**For posisjonere seg i høve konkurranse med kommunane i regionen tilrår Personal- og organisasjonsavdelinga at ein endrar utbetalinga av løn til lærlingane. Dette inneber ei flat lønsutbetaling (50% i 2 år) for alle lærlingane som byrjar frå og med januar 2017.**

e) 1265 Felleskostnadar

Det er bestemt at organisasjonen skal skifte tidsregistreringssystem. Grunngjevinga for dette er bl.a. for å stette det krav Kommunerevisjon har i høve innsyn og for å få eit meir brukarvenleg system. Systemet vert nytta av fleire kommunar i regionen. Administrasjonen har inngått kontrakt og jobbar med installering m.m. Nytt system skal taksast i bruk frå 1. januar 2017.

Sjølve systemet som er vald er om lag kr. 44 000,- dyrare enn dagens system, sjå tabell nedanfor. I tillegg har administrasjonen inngått avtale om support, med ein lisenspris på om lag kr. 20 000,- per år. Administrasjonen erfarer at det er eit stort behov for supportavtale, og ein ville inngått slik avtale uavhengig av skifte av system.

Oversyn prisdifferanse skifte av tidsregistreringssystem

| | Tidsbanken | | Norsk Tid | Differanse | Reell auka kostnad per år eks moms |
|---|---|---|---|---|---|
| Årlege lisenskostnader eks. moms | kr 21 000 | | kr 65 000 | kr 44 000 | kr 44 000 |
| Årleg supportavtale eks. moms | kr 15 000 | * | kr 20 000 | kr 5 000 | kr 20 000 |
| Årleg kostand eks. moms | kr 36 000 | | kr 85 000 | kr 49 000 | **kr 64 000** |

* Per i dag har Herøy kommune ikkje supportavtale med Tidsbanken.

**Samla tilleggskostand frå 2016 til 2017 er om lag kr. 64 000,-.**

**Denne kostandsauken er å rekne som ein må-kostand, og bes leggjast til ansvar 1265, funksjon 120 og konto 11591 (lisensar).**

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

Fosnavåg 22.09.16

Personal- og organisasjonsleiar

# IKT - Avdelinga

Budsjett 2017
Økonomiplan 2017-2020

HERØY KOMMUNE

# NOTAT

Til:

Frå: IKT-avdelinga

**Offl. § 14**

| Saksnr | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|
| 2016/831 | 124 | 23.09.2016 |

## BUDSJETTKOMMENTAR 2017 - IKT-AVDELINGA

### 1. Generelt

IKT-avdelinga tilbyr standardiserte IKT-tenester som skal støtte dei tilsette i Herøy kommune i sitt daglege virke. Avdelinga leverer eit breitt spekter av IKT-tenester og har ansvar for infrastruktur, applikasjonar, telefoni og brukarstøtte.

IKT-avdelinga ber om fylgjande budsjettramme for 2017

| Budsjettpost | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 |
|---|---|---|
| Brutto driftsutgifter | 6 685 765 | 7 481 158 |
| Brutto driftsinntekter | 646 437 | 677 450 |
| **Netto driftsramme** | **6 039 328** | **6 803 708** |
| Avvik i kr. frå førre budsjettår | 873 250 | 764 380 |
| Avvik i % frå førre budsjettår | +16,8 | +12,66 |

## 2. Ansvar og oppgåver

IKT skal støtte opp om effektiv tenesteproduksjon og levere trygge tenester. I tillegg til dagleg brukarstøtte har avdelinga ansvar for planlegging, installasjon og operasjonell drift av infrastruktur, maskin- og programvare.

Avdelinga skal sikre at kommuneleiinga får strategiske råd for ei mest mogleg økonomiske og effektiv drift og utvikling av IKT, basert på kost-/nyttevurderingar

- Utarbeide IKT-strategi og IKT-planar
- Drift og vedlikehald av kommunens IKT-system (applikasjon, nettverk, maskinpark)
- Innkjøp av IT-utstyr
- Utarbeide IKT-strategi og IKT-planar
- Leverandøravtalar, lisenshandtering
- Brukarstøtte/feilmottak
- Bistå i byggeprosjekt
- Telefoni, samhandling

| Årsverk | Tilsette |
|---|---|
| 3 | 3 |

## 3. Utviklingsmål tenester

IKT-avdelinga vil nytte punkta i SSIKT sin tenestenivåavtale som utviklingsmål for 2017. Dette er ein avtale som avklarar kva oppgåver som ligg til IKT og kva nivå ein skal levere på, samt kva det er forventa at kvar enkelt brukar av systemet må kunne sjølv. Eit av dei viktigaste punkta i det vidare arbeidet med SSIKT er at vi har ein felles og heilskapleg plan på kva vi skal levere, til kva tid og på kva nivå.

Vi skal måle oss sjølve på:

- Responstid på brukarstøtte (både telefon og e-post)
- Løysingstid på ulike saker ut frå kategori (kritisk, høg, normal og låg)
- Oppetid på dei ulike fagprogramma.
- Oppetid på nettverk.

## 4. Utfordringar og overordna vurderingar

Kommunen vert stadig meir avhengig av IKT for å løyse sine oppgåver og levere gode tenestar til innbyggjarane. Områder der ein nyttar IKT vert fleire og utfordringar med å prioritere og standardisere vert større. Utviklinga har gått frå ei rekke frittståande fagsystem og applikasjonar, til krav om integrerte løysingar der informasjoen vert utveksla på tvers av organisasjon og forvaltningsnivå. Det er klare forventingar om fleire digitaliserte og meir tilpassa tenester for innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar samt tilsette, og vi må legge til rette for digitale borgarar.

IKT har dei siste åra gått frå å vere ein støttefunksjon til å verte ein kjernefunksjon i organisasjonen. Det er høge krav til driftsstabilitet og tryggleik, og med berre tre tilsette i avdelinga har vi knapt med ressursar i forhold til oppgåver og er sårbare ved t.d. lengre sjukefråver. Skal vi kome vidare på ein god måte med dei ressursane vi har til rådvelde må vi organisere oss slik at ikkje alle må kunne litt om alt, men slik at dei tilsette innafor IT kan dele på oppgåvene seg i mellom, få konsentrere seg om færre oppgåver og auke kompetansen sin på nokre utvalte områder.

Dei sju kommunane på ytre Sunnmøre er allereie godt i gong med eit interkommunalt samarbeid på IKT-sida. Målet er å levere kostnadseffektive, stabile og trygge tenester frå eit felles driftssenter og slik få stordriftsfordelar samt lette arbeidet for dei kommunale IT-avdelingane. Det meste av programvare og brukarkontoar er allereie flytta til felles driftssenter som ligg på Hareid rådhus. Vi har i 2016 køyrt ein prosess der vi ser på korleis ein kan organisere IKT-ressursane på tvers av kommunane i sjustjerna. Det har vore nedsett ei eiga omorganiseringsgruppe som har levert ein rapport til rådmannsgruppa for handsaming. Framdriftsplanen legg opp til at ny organisering av IKT-ressursane skal vere klar til 01.01.2017.

Vi ser og at behovet for å samordne bruken av programvare på tvers av kommunane aukar. Innanfor pleie og omsorg er denne utviklinga kome langt. Alle sju kommunane har felles system og felles rutinar, og utviklinga skjer no parallelt i alle sju kommunane. Vi ser den same utviklinga kome innanfor økonomisystem og seinare også innan andre fagområder.

Herøy er ei av to kommunar som har innført skuleadministrativt-system og signala frå leiinga i skuleavdelinga er at dei vil halde fram med valt programleverandør til trass for at 5 andre kommunar skal gå til felles anskaffing av program. Heilt på tampen av budsjettarbeidet (20.09.17) kom det fram at Oppad, som er leverandør av skuleadministrativt-system i Herøy, var slått konkurs. Kva som skjer med programvaren til Oppad framover er ikkje avklara. Herøy ligg difor inne med ein pott på SSIKT sitt budsjett for opsjon på kjøp av skuleadministrativt-program saman med dei andre kommunane i SSIKT.

## 5. Konsekvensar av vidareføringa av verksemda

IKT-avdelinga sitt forslag til driftsbudsjett 2017 er i hovudsak basert på ei vidareføring av verksemda frå budsjett 2016. Det er lagt inn justeringar i forhold til eit par postar som det allereie er gjort vedtak for.

Det er gjort slike endringar samanlikna med 2016.

| Konto | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 | Endring |
|---|---|---|---|
| 11900 Husleige | 16 761 | 146 761 | 130 000 |
| 11951 Lisensar | 1 062 229 | 1 112 229 | 50 000 |
| 11208 Div utgift (Straum) | 0 | 15 000 | 15 000 |
| 13500 Kjøp frå kommunar | 1 794 415 | 2 199 053 | 404 638 |

a) 11900 - Husleige
Auke i husleige kjem grunna bytta av kontorlokale. Det vart i 2016 inngått ei 5-årig leigekontrakt med Vestbygget AS. Husleige er justert i forhold til ny leigeavtale. Det er i tillegg lagt inn ein post på 15 000 under Diverse utgifter for å dekke kostnader knytt til straum i dei nye lokala.

b) 11951 - Lisensar
I samband med scanning av byggesaksarkiv vart det inngått avtale om lagringsteneste på dokumentarkivet med Documaster. Fast pris på dette er 50 000 kroner årleg. Utviklingsavdelinga har betalt lisensen 2015 og 2016, men legg til grunn at denne kostnaden vert ført som fellesutgift på IKT då fleire har nytte av denne tenesta. Tenesta skal på sikt ut til publikum.

c) 13500 - Kjøp frå kommunar
Justert i forhold til siste versjon av driftsbudsjettet for SSIKT. Det kan kome mindre endringar. Godkjent av rådmannsgruppa for Søre Sunnmøre. Auka driftsramme grunna tilsetjing av ny dagleg leiar og fagressursar innan kart, arkiv og skule.

## 6. Konsekvensar ved omstilling, standardreduksjon, nedlegging av tenester.

Prosess rundt omorganisering av IKT-ressursar opp mot SSIKT er allereie godt i gang. Avdelinga stiller seg positiv til denne omorganiseringa og ser det som naudsynt for å kunne levere solide tenester med dei ressursane ein har til rådvelde

## 7. Forslag til endringar og nye tiltak

a) Driftstiltak
IKT-avdelinga har ikkje forslag til nye lokale driftstiltak i 2017 utanom det som er nemnt under punkt 5.

Det er fleire tenester som vi i løpet av 2017 kan flytte til driftssenteret, og som igjen kan føre til kutt i lokalt driftsbudsjett. T.d. felles internettaksess frå driftssenteret og felles telefonsentral for alle 7 kommunane.

b) Investeringstiltak
IKT-avdelinga ynskjer å få behalde den årlege lokale investeringsramma på 2 000 000.

Innanfor lokal investeringsramme vil ein ha fokus på å gi maskinparken eit lyft. Prøve å få opp talet på pcar per elev i skulen. Utskifting av berbare maskiner som er eldre enn 5 år.

I tillegg ser ein det som naudsynt å oppgradere infrastruktur (lokalt nettverk). Datamengdene som går over nettet aukar stadig og delar av nettverket må rustas opp for å takle komande datatrafikk.

| **Tiltak** | **Budsjettert** |
|---|---|
| Maskinvare (PC, klient, skrivarar, skjermar, nettbrett) | 1 000 000 |
| Oppgradering av infrastruktur (10G) | 500 000 |
| Utbygging WIFI skular og sjukeheim | 200 000 |
| Audio/videoutstyr Rådhuset | 175 000 |
| Omlegging fasttelefoni (nedbygging telesentralar) | 125 000 |
| | |
| Totalt | 2 000 000 |

**8. Kommentarar til drift og investering.**

Tala i budsjettforslaget er i samsvar med gjeldande løn pr. d.d.
Kjent innkjøp av varer og tenester er prisjustert for 2017.

Med helsing

Guro Gausemel

# Barnehageavdelinga

Budsjett 2017
Økonomiplan 2017-2020

HERØY KOMMUNE

# NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Barnehageavdelinga

| Saksnr | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|
| 2016/831 | 124 | 15.09.2016 |

## BUDSJETTKOMMENTARAR 2017. BARNEHAGEAVDELINGA

| Budsjettpost | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 |
|---|---|---|
| Brutto driftsutgifter | 70 120 770 | 72 059 051 |
| Brutto driftsinntekter | -4 019 083 | - 4 147 672 |
| Netto driftsramme | 66 101 687 | 67 911 379 |
| Avvik i kr. frå førre budsjettår | 1 601 422 | 1 938 281 |
| Avvik i % frå førre budsjettår | Ca 2,4% | Ca 2,7% |

### 1 GENERELT

Herøy har 4 kommunale barnehagar og 5 ikkje kommunale barnehagar. I tillegg til å drive dei kommunale barnehagane, har kommunen tilsynsansvar og ansvar for driftstilskot til dei ikkje kommunale barnehagane.

### 2 ANSVAR OG OPPGÅVER

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ta i vare barna sine behov for omsorg og leik, fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettigheitene.
Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggande kunnskap og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.
Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande

og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Samarbeidsutvalet skal kvart år fastsette ein årsplan for barnehagen som er i samsvar med lov og lokal/sentral rammeplan.

Tal årsverk i barnehageavdelinga er pr. d.d: **30,6**. Dette talet inkluderer barnehageleiar, grunnbemanning og ekstrabemanning i barnehagane. ( for barn som treng ekstra hjelp og støtte).

### 3.UTVIKLINGSMÅL TENESTER

| MÅL | MÅLEINDIKATORAR |
|---|---|
| 1. Mange nok pedagogar til å gi barna eit tilbod i samsvar med lokalt og nasjonalt lovverk. | 1. Pedagtettleik over minstenorm, mål innan 2020: 50% av dei tilsette skal ha godkjend pedagogutdanning<br>2. Ubunden tid blir erstatta med til saman ei 100% stilling |
| I tillegg til eit generelt godt barnehagetilbod ser vi det som svært viktig med tidleg innsats for barn som treng ekstra hjelp. Greier vi det vil barna både no og i framtida få betre livskvalitet og det er god samfunnsøkonomi i å lukkast med dette. Forsking viser at barnehagane er ein av dei beste arenaene til å bygge god psykisk helse. God psykisk helse gir gode mulegheiter for utvikling og læring for alle barn.<br>Mål for barnehagane å få til:<br>1. Godt samspel vaksne-barn og barn-barn.<br>2. Godt samarbeid med heimen | 1.<br>Resultat 5,4 på brukarundersøking på indikatorane «godt samspel med vaksne, godt vennskap med andre barn<br>2.<br>Resultat 5,4 på brukarundersøking på indikatoren «samarbeid med heimen» |

## 4. UTFORDRINGAR OG OVERORDNA VURDERINGAR

Kommunebarometeret seier i sin rapport at barnehagane i Herøy har lavare bemanning enn dei fleste ein kan samanlikne seg med. Slik vi vurderer det kjem det av ein svært streng prioritering av vikarbruk samt at opningstida er auka utan å styrke bemanninga. Barnehageavdelinga ser på pedagogisk kompetanse som avgjerande for mulegheit til tidleg innsats for barn som treng det. Vi arbeider difor med å styrke kompetansenivået i barnehagane m.a ved å erstatte ledige assistentheimlar med pedagogar. Vi har minska assistenttimane til barn med spesielle behov og erstatta dei med støttepedagogtimar. På den måten får vi meir kvalitet i arbeidet med desse mest sårbare barna. Barnehagane melder at det er ei stor utfordring med ubunden tid for pedagogane. Ubunden tid vil sei tid pedagogane treng til planlegging og etterarbeid i høve direkte arbeid med barna. Dette er ein avtalefesta rett alle pedagogar har. I skulen er dette lagt inn og tatt høgde for i stillinga til den enkelte lærar. Slik er det ikkje i barnehagane. Timane (4 t/v per pedagog) blir her «tatt frå barna». Ei løysing på denne utfordringa ville vere å tilsette ein pedagog som kunne vere i barnegruppa når pedagogen har planleggingstid. På den måten kan barna få den oppfølginga dei skal ha gjennom heile dagen, og barnehagen blir meir rusta til tidleg innsats for alle barn.

## 5. KONSEKVENSAR AV VIDAREFØRING AV VERKSEMDA

Konsekvensar av vidareføring av verksemda uten nødvendige tiltak som er peika på, er fortsatt sårbar bemanning med fare for høgt sjukefråver. Ein vil då ha mindre sjanse til tidleg innsats og god oppfølging av det enkelte barn.
Barnehagane scora høgt på kommunebarometeret når det gjeld minoritetsspråklege barn i barnehage. Der har vi 100% deltaking. Dette har og sin kostnad. Mange barn utviklar ikkje sosial og språkleg kompetanse berre ved å ha plass i ein barnehage. Mange treng særleg tilrettelegging for at denne læringa skal få ei god utvikling. Spesielt treng desse barna få knytte seg til vaksne og barn slik at dei blir trygge nok til å våge å lære. Til dette trengs kompetente vaksne som har innsikt i kva som skaper tryggleik og utvikling av barnas språklege og sosiale kompetanse.

## 6. KONSEKVENSAR VED OMSTILLING, STANDARDREDUKSJON, NEDLEGGING AV TENESTER

Slik ein ser det så tåler ikkje barnehagane meir standardreduksjon uten at barna vert skadelidande. Ein kan ikkje få ein slik tilstand i barnehagane at det ikkje lenger er bra for barn å vere der.

## 7. FORSLAG TIL ENDRINGAR OG NYE TILTAK

1. Foreløpig utrekning viser at tilskot til private barnehagar kan bli 4,5 mill kroner høgare i 2017. Dette er pga av prisauke, dei nye reglane i høve pensjon og kapitaltilskot, kommunen sitt to år gamle rekneskap for kommunale barnehagar og innmeldt barnetal frå private barnehagar.

2. Tilsette pedagog/pedagogar i til saman 100% stilling som langt på veg kan erstatte ubunden tid hos pedagogane i dei kommunale barnehagane

## 8. KOMMENTARAR TIL DRIFT OG INVESTERING

- Tala i budsjettforslaget er i samsvar med gjeldande løn pr. d.d.

- Sum tilskot til private barnehagar er lagt inn i arena slik som inneverande år. Forventa auke i tilskotet er lagt inn som nytt tiltak.

- Foreldrebetaling for heiltidsplassane kan ikkje aukast pga nasjonal makspris.

- Kommunen får auka si ramme med ca kr. 250 000 pga av ordninga med redusert foreldrebetaling og gratis 20t/v for 3- 4- og 5 åringar der familien har ei inntekt under kr. 417 000,- Dette gjeld barn i både kommunale og private barnehagar. Denne summen er lagt inn som ei auke i sum overføringar til andre då det er pengar vi må betale ut pga ei nasjonal innført ordning.

**Særlege utfordringar i 2017**

- Rekruttere, behalde og auke pedagogisk personale
- Forsvarleg barnehagetilbod heile opningstida til barnehagane
- Arbeide for å auke nærveret/minske sjukefråveret
- Få til god kompetanseutvikling for alle tilsettegrupper

**Dei 2 driftstiltaka vi bed om i 2017**

1. Auke ramma for kommunalt tilskot med ca. kr. 4 000 000,-
2. Tilsette pedagog i 100% stilling

**Dei viktigaste investeringstiltaka i 2016:**

**Ingen investeringstiltak**

Med helsing

Laila Kvalsund Solhaug

# Grunnskuleavdelinga

Budsjett 2017
Økonomiplan 2017-2020

HERØY KOMMUNE

# NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Skuleavdelinga

**Offl. § 14**

| Saksnr | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|
| 2016/831 | 124 | 20.09.2016 |

## BUDSJETTKOMMENTAR'17 SKULEAVDELINGA

## BUDSJETTKOMMENTAR 2017

### 1. OM AVDELINGA

Skuleavdelinga omfattar 5 barneskular, 1 ungdomsskule og 1 kombinert skule 1-10, alle med unntak av ungdomsskulen, også med skulefritidsordning. I tillegg driv avdelinga Herøy kulturskule, Internasjonal skule og pedagogisk-psykologisk tenestekontor. I tillegg har vi ansvar for spesialpedagogisk hjelp i barnehagane. Dette er no flytta over til barnehagelova, gjeldande frå 2017.
Det er ca. 1100 elevar i grunnskulen, ca.110 elevar på Internasjonal skule og ca. 660 elevplassar/500 elevar i kulturskulen. PPT arbeider inn mot både barnehage, grunnskule, vidaregåande skule og vaksne med behov for spesialundervisning.
Talet på tilsette er relativt stabil, men årleg justert opp eller ned etter elevtal i skule og SFO, samt særlege behov som tilseier rettar etter opplæringslova.

### 2. TENESTER

Grunnskulen: Gir fagleg og sosial kompetanse i tråd med opplæringslova, kunnskapsløftet og læreplanane.

Herøy kulturskule: Underviser i musikalske og kunstneriske uttrykk, som instrument, song, dans, drama, teikning, m.m. Tilrettelegging av tilbod i tråd med behov og påmelding.

Internasjonal skule: Gir opplæring i norsk og samfunnsfag for vaksne med minoritetsspråkleg bakgrunn. Tenestene er gratis for flyktningar og innvandrarar gift med nordmenn, andre må betale for tenestene. I tillegg gir avdelinga opplæring i norsk og grunnskuleopplæring for einslege, mindreårige asylsøkjarar.
For vaksne med rett til grunnskuleopplæring, kjøper vi tenester ved Hareid Ressurssenter.

PPT: Sakkunnig organ med vurdering og tilråding om tiltak og ressursar for elevar som ikkje kan gjere seg nytte av ordinær undervisning. Er elles rådgivarar for skule- og barnehagetilsette og foreldre når det gjeld å legge til rette for elevar med særlege behov.

3. LOVVERKET

Opplæringslova med forskrifter utgjer det viktigaste styringsverktøyet for arbeidet til skuleavdelinga. Dette lovverket vert stadig endra, slik at krava og ansvaret til kommunen som skuleeigar aukar. Siste åra har ein sett ei auka grad av detaljstyring.
Kunnskapsløftet legg nasjonale føringar for innhaldet i undervisninga (læreplanar), samt fastset kompetansemål for elevar på ulike årstrinn.
Tilpassa opplæring er eit nasjonalt og kommunalt satsingsområde, nedfelt i Opplæringslova og i Kunnskapsløftet. Alle elevar skal ha like høve til å utvikle evner og anlegg både individuelt og i fellesskap med andre.
I tillegg til Opplæringslova, kjem dei generelle lovverka som styrer kommunen si verksemd.

## Viktige mål for 2017

| **Satsingsområde** | **Måleindikator** | **Resultat 2015** | **Resultat 2016** | **Mål 2017** |
|---|---|---|---|---|
| **Grunnskulen:** | | | | |
| Målretta arbeid med lesing | Resultat Nasjonale prøver lesing 5.trinn. Prosent elevar på Meistringsnivå 2 og 3 | 63,1% | 59,9% | 65% |
| Alle elevar skal ha eit godt læringsmiljø | Resultat frå Elevundersøkinga, indikator Meistring | 7.trinn:4,0 10.trinn:4,0 | 7.trinn;3,9 10.trinn:3,8 | Minimum 4,0 |
| | Grunnskulepoeng 10. | 42,1 | 39,9 | 42 |
| **Kulturskulen*** | | | | |
| Kvalitet på tilbodet | Fornøgd med total kvalitet | - | - | 4,0 |

Forklaring:
Meistringsnivå: Resultat fordelt på 3 nivå, der nivå 3 er best. Målet er at fleire elevar skal meistre eit resultat som plasserer dei på nivå 2 og 3.
Meistring: Indikatoren viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skulen.
Grunnskolepoeng er rekna som summen av eleven sine avgangskarakterar, delt på antal karakterar og multiplisert med 10.
*Kulturskulen: Gjennomføre brukarundersøking i 2017. Poeng vert gitt med skår 1-6*

Skuleavdelinga ber om slik budsjettramme for 2017:

| Budsjettpost | Budsjett 2017 (førebelse tal) | Budsjett 2016 |
|---|---|---|
| Brutto driftsutgifter | 136.494 | 129.989 |
| Brutto driftsinntekter | 22.243 | 18.555 |
| Netto driftsramme | 114.249 | 111.435 |
| Avvik i kr. frå førre budsjettår | + 2,8 mill | +2,6 mill |
| Avvik i % frå førre budsjettår | + 2,5% | +2,5% |

**Avdelinga har slike merknader til budsjettforslaget:**

**Inntekter:**
Inntektene i skuleavdelinga gjeld refusjonar av sjukelønn og foreldrepengar, refusjonar frå andre kommunar og fylkeskommunen, statstilskot til ulike formål og brukarbetaling.
For 2017 vil der vere ei ny statleg inntekt i form av tilskot til einslege asylsøkjarar som skal ha grunnskule- og/eller norskopplæring. Dette tilskotet vert ført på eit eige ansvar 2272, saman med utgiftene til denne aktiviteten.

Brukarbetaling, der vi kan påverke inntektsnivået, er:

1) **SFO i grunnskulen.**
   Satsane vart auka med 5% frå 1.august 2016, og ligg dermed på middels nivå samanlikna med andre i regionen. Vedtektene vart justerte for å sikre endå betre styring og oversikt. Vi foreslår å auke satsane med 3% frå 1.august 2017. Erfaringar frå andre stader viser at til høgare satsane er, dess færre barn vert innsøkt i SFO. Dette er ei lite ønska utvikling. Konsekvensen kan bli at SFO i krinsane Moltu, Nerlandsøy og Leikanger får så få barn av det vert for kostbart å halde oppe tilbodet, alternativt at opningstida vert for kort i forhold til kva foreldra treng. I dei store krinsane vil ein kunne oppleve at barn vert gåande åleine på ettermiddagstid, fordi foreldra ikkje har økonomi til å nytte SFO-tilbodet.
   På bakgrunn av dette foreslår vi 3% auke på satsane frå 1.august 2017, dvs.at full plass vert kr. 2.500. Søskenmoderasjon som før.

2) **Kulturskulen.**
   Det vart utarbeidd ei omfattande sak i samband med budsjett 2015, der ein gjorde greie for både auke i satsar, og omlegging av rabattsystemet. Tilrådinga vart vedtatt av kommunestyret, gjort gjeldande frå 1.august 2015. Det er kommunar i regionen som har høgare satsar enn Herøy, som ligg omtrent middels. Vi har vurdert nøye om vi no skal auke satsane slik at vi nærmar oss toppen - basert på politiske signal om å ta ut

inntektspotensialet. Når vi likevel ikkje vil tilrå dette, er det av omsyn til det viktige arbeidet kulturskulen gjer på det haldningsskapande området, samt verdien av den opplæringa skulen gir. Vi har sett at andre kommunar har hatt stor nedgang i deltaking, etter å ha auka satsane mykje. Vi er også urolege for dei økonomiske konsekvensane krisa i dei maritime næringane vil få for privatøkonomien, og at dermed mange barn vert ståande utanfor eit kulturskuletilbod.
For 2017 foreslår vi ein auke i alle satsar på ca 3%, og ein elevplass vil då bli auka frå kr.3.300 til kr.3.400, gjeldande frå 1.aug 2017. Vi vil elles gjere ei ny vurdering av rabattsatsane.

3) **Internasjonal skule**
Skulen får statleg tilskot for opplæring av flyktningar og innflyttarar med rett og plikt til norskopplæring. Dette er eit tilskot vi ikkje kan styre, anna enn ved å ha så store grupper som forsvarleg, og ved dette drive så driftsøkonomisk som råd.
I tillegg gir skulen tilbod til vaksne arbeidsinnvandrarar, som betaler etter faste satsar. Vi har ikkje tidlegare lagt endring av desse satsane inn for kommunestyret, men justerer med jamne mellomrom basert på prisar i kommunane rundt oss. I tillegg må vi heile tida vurdere kva desse som lærer norsk frivillig, har evne og vilje til å betale for tenestene. Det er svært viktig at dei møter opp på skule og lærer seg norsk, for å kunne bli den samfunnsressursen vi vil at dei skal verte. Også her ser ein bemanning og satsar i samanheng, og prøver å drive så driftsøkonomisk som råd.
Pr. 1.januar 2017 vil satsane vert justert slik, basert på tilpassing i regionen:
Kr. 140 pr.dag/ kr.150 pr.kveld

**Utgifter:**
Budsjettet er basert på ei framskriving frå 2016, med justering basert på erfaringstal, for at budsjettet skal bli så reelt som råd.
Ein har prøvd å ta ned utgifter der det er muleg, men her er lite å skjere. Dette med bakgrunn i stadig innsparing og stram drift over lengre tid. Vi viser også her til Kostra-rapporten som sa at skuleavdelinga dreiv effektivt og at her var lite meir å hente. Så veit vi at også etter 2013, som tala i rapporten var basert på, har vi kutta ned endå meir, jfr mindreforbruket i 2014, reduksjon i ramme for 2015, og mindreforbruk både i 2015 og 2016, basert på styringssignal. Grunnskulen i Herøy har lav lærartettleik samanlikna med andre kommunar i fylke og land, noko som har vore påpeikt fleire gongar. Vi driv no svært stramt, og det merkast, kanskje særleg i fådelte skular og på ungdomstrinnet.

**Endringar med konsekvensar for 2017.**

1. Vi etablerer ei avdeling under Internasjonal skule for opplæring av ungdomar i alderer 15-18 år i asylmottaket. Det er tilsett lærarar og vi har dermed faste kostnader. Inntektene er basert på talet på asylsøkjarar som til eikvar tid er i mottaket og har rett til opplæring.

2. Nasjonal føring for styrking av begynnaropplæringa /tidleg innsats. Kommunen har fått tilskot til å auke opp pedagogtettleiken.

3. Auke i spesialundervisninga på Møre barne- og ungdomsskule. Refusjonskrava er forventa å auke med 1 mill for 2017.

**Særlege utfordringar i 2017**

1) **Herøyskulen i det digitale samfunnet**
   Grunnskulen greier ikkje i dag å sikre dei digitale ferdigheitene til elevane slik dei nasjonale læreplanar tilseier. Konsekvensane ser ein i kartleggingar/prøver som vert køyrt elektronisk, og der elevar vert utrygge. Skulane har mangla nok og stabilt utstyr til at elevar får lære og utvikle ferdigheitene sine.
   Det såkalla I'pad-prosjektet som vart pilotert for 5. og 8. klasse på to skular i 2016, syner gode resultat og burde ha vore rulla ut til fleire skular og årstrinn.

2) **Styrking av leiarrolla i grunnskulen**
   Den gamle rektorrolla har gradvis blitt endra over tid, med stadig aukande press både på ansvar og oppgåver. Likevel følgjer Herøy fortsatt den gamle reknemodellen med ressursar til rolla, der mange av rektorane fortsatt har undervisning i stillingane sine. Dette må endrast. Først og fremst for at rektorane skal kunne finne tid til å vere pedagogiske leiarar i skulekvardagen, men også for at dei ikkje skal «brenne seg ut». I tillegg ser vi at det er vanskeleg å rekruttere til rektorstillingar i Herøy.

3) **Mottak av nye flyktningar, innvandrarar og asylsøkjarar**
   Vi mottar til dels ressurskrevjande tenestemottakarar, ofte barn i ulike aldrar, og einslege mindreårige asylsøkjarar Mange har lite skulegang, kan gjerne ikkje vårt alfabet, og treng systematisk og omfattande opplæring i språket vårt. I tillegg til grunnskulen, gjeld det også Internasjonal skule - særleg for å kunne bruke tid til å lære dei alfabetet, før dei kan gå inn i ei ordinær språkgruppe og starte på opplæringa. Ofte har borna også med annan utfordrande bagasje enn mangel på norsk språk. Skulavdelinga treng å få

tilført midlar frå flyktningtilskota for elevar i den kategori, men må handterer andre innanfor eiga ramma.

4) **Nye nasjonale strategiar og krav**
Regjeringa køyrer ein offensiv skulepolitikk. Det har nyleg kome fleire dokument som set retning og standard for norsk skule:
- NOU 2015:8 Fremtidens skole
- Strategidokumentet Kompetanse for kvalitet, samt forskrift med omfattande kompetansekrav for lærarar, gjeldande frå 1.august 2015
- Realfagstrategien, som set store krav til skuleeigar i form av vidareutdanning og tilrettelegging
- Nye læreplanar, med generell del

Konsekvensen av desse dokumenta vil etter kvart vise seg i form av meir lover og forskrifter.

5) **Forsvarlege skulebygg**
Fleire av skulane våre er fortsatt ikkje godkjende etter forskrift om miljøretta helsevern. Dei to største utfordringane er relatert til Bergsøy skule avd. Borga og Ytre Herøy ungdomsskule. Det er viktig å kome raskt i gang med planlegginga av ny skule på Bergsøya, for å kunne starte på ein veg mot betre arbeidsforhold for dei mange elevane og tilsette på desse skulane. Lokala til kulturskulen i kjellaren på kulturhuset, er pr.idag ikkje eigna til framtidig utvikling av kulturskulen. Der er lavt under taket, dårleg luft/inneklima og for lite areal.

**Prioriterte driftstiltak for å nå måla for 2017**

1. <u>**Styrke leiinga i grunnskulen**</u>

Sikre at alle rektorar/skular får auka tid til leiing, for å kunne arbeide i tråd med Herøyskulen sin strategi for skuleutvikling.
**SUM: kr.450.000 (årskonsekvens)**

**Konsekvensar ved å ikkje gjennomføre dette:**
Svakare pedagogisk leiing i Herøyskulen
Endå større utfordringar med rekruttering av leiarar

2. <u>**Sikre at elevane når måla for digitale ferdigheiter**</u>

Dette må sikrast gjennom nok og stabilt utstyr, samt pedagogisk/digital kompetanse til å kunne leie læring og utvikling i tråd med planar for digital læring. Vidareføring av I'pad prosjektet til å omfatte begynneropplæringa i heile Herøyskulen (1.-2.årstrinn), vil vere eit viktig bidrag til dette.
**SUM: kr.190.000**

**Konsekvensar ved å ikkje gjennomføre dette:**
Herøyskulen sakkar akterut i teknologisk utvikling. Elevane som kjem ut herifrå, har ikkje dei digitale ferdigheiter dei skal ha etter læreplan og kompetansemål. Endå viktigare er at dei manglar den digitale kompetanse som trengst i eit samfunns- og arbeidsliv som vert meir og meir teknologisk, ikkje minst i vår region.

3. **Utskifting av lærebøker**

Det er behov for utskifting av læreverk, i hovudsak norsk og engelsk på barnetrinnet. Dei gamle er utslitne, og det har kome nye versjonar sidan førre innkjøp. Gammal versjon er ikkje lenger tilknytt nettressursar.
Ein del av kostnaden må takast innanfor skulane sine ordinære driftsrammer ved hard prioritering, men det er nødvendig med noko tilførsel av friske midlar.
Til fordeling på skulane, basert på elevtal, trengst det:
**SUM: kr.350.000**

**Konsekvensar ved å ikkje gjennomføre dette:**
Bøker som fell frå kvarandre, og manglande tilgang til lærebokforlaga sine nettressursar som tilleggsmateriell.

**Investeringstiltak i 2017**
**Utstyr og inventar i skuleavdelinga**
Skuleavdelinga fekk i 2016 ei løyving på kr.400.000 til fornying og nyinnkjøp av inventar og utstyr i grunnskulen. Dette betydde svært mykje, både for trivsel og læringsmetodar. Vi er derimot ikkje i mål. Det er fortsatt behov for meir investering i digitale læremidlar og programvare, og det er fortsatt behov for meir oppdatering og modernisering. Vi ber derfor om ein ny sum til fordeling - ikkje berre Grunnskule, men også Kulturskule og Internasjonal skule.
Sum kr.400.000

20. september 2016

Skuleleiaren

# Avdeling for Barn, familie og helse

Budsjett 2017
Økonomiplan 2017-2020

HERØY KOMMUNE

# NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Avdeling for Barn, Familie og Helse

**Offl. § 13 j fvl § 13**

| Saksnr | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|
| 2016/831 | 124 | 22.09.2016 |

## BUDSJETTNOTAT FRÅ BARN- FAMILIE- OG HELSEAVDELINGA

Barn,- familie- og helseavdelinga ber om slik budsjettramme for 2017:

Tidlegere BFH

| Budsjettpost | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 |
|---|---|---|
| Brutto driftsutgifter | 50 215 296 | 50 935 813 |
| Brutto driftsinntekter | 10 621 327 | 10 611 124 |
| Netto driftsramme | 39 593 969 | 40 324 689 |
| Avvik i kr. frå førre budsjettår | 1 888 926 | 730 720 |
| Avvik i % frå førre budsjettår | 4,9 | 1.8 |

Tidlegere NAV

| Budsjettpost | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 |
|---|---|---|
| Brutto driftsutgifter | 20 217 618 | 21 178 182 |
| Brutto driftsinntekter | 10 987 796 | 10 440 093 |
| Netto driftsramme | 9 229 822 | 10 738 089 |
| Avvik i kr. frå førre budsjettår | | 1 508 267 |
| Avvik i % frå førre budsjettår | | 16 |

Samla avdeling

| Budsjettpost | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 |
|---|---|---|
| Brutto driftsutgifter | 70 432 914 | 72 113 995 |
| Brutto driftsinntekter | 21 609 123 | 21 051 217 |

| | | |
|---|---|---|
| Netto driftsramme | 48 823 791 | 51 062 778 |
| Avvik i kr. frå førre budsjettår | | 2 238 987 |
| Avvik i % frå førre budsjettår | | 4,5 |

1. **Generelt:**

Fagområda innan avdelinga Barn-, familie- og helse er delt i sju seksjonar, barnevern, førebyggande seksjon (særleg helsestasjon og skulehelseteneste), seksjon psykisk helsevern, seksjon rehabilitering, seksjon samfunnsmedisin og legeteneste, seksjon bustadsosial, flyktning og rus samt seksjon NAV (minimum). Dei to sist nemnde seksjonane vart ein del av avdelinga frå og med 1.1.2016.

2. **Ansvar og oppgåver:**

Avdelinga har eit bredt og samansett ansvarsområde. Innanfor helse skal avdelinga bidra til å sørge for at alle som oppheld seg i kommunen får forsvarlege helsetenester. Dette gjeld tenester både innan somatikk og psykisk helsevern. Avdelinga ivareteke dette ved mellom anna jordmorteneste, helsestasjon og skulehelseteneste kor dei førebyggande aspekta ved tenestene er særs framtredande. Innan legetenesten psykisk helsevern og rehabilitering vil det og vere eit sterkt førebyggande aspekt, men og eit behandlingsansvar ved at pasientane/brukarane skal få ei forsvarleg behandling gjennom heile døgnet (legevakt) der dette er behovet.

I tillegg til dei konkrete brukarrelaterte oppgåvene er dei samfunnsmedisinske oppgåvene vektlagt, til sikkerheit og tryggleik for lokalsamfunnet.

Barnevernet skal sikre at born og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får hjelp og omsorg og trygge oppvekstvilkår. Alle undersøkingar i barnevernet skal etter at melding er gjennomgått, startast opp snarast og avsluttas innan 3 månader (i særlege tilfelle 6 månader). Ingen barn skal etter vedtak er fatta, vente meir enn 6 eker på tiltak frå kommunen.

Bustadsosial og rus skal bidra og sikre at vanskelegstilte grupper får tilpassa tenester i størt mogleg grad. Dette skjer mellom anna ved ein aktiv oppsøkjande verksemd. Flyktningetenesta skal sørgje for at dei flyktningane kommunen tek i mot og busett får ei tilfredsstillande oppfølging. Dette er arbeid som går overtid og det er særs viktig å få til ei god integrering både av dei vaksne og borna.

Nav(minimum) har som oppgåve å følgje oppe arbeidsmarknaden og ikkje minst dei som av ulike grunna fell utafor. Det er og ei stor oppgåve å følgje opp sosialstønadar, både set i samanheng med arbeidsmarknaden og andre forhold.

3. **Utviklingsmål tenester:**

| MÅL | MÅLEINDIKATOR |
|---|---|
| Rekruttere i henhold til rekrutteringsplan for fastleger. Fylle ledige fastlegeheimal. | Tilsette i 4 ledige heimlar. |
| «Ta tilbake» pasientane til Herøy frå andre kommunar ved at skapa tryggheit for befolkningar med stabil legedekning | Sjå på tala og samanlikne med det årleg vert rapportert. |
| Mindre bruk av vikarar, kun til naudsynt ferie-og evt. sjukefråvær. | Målast ved utgifter til vikarar. |
| Unge jenter som slit psykisk i kommunen skal reduserast | Bedre resultat for psykisk helse for jenter ved neste UngData undersøking i 2018 |
| Auke antall med vedtak på tenester i Psykisk Helse, som har tildelt aktivitetstiltak utanfor eigen heim .<br>- dagaktivitetstilbod<br>- gruppetilbod<br>- individuellt tilpassa tilbod | Målast ved at ein får fleire pasientar med tildelt akrivitetstilbod. |
| Gjennomføre brukerundersøking for dei private fysioterapeutane i 2017. | Utvikle og gjennomføre undersøkinga slik at ein seinare kan følgje utviklinga |
| Undersøkelsessaker i barnevern skal følgje krava til tid for undersøking som er i lovverket | Ingen overskridelser i undersøkelsessaker |
| Få på plass god samarbeidsrutiner med samarbeidspartane i flyktningtenesta. | Gode og fungerande møteplassar |
| Redusere utbetaling av økonomisk sosialhjelp jamført med samme tidspunkt året før. | Følgje utvikling nøye og sjå på tiltak for å redusere utbetalingen. |

4. **Utfordringar og overordna vurderingar**

Legesituasjonen vil også i 2017 vere utfordrande sjølv om ein nå får nye avtaler Det er eit håp om at desse avtalene og det utviklingsarbeidet som er skissert i avtalene skal bidra til at vi i løpet av 2017 får ein stabil legedekning.

Når det gjeld så vel barnevern som psykisk helse går det fram av mellom anna Kommunebarometeret og Kostrarapporten at dekningen av fagpersonar er låg. Dette er særleg utfordrande for tenestane og kan og lett føre til for store belastningar på einskilde fagpersonar og med det langvarige sjukefråvær.
I løpet av særleg det siste året har vi fått fleire alvorleg sjuke og/eller skadde pasientar som treng mykje fysioterapi. Dette er utfordrande og mange må nok vente i lengste laget før dei får behandling.
Avdelinga vil i løpet av 2017 gjennomføre brukarundersøkingar. I dei fleste tilfelle vil ein då nytte Betre kommune sine undersøkingar. Når det gjeld dei private tenestene som lege og fysioterapi vil vi måtte utvikle eigne undersøkingar.

5. **Konsekvensar av vidareføringa av verksemnda.**

Konsekvensar av ei vidareføring av verksemnda utan at dei tiltaka som er påpeika vert teke omsyn til vil føre til store konsekvensar. Det er utenkjeleg at det ikkje vert teke omsyn til dei nye avtalane som er forhandla fram for fastlegane. Det er og særs uheldig om det ikkje nå vert løyva midlar til naudsynte stillingar innan barnevern, psykisk helse og rehabilitering.
Særleg når det gjeld barnevern er det viktig å ha med at fylkesmannen nå i fleire år har dekkja ei stilling som vi har hatt særs god nytte av.

6. **Konsekvensar ved omstilling, standardreduksjon, nedlegging av tenester.**

Det er ingen del av tenestene innan avdelinga som kan tole ein reduksjon utan at brukarane og pasientane vert skadelidande. Slik ein ser det driv avdelinga til dels i den nedre del av kravet til forsvarlege tenester og har dermed lite å gå på når det gjeld innhald. Ei kan heller ikkje sjå at nokon teneste kan leggast ned då det er lovpålagde tenester avdelinga i det alt vesentlege leverar.

Det er varsla at kommunane frå 2017 skal få eit større ansvar for pasientar innan psykisk helse og rus, dette ser ein at vil føre med seg auka arbeidsbyrde og heller ein auke av tenesteproduksjon enn ein reduksjon.

7. **Forslag til endringar og nye tiltak**

Tala i budsjettforslaget er i samsvar med innvilga faste stillingar og kjent forbruk av varer og tenester med innlagt prisjustering. Auken i tidlegere NAV frå 2016 til 2017 skuldast i det alt vesentlege at stillinga som programrådgivar nå er lagt inn etter kommunestyrevedtaket iK sak 135/16.

Når det gjeld legetenesten er det lagt inn eit forslag om å auke på kr. 1.300 000,- til dekning av dei framforhandla leigeavtalene for fastlegane. Dette er naudsynt dersom avtalene skal kunne trå i kraft.
Det er og lagt inn eit beløp på kr. 200.000,- for tiltak i rekrutteringsprosessen for fastlegar.

Det er lagt inn forslag på nye fagstillingar innan barnevern og psykisk helse. Dette pga at vi har låg dekning innan desse områda og at tenestene har mange og store ufordringar.

Innen rehabilitering er det og eit forslag om auke, dette gjeld då både auke driftstilskot med 20% for psykomotorisk fysioterapi og auke med omlag ei halv stilling som fysioterapeut.
Når det gjeld kvardagsrehabilitering er det ikkje teke omsyn til behov for endring her då dette er teke inn i budsjettet for pleie- og omsorgsavdelinga.
Utbetaling av sosialhjelp har vore sterkt underbudsjettert i fleire år. Det er derfor lagt inn eit beløp her på kr. 2.000.000,- slik at budsjett skal kome noko meir i tråd med faktiske utgifter.

Oppreisningsordning for barnevernsbarn, skuleheimsbarn og fosterbarn er i vedteke og i gang som felles ordninga i Møre og Romsdal. Kommunen har så langt ikkje fått krav om utbetaling av konkrete erstatningar men det må vi påregne. For 2017 er det oppført kr. 300.000,-.

I dei interkommunale ordningane kommunen er med vil ein på bakgrunn av erfaringstal måtte rekne med auka utgifter. Dette er utgifter kommunen i liten grad styrar sjølv. Dette gjeld særleg på bakgrunn av auka vaktberedskap og ny legevaktsformidling.

Ein har og set opp eit beløp til tolketenester då vi ser at det vert stadig meir bruk av tolk både med omsyn til flyktninar, asylantar og arbeidsinnvandare.

**8. Kommentarar til drift og investering**

Tala i budsjettet er i samsvar med innvilga stillingar og kjent forbruk av varer og tenester med innlagt prisjustering.
Det er ikkje lagt inn nokon anna auke enn det som er kommentert særskilt ovafor.
Det er ikkje foreslege investeringstiltak.

Med helsing

Inger Marie Tofthagen

Adr. Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf. 700 81 300 Fax 700 81 301 Bank 8647 11 04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

# Pleie- og omsorgsavdelinga

Budsjett 2017
Økonomiplan 2017-2020

HERØY KOMMUNE

# NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Bu- og habiliteringsavdelinga

| Saksnr | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|
| 2016/831 | 124 | 24.09.2016 |

## BUDSJETTKOMMENTAR 2017. PLEIE OG OMSORGSAVDELINGA

Pleie- og omsorgsavdelinga ber om slik budsjettramme for 2017:

| Budsjettpost | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 |
|---|---|---|
| Brutto driftsutgifter | 129 880 095 | |
| Brutto driftsinntekter | -20 445 849 | |
| Netto driftsramme | 109 434 246 | |
| Avvik i kr. frå førre budsjettår | 3 786 258 | |
| Avvik i % frå førre budsjettår | 3,45% | |

### 1. GENERELT

Budsjettet er vidareført etter 2016 driftsnivå. Fastløn overført frå Agresso til Arena er kontrollert og korrigert ved feil. Oppretta heimlar er korrekt. Lønsvekst er lagt på av økonomileiar.

Vikarløn på kortidsfråver, ferie og variabel tilleggsløn er korrigert av økonomileiar med prisvekst. Det same gjeld øvrige driftspostar. Desse postane er ikkje finrekna på frå vår side.

Tidligare reservert bevillingar/avsetningar pålagt avdelinga er korrigert i null.

## 2. ANSVAR OG OPPGÅVER

Pleie- og omsorgsavdelinga er ei av dei største tenesteytande resultateiningane i Herøy kommune. Avdelinga er bygt opp med ein administrasjon med overordna ansvar for plan- og kvalitetsarbeid, økonomi, sakshandsaming, enkeltvedtak og koordinering av pasientflyt med meir. Der er ei kjøkken- og driftsavdeling og sju underavdelingar som driv institusjons- og heimetenester. Avdelinga er langt framme på mange område, men står overfor store utfordringar når det gjeld aukande pasientgruppe, rekruttering av kvalifisert personell og nye ansvarsområde som følgje av samhandlingsreforma.

Avdelinga har eit spesielt ansvar for institusjons- og heimetenester. For å løyse oppgåvene har eit tett samarbeid med dei andre avdelingane med tilstøytande ansvarsområde.

Avdelinga yt i hovudsak tenester etter helse og omsorgstenestelova.

Avdelinga har totalt 142,98 årsverk per 01.10.16

## 3. UTVIKLINGSMÅL TENESTER

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2016 | MÅL 2017 |
|---|---|---|---|---|
| TENESTE | Eit trygt og godt tenestetilbod | Samla snitt på brukarundersøking, skal vere betre enn landssnittet | - | |
| | Betre kvalitet i demensomsorga | Tal på tilsette med vidareutdanning i demensomsorg | 12 | 15 |
| | | Tal på personar med demens som nyttar dagplasstilbod | 30 | 35 |
| | Offensiv satsing på velferdsteknologi | Tal på digitale tryggleiksalarmar i tenesta | 175 | 200 |
| | | Tal på tilsette med mobilpleie i tenesta | | |

## 4. UTFORDRINGAR OG OVERORDNA VURDERINGAR

- Nye ressurskrevjande pasientar i heimetenesta, som må ha 1:1 bemanning.
- Høgt press på sjukeheimane i forhold til ta i mot pasientar fortløpande frå sjukehusa.
- Begrensa lege og fysioterapidekning i sjukheim.
- Begrensa tilgang på kvalifisert fagpersonell. Spesielt korttids- og langtidsvikarar i turnus.
- Vi står overfor stadig større sammensette problemstillingar og krava til kompetanse aukar i takt med det.
- Vidare implementering av helsenett og velferdsteknologi

## 5. KONSEKVENSAR FOR VIDAREFØRING AV VERKSEMDA

**Tenestene er tilfredstillande:**

Samhandlingsreforma har utfordra oss, men vi har klart å ha god og jamn pasientflyt i Herøy kommune. Kvaliteten på tenesta er i hovudsak bra, medan kvaliteten på institusjonsbygga kan diskuterast. Det er likevel verdt å framheve at samhandlingsreforma har gjeve oss nye utfordringar i institusjonane, knytt til behovet for fagkompetanse, då pasientane har eit anna og meir krevjande sjukdomsbilete no enn før.

Pleie og omsorgsavdelinga opplever svært høgt press i heimetenesta. Vi håpar at vi klarar å vri litt ressursar ved omlegginga frå Gul- avdeling til heildøgnsbemanna omsorgsbustadar. Kostrarapporteringar knytt til pleie og omsorgstenestene viser at Herøy kommune har hatt ein sterk produktivitetsauke sidan 2009. Den gevinsten meinar vi at vi no har henta ut. Anten må vi ha fleire tilsette i grunnbemanning, eller så må vi jobbe annleis enn vi gjer. Prosjekt kvardagsrehabilitering som var lagt fram i K-sak 83/16, vil vere viktig få å kome eit steg vidare for å løyse utfordringane vi ser i heimetenesta.

Pleie og omsorgsavdelinga er vidare aktivt med i fleire prosjekt knytt til utvikling og bruk av velferdsteknologi. Vi er heile tida på jakt etter å arbeide smartare og meir effektivt.

Frå januar 2017 vert den nye samordna avdelinga med heildøgnsbemanna omsorgsbustadar satt i drift. Dette vert eit klart kvalitetsløft for tenesta.

**Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket:**
Pleie og omsorgsavdelinga skal som hovudregel få medhald i saker som vert overprøvd av fylkesmannen.

**Brukarane er tilfreds med dei kommunale tenestene:**
Pleie og omsorgsavdelinga har planer om å gjennomføre ny brukarundersøking i 2017.

## 6. KONSEKVENSAR VED OMSTILLING, STANDARDREDUKSJON, NEDLEGGING AV TENESTER.

Pleie og omsorgsavdelinga yt i all det vesentlege lovpålagde tenester, med individuelle vurderingar i kvar enkeltsak. Kommunen kan ikkje vurdere reduksjon i tenester ut frå kommunen sin økonomiske situasjon, eller vurdere standardreduksjon på generelt grunnlag.

Kommunen si plikt er å vurdere kva den einskilde innbyggjar har rett til, av nødvendig helsehjelp.

Pleie og omsorgsavdelinga vurderar likevel kontinuerlig om vi kan arbeide meir effektivt, for å løyse fleire oppgåver utan tilsvarande auke i ressursane. I samband med det foreslår pleie og omsorgsavdelinga i samarbeid med bu- og habiliteringsavdelinga ei redusering av stilling i felles administrasjon tilsvarande 80% merkantil stilling. Dette er lagt inn som eit salderingstiltak i

Arena. Berekna innsparing i 2017 og vidare i økonomiplanperioden er 510.000 per år.

## 7. FORSLAG TIL ENDRINGAR OG NYE TILTAK

### MÅ-tiltak drift 2017

**Driftstiltak 1** – Oppretting av 9,5 nye årsverk i heimetenesta til to nye ressurskrevjande pasientar med kontinuerleg1:1 bemanning.

Kostnad: Lønnskostnad brutto inkl sosiale utgifter: 4.980.000,- Vi vil få statstilskot med dekking av 80% for kostnaden over 1.080.000 for begge pasientane etter gjeldande satsar. Netto kostnad vert difor 4.980.000 – 2.255.230 (i auka tilskot) = 2.724.000,-

**Driftstiltak 2** – Auka ressurs til driftsteknikar tilsvarande 0,5 årsverk. Arbeidsmengda som ligg til driftsteknikar har auka for kvart år, i tråd med det aukande behovet for oppfølging av teknisk utstyr. Slik situasjonen er i dag, er det ikkje mogleg å løyse oppgåvene med kun 1,5 årsverk. Her må det kome ei styrking av ressurs.

Kostnad: 262.000,- inkl sosiale utgifter.

**Driftstiltak 3** – Partnerskap i ALV – arena for læring og utvikling av velferdsteknologi. Ved hjelp av prosjektmidlar er det er etablert ein kompetansebase på Høgskulen i Ålesund. Herøy kommune er med, men tiltaket er ikkje budsjettert. Årleg kostnad er sett til 75 000.

### ØNSKA-tiltak drift 2017

**Driftstiltak 4** – Prosjekt kvardagsrehabilitering
Viser til K-sak 83/16, der prosjektet skulle sjåast i samanheng med budsjettarbeidet.

Det er behov for eit kjernepersonale med, ergoterapeut, fysioterapeut, sjukepleier i 60 % kvar som er ressurspersonar i kvardagsrehabiliteringa. Dette kjernepersonale kaller vi motorteam. Disse bør ha kompetanse og vidareutdanning innan rehabilitering, der rolla er å kunne kartlegge behov, opplæring, holdningsendring, organisering.

Heimetrenerane blir heimetenesta i det enkelte distrikt.
I desse stillingane som motorteam bør det opprettast nye stillingar. Til saman 1,8 årsverk.

Reknestykket er då på kr 450.000 x1,8 årsverk + sosiale utgiftar og arbeidsgivaravgift. Dette utgjer ca. kr 1 081.000,-

Bakgrunn for val av 60 % stilling per faggruppe er fleire.

- Ein føresetnad for at kvardagsrehabilitering teamet skal fungere er at dei arbeider tverrfagleg. Dette krev ein viss kontinuitet der teamet arbeider saman.
- Viktig å halde på fagressursar, mindre stillingar aukar sjansen for gjennomstrøyming.
- Erfaringar frå andre kommunar, viser at det krev så pass stor stillingsprosent for å få gjennomført kvardagsrehabilitering med dei arbeidsoppgåvene som ligger i arbeidet.
- Teamet har ansvar for haldningsendring og opplæring for personalet, brukarar og befolkning generelt.
- Det er umogleg å omgjere fagstillingar av det som er kjernepersonell pga lite ressursar. For å klare å få til kvardagsrehabilitering trenger vi nye stillingar i motorteamet.

**MÅ-tiltak investering 2017**

Investeringstiltak 1 – Vidareføring av posten til utskifting av utstyr på 200.000,- Grunngjeving for prioritering: Det er behov for stadig fornying av utstyr til store kostnadar. På institusjonskjøkkenet aleine er det behov for utstyr til over 300.000,-

## 8. KOMMENTAR TIL DRIFT OG INVESTERING

I fjor var det sterkt søkelys på tidspress i heimetenesta. Dette er framleis ei aktuell problemstilling, utover behova knytt til dei nye ressurskrevjande brukarane. Det er difor sterkt ønskeleg å få satt i gang med prosjektet kvardagsrehabilitering. Kostrarapporteringar knytt til pleie og omsorgstenestene viser at Herøy kommune har hatt ein sterk produktivitetsauke sidan 2009. Den gevinsten meinar vi at vi no har henta ut. Anten må vi ha fleire tilsette i grunnbemanning, eller så må vi jobbe annleis enn vi gjer. Andre kommunar og land, har vist til at kvardagsrehabiliteringsprosjekt har gitt gevinst i sine kommunar.

Samhandlingsreforma kom i 2012, og sidan då har vi erfart ytterlegare press på behov for både fagkompetanse og eit auka forbruk på driftspostane. Dette har si årsak i meir kompliserte sjukdomsbilde, behov for meir prøvetaking, legetilsyn, medisinske forbruksvarer, og øvrige utgifter som fylgjer av dette og raskare pasientflyt. På sikt bør Herøy klare å jamne ut det gapet på legedekning, som KOSTRA-tala syner at vi har i forhold til andre kommunar, med ei satsing på høgare legedekning i sjukeheim.

Med helsing

Renathe Rossi-Kaldhol
Konst. leiar for pleie- og omsorgsavdelinga

# Bu- og habiliteringsavdelinga

Budsjett 2017
Økonomiplan 2017-2020

HERØY KOMMUNE

# NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Bu- og habiliteringsavdelinga

Saksnr 2016/831 | Arkivkode 124 | Dato 24.09.2016

## BUDSJETTKOMMENTAR 2017. BU- OG HABILITERINGSAVDELINGA

| Budsjettpost | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 |
|---|---|---|
| Brutto driftsutgifter | 51 781 416 | 55 290 735 |
| Brutto driftsinntekter | 12 723 949 | 12 737 735 |
| Netto driftsramme | 39 057 467 | 42 533 371 |
| Avvik i kr. frå førre budsjettår | 2 773 645 | 3 475 904 |
| Avvik i % frå førre budsjettår | | |

### 1. GENERELT

Budsjettet er vidareført etter 2016 driftsnivå. Fastløn overført frå Agresso til Arena er kontrollert og korrigert ved feil. Tal på oppretta heimlar er korrekt. Ansvar 3333 Avlastinga/Toftestøvegen har i feilbudsjettering i 2016 på pensjonsgivande tillegg. Dette er korrigert for 2017, sidan Agresso har overført reelle tall. Lønsvekst er lagt på av økonomileiar.

Vikarløn på kortidsfråver, ferie og variabel tilleggsløn er korrigert av økonomileiar med prisvekst. Det same gjeld øvrige driftspostar. Desse postane er ikkje finrekna på frå vår side.

Tidligare reservert bevillingar/avsetningar pålagt avdelinga er korrigert i null.

## 2. ANSVAR OG OPPGÅVER

Gjennom Bu- og habiliteringsavdelinga skal kommunen sikre at menneske med utviklingshemming vert gitt nødvendige og individuelt tilpassa tenester. Det skal leggast til rette for at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meiningsfullt tilvære i fellesskap med andre. Tenestetilbodet skal vere samordna og fleksibelt slik at kontinuiteten i tenesta vert ivareteken. Tenestetilbodet skal så langt som råd vere utforma i samarbeid med brukaren.

Det er ei målsetting for kommunen at avdelinga skal byggje opp eit samordna tenestetilbod med fagleg kompetanse retta inn mot målgruppa. Det skal vere «ei dør» som opnar opp for dei nødvendige tenestene; med tanke på å gjere tenestene meir oversiktleg for innbyggjarane i kommunen.

Avdelinga yt teneste etter helse og omsorgstenestelova og opplæringslova.

Avdelinga har totalt 62, 44 årsverk per 01.10.16

## 3. UTVIKLINGSMÅL TENESTER

| SATSINGSOMRÅDE | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2016 | MÅL 2017 |
|---|---|---|---|
| Sikre kvalitet, likeverdig tenestetilbod og stor grad av brukarorientering | Samla snitt på brukarundersøking, skal vere betre enn landssnittet | - | |
| Kompetanseutvikling i tenesta for utviklingshemma | Andel tilsette med fagkompetanse på yrkes og høgskulenivå | 74.5% samla | 80 % samla |
| | Nedgang i dispensasjonar for tilsette knytt til HOTL kap. 9 om tvang og makt | 8 | 6 |

## 4. UTFORDRINGAR OG OVERORDNA VURDERINGAR

- Dårleg kvalitet, for lite plass og manglande høve for tilrettelegging på dagtilboda.
- Rekruttere kvalifisert personale

- Kompetanseutvikling
- Nye brukarar med andre utfordringar enn det vi har hatt før
- Sjukefråvær og overtid

## 5. KONSEKVENSAR FOR VIDAREFØRING AV VERKSEMDA

**Byggje opp eit samordna tenestetilbod :**
Herøy kommune er avhengig av ei samordning og utvikling av dagtilboda for å betre kvaliteten på tenestetilbodet ytterligare. Kommunen har eit svært begrensa tilbod per d.d

**Tenestene er tilfredstillande:**
Per i dag har vi omsorgsbustader som dekker behovet, 4 nye bu-einingar tilpassa brukarar med store behov. I åra framover vil det kome brukarar innan autismespekteret som gir utfordringar i høve bustad og arbeid. Vi har pr. dags dato kapasitet i avlastingsinstitusjonen.

Den store utfordringa er å imøtekome den plikta kommunen har, for å arbeide for at det blir satt i verk velferds og aktivitetstiltak for dei personane som treng det.

**Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket:**
Bu- og habiliteringsavdelinga skal som hovudregel få medhald i saker som vert overprøvd av fylkesmannen.

**Brukarane er tilfreds med dei kommunale tenestene:**
Bu- og habiliteringsavdelinga har planer om å gjennomføre ny brukarundersøking i 2017.

## 6. KONSEKVENSAR VED OMSTILLING, STANDARDREDUKSJON, NEDLEGGING AV TENESTER.

Bu- og habiliteringsavdelinga yt i all det vesentlege lovpålagde tenester, med individuelle vurderingar i kvar enkeltsak. Kommunen kan ikkje vurdere reduksjon

i tenester ut frå kommunen sin økonomiske situasjon, eller vurdere standardreduksjon på generelt grunnlag.

Kommunen si plikt er å vurdere kva den einskilde innbyggjar har rett til, av nødvendig helsehjelp.

Bu- og habiliteringsavdelinga vurderar likevel kontinuerlig om vi kan arbeide meir effektivt, for å løyse fleire oppgåver utan tilsvarande auke i ressursane.

## 7. FORSLAG TIL ENDRINGAR OG NYE TILTAK

Lista viser tiltak kommunen/avdelinga ikkje kan unngå ein kostnad på:

**MÅ-tiltak**

Auke i ressursar på lovpålagde tenester:

1. Bu- og habiliteringsavdelinga må inn med assistentressurs i barnehagen frå januar 2017, tilsvarande 1,0 årsverk. Vi kan ikkje løyse denne utfordringa med omfordeling av ressursar i avdelinga. Ressursen vil vere eit vedvarande behov.
   Kostnad 2017: 524.000,- inkl. sosiale utgifter

Auka inntekter som følgje av auka kostnader på pensjonsgivande tillegg:

2. Som følgje av auka kostnader på pensjonsgivande tillegg på ansvar 3333 Toftetunet avlasting/Toftestøvegen, vil inntektene på statstilskot også auke. Vi legg difor inn eit nytt tiltak med auka statstilskot tilsvarande 300.000,- på dette ansvaret.

## 8. KOMMENTAR TIL DRIFT OG INVESTERING

Bu- og habiliteringsavdelinga leverar jamt over stabil drift. Vi har god kostnadskontroll, trass ustabile driftsbehov i periodar. Det eine MÅ-tiltaket er kostnader som vil gå ut uavhengig av tilført budsjettramme eller ikkje. Det ryddigaste her vil vere å tilføre ressursar, og heller pålegge oss rammeinnsparing i andre enden. Vi må tilsette folk i denne resurssen og treng

opprettinga av heimelen på assistent i 1 årsverk.

Til investeringsbudsjettet i Herøy kommune, legg ikkje bu- og habiliteringsavdelinga skjul på betraktelege utfordringar i forhold til at vi ikkje har eit dagtilbod som stettar dei behova vi møter i Herøy samfunnet i dag og vidare i framtida. Fysisk bygg er utan tvil essensielt for kvalitetsutvikling av tenesta vidare.

Med helsing

Renathe Rossi-Kaldhol
Leiar for bu- og habiliteringsavdelinga

# Kulturavdelinga

Budsjett 2017
Økonomiplan 2017-2020

HERØY KOMMUNE

# NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Kulturavdelinga

**Offl. § 14**

| Saksnr | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|
| 2016/831 | 124 | 02.10.2016 |

# BUDSJETTKOMMENTARAR 2017 KULTURAVDELINGA

## 1 GENERELT

Kulturavdelinga sine budsjettkommentarar inneber slikt framlegg til budsjett for 2017:

| Budsjettpost | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 |
|---|---|---|
| Brutto driftsutgifter | 18 405 000 | |
| Brutto driftsinntekter | -9 510 000 | |
| **Netto driftsramme** | 8 890 000 | |
| Avvik i kr. frå førre budsjettår | 582 239 | |
| Avvik i % frå førre budsjettår | ?? | |

## 2 ANSVAR OG OPPGÅVER

Kulturavdelinga skal gjennom samarbeid med enkeltpersonar, lag og organisasjonar, offentlige einingar og næringsliv bidra til gode kulturopplevingar for innbyggjarar og besøkande. Avdelinga driftar fleire kulturarenaer og samarbeider om arrangement på andre sina arenaer. I tillegg forvaltar avdelinga tilskotsmidlar og bidreg med rådgiving og kompetanse innan kulturfeltet. Kulturavdelinga består av: kulturkontor, barne- og ungdomsarbeid, frivilligsentral, kulturhus, idrettshall, folkebibliotek, konserthus og kino.

| Årsverk | Tilsette |
|---|---|
| **10,69** (+ 1,0 midlertidige) | **16** (+ 10 midlertidige) |

## 3 UTVIKLINGSMÅL

Kulturavdelinga har fylgjande utviklingsmål for sitt ansvarsområde:

| SATSINGSOMRÅDE | INDIKATOR |
|---|---|
| Kulturkontor | |
| Godkjend kulturminneplan | Ja |
| Nye turkart i samarbeid med Sande kommune | Ja |
| Barne- og ungdomsarbeid | |
| *Fritidsklubb* | |
| Tal besøkande pr. veke fordelt på to kveldar | 100 |
| *Ungdomsrådet* | |
| Tal saker med uttale frå ungdomsrådet | 5 |
| *Ungdomsarrangement* | |
| Tal gjennomførte ungdomsarrangement pr år. | 10 |
| Tal deltakarar på UKM | 50 |
| Frivilligsentral | |
| Flytte etablerte møteplasser/tiltak til nye lokalar i Kulturhuset | 100 % |
| Etablere nye møteplasser og tiltak | 2 |
| Kulturhus | |
| Tildeling av øvingstider til alle som søkjer (innan fristen) | 100 % |
| Brukarundersøkingar | 1 undersøking pr. år |
| Idrettshall | |
| Tildeling av treningstider til alle som søkjer (innan fristen) | 100 % |
| Brukarundersøkingar | 1 undersøking pr. år |
| Folkebibliotek | |
| Auke tal aktive personlige lånarar | 5 % |
| Auke tal arrangement for unge | 2 |
| Konserthus | |
| Selte billettar | 14 000 |
| Tal arrangement pr. år (40 eigne + 20 innleigde) | 60 |
| Brukarundersøkingar | 1 undersøking pr. år |
| Kino | |
| Selte billettar | 29 000 |
| Brukarundersøkingar | 1 undersøking pr. år |

Framlegg til utviklingsmål er i tråd med utviklinga elles i avdelinga og er delvis samanliknbare med andre kommunar.

## 4 UTFORDRINGAR OG OVERORDNA VURDERINGAR

Kulturavdelinga peikar særleg på fylgjande utfordringar og vurderingar:

**Kulturkontor:**
Ein eigen plan for lokale kulturminner, der kommunen skaffar seg oversikt over sine kulturminner og vurderer kulturminna sin verdi som grunnlag for kommunens planarbeid og verksemd elles. Ila. 2017 har vi målsetjing om politisk godkjenning av kulturminneplan for Herøy.
Som eit ledd i kommunane sitt folkehelsearbeid vil Sande kommune og Herøy kommune, i eit samarbeid med lag og organisasjonar, utvikle eitt nytt felles turkart for innbyggjarar og besøkande til våre kommunar.

Fleire lag og organisasjonar har siste åra signalisert at dei ynskjer å utvikle fleire idrettsanlegg. Herøy kommune har hatt tradisjon for å bidra på ulike måtar for realisering av slike anlegg, og evt. kostnader med dette har vore handsama enkeltvis og *utanom* den ordinære budsjettprosessen. Grunna at det på dette tidspunktet er uklart om kommunen vil få slike søknader for 2017, er det heller ikkje for komande år planlagt med slike tilskot i budsjettet.

**Barne- og ungdomsarbeid:**
Fritidsklubben har starta oppatt etter stenging/vasslekkasjar, og saman med Ungdomsrådet m.fl. har tilboda starta opp igjen. I 2017 vil vi ha fokus på å utvikle aktiviteten vidare m.a. med medverknad frå rådet og dei ulike brukarane. På fredagsklubben vil ha særleg fokus på aktivitetar som inkluderer bebuarar ved mottaket for einslige mindreårige asylsøkjarar. Det er eit mål at Ungdomsrådet skal gi sin uttale i fleire politiske saker. Erfaring viser at når saksbehandlarane møter og presenterer sakene i rådet, bidreg det til større innsikt og fleire uttalar.

**Frivilligsentral:**
Frivilligsentralen med sine etablerte aktivitetar skal flytte til nye lokalar på kulturhuset. I tillegg til ei målsetjing om at alle deltakarar skal vere med vidare, ynskjer sentralen basert på lokale behov, å setje i gong minst to nye aktivitetar i samarbeid med andre aktørar i eller ved kulturhuset.
15.juni 2016 vedtok Stortinget å overføre ansvaret for tilskot til frivilligsentralane til kommunane. Dette inneber at frå 2017 vert midlane fordelt særskilt innafor rammetilskotet (tabell c) i ei overgangsperiode på fire år. KUD sitt særskilte tilskot til frivilligsentralane sine regionkonferansar og andre samarbeidstiltak vil også gå inn i det ordinære tilskotet. Endringa inneber også at dagens retningsliner for frivilligsentralar, slik vedteke av Kulturdepartementet, ikkje vert vidareført. Vidare utvikling av sentralen vil skje i tråd med lokale ynskjer.

**Kulturhus:**
Kulturhuset er ein attraktiv arena for lag og organisasjonar både som øvings- og arrangementsarena, og det er eit mål at alle som ynskjer det skal få tildelt øvingstider. Med utgangspunkt i ei brukarundersøking ynskjer vi å utvikle kvaliteten på drifta av huset både for faste og midlertidige leigetakarar.

**Idrettshall:**
Idrettshallen er ein attraktiv arena for lag og organisasjonar som trening- og arrangementsarena, og det er eit mål at alle som ynskjer det skal få tildelt treningstider. Med utgangspunkt i ei brukarundersøking ynskjer vi å utvikle kvaliteten på drifta av huset både for faste og midlertidige leigetakarar.

**Folkebibliotek:**
1.1.2014 fekk folkebiblioteka eit klarere samfunnsoppdrag som arena for læring og kulturopplevingar. I lovendringa vart m.a. formålsparagrafen endra og det er slått fast at folkebiblioteka skal vere ein arena og møteplass for formidling, offentlig samtale og debatt og at folkebiblioteka skal drive aktiv formidling. Den har også tydeliggjort at lova er teknologinøytral og at digitale tenester skal være ein del av folkebiblioteka sitt tilbod. For Herøy folkebibliotek er det m.a. behov for å styrke kompetansen og å rasjonalisere drifta for å kunne nå desse målsettingane.

**Konserthus:**
Besøkstala for konserthuset har gått litt ned. For komande år har vi ei målsetjing om at 14 000 skal løyse billett. I tillegg vil det bli gjennomført brukarundersøking for vidare utvikling av tilboda ved konserthuset.

**Kino:**
Besøkstala for kinoen er fortsatt stigande, og for komande år har vi ei målsetjing om at 29 000 skal løyse billett. I tillegg vil det bli gjennomført brukarundersøking for vidare utvikling av kinotilbodet.

## 5 KONSEKVENSAR AV VIDAREFØRING AV VERKSEMDA

Kulturavdelinga sitt framlegg til driftsbudsjett for 2017 er ei vidareføring av verksemda frå budsjett 2016, med justeringar slik beskrive i gjeldande dokument. Det vert gjennomført nokre omposteringar innanfor avdelinga med utgangspunkt i politiske vedtak og for å legge til rette for like utviklingsvilkår for tilsette.

## 6 KONSEKVENSAR VED OMSTILLING, STANDARDREDUKSJON, NEDLEGGING AV TENESTER

Kulturavdelinga peikar særleg på fylgjande forhold knytt til ei evt. omstilling, standardreduksjon og nedlegging av tenester:

Omstilling:
Avdelinga har som målsetjing at omstillingsprosessar skal skje gjennom ein open og transparent dialog der tilsette tek del i prosessen gjennom aktiv medverking.
I prosessen med ei mogleg omorganisering av kommuneadministrasjonen har avdelinga hatt særleg fokus på kva utviklingsmoglegheiter det gir kulturfeltet å gå inn i ei ny felles avdeling med tenestene i dagens utviklingsavdeling.
I tillegg er avdelinga i ferd med å gjennomfører ei mindre omstilling ifm. flytting av Frivilligsentralen til kulturhuset.

Standardreduksjon:
Standardreduksjon er føreslått innan tenesteområdet kulturhus/idrettshall i samanheng med skalsikring av bygget. Når dette er på plass vil vi kunne redusere stillingsheimlane frå 134 % til 100 %.
Elles vurderer avdelinga standarden/ tenestenivået for drifta si fortløpande, og set i gong tiltak der det er behov og grunnlag for dette. Men grunna at avdelinga har få tilsette i kvar seksjon, vil reduksjonar i standard/tenestenivå raskt kunne få negative konsekvensar i form av ikkje tilgjengelege tilbod.

Nedlegging av tenester:
Kulturlova gir retning om ansvaret til kommunen knytt til generelt kulturarbeid. Omfanget av kultursatsinga har vore eit satsingsområde i Herøy, og ei evt. nedlegging av tenester inneber at kommunen anten ikkje kan tilby slike tenester, eller at private aktørar tek over desse. Unntatt er folkebiblioteklova som set krav om at alle kommunar skal ha eit folkebibliotek.

## 7 FORSLAG TIL ENDRINGAR OG NYE TILTAK

**Reduksjon i driftskostnader:**

| | Tiltak | Sum |
|---|---|---|
| 1 | 4021 Frivilligsentral, reduserte husleigekostnader ifm. flytting | 130 000 |

**Driftstiltak:**
Kulturavdelinga ber om at fylgjande driftstiltak vert vurdert:

| Pri. | Tiltak | Sum |
|---|---|---|
| 1 | 4051 Bibliotek, auka løyving til arrangement/ møteplass/debatt | 25 000 |
| 2 | 4021 Frivilligsentral, auka løyving til nye møteplassar og tiltak | 25 000 |

**Investeringstiltak:**
Kulturavdelinga ber om at fylgjande investeringstiltak vert vurdert:

| Pri. | Tiltak | Sum |
|---|---|---|
| 1 | 4041 Kulturhus/idrettshall, inventar og utstyrs | 100 000 |
| 2 | 4051 Folkebibliotek, sjølvbeteningsautomatar | 500 000 |

## 8 KOMMENTARAR TIL DRIFT OG INVESTERING

**Reduksjon i driftskostnader:**
Ansvarsområde 4021 Frivilligsentral:
Husleigekostnader m.v. vert redusert frå ca. 195' til 65' frå 1.1.2017 ifm. flytting av sentralen til kulturhuset.

**Driftstiltak:**
Forslag til at driftsbudsjett vert vidareført frå 2016 og justert for pris og lønsvekst, med fylgjande framlegg til endringar:

Ansvarsområde 4051 Folkebibliotek:
Endring i formålsparagrafen for folkebiblioteka inneber m.a. at det skal vere ein arena og møteplass for formidling, offentlig samtale og debatt. Gjeldande rammer tek berre høgde for innkjøp av tradisjonelle medier (bøker, lydbøker, filmar m.v.
**Kr. 25 000** (fast auke i driftstilskotet)

Ansvarsområde 4021 Frivilligsentral:
Frivilligsentralen sitt formål er å bidra til å gjere kommunen til ein enno betre stad å bu i ved å kartleggje, synleggjere og ta i bruk dei frivillige ressursane i kommunen. Gjeldande rammer er noko låge og auka driftsbudsjett vil gi større handlefridom i drifta og betre utnytting av dei ressursane som vert skapt i og rundt sentralen.
**Kr. 25 000** (fast auke i driftstilskotet)

**Investeringstiltak:**
Ansvarsområde 4051 Folkebibliotek:
Innkjøp av to sjølvbeteningsautomatar for utlån/innlevering av bøker.
Investeringa bidreg til: auka opningstid ved biblioteket, auka digital kompetanse hos lånarane og rasjonalisering av drifta.
**Kr. 500 000**

Med helsing

Eileen Gjerde

Kopi:
Eileen Gjerde

# Utviklingsavdelinga

Budsjett 2017
Økonomiplan 2017-2020

HERØY KOMMUNE

# NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Utviklingsavdelinga

**Offl. § 14**

| Saksnr | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|
| 2016/831 | 124 | 27.09.2016 |

## BUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2017-2020 - KOMMENTAR FRÅ UTVIKLINGSAVDELINGA

Ansvar 5011,5061,5062,5111-5113, 5121-5126,5131 og 5132 for 2017:

| Budsjettpost | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 |
|---|---|---|
| Brutto driftsutgifter (50 og 51) | 50 220 | 50 783 |
| Brutto driftsinntekter | -27 429 | -28 085 |
| Netto driftsramme | 22 970 | 22 698 |
| Avvik i kr. frå førre budsjettår | 1218 | -272 |
| Avvik i % frå førre budsjettår | +5,3% | -1,18% |

| MÅL | MÅLEINDIKATORAR |
|---|---|
| Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket | Fylkesmannen stadfester at klagesaker er i tråd med kommunen sine vedtak |
| Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene | Det skal gjennomførast brukarundersøking i 2017 der ein skal ha høgare snitt enn kommuner ein kan samanlikne seg med |

## 1 GENERELT

Utviklingsavdelinga sitt ansvarsområde er mangfaldig og omfatter planlegging, næringsutvikling, byggesaksbehandling, kartverk/oppmåling, grunnerverv, folkehelse, utbygging av anlegg og kommunal teknisk drift. Brannvern vert og tatt med i oppstillinga.

## 2 ANSVAR OG OPPGÅVER

Avdelinga har for tida 21 heile stillingar inklusiv leiar. I tillegg kjem brannmannskap i deltidsstillingar. I 2016 vart Utviklingsavdelinga og Anlegg og driftsavdelinga slått saman til ei ny avdeling. På plansida har avdelinga ansvaret for <u>all</u> planlegging i medhald av plan- og bygningslova og avdelinga yter bistand til andre avdelingar ved utarbeiding av sektorovergripande planar. Øvrig saksbehandling som avdelinga har ansvaret for dispensasjonar, delesaker, alle former for byggesaker, oppmåling og utarbeiding av matrikkelbrev for alle nye eigedomar og all utvikling og ajourhald av det kommunale kartverket. Ein stor del av avdelinga er og anleggsprosjekt og kommunalteknisk drift. Avdelinga har og i seinare tid teke over næringssaker, grunnerverv og folkehelse frå andre avdelingar utan at avdelingar har fått overført ressursar. Brannvern vert og tatt med i denne budsjettkommentaren.




## 3 UTFORDRINGAR OG OVERORDNA VURDERINGAR

Dagens struktur med ny utviklingsavdeling (utvikling og anlegg- og driftsavdeling) har naturleg nok medført ein del arbeid med å sy organisasjonen saman så effektiv som mulig. I samband med etablering av den nye avdelinga vart det lyst ut stillingar og alle posisjonar er bemanna idag. Ein har stor tru på at organisasjonen er godt rusta til å møte framtidige utfordringar og ein er opptatt av å prioritere stramt dei ulike tiltaka ein er med på. Fokus på å avslutte prosjekt snarast råd ligg fast.

Det vil framleis vere utfordrande å løyse alle oppgåver avdelinga har med dei ressursane som ligg i budsjettramma. Fleire tenester ligg ikkje på eit tilfredstillande nivå, men avdelinga er framoverlent med omsyn til å sjå nye måter å arbeide på og drive mest mogleg ressurseffektivt.

## 4 KONSEKVENSAR AV VIDAREFØRING AV VERKSEMDA

Ein vurderer det både som tenleg og akseptabelt å vidareføre dagens nivå i avdelinga. Viktige og sentrale element i drift av avdelinga er å sjå forbetringar som gir rom for tenesteutvikling for innbyggarane og ha fleksible rammer slik at tildelte ressursar vert utnytta best mogleg sett i forhold til dei utfordringar ein har til eikvar tid.

## 5 KONSEKVENSAR VED OMSTILLING, STANDARDREDUKSJON, NEDLEGGING AV TENESTER

Vanskeleg å sjå kva som skal kunne leggast ned av tilbod som avdelinga utfører i dag. Slik ein vurderer det vil det mest realistiske vere å legge til rette for å greie seg med den bemanning ein har i dag uten å auke antall stillingsheimlar i avdelinga. Fokus på å omstille, omstrukturere arbeidsområder vil vere naturleg i samband med naturleg avgang i avdelinga.

## 6 FORSLAG TIL ENDRINGAR OG NYE TILTAK

Det er ikkje lagt inn forslag om å auke inntektene utover ordinært budsjettvedtak.

Det er lagt inn nye driftstiltak for område 50 og for område 51:

**Område 50-**

- Etablering av Fosnavåg nyskapingspark medfører driftsutgifter i størrelse kroner 100 000.
- Folkehelse vert overført frå ansvar 1224, medfører inntekt på kroner 125 000

**Område 51-**

- Røykdykkerkurs for 5 ansatte
- Arbeidstøy, for røykdykker 5 stk
- Nødnett, Gjeld abonnentskostnader og lisensar til nytt nødnett.
- Reasfaltering – ein vurderer det som naudsynt og auke drifta med kr 500 000
- Idrett, opp 300 000 årleg + 200 000 ekstra i 2017.

- Gartnar (anlegg) – Ein bør vurdere å legge til rette for dette saman med andre avdelingar.
- Teknisk vakt – aktuelle arbeidsområder er hamn, avløp, sentrumstiltak, veg, brøyting, eigedom. Ein legg opp til 5 delt vakt og kostnaden er stipulert til kroner 450 000
- Hamn – legg til grunn å ta tilbake oppgåver som i dag er utført av Måløy hamneservice, kostnad 120 000 kroner
- Kunstgras, Havila stadion, reperasjon
- Løpebane stadion, reperasjon
- Tennisbane, reperasjon
- Brannutstyr til mannskap

  Utfyllande informasjon finn ein i Arena, budsjetteringsprogram.

## 7 KOMMENTARAR TIL DRIFT OG INVESTERING

**Dei 3 viktigaste driftstiltaka i 2017 –**

Alle tiltak som er lista opp ovanfor i punkt 6 er viktige og naudsynte.

Underbudsjettering på **Idrett** vert i tillegg til dei tre prioriterte tiltak sett på som viktig med omsyn til å nå kommunen sine eigne målsetjingar for bulyst, vekst og utvikling.

Driftstiltak 1 – Fosnavåg nyskapingspark
Ei sterk og viktig satsing for å legge til rette for næringsvekst i kommunen. Prosjektet er ei startgropa og har som målsetning å vidareutviklast fram mot ein næringshage. Årleg kostnad er stipulert til 100 000 kroner.

Driftstiltak 2 –
Teknisk vakt er viktig for den samla beredskapen som det er forventa at kommunen skal ha til eikvar tid. I dag er «vakttenesta» avhengig av velvilje frå våre medarbeidarar , men vi bør ordne dette arbeidet i meir regulerte former enn i dag.

Det er ei rekkje oppgåver som ei teknisk vakt må dekke. Eksempelvis hamnerelaterte oppgåver (ein innfører no eit betre opplegg rundt hamnetenester), avløp (vi har ein del kritiske lokalitetar som må ha tilsyn) , sentrumstiltak , veg, brøyting og ekstremvèr.

Eigedomsavdelinga ønskjer og å ha eit samarbeid knytt til teknisk vakt. Oppgåvene er særleg knytt til brannalarmar og innbrotsalarmar i kommunale bygg og andre saker knytt til ekstremvær, særleg straumbrot og andre skader som oppstår.

Ein legg opp til 5 delt vakt og kostnaden er stipulert til kroner 450 000 årleg. Finansiering over ulike ansvarsområder som «nyttar» vakta (Oppseiing av avtale med Måløy hamneservice 120 000 kroner 26%, Finansiering over avløpstenester 24%, Eigedomsavdelinga 50%)

Driftstiltak 3 –

Å få på plass ei teneste rundt grøntanlegg som kommunen har ansvar over vil vere avgjerande både med omsyn til kvalitet på sentrumsvedlikehald , men og på det generelle arbeid på kommunen sine eigedomar rundt om i kommunen. Ein prioriterer derfor opp ei engasjementsstilling på 2 år knytt til dette arbeidsfeltet. Etter dette må det evaluerast om vi har lukkast med satsinga og evt. vurdere om satsinga skal vidareførast.

## Forslag til investeringstiltak i 2017 og økonomiplanperioda

| Namn/år | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|
| 03: Myrabakken bustadfelt, Moltu - opparbeiding av tekniske anlegg 2016 | x | | | |
| 04: Arkeologiske utgravingar. Årleg generell løyving 2016 | x | x | x | x |
| 05: Frøystadtoppen - planfri kryssing 2016 | x | | | |
| 06: Grunnkjøp 2016 | x | x | x | x |
| 08: Skarabakken - utbedring 2014 2015 | x | x | | |
| **09: Fosnavåg hamn - Miljømudring 2016** | x | x | | |
| **11: Byutvikling Fosnavåg 2017-2022** | x | x | x | x |
| 14: Kloakkrammeplan 2016 | x | x | x | x |
| 15: Opparbeiding - Almenningen (ytre) | x | | | |
| 16: Dreneringstiltak byggefelt 2016-> | x | | | |
| 18: Leikanger skule. Tilkomst/snuplass/parkering 2016 | x | | | |
| **20: Mjølstadneset industriområde - etappevis utbygging** | x | | | |
| 21: Veglys - utskifting av gamle linjer 2016 | x | x | | |
| 30: Trafikktrygging 2016 | x | x | x | x |
| 42: Leine, Runde og Trolldalen 2 (Byggefelt) 2015 | | | | |
| 43: Ny bru Herøy Gard 2015 | x | x | | |
| 19: Kvalsund bustadfelt - avskjerande drensgrøft 2016 | x | | | |
| 41: Ny utvida bru og steinfylling til Vågsholmen 2015 | x | | | |
| **44: Nørvåg, oppgradering og etablering av fortau m.v** | x | x | | |
| **45: Eggesbønes, tilrettelegging industriområde** | x | x | x | |
| 46: Dragsund - etablering av næringsområde | | | x | x |
| 47: Moltu - etablering av ny vegtilkomst | | | | x |
| 48: Eggesbønes - ny vegarm | | | | |
| 49: Dragsund bustadfelt | x | | | |
| 50: Ny Bergsøy skule - infrastruktur | | x | x | |
| Djupvikvatnet turveg | x | x | | |
| Kleppeåsen | x | | | |
| Bustadfelt , snuplass (Leine og Myklebust) | x | | | |
| Leine hamn, heving av veg | | x | | |
| Parken, oppgradering i og rundt parken | x | | | |
| Ny parkeringsplass Fosnavåg sentrum | | x | | |
| Oppgradering og etablering av parkeringsplassar | | x | | |

Ubrukte midler frå tidlegare år overføres til 2017

**Dei 5 viktigaste investeringstiltaka i 2017 (nye) –**

Alle tiltak som er lista opp i tabellen vert vurdert som sannsynleg at ein greier å gjennomføre i 2017. Tiltaka er i tråd og vil ha god effekt med omsyn til kommunen sine eigne målsetjingar for vekst og utvikling.

Investeringstiltak 1 – Byutvikling 2017-2022
Eit svært viktig tiltak med omsyn til å tilrettelegge for vekst og utvikling av Herøy kommune. Ei sterk, klar og tydeleg satsing på kommunesenteret vil styrkje heile kommunen samla sett. Fosnavåg er prioritert av fylkeskommunen som tettstad og det nære samspelet med næringslivet bidreg til ei god og samfunnstenleg utvikling for å sikre eit berekraftig og utviklande lokalsamfunn. Satsinga på 10 millionar årleg i planperioda skal bidra saman med fylkeskommunale og næringslivsmidlar til å styrkje kommunesenteret gjennom ei rekkje prioriterte tiltak. Eit viktig arbeid i satsinga er vidareføringa av parallelloppdraget Fosnavåg by. Arbeidet er under utvikling hausten 2016 og visjon for Fosnavåg sentrum skal «meislast ut» med mål om kurs og retning for Fosnavåg i dei neste 5-åra.

Investeringstiltak 2 – Mjølstadneset
Utvikling av Mjølstadneset industriområde for å legge til rette for sjøretta industrietablering. Prosjektet tek for seg ferdigstilling av infrastruktur og planlegge/ tilrettelegge for kaier i området. Eit svært viktig næringstiltak i tida framover

Investeringstiltak 3 – Eggesbønes industriområde
Utvikling av Eggesbønes industriområde for å legge til rette for både vekst av Marine harvest si verksemd og anna sjøretta industrietablering. Prosjektet skal legge grunnlag for nytt industriland på Eggesbønes og sikre Herøy gode industriareal for vekst og utvikling. Utarbeide reguleringsplan og tekniske planar med land og sjøretta infrastruktur står sentralt.

Investeringstiltak 4 – Fosnavåg hamn
Tilrettelegging av deponi er handsama i kommunestyret og kommunen sitt bidrag er lagt inn i budsjettet. Eit viktig prosjekt med omsyn til å få mudra hamna.

Investeringstiltak 5 – Nørvåg, oppgradering og etablering av fortau m.v

Prosjektet må sjåast i sammenheng med Fosnavåg hamn og tiltak i kloakkrammeplanen. Prosjektet vil bidra til ei rein hamn, betre trafikktryggleik og tilrettelegge for vekst i sentrum.

## Særlege utfordringar i 2017

Ny omorganisering og nye strukturar frå 1.1.2017 vil medføre naturleg nok ein del arbeid med å sy organisasjonen saman slik at overgangen skjer smidig og så effektiv som mulig. Innføring og opplæring vil vere naudsynt på enkelte områder.

Utviklingsavdelinga sine ansvarsområder vil ein vere opptatt av å prioritere stramt dei ulike tiltaka ein er med på og m.a ha særskilt fokus på å avslutte anleggsprosjekt snarast råd og yte forsvarleg sakshandsaming innanfor tidfristar som gjeld.

Det vil framleis vere utfordrande å løyse alle oppgåver avdelinga har med dei avgrensa ressursane som ligg i budsjettramma. Fleire tenester ligg ikkje på eit tilfredstillande nivå. Avdelinga har teke på seg fleire ansvarsområder som ikkje ligg naturleg til ansvarsområdet. Dette medfører at «tid» vert pressa og ein får ikkje den effektiviteten som ein kunne ønskje innanfor avdelinga.

Med helsing

Jarl Martin Møller

Adr Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank 8647 11 04800 Org nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

# Eigedomsavdelinga

Budsjett 2017
Økonomiplan 2017-2020

# NOTAT

Til: Økonomiavdelinga

Frå: Eigedomsavdelinga

**Offl. § 14**

| Saksnr | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|
| 2016/831 | 124 | 12.09.2016 |

# BUDSJETTKOMMENTAR 2017 - EIGEDOMSAVDELINGA

## 1 GENERELT

Eigedomsavdelinga sin budsjettkommentar er utarbeida av avdelingsstaben i fellesskap og inneber slikt forslag til budsjett for 2017:

| Budsjettpost | Driftsbudsjett 2016 | Driftsbudsjett 2017 |
|---|---|---|
| Brutto driftsutgifter | 34 117 807 | 37 562 128 |
| - Brutto driftsinntekter | 14 883 749 | 16 730 660 |
| **Netto driftsramme** | 19 234 058 | 20 831 468 |
| Avvik i kr. frå førre budsjettår | 1 958 436 | 1 597 410 |
| Avvik i % frå førre budsjettår | 11,34 % | 8,31 % |

## 2 ANSVAR OG OPPGÅVER

Eigedomsavdelinga er ansvarleg for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av kommunens bebygde eigedomar, med unntak for pumpestasjonar og reinseanlegg underlagt utviklingsavdelinga. Avdelinga er også ansvarleg for startlån og tilskot til etablering og tilpassing.

| Årsverk | Tilsette |
|---|---|
| 33, 7 | 55 |

## 3 UTVIKLINGSMÅL

Eigedomsavdelinga har utarbeida fylgjande utviklingsmål for sitt ansvarsområde:

| **Generelt** | **Indikator** |
|---|---|
| Sakshandsaming skal vere i samsvar med lov og føreskrift. | Klagesaker |
| Driftsregnskapet skal vere i samsvar med budsjett. | Regnskap |
| **Reinhald** | **Indikator** |
| Årleg reinhaldskostnad skal ikkje overstige kr. x pr. m2. | Rekneskap |
| Kveldsarbeid skal ikkje forekome. | Arbeidsavtalar. |
| Åleinearbeid skal ikkje forekome. | Arbeidsavtalar. |
| **Byggdrift** | **Indikator** |
| Årleg energikostnaden skal ikkje overstige kr. x pr. m2. | Rekneskap |
| Bygningsmessige avvik skal meldast i Famac. | Famac |
| Direkte innmeldte avvik skal ikkje overstige 600 avvik pr. år. | Famac |
| **Bustadforvaltning, startlån og tilskot** | **Indikator** |
| Bustadar skal klargjerast for utleige seinast 30 dagar etter tilbakelevering. | Famac |
| Det skal utarbeidast buopplæringsplan for alle nye kontraktsforhold. | Famac |
| Finansieringsinstitusjonar og låntakarar skal få betre informasjon om startlån og tilskot | Klagesaker |
| **Verdibevarande vedlikehald** | **Indikator** |
| Årleg budsjett for planlagt vedlikehald skal ikkje vere lågare enn kr. 100 pr. m2. | Budsjett |
| Tilstandsgrad for kommunale bygg eller bygningsdelar skal ikkje vere dårlegare enn 2,0. | Tilstandsvurdering |
| Alle prosjekt skal planleggast, prosjekterast og gjennomførast i samråd med brukarane. | Evaluering |
| Alle vedlikehaldstiltak skal evaluerast. | Evaluering |
| **Investeringsprosjekt** | **Indikator** |
| Alle prosjekt skal planleggast, prosjekterast og gjennomførast i samråd med brukarane. | Evaluering |
| Prosjektsregnskapet skal vere i samsvar med budsjett. | Regneskap |
| Alle prosjekt skal evaluerast. | Evaluering |

Forslaget til utviklingsmål syner målsettingar avdelinga faktisk kan nå og målsettingar som er knytt til faglege normer og som difor fyrst og fremst fungerer som ein indikator for samanlikning mot andre kommunar mm.

**Det er naudsynt å kvalitetssikre nøkkeltala og faktisk underlag for dei einskilde mål. Eigedomsavdelinga tek difor atterhald om ein revisjon av utviklingsmåla i løpet av året.**

## 4 UTFORDRINGAR OG OVERORDNA VURDERINGAR

Eigedomsavdelinga peikar særleg på fylgjande utfordringar og vurderingar:

**Generelt**
Eigedomsavdelinga opplever å få tilført stadig nye oppgåver utan samstundes å få tilført meir ressursar i form av budsjett og personell. Det er ikkje samsvar mellom oppgåver og tildelte ressursar.

**Bustadforvaltning og startlån / tilskot**
Kommunens utleigebustadar er ikkje godt nok tilrettelagt for dei aktuelle brukargrupper. Dette gjeld særleg bustadar knytt til rus og psykiatri. Mangelfullt butilbod bidreg til at desse brukargruppene ikkje får tilfredsstillande oppfylgjing generelt.

Ressurskrevjande brukarar utløyser erfaringsmessig større utbetringar av utleigebustaden ved leigetakarskifte. Dette kan førebyggast gjennom planmessig tilsyn og oppfylging av den einskilde leigetakar, noko eigedomsavdelinga ikkje makter å gjennomføre i dag.

Det er ikkje samsvar mellom forventningane hos låntakar og private finansieringsnstitusjonar og kva regelverket seier startlån og tilskot faktisk kan nyttast til. Dette resulterer i misnøye og klager på vedtak.

**Reinhald**
Eigedomsavdelinga fortsett også i 2017 arbeidet med å legge om reinhaldet frå åleinearbeid til teambasert reinhald med rullering. Ansvarsområdet er fortsatt prega av små stillingar, små einingar, uønska kveldsarbeid og åleinearbeid. Fleire av desse einingane inneber at reinhaldarane må nytte bil til frakt av utstyr og middel.

**Byggdrift**
Eigedomsavdelinga har for lite budsjettmidlar til løpande driftsoppgåver. Det inneber at avdelinga allereie i august hadde brukt opp dei midlar som var avsette for 2016 til å lukke innmeldte bygningsmessige avvik.

Eigedomsavdelinga klarer ikkje med dagens personalressursar å gjennomføre lovpålagt internkontroll og førebyggande tilsyn med kommunens bygningsmasse. Avdelinga klarer heller ikkje i tilstrekkeleg grad å klargjere utleigebustadar for ny utleige innanfor akseptabel tidsramme. Dette inneber at avdelinga må nytte ressursar til å kjøpe ekstern bistand i tillegg til at avdelinga taper husleigeinntekter i påvente av klargjering.

**Vedlikehald**
Det er i budsjett 2016 løyvd kr. 3 600 000 til verdibevarande vedlikehald av kommunens bygningsmasse. Føreset 64 000 m2 BTA utgjer dette kr. 56 pr m2, eit avvik på kr. 44 pr. m2 samanlikna med nasjonale normal på kr. 100 pr. m2. Forslaget til budsjett 2016 inneber ein ytterlegare reduksjon til kr. 2 609 000 (kr. 41 pr. m2 BTA).

**Investeringstiltak**
Eigedomsavdelinga understreker behovet for god samhandling mellom politikk og administrasjon vedrørande kommunale byggeprosjekt og peikar særleg på behovet for forutsigbarheit i budsjett- og økonomiplanperioda. Dette er viktig både for å kunne planlegge prosjekt godt nok og for å sikre intern arbeidskraft lønna over investeringsbudsjettet.

**Dersom investeringsmidlar ikkje vert løyvde for 2017, inneber det at avdelinga må vurdere oppseiing av prosjektleiarstillingar.**

## 5 KONSEKVENSAR AV VIDAREFØRING AV VERKSEMDA

Eigedomsavdelinga sitt forslag til driftsbudsjett for 2017 inneber ei vidareføring av verksemda frå budsjett 2016. Det er gjennomført fleire omposteringar innanfor ansvarsområdet for å sikre korrekt regnskapsføring og for å løyse nokon av dei utfordringane som er påpeika ovanfor under pkt. 2, sjå særleg fylgjande postar:

**Ansvar 6011 – Administrasjon og forvaltning**
Det er gjort slike endringar samanlikna med budsjett 2016:

| Konto | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 | Endring |
|---|---|---|---|
| 16300 Husleigeinntekter | - 11 674 200 | - 11 520 000 | - 154 200 |

Estimerte husleigeinntekter gjeld utleige av bustadar samt Industrivegen 19 og Nedre Dragsund 2. Begge sistnemde leigeobjekt vert ledige for ny utleige i løpet av 2016 / T3 og 2017 / T1. Budsjettet føreset full utleige frå og med 2017 / T2, utan at det er inngått konkrete avtalar om dette pt.

**Ansvar 6022 – Løpande drift**
Det er gjort slike endringar samanlikna med budsjett 2016:

| Konto | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 | Endring |
|---|---|---|---|
| 12300 Vedlikehald og byggteneste | 1 047 540 | 2 000 000 | 952 460 |

Ompostering er gjort for å sikre forsvarleg budsjettløyving til løpande driftsoppgåver og inneber ein tilsvarande reduksjon i avsetning til verdibevarande vedlikehald under ansvar 6031.

**Ansvar 6023 - Bustadforvaltning**
Det er gjort slike endringar samanlikna med budsjett 2016:

| Konto | Budsjett 2016 | Budsjett 2017 | Endring |
|---|---|---|---|
| 16300 Husleigeinntekter | - 8 500 000 | - 8 800 000 | - 300 000 |

